
VEDLEGG 40

LINDÅS PROSJEKTET




RAPPORT NR. 8

JORDBRUKSKRISE OG BUSETNAD I LINDÅS SKIPREIDE I SEINMELLOMALDEREN

AV

JOHN RAGNAR MYKING

NORGES ALMENVITENSKAPELIGE FORSKNINGSRÅD.




JORDBRUKSKRISE OG BUSETNAD I LINDÅS
SKIPREIDE I SEINMELLOMALDEREN

AV

JOHN RAGNAR MYKING

Hovedoppgåve i historie ved
Universitetet i Bergen
Hausten 1973.



(ETTER A. STOGEN, FORSKNINGSNYTT NR. 4 1971).

INNHALD:

INNLEIING s. 1.

KAP. 1. HØGMELLOMALDERBUSETNADEN s. 7.

Namnegardar s. 8.

Framgangsmåte ved rekonstruksjon av namnegardar frå h.m.ald. s. 8.

Stadnamn s. 11.

Eldste belegg s. 15.

Eigedomstilhøve s. 24.

Landskylda s. 27.

Leivningar av busetnad og gardsdrift s. 33.

"Frelse" s. 35.

Oversikt over poenggjeving ved ulike høgmellomalderkriteria s. 37.

Oversikt over namnegardar frå høgmellomalderen s. 42.

Oppsummering s. 60.

"Tungardar" s. 60.

Bruk s. 65.

Oppsummering s. 80.

KAP. 2. BUSETNADEN KRING 1520. s. 81.

Namnegardar s. 81.

"Tungardar" s. 96.

Bruk s. 97.

Var 1520 eit lågmål i busetnaden? s.102.

KAP. 3. LANDSKYLDA. s.109.

Gamal skyld s.109.

Når byrja landskyldfallet? s.111.

Når nådde landskylda lågaste nivået? s.114.

Landskyldutviklinga ca. 1350-1610. s.115.

KAP. 4. PRODUKSJON. s.135.
Kornproduksjon - fehald s.135.
Endringar i kornproduksjonen s.136.
Husdyrhald - utsæd 1657-1723. s.154.
Oppsummering s.156.

KAP. 5. SAMANDRAG OG ANALYSE AV NEDGANGEN s.158.
Økonomisk utnytting av øydegardar s.158.
Øydefrekvens - høgd over havet s.168.
---- " ---- - landskyld s.169.
---- " ---- - alder s.171.
---- " ---- - fiske s.172.
---- " ---- - skog s.178.
---- " ---- - kverner s.182.
---- " ---- - jordsmonn s.182.
---- " ---- - korndyrking s.184.
---- " ---- - eigedomstilhøve s.186.
Samandrag s.188.
Kronologi s.190.
Årsaker til krisa s.191.

KORT OPPSUMMERING s.200.

NOTER s.202.

VEDLEGG. s.217.

KJELDER s.228.

LITTERATUR s.229.

KART OVER GARDSGRENSER s.232.

AVSTYTTINGAR:

AB	= Aslak Bolts jordebok.
BK	= Bergens Kalvskinn.
DN	= Diplomataricum Norvegicum.
DNFLH	= Det norske folks liv og historie.
GL	= Gulartingslova.
HT	= Historisk Tidsskrift.
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder.
L	= Magnus Lagabøters landslov.
NG	= Norske gaardnavne.
NHD	= Norske Herredags- Dombøger.
NK	= Nordisk Kultur
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548-1567.
NRJ	= Rekneskaber og Jordebøger fra det 16. aarhundre.

INNLEIING.

Seinmellomalderen var ei krisetid i heile Europa, også i Noreg. Denne oppgåva er ein freistand på å klarleggja omfanget av, og gangen i agrarkrisa i eit avgrensa område i Nordhordland, Lindås skipreide.

Området er valt avdi det skal vera representativt for dei midtre og ytre kystdistrikta i Hordaland. Det har dessutan ikkje fleire busetnadseiningar enn at arbeidet er overkomeleg.

Oppgåva er tenkt å gå inn som ein punktanalyse i det norske øydegardsprosjektet, som har som målsetjing å kartleggja og forklara agrarkrisa på landsbasis. Samstundes er det meininga at resultata frå oppgåva skal nyttast i det tverrvitskaplege Lindåsprosjektet, som skal gje ein total analyse av området som økosystem gjennom tidene.

Lindås skipreide strekkjer seg frå om lag midt på Lindåshalvøya og utover til og med Fosnøy og ein del mindre øyar nordvest for Lindåshalvøya. Grensene til skipreidet får vi først greie på i kjelder frå 15- og 1600-talet. Dei er stabile heilt fram til opprettinga av Lindås kommune i 1838 som på denne tida hadde sams grenser med prestegjeldet. Dette var mykje større enn skipreidet.

Fire sokn fell innanfor Lindås skipreide. Det gjeld Austrheim sokn, som femner over alle øyane nordvest for Lindåshalvøya og i tillegg spissen av sjølve halvøya til og med gardane Hope og Leirvåg. Lenger sør ligg Lindås sokn, som strekkjer seg til og med ei linje frå gardane Vabu, Fjellsende, Nedre Skodvin, Hetlehovda og Træland. I vest grensar gardane Træland, Skårnes og Finnesbø mot Lygra sokn.

I indre luten av skipreidet delar fjellet Skausneio området i to. Vest for fjellet ligg Lygra sokn, som og går langt utanfor skipreidet sine grenser. Aust for fjellet ligg Myking sokn, som heller ikkje fell saman med skipreidegrensene. Ein del av kjeldene eg har nytta i oppgåva gjev opplysningar berre for heile sokn og ikkje for kvar busetnadseining.

Ein liten del av det gamle skipreidet har eg ikkje teke med i dette arbeidet. Det gjeld fiskeværet Fedje. Busetnaden her er av ein heilt annan karakter enn i resten av skipreidet. På øya Fedje og småøyane og holmane ikring er det berre to vanlege gardar. Mesteparten av innbyggjarane har i alle fall frå byrjinga av 1500-talet vore strandsitjarar, som først og fremst har levd av fiske. Området er såleis svært ulikt resten av skipreidet, der busetnaden har vore konsentrert om gardar og der fiske har vore eit tillegg til jordbruksdrifta. På Fedje er det såleis vanskeleg å nytta dei same metodane for kartleggjing av busetnaden før krisa som elles i skipreidet. Resultata ville difor heller ikkje kunna samanliknast med resultat frå andre område. Eg har på grunn av dette valt å konsentrera meg om Lindås skipreide innanfor Fedje-fjorden. Når eg heretter talar om Lindås skipreide, meiner eg såleis den gamle skipreida frårekna Fedje og øyane rundt.

Dette området ligg mellom 67^{o} 28' og 67^{o} 52' n.b. og går frå 2^{o} 70' til 3^{o} 2' øst G. Ein stor del av området er øyar. Dei største er Fosnøy, Bakkøy, Njøten, Kjeilen og Lygra. Dei fleste busetnadseiningane og det største arealet finn vi likevel på sjølve Lindåshalvøya.

Berre ein svært liten del av busetnaden ligg høgare enn ca. 50 meter over havet. Unnatak er ein del gardar som i Lindås vert kalla "fjellgardane". Dei ligg i skråninga av Skausneio, som med eit toppunkt på 394 m er høgaste fjellet i skipreida. Noko høgt er og Kolåsfjellet der garden Kolås er å finna på 150 m.

Området elles er småkupert med SØ-NV gåande dalar og søkk. Kysten er dei fleste stader full av viker og holmar med mange gode hamner.

I den indre luten av skipreidet finst det litt skog. Noko er lauskog og noko furu- og blandingsskog. Største delen av området, særleg frå Lindås og utover, er derimot mest heilt skoglaust. Her finn vi store opne lyngheiar som tidlegare var sterkt utnytta som beite. Lynget vart dessutan hausta inn og nytta som tilleggsfór om vinteren og i vårknipa. Lyngheiane kan vera ei av årsakene til at fehal-

det alltid ser ut til å ha vore stort i Lindås. Matrikkelen frå 1667 og matrikkelutkastet frå 1723 viser såleis mellom 5 og 6 kyrlag pr. tønne utsæd i alle sokna. Tønna i Nordhordland på denne tida var 194,4 liter.

Frå gamalt av har fiske alltid vore svært viktig i dette området. Ingen gard ligg så langt frå sjøen at dei ikkje har kunna fiska til eige bruk. Næringsgrunnlaget har såleis vore variert, med noko skog i indre strok, store lyngheiar særleg i midtre og ytre strok og fiske over heile området.

Berre ein liten del av området er dyrka mark. Det eksisterer ikkje oppgåver for skipreidet, men for Lindås herrad ved århundreskiftet var 10% av heile arealet åker og eng. I dag er ein stor del av innmarka myrar som har vorte dyrka opp i vårt eige hundreår. Samstundes har ein del kuperte område, som i mellomalderen har vore innmark, i dag vorte lagt ut til kulturbeite.

Oppgåver over avkastninga i åkerbruket i Lindås har vi så langt attende som på 1600-talet. I følgje matrikkelen av 1667 gav havren, som då var det vanlege kornslaget, mellom 3 og 4 foll på dei fleste gardane.

I arbeidet med oppgåva har eg i grove trekk følgt opplegget som øydegardsprosjektet har for sine punktanalyser, men eg har freista tilpassa det til dei særeigne tilhøva i dei ytre kyststroka på Vestlandet. Når det gjeld busetnadsmaksimumet i høgmellomalderen, har eg nytta poengrekningsmetoden, men på ein noko annleis måte enn det tidlegare har vore vanleg.

Granskinga er sikta inn på å få best mogeleg oversikt over omfanget av krisa når det gjeld busetnad og produksjon. Mål for dette får ein mellom anna i talet på øydegardar og i nedgangen i landskylda. Gangen i krisa vil og verta etterrøkt. Såleis vil eg der dette er naturleg, koma inn på den byrjande oppgangen på 15- og 1600-talet, men uten at dette vert noko hovedpunkt. Dessutan vil eg, så langt dette er råd, freista å samanstilla attendegangen med ulike geografiske og økonomiske variablar, for på denne måten å koma nærare årsa-

kene til krisa.

I hovedsak har eg og følgt øydegardsprosjektet når det gjeld terminologien. Med "namnegard" meiner eg på same måten som J. Sandnes ei gardseining med eit namn, t.d. Grimstad. Dei namnegardane eg seinare kjem til å drøfta, vert førde opp saman med matrikkelnummer, t.d. g.nr. 53 Grimstad eller g.nr. 48-49 Fjellsbø, der dette er mogeleg. Matrikkelnummera byrjar i indre luten av skipreidet og går utover til og med g.nr. 166 Svævarøy i nordvest. På denne måten vil ein få ein indikasjon på kvar vedkomande namnegard er å finna.

Avdi gardsstrukturen på Vestlandet er så ulik den vi finn elles i landet, har eg funna det praktisk å innføra eit anna omgrep, "tungard", i tillegg til omgrepet "namnegard". "Tungard" dekkjer ei gardseining mellom "namnegard" og bruk. Ei grunngjeving for dette vil koma i første kapitlet.

Nedlegging av busetnad har eg kalla "øydelegging" i samsvar med vanleg språkbruk i øydegardsprosjektet. Av ulike typer øydelegging skil eg mellom "demografisk øydelegging", at ei busetnadseining vert folketom, og "økonomisk øydelegging" at gardseiningar ikkje lengre vert nytta til noko økonomisk føremål. Ein vil seinare sjå at demografisk og økonomisk øydelegging ikkje alltid fell saman. T.d. kan ein folketom namnegard verta nytta av brukarar på grannegarden til beite for feet. Både den demografiske og den økonomiske øydelegginga kan vera total eller partiell, alt etter som heile eller berre ein del av ein namnegard eller av den økonomiske aktiviteten på denne namnegarden vert lagt ned.

Diverre er det i Lindås skipreide få skriftlege kjelder som gjev direkte opplysningar om tilhøva i området i høgmellomalderen før krisa sette inn. Berre 36 namnegardar, eller 33% av dei namnegardane eg rekna med har eksistert i høgmellomalderen, er nemnde i kjelder som gjev att tilhøva på denne tida. Når det gjeld rekonstruksjonen av busetnadsmaksimumet i høgmellomalderen har eg difor i stor utstrekning vore avhengig av nyare skriftleg materiale, stadnamn, eigedomstilhøve og arkeologiske funn. Fornminne frå vikingtid og lengre attende er registrerte av Per Fett og utgjeve i

eit eige hefte for Lindås prestegjeld. Med tanke på å få eit oversyn over fysiske spor etter nedlagd busetnad i mellomalderen, har eg sjølv registrert Lindås skipreide sommaren 1972. Resultata er arkiverte ved Historisk Museum og Historisk institutt i Bergen.

Til slutt i oppgåva følgjer eit oversyn over alt kjeldemateriale, både trykt og utrykt, som eg har nytta meg av. Særskilde problem i samband med ein del av dette materialet vil eg drøfta for seg etter kvart dette fell naturleg. Her skal eg berre gje eit oversyn over det skriftlege materialet som har vore mest nyttig.

Dei eldste skriftlege kjeldene eg har nytta, skriv seg frå dei største jordeigarane i Lindås. Munkeliv kloster har jordebøker over sine eigedomar frå ca. 1175, 1427, 1463, ca. 1480-90, 1591 og 1647. Oversikt over det lokalkyrkjelege godset får vi i Bergen Kalvskinn frå kring 1360, i bispejordeboka frå 1598 og i Lindås prestebol si jordebok frå 1624. Bergens Kalvskinn og bispejordeboka har og med opplysningar om noko av det sentralkyrkjelege godset. Aslak Bolts jordebok frå kring 1430 nemner og ein gard i Lindås skipreide. Oversikt over Vincens Lunges gods, som tidlegare har høyrt til Nonnesæter kloster, får vi i ei jordebok frå 1535. Her er skyldeiningar frå høgmellomalderen ført opp jamsides med oppgåver over ny skyld, noko som gjev kjelda ein klår mellomalderkarakter.

Andre svært viktige kjelder er dei trykte slottsrekneskapa frå kring 1520. Ei skatteliste frå 1519 og ei sakefallsliste frå 1522 er her hovedkjeldene når det gjeld å fastsetja minimumet i busetnaden i seinmellomalderen. Desse vert difor inngåande drøfta i kap. 2, som tek for seg dette emnet. Av anna trykt materiale kan nemnast lensrekneskapa frå 1563 og 1567, med ei kopp skatteliste, oversikt over leidangen og tienda og rekneskap over innbetalt landskyld for krona og stigta sitt gods.

Frå 1590 og 1610 har vi to utrykte kongelege jordebøker. Dei vart sette opp for å gjeva eit oversyn over alle inntektene som kongen hadde krav på frå kvar einskild gard. Han skulle ha leidang og fredtoll av alle gardar, og i tillegg

landskyld av sitt eige og stigtas gods. Utanom dette gjev jordeboka eit oversyn over landskyld på alle gardar. For krona og stigta sitt gods får vi i tillegg oppgjeve kva varer landskylda skulle svarast i. Den neste kongelege jordeboka, frå 1624, har fullstendige oppgåver over eigedomstilhøve på dei gardane som til då er tekne oppatt. For mange namnegardar er dette dei første opplysningane vi får om eigedomstilhøva.

Viktige opplysningar om skyld, attåtnæringar, husdyrhald og åkerbruk får vi så i kontribusjonsmanntalet frå 1647, kvegskattelista frå 1657, landkommisjonen si jordebok frå 1661, matrikkelen frå 1667 og matrikkelutkastet frå 1723.

Tiendeoppgåver får vi første gongen i Bergens Kalvskinn kring 1360, deretter i lensrekneskapet i 1567, bispejordeboka 1590, to tiendeskattemanntal mellom 1612 og 1614, og i manntalet frå 1666 og matrikkelen frå 1667.

KAP. 1. HØGMELLOMALDERBUSETNADEN.

Når vi skal freista klarleggja omfanget av agrarkrisa i seinmellomalderen, lyt vi først rekonstruera tilhøva slik dei var før nedgangen sette inn. Mellom norske historikarar var det tidlegare vanleg å rekna med at denne nedgangen tok til etter at Svartedauden kom til landet i 1349[1]. Dermed kom dei og til å rekna pesten som viktigaste årsak til nedgangen. I seinare tid har fleire forskarar lagt større vekt på dei teikna til krise som vi finn i tida før 1350[2]. Kriseteikna lar seg likevel ikkje føra særleg lengre attende enn til rundt 1330. Dessutan er slike opplysningar om ein byrjande nedgang både få og spreidde[3].

Det vil sjølvsagt vera best om eg kunna rekonstruera tilhøva slik dei var då krisa sette inn, enten dette var då Svartedauden kom til landet eller i tiåra like før. Dette let seg diverre ikkje gjera. Kjeldesituasjonen er slik at ein ikkje kan prova at alle gardseiningane ein kan føra attende til tida før ca. 1330-1350 har vore i drift på eit gitt tidspunkt. Somme av dei gardseiningane ein kan føra attende til høgmellomalderen kan ha vorte lagde ned før den eigentlege busetnadskrisa sette inn rundt midten av eller i byrjinga av det 14. hundreåret. Det ein elles veit om folkeauke, nyrydding og bruksdeling i mellomalderen, gjer det likevel lite truleg at ei slik øydelegging kan ha hatt noko særleg omfang[4]. Difor må ein tru at resultatet av ein framgangsmåte som summerar opp alle gardseiningar som kan førast attende til høgmellomalderen, i praksis ikkje vil liggja langt frå det reulstatet ein ville koma fram til om ein hadde grunnlag i kjeldene til å slå fast maksimumstalet på gardseiningar i første delen av 1300-talet.

Gardøyding før 1330 kan såleis vera ei mogeleg feilkjelde når vi vil prøva å finna omfanget av busetnaden i høgmellomalderen. Eg trur likevel at det ufullstendige kjeldematerialet vi har til rådvelde vil gjera gjeldande ein tendens i den andre retninga og, slik at det kan verta registrert for få gardseiningar frå høgmellomalderen. Om det endelege talet vil liggja for høgt eller for lågt er det likevel mest rimeleg

å venta med å ta standpunkt til, før eg har freista å rekonstruera maksimumstalet på gardseiningar i høgmellomalderen.

Dette maksimumstalet, frå no av kalla "høgmellomaldermaksimumet", vil eg først freista å rekna meg fram til for namnegardane sitt vedkomande. Med namnegard meiner eg her den gardseininga som i høgmellomalderen og tida like etter hadde eit namn som t.d. Grimstad. Ved konstruksjonen av høgmellomaldermaksimumet vil eg freista finna fram til kva namnegardar som då eksisterte. I somme høve vil det vera tvil om delinga av ein opphavleg namnegard går attende til høgmellomalderen eller ikkje. Som døme kan nemnast g.nr. 27 og 25, Ovretveit og Nedretveit, som opphaveleg må ha vore ein namnegard Tveit. Ingen av namna har eldre belegg enn ca. 1520. Dette og liknande tvilstilfelle vil eg ta opp til nærare drøfting nedanfor. Først vil eg gjera greie for den ålmene framgangsmåten eg vil nytta meg av ved rekonstruksjon av høgmellomaldermaksimumet for namnegardar i Lindås skipreide.

Ikkje alle namnegardar kan like sikkert førast attende til høgmellomalderen. Somme er nemnde direkte i kjelder frå denne tida. Dette gjeld t.d. dei seks namnegardane frå Lindås skipreide, som er med i brotstykket av den eldste jordeboka til Munkeliv kloster frå rundt 1175. Andre gardar vil ein først finna i jordebøker eller skattelister frå det 16. og 17. hundreåret. I så fall kan kanskje storleiken på landskylda, eigedomstilhøva eller andre ting, indikera at garden kan ha vore i drift før midten av 1300-talet.

Eit direkte belegg i høgmellomalderkjelder og eit indisium på høgmellomalderopphav frå nyare kjelder kan sjølvsagt ikkje tilleggjast like stor vekt. Difor er det viktig å foreta ei vurdering av dei ulike belegga som kan visa om ein namnegard går attende til høgmellomalderen eller ikkje. Når ein i tillegg har svært mange namnegardar i området som skal granskast, er det mest praktisk om ein finn ein framgangsmåte der desse vurderingane kan gå føre seg under eitt for dei fleste namnegardane sitt vedkomande.

Den første som laga ei systematisk vurdering av kriteria for høgmellomalderopphav var Johan Mo[5]. Mo skil mellom sikre kriterier, nesten sikre kriterier og indisier.

Namnegardar med sikre kriterier på høgmellomalderopphav, som t.d. -vin eller -stad ending i namnet, vert av han utan vidare rekna som sikre høgmellomaldergardar. Namnegardar som har to eller fleire nesten sikre kriterier, som t.d. belegg i diplom eller jordebøker mellom 1440 og 1550, vert også rekna som sikre namnegardar frå høgmellomalderen. Dei som berre kan oppvisa eit nesten sikkert kriterium vert klassifiserte som sannsynlege høgmellomaldergardar. Mogelege høgmellomaldergardar er dei som har svakare indisier på at dei skriv seg frå høgmellomalderen. Desse måtte i større grad enn dei andre vurderast individuelt for å avgjera om dei verkeleg gjekk attende til høgmellomalderen.

I ein stensil utarbeidd for det norske Øydegardsprosjektet har Audun Dybdahl seinare freista å forenkla Johan Mo sitt opplegg[6]. Ved å innføra ein poengskala frå 0 til 10 poeng har han prøvt å rangera dei ulike kriteria og indisia i høve til kvarandre. På denne måten skulle alle opplysningane om ein namnegard kunna samlast i ein tabell. Ulike kriterier ville få ulikt mange poeng. Av den samla poengsummen i tabellen skulle det så kunna lesast av kor sannsynleg det er at kvar av namnegardane verkeleg går attende til høgmellomalderen. Dybdahl gjer framlegg om at den samla poengsummen for ein sikker høgmellomaldergard skal setjast til 10 poeng. Dei som til saman ikkje får så høg poengsum, må så vurderast nærare.

Dybdahl sin framgangsmåte tvingar fram ei grundig vurdering av vitneverdien til dei ulike kjeldene som vert nytta til rekonstruksjon av busetnadsmaksimumet i høgmellomalderen. Verdien av eit belegg i skattelistene frå rundt 1520 må vurderast i høve til eit sikkert belegg i ei jordebok frå sjølve høgmellomalderen.

Det er utan vidare klart at eit slikt poengsystem vil letta framstillinga av busetnandsmaksimumet. Kriterier må vegast nøyare mot einannan, og det vil verta lettare å kontrollera resultatet. Likevel meiner eg at det kan reisast innvendingar mot den måten Dybdahl nyttar dette systemet på. Ein ting er at det i seg sjølv alltid er fårleg å nytta kvantitative mål for skjønsmessige vurderingar. Dette kan ein delvis søkja å rå bot på ved å vurdera dei einskulde kriteria så

nøye som råd er. Meir uheldig er likevel det kriteriet Dybdahl fastset for sikre høgmellomaldergardar. Etter Dybdahl sitt framlegg vil ein namnegard som t.d. er med i den eldste jordeboka til Munkeliv frå ca. 1175 få 10 poeng og verta rekna som sikker høgmellomaldergard. Ein annan namnegard ville kanskje få 6 poeng for eit belegg i ei jordebok fra 1500-talet. Om den same garden får 4 poeng avdi han i 1647 hadde relativ høg landskyld er han då oppe i ein samla poengsum på 10 poeng. Denne namnegarden vert dermed og rekna som ein sikker høgmellomaldergard. I ekstreme tilfelle kan ein tenkje seg at ein namnegard har 10 indisier på høgmellomalderopphav, kvar med ein poengverdi på 1 poeng. Om skjemaet vert følgd slavisk, ville denne garden og verta rekna som høgmellomaldergard.

Sjølv om ikkje 6 og 4 poeng skal oppfattast som om det i det eine er 60%, i det andre 40% sannsynleg at vedkomande namnegard går attende til høgmellomalderen, er det ikkje til å koma bort frå at poenggjevinga likevel er ei vurdering av at det eine belegget er meir sikkert enn det andre. Dei er begge og graderte i høve til det som er heilt sikkert, nemleg 10 poeng.

Vi veit at om vi kastar mynt og krone ein gong er det statistisk 50% sannsynlig at vi t.d. får krone. Om vi kastar to gonger, vil vi likevel ikkje vera 100% sikre på at vi får krone ein av gongene. Sjansane for å få krone vil derimot auke noko.

Prinsipielt skil ikkje poengsystemet seg slik Dybdahl har skissert det frå det eksemplet eg har nemt ovanfor. Om ein namnegard ut frå eit kriterium får 6 poeng, er det likevel ein god sjanse for at han ikkje skriv seg frå høgmellomalderen. Om same namnegarden får 4 poeng ut frå eit anna kriterium, kan det godt henda at også dette kriteriet er misvisande. Samla vil dei to kriteria auka sjansane for at namnegarden verkeleg går attende til høgmellomalderen. Sikker kan vi likevel ikkje vera, om garden aldri så mykje oppnår 10 poeng til saman. Vi kan i høgda seia at det er svært sannsynleg at det er ein høgmellomaldergard.

Om omgrepet sikker namnegard frå høgmellomalderen skal ha noko meining, trur eg det er naudsynt å reservera det for

dei namnegardane som gjennom eit kriterium oppnår 10 poeng. Namnegardar som oppnår 10 poeng gjennom to eller fleire kriterier vil eg kalla nesten sikre namnegardar frå høgmellomalderen. Sannsynlege og mogelege namnegardar frå høgmellomalderen vil vi finna mellom dei namnegardane som til saman ikkje når opp til 10 poengsgrensa. Ei nærare vurdering av desse og av namnegardar som oppnår høge poengsummar gjennom svært mange kriterier med lågt poengtal, vil eg venta med til seinare. Først vil eg gjera greie for kor stor vekt eg vil leggja på dei ulike kriteria og indisia. Eg vil då byrja med stadnamnmaterialet.

Stadnamn.

Somme stadnamn kan med stor visse førast attende til høgmellomalderen. Dette gjeld i Lindås skipreide dei relativt få gardane, i alt 14 stykke, som endar på -vin, -heim, -stad, -land og -set[7]. Desse namneklassane har vore inngåande drøfta av mange andre, og det skulle her ikkje vera turvande å gå nærare inn på dei[8]. Eg vil difor rekne alle namnegardar som har desse endingane som sikre høgmellomaldergardar og gjeva dei 10 poeng. Ettersom ein for -stad og -set endingar ikkje kan sjå heilt bort frå at det kan vera oppattkallingar av nyare dato, vil eg drøfta desse namnegardane meir inngåande, og eventuelt redusera eller ta bort poengsummen om namnet ikkje er belagt i kjelder frå før midten av 1600-talet.

I tillegg til dei namneklassane eg alt har nemnt, har vi i Lindås skipreide to andre som kan indikera at ein gard går attende til høgmellomalderen. Det er gardnamn med endinga -tveit og -bø. Av det første slaget har vi to, av det andre fem namnegardar[9].

Magnus Olsen hevda at -tveit i somme områder har same tydinga som -rud, og at det dreier seg om nyryddingar. Tydinga skulle vera:"..en gressplett i mellom skog eller klipper, slåtteland i skogen, nyryddet eng i marken", og han held fram:"..tveit sammensettes aldri, som rud, med personnavn som er innkommet med kristendommen, derimot undertiden med gudenavn (pórs-, Ullar-, Frøys-, Frøyju-,). Det tør sikkert stort sett henføres til vikingetiden, men kan til dels være eldre"[10].

Magnus Olsen ser altså ut til å vera av den meining at alle -tveit gardane var i drift i høgmellomalderen. Dei to namnegardane av denne typen vi har i Lindås skipreide er begge belagt i Bergens kalvskinn[11]. Då denne jordeboka er nedteikna i høgmellomalderen, vil desse namnegardane i alle fall verta rekna som høgmellomaldergardar[12]. Ei nærare drøfting av denne namneklassa er difor ikkje naudsynt for dette arbeidet. Ved å gje desse namnegardane 5 poeng vil eg likevel markera at også andre kriteria enn belegget i B.K. peikar mot at dei skriv seg frå høgmellomalderen.

Dei mange samasetjingane med -bø som vi finn i Nordhordland har av Joh. Litleskare vorte forklart med at namnet på desse gardane vart gløymt då dei låg øyde etter Svartedauden[13]. Om noko av jorda vart brukt av andre gardar som eng (eller bø på Nordhordlandsdialekten), fekk dei så endinga -bø hengt på. Litleskare nemner eit eksempel frå Radøy, der ein gard, "Haukanæss", er nemnd i Munkeliv si jordebok frå 1427[14]. Som eg vil koma nærare inn på seinare, gjev denne jordeboka truleg att tilhøva slik dei var før krisa sette inn. Difor kan "Haukanæss" godt ha vore ein øydegard i 1427 utan at dette kjem til uttrykk i jordeboka. I ei tilskrift i same jordeboka frå rundt 1550 er "Haukanæss" ført opp under rubrikken " fter thesse jardar maa spyrjast". I 1427 hadde "Haukanæss" denne kommentaren i jordeboka: "oc a Slættonne under Midling". Joh. Litleskare kjem såfram til at dette er garden Næsbe. Namnet har vorte endra i den tida denne garden låg øyde etter Svartedauden, og vart brukt som bø under grannegarden Mellingen (i eldre kjelder ofte skriven "Midling").

Frå Lindås skipreide har eg funne eit anna eksempel som stør tanken om namnebytte i øydetida i seinmellomalderen. I Vincents Lunge si jordebok frå 1535[15] er det under eigedomane i "Lyre Kirche Sogenn" ført opp "Item Ffinaals wigh ix sk ij". På grunn av eigedomstilhøve og geografisk plassering har eg identifisert dette som g.nr. 112 Finnesbø. Som eg og vil gå nærare inn på seinare, tyder oppgåvene over gamal skyld i Vincens Lunge si jordebok på at ho er mykje nærare knytt til tilhøva slik dei var i høgmellomalderen enn kva dateringa 1535

tyder på. Det er difor grunn til å rekna med at det gamle namnet til Finnesbø var "Tfinaals wigh", og at Finnesbø ei tid i seinmellomalderen vart brukt som slåtteteig eller beite under ein av dei næraste gardane. "Finnesbø" er først nemnd som sjølvstendig gard med eigen brukar i skattelista frå 1603[16]. Den kongelege jordeboka frå 1591[17] skriv berre "Aff findesbøe" utan å rekna opp namnet på brukaren, noko som denne lista mest alltid elles gjer.

To av dei fem gardane i Lindås skipreide som endar på -bø, ser ikkje ut til å passa inn i mønsteret til Joh. Litleskare. Dette gjeld for det første øydegarden Husebø, som i dag ligg under g.nr. 24 Fammestad. A. Steinnes har rekna med at Husaby-gardane i Norden har hatt ein særleg funksjon som vaktgardar eller administrasjonssentra for kongedømet i tida før rikssamlinga[18]. Han nemner Husebø i Lindås i boka si om Husebyar, og legg særlig vekt på at denne garden gjennom Alle Helgen-godset kan førast attende til kongen[19]. Både Fammestad, som Husebø kom innunder då den vart lagt øyde, og grannegardane Myr, Hauge og Svindal var Alle Helgengods i 1624, det året vi første gongen får oppgjeve eigartilhøvet[20].

Steinnes sin hypotese har møtt kritikk frå andre nordiske forskarar. Jenker Rosén har i ein artikkel i KLNM vorte ståande ved den tolkninga at Husebyane hadde ein sentral plass i administrasjonen av krongodset, og at husa på desse gardane var slik utbygd at dei kunne ta mot kongen og hans følgje når han var i veitsle[21]. Dette høver for så vidt godt når det gjeld Husebø ved Fammestad. Då eg registrerte denne øydegarden i terrenget sommaren 1972, viste det seg at tufta på Husebø var svært stor. Dessutan var ho vinkelforma. Utan å grava ut hustuftene kan det vera vanskeleg å avgjera om det her har stått eit hus som var delt i tre rom, eller om det har stått tre hus tett i kvarandre.

Sjølv om Husebyhypotesen til Steinnes kan diskuterast, tyder fleire ting på at Husebø-garden ved Fammestad kan ha hatt ein særleg funksjon i området i mellomalderen. Av denne grunn vil eg gje han 5 poeng.

G.nr. 119 Sundsbø er med i skattelistene frå rundt

1520[22], og har etter dette å døma ikkje lege øyde i seinmellomalderen. -bø endinga i dette namnet er truleg det gamle -bær i tydinga gard[23]. Dei tre andre namnegardane som har eindiga -bø, ser derimot ut til å kunna ha fått denne avdi dei ei tid har vore underbruk under andre namnegardar.

To ting gjer at eg likevel ikkje kan gje særleg høg poengsum til gardar som har endiga -bø i namnet sitt. For det første er ikkje teorien til Litleskare enno fullgodt etterprøvd og underbygd. For det andre kan ikkje -bø endinga føra ein namnegard direkte attende til høgmellomalderen. Dem seier berre noko om at garden låg øyde i seinmellomalderen. Ein kan, sjølv om dette er alt anna enn sannsynleg, tenkja seg til at det er tale om ei nyrydding frå etter midten av 1300-talet, som etter kort tid vart lagd inn under ein annan gard. Det ein veit om nedgang og øydegardar på denne tida talar likevel mot dette. Etter ei samla vurdering vågar eg likevel ikkje gje namnegardar som høyrer til denne namneklassa meir enn 2 poeng.

På same måte som endinga -bø kan vera eit direkte spor etter ein nedlagd gard, kan og namnet "øyjorda" visa til namnegardar som ei tid har vore ute av drift som sjølvstendige gardseiningar. Eg kjenner fire slike namn frå Lindås skipreide[24]. Har ein gard lagt øyde frå slutten av 1300-talet og utetter må han, som vi var inne på under drøftinga av -bø endingane, tolleg sikkert kunna førast attende til høgmellomalderen. Om namnet heller ikkje skriv seg frå ein nyare øydeperiode[25], skulle det dermed berre vera ei eventuell tidlegare øydetid før høgmellomalderen som kan ha gjeve garden dette namnet. Den generelle kunnskapen vår om busetnadsutviklinga i denne tida gjer dette lite sannsynleg. Difor vil eg rekna namnegardar med tilnamnet "øyjorda" som tollegg sikre høgmellomaldergardar og gje dei 7 poeng. Om namnet gjeld heile garden eller, som i tilfellet g.nr. 44 Skauge, delar av han, betyr mindre i denne samanhangen. I alle høve vil det ha stor vitneverdi når det først er klårlagt at det skriv seg frå øydetida i seinmellomalderen.

Namnet på ein av gardane i Lindås skipreide finn eg grunn til å gå nærare inn på. Det gjeld g.nr. 140 Leikvoll. O. Rygh hevdar i innleiinga til "Norske Gaardnavne"[26] at

Leikvin-namna, er namn på "ældgamle" samlingsstader der ei heil grend kom saman til leik eller"...andre selskapelige Forlystelser". Han held så fram og seier at"...yngre, men dog temmelig gamle Navne af samme betydning ere Leikvangr og Leikvollr". Etter som det såleis ser ut til at Leikvoll etter namnet kan førast attende til høgmellomalderen, har eg gjeve denne garden 5 poeng for namnet sitt. Eg har ikkje gått høgare, for det første på grunn av Rygh si runde formulering som eg er ute av stand til å etterprøva, og dessutan avdi eit slikt namn ikkje utan vidare kan knytast til gardsdrift i høgmellomalderen, sjølv om det skulle gå attende til den perioden.

Til sist vil eg berre nemna at eg ikkje har nytta dei usamansette naturnamna, avdi denne namneklassen var produktiv i lang tid og ikkje i seg sjølv kan vera prov på høgmellomalderbusetnad.

Eldste belegg

I dei første to hundre åra etter jordbrukskrisa sette inn ein gong på midten av 1300-talet kan det ikkje ha vore noko nemnande nyrydding. Det ein veit generelt om krisa i landsmålestokk og dei mange direkte opplysningane om gardar som låg øyde på 14- og 1500-talet[27], gjer det svært sannsynleg at om lag alle gardar som ein for første gong finn i kjeldene på denne tida, er gamle gardar. Dei har vorte tekne oppatt etter at dei ei tid har lege øyde. Ein kan vanskeleg tenkja seg noko vidfemnande nyrydding så lenge brukande gardar som t.d. g.nr. 122 Hellestveit låg øyde[28]. Det er likevel klårt at det er mindre visse for at ein namnegard skriv seg frå høgmellomalderen om ein finn han nemnd for første gong i 1647, enn om han dukkar opp på midten av 1400-talet. Eit indisium på høgmellomalderopphav vil det likevel kunna vera i båe tilfella. Sikker kan ein sjølvsagt berre vera når ein namnegard er belagt i ei kjelde frå før 1350.

Det er berre få gardeiningar i Lindås skipreide som ein kan følgja så langt attende. Elles dukkar gardane opp i tur og orden i skattelister og jordebøker frå 15- og 1600-

talet. Direkte belegg i mellomalderkjelder frå midten av 1300-talet og tidlegare har vi for 28 namnegardar. Ni er med i Munkelivjordebøkene frå 1175 til 1480[29], tre er å finna i diplom frå 1295 og 1349[30], og heile 16 stykke er oppførde i Bergens Kalvskinn, jordeboka over dei geistlege eigedomane i Bergen bispedøme frå rundt midten av 1300-talet. Dei namnegardane som er å finna i diploma og i Bergens Kalvskinn, må utan vidare reknast for høgmellomaldergardar. Dei har alle vore i drift rundt 1350 og kan gjevast 10 poeng. Dei åtte namnegardane som høyrde til Munkelivgodset og som er med i Munkeliv sine gamle jordebøker, er det derimot grunn til å sjå litt nærare på. Somme av dei ville det ikkje vera rett å gje poeng etter den dateringa som er oppført i DN. Dei gjev ikkje att stoda slik ho var då jordebøkene vart skrivne, men byggjer på eldre førelegg som avspeglar busetnaden slik han var før krisa sette inn.

Den eldste av Munkeliv sine jordebøker er eit blad av eit jordregister i ei handskrift frå 1100-talet[32]. I DN er dette brotstykket datert ca. 1200, men M. Hægstad har ut frå ein språkleg analyse gjeve gode grunnar for å omdatera det til ca. 1175[33]. I ei anna jordebok frå ca. 1480-90 for Munkeliv kloster finn ein dette brotstykket attgjeve mest heilt ordrett[34]. Denne jordeboka kan delast i fire. Først kjem attgjevinga av jordebokbladet frå det 12. hundreåret. Dinest følgjer ein bolk der både måten å føra eigedomspartane på og målforma er svært lik brotstykket frå kring 1175. Einaste skilnaden er at avskrifta frå 1480-åra som oftast har sløyfa andre nemningar enn "mamatabol", der den første jordeboka nyttar slike. Somme stader fører dette til at eigedomar er førde opp utan skyld, som t.d. "aff Sviasloke"[35].

Tredje og fjerde delen av jordeboka frå 1480-åra er førd på ein heilt annan måte og kan ikkje vera bygd på same førelegget som første og andre delen. Ettersom desse delane ikkje inneheld gardar eller gardpartar frå Lindås skipreide, skulle det ikkje vera naudsynt å gå meir inn på karakteren til resten av jordeboka.

Både namnegardane som er med i den ufullstendige jorde-

boka frå ca. 1175 og dei som er oppførde i den første og andre delen av jordeboka frå 1480-åra, kan såleis førast attende til kring 1175. Dei fem gardane som dette gjeld er såleis heilt sikre namnegardar frå høgmellomalderen, og kan utan vidare gjevast 10 poeng.

Munkelivjordeboka frå 1427 er truleg og bygd på eldre førelegg[36]. H. Bjørkvik hevdar at: "Jordregisteret er truleg eit resultat av ei systematisk gjennomgåing av alle brevskapa i arkivet, og alle gardane er konsekvent oppførde med gamle skyldtal, bortsett frå nokre få tilfelle der skyldtal vantar"[37]. Jordregisteret gjev ikkje att status i 1420 - åra. Mellom anna skal fleire av eigedomane som er oppførde i 1427 ikkje ha vore i klosteret si eige på denne tida[38]. Etter som gardane er oppførde med gamle boltal, må ein venta at det er tale om høgmellomaldergardar. Den eine namnegarden frå Lindås skipreide som er innførd i lista, kunne ein såleis vera freista til å gje 10 poeng. Med di ein ikkje kan prova heilt visst at det ikkje kan ha gått føre seg nyryddingar etter ca. 1350, og at slike nyryddingar kan ha vorte oppførde med "gamle" skyldtal, er det likevel sikrast å setja poengsummen til 9.

Frå 1463 har vi ei jordebok for Munkeliv kloster, som ser ut til å ha vorte til etter at klosteret tok konsekvensen av verknaden av jordbrukskrisa[39]. Alle gardar og gardpartar er no oppførd med ny, sterkt redusert skyld. Talet på eigedomar er og mykje redusert, med di øydegardane no venteleg ikkje var tekne med. Denne jordeboka gjev att status om lag hundre år etter at krisa hadde sett inn. Tilhøva måtte då ha stabilisert seg, og jordeigarane måtte tilpassa seg den nye situasjonen, sjølv om dei likte det ille. Eg vil difor gjeva same poengsum til dei to gardane som er med i denne jordeboka som dei ville ha fått i andre kjelder frå slutten av det 15. hundreåret.

Heller ikkje dei to siste Munkelivjordebøkene frå 1591 og 1647[40] kan tilleggjast større vekt som indisium på høgmellomalderopphav for dei namnegardane som er med der enn dateringa deira skulle tilseia. Dei ser berre ut til å gjeva att tilhøva slik dei var då dei vart skrivne.

Ein parallell til dei av Munkeliv sine jordebøker frå 1400-talet,som i store trekk gjev att tilhøva slik dei var før krisa sette inn, finn vi i Vincens Lunge si jordebok frå 1535[41]. Denne jordeboka har med 11 namnegardar frå Lindås skipreide. To av desse, g.nr. 38 Hodne og g.nr. 42 Sævrås, er og med i den eldste jordeboka til Munkeliv frå rundt 1175[42]. Dei har så venteleg vorte makeskifte med eigedomar frå Nonneseter Kloster. Eigedomane til dette klosteret skal ha vore grunnstamma i Vincens Lunge sitt gods.

Vincens Lunge si jordebok har for dei fleste gardar sitt vedkomande oppgjeve den reduserte landskylda frå byrjinga av 1500-talet. Gardar som framleis låg øyde er og med, men utan ny skyld. Den gamle skylda som gjaldt før krisa er derimot ført opp for alle gardane. Av dette kan ein slutta at dei namnegardane som er med i Vincens Lunge si jordebok frå 1535 antan må ha vore i drift i høgmellomalderen, eller ha vorte rydda i tida 1350-1535 og fått tilført gamle skyldtal. Som eg har vore inne på tidlegare, kan ein ikkje heilt sjå bort frå at det kan ha gått for seg nyrydding i denne perioden. Ein kan heller ikkje sjå bort fra at ei nyrydding som er ført inn mellom andre gardeiningar med gamle skyldtal, kan ha vorte ført opp med ei konstruert gamal skyld. Noko særleg sannsynleg er likevel ikkje dette.

Sjølv om ein difor tek rimeleg omsyn til den tvil som kan reisast, skulle det vera forsvarleg å gje dei namnegardane som er med i Vincens Lunge si jordebok 8 poeng, 1 poeng mindre enn eg gav dei namnegardane som er med i Munkelivjordeboka frå 1427, som etter alt å døma kan førast attende til høgmellomalderen.

Belegg i kjelder frå 15- og 1600-talet kan og takast som indisium på høgmellomalderopphav. Ein bør likevel vera meir varsam med poenggjevinga i denne perioden.

Første gongen vi får ei nokolunde samla oversikt over talet på namnegardar i Lindås skipreide, er i skattelistene frå rundt 1520[43]. Eg vil seinare gå nærare inn på karakteren til desse kjeldene og kor pålitelege dei er[44]. Her vil eg nøya meg med å nemna at dei har med namna på i alt 59 namne-

gardar som ser ut til å ha vore i drift på denne tida. Seinare auka dette talet sterkt. Nedunder har eg sett opp ein tabell (Tab. 1,1) og ei grafisk framstelling (*Fig. 1,1.*) som viser denne utviklinga. Eg har gått gjennom alle kjeldene eg elles har nytta frå 15- og 1600-talet. Tabellen byggjer på skattelistene frå 1520, skattelista frå 1563[45], den kongelege jordeboka frå 1590[46], skattelista frå 1603[47], den kongelege jordeboka frå 1610[48], tiendeskattelistene frå 1612-13 og 1614-15[49], jordeboka til utlikning av garnisonsskatten frå 1626[50], kontribusjonsmanntalet frå 1547[51] og kvegskatten frå 1657[52].

I nokre få tilfelle har eg vore i tvil om kva eg skulle rekna som det eldste belegget for sjølstendig gardsdrift på ein namnegard. Eit døme vil illustrera dette. G.nr. 112 Finnesbø, som eg tidlegare har nemnt under drøftinga av namneklassa med endinga -bø, er oppført i Vincens Lunge si jordebok frå 1535. Ettersom garden ikkje er med korkje i skattelista frå 1563 eller i leidangslista fra 1567[53], har han truleg vore utan folk både i 1535 og på 1560-talet. Om hypotesen om -bø endigane er rett, kan heile namnegarden eller delar av han likevel ha vore nytta som underbruk under ein annan gard i nærleiken. I den kongelege jordeboka frå 1590 er Finnesbø ført opp slik:

"Aff findesbø
j løb[54] leding - j faarskind
fredetholdt = huer 8 aar".

Ingen brukar er nemnd, noko som elles er vanleg i denne jordeboka. Første gongen vi høyrer om ein person som er knytt særskilt til denne namnegarden, er i skattelista frå 1603.

I dei aller fleste tilfelle må det likevel vera tale om ein nedlagd gard som vert nytta som underbruk under ein annan. Det er vanskeleg å tenkja seg at utmarksområde på denne tida då mange gamle gardar enno låg øyde skulle få eiga skyldsetjing og verta rekna opp saman med andre namnegardar. Når det gjeld å konstruera høgmellomalderbusetnaden har eg difor rekna med det eldste belegget, sjølv om vedkomande gard ikkje er nemnd med brukar. I tab. 1,1 er derimot berre teke med dei namnegardane som til ei kvar tid var busett. På denne måten vil vi

få eit grovt overslag over gangen i opptakingaav gamle øydegardar.

Tabellen over talet på namnegardar i Lindås skipreide byrjar rundt 1520, avdi ein ikkje har kjelder som kan nyttast lengre attende på 1500-talet. At han sluttar i 1657, kjem seg av at eg ikkje har funne namnegardar som ikkje har vore med i listene tidlegare, korkje i landkommisjonen si jordebok frå 1661 eller i matrikkelen av 1667.


Tab. 1,1. Namnegardar i Lindås skipreide ca. 1520 - 1657[56].

Ca. 1520	1563	1590	1603	1610/15	1626	1647	1657
59	81	91	98	101	102	104	105

Som ein ser av desse tala, viser det seg at det største talet på namnegardar kjem til før 1603. Av dei 105 namnegardane eg har belegg for på 1600-talet som sjølvstendige jordbrukseiningar, er 98 belagt fram til 1603. Berre 7 kjem til seinare, Ser ein på den grafiske framstellinga av desse tala (fig. 1,1), er stigninga i talet på namnegardar nokså jamn frå rundt 1520 til det første titalet på 1600-talet. I dei om lag 40 åra mellom skattelistene frå rundt 1520 og skattelista frå 1563 kjem det til 22 namnegardar. I dei neste 40 åra, frå 1563 til skattelista i 1603, er auken på 17 namnegardar, ein liten nedgang som ikkje kan tilleggjast særleg vekt. I den neste 40-års perioden frå skattelista i 1603 til kontribusjonsmanntalet i 1647 er tilveksten berre på 6 namnegardar, ein nedgang på 2/3 i høve til dei føregåande 40-års bolkane. Etter denne tid kjem det til berre ein ny namnegard.

Det syner seg ein sterk og jamn auke i talet på namnegardar i Lindås skipreide fram til og med det første tiåret av det 17. hundreåret. Dette må ha samanhang med at det på denne tida var svært mange øydegardar som enno ikkje var tekne opp att etter den store nedgangen på 13- og 1400-talet. Omvendt må den slakke kurven etter 1603 visa at dei fleste av desse gardane no var i bruk att. Kring 1660 er det såleis belegg for langt dei fleste namnegardane som i dag eksisterar i

Fig. 1.1. Namnegardar i Lindås skipreide ca. 1520 – 1657.



det gamle Lindås skipreide. Dette viser og at det, utanom husmannsplassar som vart tekne opp på 17- og 1800-talet og seinare lagt ned att eller lagt inn under andre namnegardar, ikkje har gått føre seg noko nemnande nyrydding etter midten av 1600-talet.

Når eg skal nytta 10-poengskalaen på dei skriftlege belegga, alt etter kor sannsynleg det er at dei peikar attende mot høgmellomalderopphav for dei namnegardane dei gjeld, har eg alt avsett høgste poengsummen til dei kjeldene som er frå før 1350. Dinest kjem dei som med større eller mindre visse viser attende til tilhøva på denne tida. Grensa for i det heile å gje ein namnegard poeng for eldste belegg meiner eg det er naturleg å setja til det tidspunktet då mest alle øydegardane frå høgmellomalderen som nokon gong kom i drift att som sjølvstendige gardseiningar, er tatt i bruk. For Lindås sitt vedkomande ser dette ut til å vera tilfelle frå midten av 1600-talet. Heilt fram til denne tida meiner eg det vil vera grunn til å tru at ein namnegard som vart teken opp att skriv seg frå høgmellomalderen.

Takta i opptakinga av namnegardar er låg frå 1603 og fram til 1657. Det er likevel rimeleg å rekna med at ein gard som er nemnd for første gong i byrjinga av denne perioden, t.d. før 1620, med større visse kan førast attende til høgmellomalderen enn ein som først kjem til på 1640-talet. Eg vil difor gje 1 poeng til ein namnegard som er nemnd for første gong i tida 1620-1657 og 2 poeng til ein som kjem til mellom 1603 og 1620.

Som vi har sett, syner det seg med ein gong eit skifte i oppatt-takinga av namnegardar like før 1610. Det er rimeleg også å markera dette ved poenggjeving. Når mange gardar vert tekne opp på kort tid, viser dette at det framleis må ha lege mange gardar øyde. Det skulle også vera meir rimeleg at desse gardane skriv seg frå høgmellomalderen. Difor vil eg gjeva 3 poeng til dei namnegardane som er med i skattelista frå 1603. Dei som er nemnde første gong i den kongelege jordeboka frå 1590, vil få 4 poeng.

Etter som auken i talet på namnegardar er nokså jamn

på 1500-talet, har eg valt å auka poengsummen med 1 poeng for kvar av dei periodane kjeldematerialet gjer det naturleg å dela dette hundreåret inn i. Ein namnegard som for første gong er med i skattelista frå 1563, vil få 5 poeng. Dei som er med i skattelistene frå rundt 1520, vil få 6 poeng, og namnegardar som vi finn i kjelder frå andre halvpart av 1400-talet vil få 7 poeng. Det siste vil gjelda dei namnegardane som er med i Munkeliv si jordebok frå 1463[57)].

Eit problem som dukkar opp når ein skal finna fram til det eldste belegget for namnegardane, har eg til no vore lite inne på. Det er karakteren til dei ulike kjeldene. På den eine sida har vi kjelder som legg hovudvekta på jordbruks-einingane, slik som jordebøkene til Munkeliv og Vincens Lunge, leidangslista frå 1567 og dei kongelege jordebøkene frå 1590, 1610 og 1624. På den andre sida finn vi skatte- og bøte-lister som legg hovudvekt på personane som skal yta skattane.

Etter som den første gruppa konsentrerar seg om gards-einingane, skulle ein tru at den var best skikka som eldste belegg. Skatte- og bøtelistene kan vera vill-leidande. Det er mogeleg at det i listene kan koma inn personar med tilnamn som ikkje knyter seg direkte til gardsdrift. Dette gjeld sær-leg distrikt med rikt fiske, der farsnamn ofte er brukt, eller der tilnamnet er henta frå staden der fiskaren heldt til. Ei gjennomgåing av skatte- og bøtelistene frå rundt 1520 viser likevel at bortsett frå farsnamn, skriv mest alle tilnamn seg frå namnegardar som vi i dag kjenner til. Dette problemet er i praksis kanskje ikkje så stort likevel.

Slike problem i samband med karakteren til dei ulike kjeldene er det vanskeleg å unngå. Berre ei vurdering av kvart einskild tilhøve kan sikra ei så rett attgjeving av dei faktiske tilhøva som mogeleg. Vanlegvis er det likevel berre tale om ein variasjon i poengsummen til vedkomande namnegard på 1 poeng, ettersom skattelistene og dei kongelege jordebø-kene er å finna om kvarandre. Ein feil i fastsetjinga av eldste belegg vil såleis i dei aller fleste tilfelle ikkje ha noko å seia for om ein gard kan førast attende til høg-mellomalderen.

Eigedomstilhøve.

I tillegg til namnemateriale og eldste belegg kan også eigedomstilhøve nyttast til å rekonstruera høgmellomaldermaksimumet. Vanlegvis vert særleg dei kyrkjelege godskompleksa rekna som svært stabile[58]. Ei samanlikning av stigtens gods[59] i 1567[60] med eigedomsoppgiftene i dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 og i kontribusjonsmanntalet frå 1647, viser at alle dei 15 namnegardane som er med i 1567 er stigtens gods også i 1610. Etter denne tid vert det vanleg å føra stigta sitt gods saman med kongen sitt. I 1647 er difor alle desse namnegardane førde opp som krongods. Stabiliteten til dette godskomplekset er såleis svært god, når ein tek utgangspunkt i dei gardane som var med i 1567.

Dei kyrkjelege insitutsjonane ser og ut til å ha god oversikt over dei gardane dei åtte noko i, sjølv om dei ei tid låg øyde. Lurekalven høyrde i høgmellomalderen til Lindås prestebol[61]. I nedgangstida etter midten av 1300-talet vart denne garden lagt øyde. Seinare vart han aldri teken opp att som sjølvstendig gardseining. Derimot var han i bruk som beiteområde for g.nr. 57 Utluro. Likevel er Lurekalven ført opp både i bispejordeboka frå 1598[62] og i Lindås prestebol si jordebok frå 1624[63]. På slutten av 1800-talet vart så øya seld til brukarane på Utluro av Lindås prestebol.

Det at stigta sitt godskompleks i Lindås skipreide er svært stabilt frå 1567 til 1647 treng ikkje tyda at det er like stabilt den andre vegen, frå 1567 og attende i tida. Fleire mogelege feilkjelder kjem her inn. Dei kyrkjelege eigedomane kunne i følgje kanonisk rett ikkje seljast. Det var her tale om Gud sine eigedomar, som menneskja ikkje kunne avhenda. Dette har sikkert vore med til å skapa den store stabiliteten i kyrkja sine godskompleks. Endringar fann likevel alltid stad. Om ikkje eigedomane kunne seljast, vart dei makeskifte, slik at dei skulle liggja meir samla og vera lettare å føra kontroll med[64]. Dessutan må ein alltid rekna med at det har gått for seg ein viss tilvekst ved donasjonar eller på annan måte. Ikkje minst kan dette ha vore tilfelle i nedgangstida på 1300 og 1400-talet, då mange eigarar av adels- og bondegods må ha døydd ut og mykje gods låg herrelaust.

Når ein frå opplysningar om kyrkjelege eigarar på 15- og 1600-talet freistar føra ein namnegard attende i tida, er det ikkje forsvarleg å gå lenger attende enn til tida like før reformasjonen. Før dette tidspunktet er tilhøva for den delen av det kyrkjelege godset som ikkje er belagt i høgmellomalderkjelder så lite oversiktleg at det lett kan oppstå feil. Heller ikkje ved attendeføring til byrjinga av 1500-talet vil ein kunna sikra seg mot tilsvarande mistak. Det er her tale om ein kortare periode, og om å visa at det er sannsynleg at vedkomande namnegard var i kyrkjeleg eige i katolsk tid. At dei som fekk hand om dette jordegodset etter reformasjonen no hadde større høve til å avhenda godset, har i denne samanhang mindre å seia, ettersom ein arbeider seg bakover i tida ut frå dei namnegardane som var att etter midten av 1500-talet. Derimot vil makeskifte, utskiljingar frå opphaveleg kyrkjelege eigedomar og tilvekst i form av nyrydningar eller kjøp av andre gardseiningar kunna bryta sambandet bakover i tida. Etter som inntektene både av stigta og kongen sitt gods gjekk til statskassa, vil det dessutan vera fare for ei samanblanding av desse eigedomane, jamvel før dei offisielt vert slått saman i jordebøkene frå 1624.

Eg vil gjennom nokre døme frå Lindås skipreide prøva å visa at dei feilkjeldene eg har nemnt, i alle fall for dette området, er reelle problem. Ein må ta omsyn til dette når ein skal vurdera nytten av eigedomstilhøva ved rekonstruksjon av høgmellomaldermaksimumet. I tillegg til dei 15 namnegardane som er med i lista over stigta si landskyld i 1567, får vi på slutten av 1500-talet,og byrjinga av 1600-talet vita om i alt fire andre namnegardar som skal ha høyrt til same godskomplekset. To av desse, Spjotøy og Tviberøy, har truleg lagt øyde ut heile 1500-talet. Difor er dei ikkje med i 1567-lista, som berre gjev att dei reelle innbetalingane det året. Ho har ikkje med noko oversyn over dei eigedomane av stigtgodset som låg øyde. G.nr. 132 Utkjeilen kan og ha kome i drift att først etter 1567. Når det derimot gjeld g.nr. 119 Sundsbø, har ein ikkje å gjera med ein øydegard[65]. Ettersom denne garden har vore i drift på 1560-talet, skulle han ha vore med i lista over

stigta si landskyld. Når han vantar her, må han anten vera uteleten ved ein feil eller ha kome i stigte si eige etter 1567. Etter å ha sett nærare på desse fire namnegardane, kan eg såleis ikkje sjå at det er grunnlag for automatisk å føra dei attende som kyrkjelege eigedomar til tida før reformasjonen.

G.nr. 142 Sætre er med både i Bergens Kalvskinn og i nyare kjelder frå byrjinga av 1500-talet og utetter. I B.K. er det presten som får inntektene av garden. Bispejordeboka frå 1598 fører han opp som tilhøyrande Lindås prestebol. Grannegarden, g.nr. 143 Budalen, er første gongen nemnd i 1647. Då høyrde også han til Lindås prestebol. Etter dette skulle ein venta å finna Budalen og i B.K., slik det er vanleg for gardar som høyrde til Lindås prestebol på 15- og 1600-talet. Det gjer vi ikkje. Ein må difor dra den konklusjonen at g.nr. 143 Budalen har kome til Lindås prestebol etter g.nr. 142 Sætre. Ei grundig gjennomgåing av det vi veit om g.nr. 143 Budalen tyder på at denne garden ikkje går attende til høgmellomalderen, men er ei nyrydding frå midten av 1600-talet. Etter dette ville det vera heilt misvisande å føra Budalen attende til førreformatorisk tid ved hjelp av eigedomstilhøva.

Eg vil såleis konkludera med at det er grunn til visa stor varsemd når ein nyttar seg av eigedomstilhøva i nyare tid til å føra ein namnegard attende til kyrkjeleg eige i katolsk tid. På same måten som for eldste belegg, vil eg tru at sjansane for feil aukar di lengre avstanden vert i tid frå eigedomtilhøvet er belagt og attende til reformasjonen. Om ein namnegard dukkar opp for første gong i 1647, vil eg ikkje gje han meir enn 1 poeng, sjølv om han er i kyrkjeleg eige. Har ein gard derimot to eller fleire kyrkjelege eigarar, vil eg likevel vurdera om han ikkje skulle få den doble poengsummen av det han er kvalifisert til ut frå eldste belegg. Når ein gard har meir enn ein kyrkjeleg eigar, må ein nemleg tru at dette skulle redusera sjansane for kjøp, sal eller makeskifte. Eigarane måtte i så fall verta samde om ein slik transaksjon. Venteleg har dette verka konserverande på eigedomsstrukturen, på same måte som ikkje utskifta utmark i våre dagar kan vera ein effektiv stoppar for hyttebygging.

Til sist vil eg gjera merksam på at høgaste poengsummen nokon namnegard kan få etter eigedomstilhøvet er 6 poeng. Det ein i realiteten gjer, er å føra eigedoms-tilhøva på namnegarden attende til før 1535. Difor vil det høva å gjeva maksimum det same poengsummen som ein gard belagt i kjelder frå denne tida ville fått.

Landskylda.

Landskyld på ein gard var i mellomalderen og tida etter eit uttrykk for den verdien garden representerte. Denne verdien skreiv seg frå den produksjonsevna gardseininga hadde, noko som hang saman med areal, jordsmonn, frostfare, utbytte av jakt- og fiskerettar og liknande. Etter at Landslova i 1274 fastsette at leidangsskatten skulle utreknast etter landskylda, måtte all jord skyldsetjast[66]. Før landkommisjonen si jordebok i 1661 vart det ikkje gjort nokon alvorleg freistnad frå styresmaktene på å regulera landskyldnivået. Dei kom ikkje fram til faste kriteria for fastsettjing av landskyld[67]. Både landskylda på kvar einskild gard og landskyldnivået for eit større distrikt vart avgjort av på den eine sida jordeigarane sitt ønskje om størst mogeleg inntekt, og på den andre sida leiglendingane sine interesser av sjølv å halda på så stor del av produksjonen som mogeleg. Ein avgjerande faktor for kven som skulle trekkja det lengste strået i denne striden, var etterspurnaden etter jord. I tider med mykje ledig jord, som i seinmellomalderen, gjekk landskylda sterkt ned[68]. Etterspurnanden avgjorde likevel berre det nivået som skylda låg på. I og med at det ikkje eksisterte faste kriteria for fastsettjinga av landskylda, kunne det vera rom for variasjon for kvar einskild gard, avhengig av dei ulike eigarane og brukarane.

Ser ein på namnegardane i Lindås skipreide, finn ein at det helst er dei ein meiner har vore dei beste og største gardane som hadde høgast landskyld. Desse gardane er venteleg og mellom dei eldste, avdi dei ligg på stader som egnar seg godt for jordbruk. I gamal tid var grøftetaking ikkje vanleg. Difor søkte dei lettdriven jord, som var sjølvdrenerande. Nyare

gardar ville derimot måtte leggjast til stader der føresetnadane for ei slik jord ikkje var like gode. Ein gard som tidleg vart rydda, ville dessutan utvida arealet sitt langt meir og truleg vera betre dyrka enn ein som vart teken opp seinare. Dermed skulle det og vera sannsynleg at ein gard som har høg skyld på 15- og 1600-talet, går attende til høgmellomalderen. Det skulle såleis ikkje vera noko i vegen for å vurdera alderen på ein namnegard ut frå det gjennomsnittlege landskyldnivået i eit distrikt[69].

Ein viss kontroll av denne hypotesen om samanhangen mellom skyld og alder på ein gard, kan ein få ved å sjå på storleiken av landskylda på dei namnegardane ein ved hjelp av arkeologisk materiale etter alt å døma kan følgja attende til førhistorisk tid. I tabellen eg har sett opp nedanfor, har eg berre teke med faste fornminne som graver, haugar og røysar som av fagfolk vert rekna som gravhaugar og gravrøysar. Lausfunn, som må reknast som svært upåliteleg materiale når det gjeld å etterspora gardsdrift og busetnad i eldre tid, har eg berre teke med på gardar der det også er funne graver og gravhaugar. Funn som ligg langt frå innmarka på ein noverande gard, har eg ikkje teke med. Tabellen ser då slik ut:

Tab. 1,2. Arkeologiske funn - landskyld 1647[70].

Eja. = eldre jernalder
Yja. = yngre jernalder
Fvt. = folkevandringstid
Vik. = vikingtid.

G.nr.	Namn	Funn	Landsk. 1647
37	Myking	Vik, ubrend mannsgard	1,5 laupar smør
38	Hodne	Vik, ubrend mannsgrav	"
		Eja, beltestein	2,5
39	Hodneland	Yja, ubrend kvinnegrav	0,917 "
		To Fvt. ubrende mannsgraver	
54	Grimstad	Fvt. Ubrend mannsgrav	2,625 "
		Yja. klebergryte	
85	Kvalvåg	Haug, Røys.	1,75 "
57-58	Lygra	Diverse funn og graver frå vik., yja og fvt. Fleire haugar som ikkje er utgravne.	19,5 "

Tab. 1,2. forts.

G.nr.	Namn	Funn	Landsk. 1647
88	Maråsa	Haug med eja. beinnål og snellehjul	1,75 laupar
91	Brunsland	Haugar, Yja. klebergryte To eja. klebergryter	2,00 "
94	Nedre Skodvin	Røys	1,25 "
103	Fjell-anger	Røys, haug, langhaug Flintøks, steinøks, leir-krukke, spjot	3,00 "
108	Preste-garden	To røyser, eja. leirkrukke eja. bronsekjel	Skyld ikkje opp-gjeven
124	Kjeile-gavlen	Haug. Diverse lausfunn, m.a. vik. klebergryteskor.	0,75 laupar
126	Hope	Yja. ubrend mannsgrav	3,00 "
131	Fonnes	Stor gravhaug (23 m. i dia-meter) med eja. bronsekjel. Utanom denne haugen er fun-ne to yja. klebergryter og diverse andre lausting	3,188 "
156	Austrheim	Eja. ubrend mannsgrav	3,50 "

Landskylda til g.nr. 57-58 Lygra er uvanleg høg til å vera i Nordhordland. Difor vil eg sjå bort frå den i dette oversynet. Prestegarden er halden utanfor i alle jordebøker og skattelister frå 15- og 1600-talet. Difor har vi ikkje opp-gjeve landskyld for denne garden. Dei 13 andre namnegardane som er med i oversynet har ei samla landskyld i 1647 på 27,731 laupar smør. Det vert i gjennomsnitt 2,363 laupar smør på kvar namnegard. Som ein vil sjå av utrekningane lenger nede, er dette monaleg over gjennomsnittet for alle namnegardar som har oppgjeve skyld i 1647. Av dei 13 namnegardane er det berre 3 som har under 1,5 laupar smør i landskyld. Dette skulle tyda på ein nær samanhang mellom alderen på desse gardane (eja -vikt.) og storleiken på landskylda.

Når ein skal nytta landskylda til å rekonstruera høgmel-lomaldermaksimumet, er det opplagt ein føremun å kunne nytta

landskyldoppgåver som ligg så nær det tidspunktet ein vil attende til som mogeleg. Dei første oppgåvene over ny skyld etter at nedgangen i seinmellomalderen hadde kulminert, får vi i Vincens Lunge si jordebok frå 1535. Den har likevel berre med 11 namnegardar, alt for få til å rekna ut noka gjennomsnitt.

I den kongelege jordeboka frå 1624[71] får vi oppgjeve eit fast sambøve mellom leidangen og landskylda i Nordhordland. Av 1 laup smør i landskyld vart det betalt 1/2 pund smør eller 1 mæle korn i leidang, av 3 spann smør 1 geiteskinn eller 9 merker smør, av ein halv laup 1 kalveskinn eller 6 merker smør, av 1 spann 1 kalveskinn eller 3 merker smør og av 1 pund smør 1 kalveskinn og 1 mark smør. Dette gjev eit samhøve på 1:6 mellom leidang og landskyld. A. Steinnes har vist at dette samhøvet vart brukt også ved utlikninga av leidangen i 1567, 1590 og 1610[72]. I dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 er det i tillegg til leidangen oppgjeve landskyld vanlegvis i smør på alle gardar, også dei som ikkje høyrde til krona eller stiga[73]. Ved å bruka samhøvet 1:6 mellom leidang og landskyld har eg rekna meg fram til landskylda for i alt 76 namnegardar i 1567 som var i drift på denne tida og som hadde betalt leidang[74]. Framleis vantar så mange namnegardar at eg har funne det lite tenleg å rekna ut noko gjennomsnitt. Først i kontribusjonsmanntalet frå 1647 får ein oppgjeve landskylda til alle namnegardane som eksisterte samstundes på 1600-talet i Lindås skipreide.

Frå 1300-talet og fram til midten av 1600-talet gjekk det for seg store endinger i verdisamhøvet mellom dei ulike landskyldvarene. Medan 1 laup smør i første helvta av 1300-talet galdt lik 1 hud[75], vart 1 laup på 1600-talet sett lik 2 huder eller 2 tunner korn[76].

Desse endringane ser ut til å ha gått for seg på slutten av 1500- og byrjinga av 1600-talet. Ei samanlikning av landskylda utrekna i smør etter samhøvet 1:6 mellom leidang og landskyld, med oppgåver i dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 over dei varene denne skylda skulle betalast med, viser at einingane 1 tunne korn eller malt, 1 hud eller 1 våg fisk, kunne setjast lik 1 laup smør. Ein har likevel

fleire oppgåver som viser at dei og vart sette lik ¾ laup smør. Leidangen av g.nr. 99 Våge i 1590 og 1610 viser at denne garden hadde ei smørskyld på 1 ¾ laup. Både i 1590 og 1610 vart denne skylda betalt med 1 laup smør og 1 hud. G.nr. 121 Knarvik hadde i 1590 og 1610 ei smørskyld på 1 ¾ laup. Denne vart begge gongane betalt med 1 laup smør og 1 t. korn. Begge desse tilfella viser samhøvet 1 laup smør = ¾ tunne korn = ¾ hud. Landskylda på g.nr. 119 Sundsbø var i 1590 1 laup smør. Dette kjem vi fram til både ved ei omrekning av leidangen, og ved at det til venstre for oppgåvene over landskyldvarene er ført til smørskylda på garden. Skylda skulle dette året betalast med ½ laup smør og ½ t. malt. Her er 1 laup smør sett lik 1 t. malt. I 1610 er landskylda på Sundsbø stige til 1 ¼ laup smør. Her og er det samsvar mellom leidangsoppgåva og smørskylda som er oppført i sjølve jordeboka. Leidangsvarene er dette året sett opp tilsvarande til ½ laup smør og 3 mæle (¾ t.) malt. Framleis er 1 laup smør rekna lik 1 tunne malt. Jordeboka frå 1610 viser at ½ laup smør i landskyld for g.nr. 82 Brakøy vart betalt med 2 pund fisk. 1 laup smør vert da ¾ våg fisk. Dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 viser såleis at den tida dei vart til i var ei overgangstid mellom det gamle og det nye verdisamhøvet til landskylda i Nordhordland.

Det ser likevel ikkje ut som endringane i verdisamhøvet har hatt særleg mykje å seia for den samla landskylda, korkje for kvar einskild namnegard eller for samhøvet mellom landskylda på dei ulike gardane innanfor skipreida. Som ein vil sjå av vedlegg nr. 1 der eg har rekna ut landskylda i 1567, 1590, 1610, 1626 og 1647, har det gått føre seg ei lita auking i landskylda for mest alle gardar i tida etter 1567. Etter 1620-talet har landskylda stort sett stabilisert seg på det nivået vi finn i jordeboka for utlikningar av garnisonsskatten i 1626.

Ut frå ei vurdering av landskyldutviklinga i tida 1567-1647 meiner eg det er fullt forsvarleg å nytta landskyldoppgåvene i kontribusjonsmanntalet frå 1647 som utgangspunkt for ei utrekning av medelskylda i Lindås skipreide. For det første ser det ikkje ut til at samhøvet mellom landskylda på dei aller fleste namnegardane har endra seg avgjerande etter midten av 1500-talet. Den generelle oppgangen ein kan registrera har gjort seg gjeldande for mest alle gardar. Dessutan har 1647-lista den føremunen at alle namnegardane er samla i ei liste. I motsetning til dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610, har no landskylda fått tid til å festa seg på øydegardar som er tekne opp etter å ha lagt nede mesteparten av 1500-talet.

Gjennomsnittskylda for alle namnegardane i Lindås skipreide som er med i kontribusjonsmanntalet frå 1647, er 1,673 laupar smør. Dersom ein ikkje reknar med dei to namnegardane g.nr. 58 Innluro og g.nr. 57 Utluro som står for 19,5 laupar smør[77], og som ligg på den uvanleg grøderike øya Lygra som ikkje på nokon måte kan seiast å vera representativ for tilhøva i resten av Lindås skipreide, får vi ei medelskyld på 1,478 laupar. For Fana og Åsane sitt vedkomande er medelskylda rekna til mellom 1 ½ og 2 laupar smør[78]. Både Åsane og Fana ligg ikkje langt frå Lindås skipreide og har busetnad- og næringsstruktur som liknar den vi finn i Lindås. Eg skulle såleis vera nokolunde trygg når eg fastset medelskylda til 1,5 laupar smør på ein namnegard i Lindås skipreide etter den nye skylda hadde festa seg der.

Noko klår grense mellom landskylda til namnegardar som går attende til høgmellomalderen og landskylda til klåre nyryddingar er det vanskeleg å få auga på i Lindås skipreide. Difor er det ikkje lett å avgjera kor låg landskyld ein namnegard kan ha i 1647 for i det heile å få poeng. Av det eg kan sjå, er det berre fire gardar som har lågare skyld enn 0,5 laupar smør[79]. Den lågaste nye skylda vi har på dei namnegardane som er belagt i høgmellomalderkjelder er 0,5 laupar smør[80]. Det skulle difor vera rimeleg å setja den nedre grensa for å bruka landskylda til rekonstruksjon av høgmellomaldermaksimumet til tett oppunder 0,5 laup, eller litt under ⅓ av medelskylda.

I den andre ytterkanten er det i alt 9 namnegardar, ikkje medrekna g.nr. 57-58 Inn- og Utluro, som skil seg ut med over 3 laupar smør i landskyld[81]. Desse kjem frå det beste jordbrukslandet i dei ulike område i Lindås skipreide, og må vera mellom dei aller eldste namnegardane i sine distrikt. Det er vanskeleg å tenkja seg at dei ikkje skulle ha vore i drift i høgmellomalderen dersom det i det heile har vore gardsdrift på den tida. Difor er det etter mi meining rimeleg å setja grensa oppover for ein sikker høgmellomaldergard, 10 poeng, til 3 laupar smør eller 2 ganger medelskylda.

Ei rimeleg fordeling av poeng for landskyldstorleik kan vera som i tabell 1,4 nedanfor. Avdi dei gardane som ligg over medelskylda har noko større avstand i skyld seg i mellom, har eg funne det tenleg å auka avstanden rekna i laupar smør noko meir mellom kvart poeng frå 2 laupar smør og oppover.

Leivningar av busetnad og gardsdrift.

Dei aller fleste namnegardane som låg øyde ei tid i seinmellomalderen vart seinare tekne opp att. Nokre kom likevel, av ulike grunnar som eg seinare skal koma attende til, aldri meir i drift som sjølvstendige gardseiningar. I dag finn vi i åkerreiner, tufter og andre visner direkte spor etter desse gardsanlegga. På mange andre gardar finn vi fornminne av ulikt slag, t.d. gravhaugar, som indirekte fortel om busetnad der i eldre tid.

I Lindås er slike leivningar etter måten godt registrerte. Heile Lindås prestegjeld er totalregistrert av Per Fett, med særleg tanke på fornminne som er eldre enn mellomalderen. Registreringane er samla i heftet "Førhistoriske minne i Nordhordland, Lindås prestegjeld". Sjølv har eg registrert det gamle Lindås skipreide sommaren 1972 med tanke på å få eit oversyn over fornminne frå mellomalderen[82]. Eg la særleg vinn på å finna att øydegardar som er belagt i skriftlege kjelder frå mellomalderen og tida like etter. I alt registrerte eg 3 gardsanlegg i området som må skriva seg frå høgmellomalderen. Det er for det første Lurekalven (B.K. 57 a: "j.kalfne") og Ikornås

(B.K. 56 a: "j. j korna ase") som begge er belagt i B.K. Dessutan fann eg eit gardsanlegg på Husebø[83] ved g.nr. 24 Famnestad.

To hovudproblem melder seg når ein skal utnytta det arkeologiske materialet til å rekonstruera høgmellomaldermaksimumet. For det første kan det by på vanskar å knyta funna til ein bestemt namnegard. Dette gjeld i særleg grad lausfunn. Eit lausfunn i utmark kan ha samanhang med gardsdrift på staden i eldre tid, eller vera knytt til ei grav. Reiskapa kan og rett og slett ha kome bort i marka. Det eine kan ofte vera like sannsynleg som det andre. Difor er slike funn åleine svært lite å byggja på for å lokalisera høgmellomalderbusetnad.

Gravhaugar, både dei som er ettergravne og dei som er urørde, men av fagfolk rekna som gravhaugar, vil i Nordhordland derimot oftast vera knytte til eksisterande namnegardar og liggja på eller like ved dyrka mark. Nokre få haugar vil ein i tillegg kunna finna i utmark langt frå eksisterande gardar.[84] Dette kan vera graver som er lagt ved gamle ferdselsårer. Sjølv om det ikkje er noko i vegen for at slike haugar like gjerne kan vera spor etter eldre busetnad, trur eg at ein må vera svært varsam med slike funn og ikkje tilleggja dei for stor vekt, dersom ein ikkje har andre teikn på tidlegare gardsdrift på staden.

Tufter, åkerreiner og rydningsrøyser er mykje klårare prov på gardsdrift enn graver og gravhaugar. Her melder så det andre hovudproblemet seg. Om ein har lokalisert ein gamal gard ved hjelp av ymse leivningar som i dag er synlege, kan ein likevel ikkje utan vidare gå ut frå at dette gardsanlegget var i drift i høgmellomalderen. Øydegardar frå folkevandringstida er best kjende frå Jæren, men ein kjenner og til to stykker i Hordaland[85]. Formen på hustufta vil her vera ein peikepinn på kva tid gardseininga vart lagd ned. Langhus vil peika mot folkevandringstid, medan mindre tufter og særleg vinkeltufter peikar mot mellomalder. Ein kan likevel aldri vera heilt sikker. Det er sikkert mogeleg at eit langhus frå folkevandringstida med forbetringar kan ha vore i bruk fram til høgmellomalderen, og at gardsanlegget først då vart lagt øyde. Åker-

reiner kan mykje lettare daterast ved hjelp av C-14 metoden. Av praktiske grunnar har denne metoden diverre ikkje kunna nyttast i denne granskinga.

Etter å ha gått gjennom og vurdert dei usikre faktorane som knyter seg til det arkeologiske materialet, særleg då problem med lokalisering og avgjering av alder, har eg kome fram til ei poengfordeling. Den gjev eitt poeng til lausfunn dersom det ser ut til å kunna ha samanhang med gardsdrift, 3-4 poeng for gravhaugar, alt etter som dei er ettergravne eller ikkje, og for gardsanlegg 2-9 poeng, alt etter kor mykje dei har med av tufter, åkerreiner og liknande, og etter kor lett det er å avgjera alderen deira. Ved å setja 8 poeng som høgaste grense, meiner eg å ha markert at ein ut frå arkeologisk materiale åleine aldri kan få ei "vasstett" datering av eit gardsanlegg til høgmellomalderen. For å vera tollegg sikker på å føra eit slik anlegg attende til denne perioden, er det naudsynt med ein annan, uavhengig metode, t.d. ved hjelp av skriftlege kjelder eller etter naturvitskaplege prøver.

Frelse.

I dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 får vi namnet på fire namnegardar og delar av ein femte namnegard som manglar landskyld, og som det ikkje ser ut til å ha butt folk på.[86]. Det vert for desse gardane betalt 1 kalveskinn, og for Sæverøy 6 merker fisk i "frelse". Venteleg var det grannegardane som oftast betalte denne avgifta, då desse til vanleg står oppførde like framfor.

Sidan denne skatten hadde namnet "frelse", skulle det tyda på at det var ei betaling for fritak av eit eller anna slag. Dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 som nyttar nemninga "frelse", er lister over alle dei inntektene kongen hadde krav på frå gardane i eit distrikt. Landskylda til dei gardane kongen og stigta åtte, er med. Sameleis er det for kvar gard ført opp den leidangen og fredtollen som skulle svarast. Dei einaste som ikkje har desse avgiftene, er dei gardseiningane som er førde opp med "frelse". Det må såleis vera

leidang og fredtoll fritaket gjeld. "Frelse" i denne tydinga er kjend frå Hordaland til Trøndelag[87]. Frå Trondheims len veit vi om ein herredagsdom frå 1597 som opplyser at "huor saadanne øde och vbygde jorder och setter findis, att lensmanden niuder frelse ther aff, dett er j kalffschind ther aff, indtill de byggis, men jke siiden"[88]. Av dette sitatet skulle det gå fram at "frelse" var ei avgift som vert betalt medan garden var utan brukar. Om nokon som ikkje budde på vedkomande namnegard var villig til å betala avgifta på eit kalveskinn, må dei ha nytta han som slått eller liknande under sitt eige bruk.

Ein av namnegardane i Lindås skipreide som det vart betalt frelse av, vart aldri teken opp som sjølvstendig gardseining[89]. Som det vil gå fram av oversynet nedanfor, har vi grunn til å tru at også dei andre gardane har lagt øyde på den tida det vart betalt frelse av dei.

Tab. 1,3. Gardseiningar med "frelse".

G.nr.	Namn	Betalt frelse av i:	Nemnd i kjeldene med brukar:
166	Sæverøy	1590	1603, 1610, 1612-13, 1614-15
89	Haugsmyr	1590[90]	1612-13, 1614-15
101	Vabunes (Lindenes)	1610	1612-13, 1614-15
	Husebø	1590, 1610	Ikkje nemnd med brukar
	"Ytre" eller "Lille" Skauge	1590, 1610	Seinare truleg førd saman med resten av g.nr. 44 Skauge

Eg har ikkje belegg i skriftlege kjelder for nokon av desse gardane frå tida før dei vert nemnde med frelse. Etter dette skulle ein kunna rekne det for sannsynleg at dei gardane som det vart betalt frelse av, var øydegardar som vart nytta som underbruk under andre gardar. Ettersom ein venteleg må kunna føra alle øydegardar attende til øydetida i seinmellomalderen, skulle det såleis vera grunn til å rekna desse gardane for høgmellomaldergardar.

Denne konklusjonen byggjer rett nok på nokre ledd som ikkje kan provast fullt ut. Ingen kan vita sikkert at det ikkje budde ein brukar på ein av gardane det vart betalt frelse av, og at garden såleis heller ikkje i demografisk forstand låg øyde. Ein kan heller ikkje avgjera heilt visst om det i somme høve kan vera nyrydningar i staden for øydegardar, og at nyrydningen på same måte som ein øydegard har nytt frelse. Eg finn likevel ingen ting som tyder på at det har gått føre seg rydding av nye gardar i Lindås skipreide så tidleg som på slutten av 1500-talet og byrjinga av 1600-talet.

I alle fall vil eg vera varsam med å tilleggja opplysningane om frelse for stor verdi som indikasjon på høgmellomalderopphav. Eg meiner det kan forsvarast å gje 5 poeng til gardar nemnde med frelse i 1590 og 3 til dei som er nemnde i 1610. Med ei slik poenggjeving har eg markert at eg reknar oppgiftene om frelse for meir verdifulle enn det eldste belegget til ein namnegard for same tidsromet.

Det ein gjer når ein nyttar seg av betaling av frelse til å føra ein namnegard attende i tida, er eigentleg berre å rekna seg til eit eldste belegg for vedkomande gard som i tid ligg nærare høgmellomalderen enn den kjelda oppgifta om frelse står i. Det vil difor vera meiningslaust i tillegg å gje same garden poeng for eldste belegg når han for første gong dukkar opp som sjølvstendig gardseining. Ein må difor anten rekna med frelse eller eldste belegg.

Tab. 1,4. Oversikt over poenggjeving ved dei ulike kriteria på høgmellomalderbusetnad.

Namnemateriale:

Stadnamn med endingar på:	
- vin	10 poeng
- heim	--- " ---
- land	--- " ---
- stad	--- " ---
- set	--- " ---
- tveit	5 poeng
- bø	2 -- " --

Tab. 1,4 forts.

Tilnamnet "Øyjorda"	7 poeng
Husebø	5 - " -

Eldste belegg:

Fram til midten av 1300-talet	10 poeng
Munkelivs jordebok 1427 (M) Aslak Bolts jordebok ca. 1430 (AB)	9 - " -
Vincens Lunges jordebok 1535 (V.L.)	8 - " -
Kjelder frå tidsrommet 1450-1500	7 - " -
" " " 1500-1560	6 - " -
" " " 1560-1590	5 - " -
" " " 1590-1600	4 - " -
" " " 1600-1610	3 - " -
" " " 1610-1620	2 - " -
" " " 1620-1660	1 - " -

Eigedomstilhøve:

Ein kyrkjeleg eigar etter 1535, same poengsum som eldste belegg.

To kyrkjelege eigarar etter 1535, vurdering av om poengsummen for eldste belegg kan doblast.

Landskyld i 1647:

- 0,50 laupar smør	1 poeng
0,50 - 0,75 " "	2 - " -
0,75 - 1,00 " "	3 - " -
1,00 - 1,25 " "	4 - " -
1,25 - 1,50 " "	5 - " -
1,50 - 1,75 " "	6 - " -
1,75 - 2,00 " "	7 - " -
2,00 - 2,50 " "	8 - " -
2,50 - 3,00 " "	9 - " -
3,00 - " "	10 - " -

Tab. 1,4 forts.

Arkeologi:

Lausfunn, dersom dei ser ut til å ha samanhang med gardsdrift	1 poeng
Gravhaugar, utgravne	4 - " -
ikkje utgravne	3 - " -
Gardsanlegg, etter ei nærare vurdering i kvart tilfelle	2-8 - " -

Frelse:

1590	5 poeng
1610	3 - " -

Ein kan ikkje for ein og same namnegarden gje poeng både for eigedomstilhøve og eldste belegg eller for frelse og eldste belegg.

Eg har til no skissert opp dei kriteria eg nyttar meg av ved rekonstruksjon av busetnadsmaksimumet i høgmellomalderen. Før eg anvender dette på dei ulike namnegardane, vil eg gå litt nærare inn på dei gardseiningane det kan vera tvil om verkeleg var namnegardar i høgmellomalderen. Det gjeld g.nr. 25, 26 og 27 Nedretveit, Groven og Øvretveit, g.nr. 48-49 Fjellsbø og g.nr. 57-58 Inn- og Utluro. I skattelista over 2-markskatten frå 1519[91] er det ikkje skild mellom Øvre- og Nedretveit. Dei fem skatteytarane som må ha vore knytta til desse gardane, har berre tilskrifta "på Twet". I bøte- og sakefallslista frå 1522[92] som berre nemner to bøteobjekt, er den eine av dei kalla "Helge paa Tøffretwet". Den andre har som i 1519 berre tilnamnet "på Twet".

Dette skulle tyde på at sjølv om det kunne vera to tun på Øvre- og Nedretveit på denne tida, var heile garden sett på som eitt område. Ser ein på grensa mellom Øvre- og Nedretveit idag, er dette heilt naturleg. Den går over innmarka midt i ein skråning utan nokon naturleg haldepunkt.

Som ein kile inn til grensa mellom Øvre- og Nedretveit og med sams grense til begge, ligg idag g.nr. 26, Groven.

Namnet til denne matrikkelgarden dukkar først opp i skattelista frå 1603. Så vert han ikkje nemnd att i dei papira eg har gått gjennom før i kontribusjonsmanntalet frå 1647, der vi for første gong får oppgjeve landskyld. Skyldtilhøva på Nedretveit, Øvretveit og Groven er så interessante at vi skal sjå litt nærare på dei:

Tab. 1,5. Landskyldutvikling 1590-1647 for g.nr. 25,26 og 27. Nedretveit, Groven og Øvretveit.

År	25 Nedretveit	26 Groven	27 Øvretveit
1590	3.166 laupar	Ingen oppgåve	2,000 laupar
1610	3.500 "	---- " ----	2,000 "
1626	3.000 "	---- " ----	2,000 "
1647	2.719 "	0.812 laupar	2.250 "

Medan Øvretveit har ei fast landskyld som stig litt på slutten av perioden, er det omvendte tilfelle med g.nr. 25 Nedretveit. Frå det høgste nivået 3,5 laupar smør i 1610, går skylda ned til 2,719 laupar smør i 1647. Dette er ein nedgang på 0,781 laupar smør. Når ein samstundes ser at landskylda til g.nr. 26 Groven i 1647 er 0,812 laupar smør, om lag det same som er teke av landskylda til Nedretveit, skulle ein ha grunn til å tru at denne matrikkelgarden berre er ei vidareutskiljing av ein opphaveleg gard, Tveit.

Denne hypotesen ser og ut til å ha mykje for seg om ein ser på kartet over gardsvaldet. Heller ikkje grensene mellom Groven og Nedretveit ser ut til å vera naturlege grenser mellom ulike opphavelege jordbrukseiningar. Etter dette vil eg rekna dei tre matrikkelgardane Øvretveit, Nedretveit og Groven for ein namnegard i høgmellomalderen.

Det same vil eg gjera med g.nr. 48-49 Fjellsbø. Grensene mellom matrikkelgardane fylgjer heller ikkje her naturlege grenselinjer. Som også namnet tyder på, må ein her ha å gjera med eit sams gardsvald med eit namn, som i nyare tid har vorte delt i to matrikkelgardar.

Når det gjeld g.nr. 57-58 Inn- og Utluro, har eg vore

meir i tvil. Mellom Inn- og Utluro ligg "Øyjorda", ei nedlagd gardeining som i kjelder frå 15- og 1600-talet er kalla Biskopnes . Dette er eit namn som sjølvsagt må ha kome med kristendomen. Ein del av Øyjorda vert i dag kalla Hoplandsneset. Det er difor tenkjeleg at det på øya Lygra i mellomalderen har lege ein namnegard som heitte Hopland mellom Innluro og Utluro. Mellom Øyjorda og Utluro og mellom Øyjorda og Innluro går det naturlege grenser i form av eit dalsøkk som går tvers over heile øya. Eg har difor rekna med tre namnegardar på øya Lygra i mellomalderen, Innluro, Biskopsnes eller Hopland og Utluro.

Etter denne klargjeringa av kva eg i oppgåva har rekna som namnegardar i Lindås skipreide, vil eg gå over til å setja opp tabellen over namnegardar som kan tenkjast å gå attende til høgmellomalderen. I tabellen har eg tatt med alle område som eg meiner det er ein aldri så liten sjanse for kan gå attende til den tida. Det gjeld t.d. Store Stongi, ei øy der det i dag ikkje er nokon namnegard eller klåre spor etter gardsdrift. Nokre gardar er og tatt med i tabellen, trass i at dei ikkje oppnår poeng. Med dette har eg meint å markera at eg vil ta dei opp til nærare drøfting seinare.

Tab. 1,6. Oversikt over namnegardar frå høgmellomalderen.

Avstyttingar:

A = Apostelgodset
AB = Aslak Bolts jordebok ca. 1430
AH = Alle Helgen gods
BK = Bergens Kalvskinn ca. 1350
LP = Lindås prestebol
LK = Lyse kloster
M = Munkeliv
ST = Stigta
VL = Vincens Lunges jordebok 1535
1520 = Ei av skattelistene 1518, 1519, 1522

Namn		Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
24	Fammestad	10	1520=6	(AH 1624=1)	2,25=8		24	x
	Husebø	5			(øyde)	Frelse 1591=5 godt bevart gardsanlegg=6	11	
25	Nedretveit				2,719			
26	Groven		1520=6		0,812 10p		16	x
27	Øvretveit				2,25			
28	Reikerås		1590=4		0,75=3		7	
35	Nævdal		1590=4	(LP 1598=4)	0,812=3		7	
36	Smørdal		1563=5		0,917=3		8	
37	Myking		1519=6	(LP 1598=4)	1,50=6	Utgraven grav, vik = 4	16	
38	Hodne		1175=10		2,50=9	--- " --- = 4	23	x

Tab. 1,6 forts.

Namn		Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
39	Hodnekvam		VL=8		2,00=8		16	
40	Hodneland	10	VL=8		0,917=3	Utgravne graver Yja og Fvt. = 4	25	x
41	Ringås		1657=1		l.sk.1661 0,083=0		1	
42	Sævrås		1175=10		0,875=3		13	x
43	Natås		VL=8		1,375=5		13	
44	Skauge		(1463=7)	LP1598 M 1591 =8	2,333=8	(Frelse for "Lille" Skauge 1591=5	16	
45	Sletten		1590=4		0,917=3		7	
46	Tveiten		1563=5	(LP 1598=4)	1,250=5		10	
47	Vefjell		1522=6		1,125=4		10	
48-49	Fjellsbø	2	1563=5	(LP 1598=4)	2,792=9		16	
50	Vik		BK=10		2,25=8		18	x
51	Seljelid		1590=4	(M 1591=4)	0,917=3	Usikkert lausfunn =0	7	
	Bakkebø	2	1590=4	(M 1591=4)	1,00=4		10	
52	Berge		1591=6	(ST 1567=5)	2,00=8		14	
53	Grimstad	10	1519=6	(ST 1567=5)	2,625=9	Utgraven grav, Fvt. = 4.	29	x
54	Konglevoll		1518=6	(AH LP 1624=2)	1,833=7		13	
55	Bruvoll		1563=5		1,25=5		10	

Tab. 1,6 forts.

	Namn	Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
56	Hundvin	10	B.K.=10		3,75=10	Usikkert lausfunn = 0	30	x
	Lurekalven	Øyjorde = 7	B.K.=10		(Øyde)	Godt bevart gardsanlegg=6	23	x
57	Utluro		1520=6		9,50=10	Svært mange graver=4	20	x
	Biskopnes	Øyjorde = 7	(1590=4)		(Øyde)		7	
58	Innluro		1520=6		10,00=10	Svært mange graver = 4	20	x
80	Dragøy		B.K.=10		0,50=2		12	x
81	Risøy		1520=6	(ST 1567=5)	1,50=6		12	
82	Brakøy		1563=5	(ST 1567=5)	0,75=3		8	
83	Spjotøy		1603=3	(ST 1610=2)	0,50=2	Usikkert lausfunn = 0	55	
84	Kvalvågsnes		B.K.=10		1,125=4		14	x
85	Kvalvåg		1520=6	(ST 1567=5)	1,750=7	Haug og røys=3	16	
86	Ones		1463=7	(M 1463=7)	1,50=6		13	
87	Spjeldnes		1520=6	(LP 1598=4)	0,50=2	Haugar, langt frå innmark = 0	8	
88	Maråsa		1520=6	(AH 1624=1)	1,75=7	Haugar, utgravne men usikker plassering = 0	13	
89	Haugsmyr	Øyjorde = 7	(1590=4)	(AH 1624=1)	0,75=3	Frelse 1591=5	15	
90	Hauge		1463=7	(AH 1624=1)	1,50=6		13	
91	Brunsland	10	1175=10		2,00=7	Haugar=3	30	x

Tab. 1,6 forts.

	Namn	Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
92	Træland	10	B.K.=10		1,625=6		26	x
93	Hetlehovda		1563=5		0,50=2	Usikkert lausfunn = 0	7	
94	Nedre Skodvin		1520=6	(ST 1567=5)	1,250=4	Røys = 3	13	
95	Refsdal		1563=5	(ST 1567=5)	1,125=4		9	
96	Øvre Skodvin		1520=6	(ST 1567=5)	1,250=4		10	
97	Løtveit	5	B.K.=10		1,625=6		21	x
98	Gaulen		1563=5	(ST 1567=5)	0,917=3		8	
99	Våge		1520=6	(ST 1567=5)	1,75=7		13	
100	Fjellsende		1520=6	(A 1624=1)	1,50=6		12	
101	Vabunes (Lindenes)		(1610=2)		0,333=1	Frelse 1610 =3	4	
102	Vabu		1563=5		0,750=3		8	
103	Fjellanger		1520=6		3,00=10	Røys og haugar=3	19	x
104	Haukås		1175=10		1,50=6	Usikkert lausfunn = 0	16	x
105	Holmås		B.K.=10		1,375=5		15	x
106	Fonnebost		1520=6	(A 1624=1)	3,00=10		16	x
107	Kolås		1175=10		2,25=8	Usikkert lausfunn = 0	18	x
108	Prestegarden	Sjå kommentarar i teksten etter tabell 1,6.				Røyser = 3		
109	Saltnes		1563=5	(LP 1624=1)	0,875=3		8	
110	Syslak		1175=10		3,250=10		20	x
111	Skårnes		1590=4	(LP 1598=4)	0,875=3		7	

Tab. 1,6 forts.

Namn		Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
112	Finnesbø	2	V.L. 8		0,625=2		12	
113	Sjurset	10	1295=10		1,00=4		24	x
114	Veråsa		1295=10		1,167=4		14	x
115	Kårdal		V.L.=8		0,583=2		10	
116	Lauås		1520=6		2,00=8		14	
117	Rossnes		1427=9		2,00=8	Usikkert lausfunn = 0	17	
118	Tjukhetla		1563=5	(LP 1598=4)	0,875=3	--- " ---= 0	8	
119	Sundsbø		1520=6	(ST 1590=4)	1,042=4		10	
120	Tvibernes		1563=5	(ST 1567=5)	0,75=3		8	
	Tviberøy		1590=4				4	
121	Knarvik		1520=6	(ST 1567=5)	1,50=6		12	
122	Hellestveit	5	B.K.=10	(ST 1590=4)	0,625=2		17	x
123	Risa		V.L.=8		2,00=8		16	
124	Kjeilegavlen		B.K.=10		0,75=3	Haug = 3	16	x
125	Indre Kjeilen		1520=6	(ST 1567=5)	2,00=8	Usikkert lausfunn = 0	14	
126	Hope "Mollefjellet"		AB=9		3,00=10	Utgraven grav=4 haugar, bautastein teikn på gards-anlegg = ?	20	x
127	Mongstad	10	V.L.=8		1,125=4	Usikkert laus-funn = 0	22	x
128	Leirvåg		V.L.=8		1,25=5	Usikkert lausfunn = 0	13	

Tab. 1,6 forts.

Namn		Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
	Ikornås		B.K.=10	(Øyde)	(øyde)	Hustuft = 5	15	x
129	Litlås		1590=4	(LP 1598=4)	0,75=3		7	
130	Kaland	10	1520=6		1,375=5		21	x
131	Fonnes		V.L.=8		3,188=10	Stor gravhaug m/ eja. bronsekjel=4	22	x
132	Utkjeilen		1590=4	(ST 1590=4)	0,75=3		7	
133	Synnevåg		1520=6	(ST 1567=5)	1,50=6		12	
134	Straumstad (Kolhaugen)	Ingen opplysningar om denne garden lengre attende enn ca. 1800. Sjå nærare drøfting av h.m.ald. opphav nedanfor.						
135	Bakke		1427=9		1,00=4		13	
136	Monslaup		1563=5		1,00=4		9	
137	Søre Njøten		1520=6	(ST 1567=5)	1,50=6		12	
138	Nore Njøten		1590=4	(ST 1590=4)	0,875=3		7	
139	Solend		1520=6	(ST 1567=5)	2,125=8		14	
140	Leikvoll	5	1590=4	(AH 1624=1)	0,875=3	Usikkert lausfunn = 0	12	
141	Vikane		1647=1	(AH 1647=1)	0,250=1		2	
142	Sætre		B.K.=10		1,75=7		17	x
143	Budalen		1647=1	(LP 1647=1)	0,167=1		2	
145	Ulvøy		1563=5	(LP 1598=4)	0,75=3		8	
147	Kvalvåg		B.K.=10		1,50=6		16	x
	Store Stonga					Usikkert lausfunn = 0		
149	Årås		1563=5	(AH 1624=1)	1,00=4		9	

Tab. 1,6 forts.

Namn		Namne-materiale	Eldste belegg	Eigedoms-tilhøve	Landskyld 1647	"Frelse" Arkeologi	Sum	"Sikre" h.m.ald. gardar
150	Hjartås		1626=1		0,75=3	Utgravne [illegible], lite sentralt i høve til innmarka=1	5	
151	Førland	10	1520=6	(AH 1624=1)	1,50=6		22	x
152	Litle Lindås		1520=6	(LK 1626=1)	1,50=6	Laufunn i utmark = 0	12	
155	Hopland	10	1520=6	(M 1591=4)	3,00=10	Usikkert lausfunn = 0	26	x
156	Austrheim	10	1520=6		3,50=10	Utgraven grav eja = 4	30	x
157	Bergsvik		B.K.=10		1,75=7	Usikkert lausfunn = 0	17	x
158	Lerøy		1563=5	(LP 1598=4)	1,00=4		9	
159	Dyrnes							
160	Rebnor		1520=6		1,50=6		12	
161	Øksnes		1520=6	(A 1624=1)	1,333=5		11	
162	Børillen		B.K.=10		0,833=3		13	x
164	Krossøy		B.K.=10		1.000=4	Usikkert lausfunn = 0	14	x
165	Rongevær		1567=5		1,00=4		9	
166	Sæverøy		(1590=4)	(M 1591=4)	0,625=2	Frelse 1590=5	7	

Før eg går over til å dra konklusjonar av tabellen, er det naturleg å gjera greie for nokre av dei tilhøva som ikkje kjem så klårt fram i sjølve tabellen. Når det gjeld namnematerialet, har eg ikkje nytta meg av -vin endigar i namnet til g.nr. 94 og 96 Skodvin. Desse gardane har eg rekna som to namnegardar. Tuna på gardane ligg langt frå einanan (ca 2km) og innmarka er skild med myrar og ei elv. Det er mogeleg at dei har vokse fram av ein opphavsgard, men det er vel og tenkjeleg at den eine har fått namn etter den andre. Eg har meint at det ikkje er rett å dela poengsummen mellom dei, avdi det er umogeleg å avgjera kven av dei som eventuelt er den opphavelege namnegarden. I staden for har eg ikkje gjeve nokon av dei poeng for namneendringa. Noko praktisk verd har dette ikkje hatt. Begge namnegardane har likevel nått opp i 10 poeng.

Når det gjeld g.nr. 134 Strumstad, har eg ikkje rekna med -stad endinga, avdi ho ikkje er belagt i skriftlege kjelder før i dette hundreåret. Ei nærare drøfting av denne endinga og av om denne namnegarden kan førast attende til høgmellomalderen følgjer lenger nede.

Som det går fram av tab. 1,6 er det i alt 39 namnegardar som oppnår 10 poeng ved eitt kriterium. Alle desse har i tillegg andre opplysninger som og peiker mot at dei var i drift som sjølvstendige gardseiningar i høgmellomalderen. Desse må då kunna reknast som sikre namnegardar frå høgmellomalderen.

39 andre namnegardar når også opp i ein samla poengsum på 10 poeng. Etter som det her er poenga frå fleire kriteria som er rekna saman, vert denne poengsummen mindre sikker enn om han hadde kome frå eitt kriterium åleine[93]. Difor vil desse namnegardane berre kunna reknast som nesten sikre namnegardar frå høgmellomalderen. Til denne gruppa vil eg og rekna g.nr. 108 Lindås prestegard. Med den maktstilling kyrkja hadde i høgmellomalderen er det utenkjeleg at den garden som kom under presten på Lindås ikkje skulle ha vore i drift alt i tidleg kristen tid[94]. I alt vil eg såleis rekna med 40 nesten sikre namnegardar i Lindås skipreide i høgmellomalderen.

Tett opp under dei i alt 79 sikre og nesten sikre høgmellomaldergardane kjem så 25 namnegardar som har fått mellom

6 og 9 poeng i tab. 1,6. Desse meiner eg må kunna reknast som sannsynlege namnegardar frå høgmellomalderen. Dei fleste av desse gardane er belagt i kjelder frå 1500-talet før takta i opptakinga av øydegardar jamna seg ut. I tillegg har dei aller fleste også ei landskyld på 0,75 laupar eller meir i 1647. Svært få hadde under halvparten av gjennomsnittskylda i skipreidet. Ingen av dei har oppnådd den samla poengsummen sin gjennom meir enn to kriteria. Eg trur og at ei detaljert drøfting av kvar av desse namnegardane ville kunne tilføra lite nytt i tillegg til dei opplysningane vi kan lesa ut av tab. 1,6. Når vi såleis reknar desse 25 namnegardane som sannsynlege i høgmellomalderen, er vi i alt oppe i 104 namnegardar som vi meiner det er grunn til å føra attende til høgmellomalderen. 39 av desse er sikre, 40 nesten sikre og 25 sannsynlege.

I tillegg til desse 104 namnegardane som med større eller mindre visse går attende til før midten av 1300-talet, har vi i alt 11 namnegardar eller område som kan ha vore sjølvstendige namnegardar, som bør granskast nærare. Dei har i tabellen fått opp til 5 poeng. Det gjeld g.nr. 41 Ringås, g.nr. 83 Spjotøy, g.nr. 101 Vabunes, Tvibergøy, Mollefjellet (ved g.nr. 126 Hope), g.nr. 134 Straumstad, g.nr. 141 Vikane, g.nr. 150 Hjartås, øya Store Stonga, g.nr. 143 Budalen og g.nr. 159 Dyrnes.

Desse 11 mogelege gardseiningane deler seg naturleg i tre grupper. Først kjem dei som truleg har vore sjølvstendige namnegardar i høgmellomalderen, men som vantar avgjerande prov for dette. Dinest har vi dei som det er svært vanskeleg, om ikkje heilt umogeleg, å seia noko nærare om. Til sist har vi så ei gruppe som antan er heilt klåre nyryddingar eller utskiljingar frå ein annan namnegard på 1600-talet, eller som aldri har vore sjølvstendige gardseiningar. Eg vil først ta for meg dei namnegardane eg meiner høyrer til den første gruppa, g.nr. 83 Spjotøy, g.nr. 101 Vabunes, g.nr. 150 Hjartås og den umatrikulerte Tviberøya.

Som ein ser av tabell 1,6 dukkar Spjotøy først opp i skattelista frå 1603. "Tomas Spiudøen" er den eine av to

skatteytarar frå Lindås skipreide som er oppførde som øydegardsmenn. Desse betalte berre ½ dalar i skatt. Alle andre som ikkje var det ein i lista kallar "Jordeigande Bønder", betalte 1 dalar[95]. J. Sandnes har for Trøndelag sitt vedkomande vist at "øydegardsmenn" alt tidleg på 1600-talet er eit skatteteknisk uttrykk for at skatteytaren hadde lita evne til å svara full skatt, avdi han anten sat på ei nyryddning eller på ein øydegard som nyleg var teken opp att[96].

A. Holmsen har for det gamle Oslo herad kome til den motsette konklusjonen. Han hevdar at "ødegårdsmannen fra 1500-årene og begynnelsen av 1600-tallet bodde på en gård som tidligere hadde vært nedlagt", og at "vi trygt kan oppfatte betegnelsen "ødegårder" i sin opprinnelige betydning like til skatteklassen "ødegårder" var blitt fullt etablert. For Akers vedkommende skjedde dette tidligst etter påbudet om garnisjonsskatt 1627"[97].

Det er mogeleg at skilnaden i synet til Sandnes og Holmsen på denne saka skriv seg frå ein reell ulikskap i innhaldet i begrepet "øydegardsmann" i Trøndelag og på Austlandet. Difor er det berre ei gransking av innhaldet i omgrepet "øydegardsmann" i skattelista av 1603 for heile Vestlandet, eller for berre Nordhordland, som kan gjeva svar på om "øydegårdsmann" i denne lista er å oppfatta skatteteknisk, eller som uttrykk for at ein har å gjera med ein gard som til nyleg har lagt øyde. Materialet frå Lindås skipreide, to "øydegardsmenn" i 1603, er for lite til å avgjera dette[98]. Eg vil difor ikkje leggja noko særleg vekt på at skatteytaren på Spjotøy er "øydegardsmann". Ein kan likevel merkja seg at denne mannen har betalt mindre skatt enn andre leilendingar i Lindås skipreide, noko som kan indikera at Spjotøy på denne tida nett var teken i bruk, anten som nyrydding eller etter at garden ei tid hadde lagt øyde.

Første gongen vi får greie på landskylda på Spjotøy er i den kongelege jordeboken frå 1610. Den er då relativ låg, berre 1 pund fisk. Alt i jordeboka for utlikning av garnisonsskatt frå 1626 har skylda stige til det dobbelte, 2 pund tørrfisk. 21 år seinare opererar kontribusjonsmanntalet frå 1647 med same skylda, no omrekna til ½ laup smør. Frå 1614 til

1667 auka dessutan korntienda av Spjotøy frå 12 kanner korn til 1/2 tunne (24 kanner)[99].

Årsakene til denne store oppgangen i produksjon og landskyld kan vera at Spjotøy hadde vore dyrka før, og at det difor var lettare å utvida jordbruksarealet og auka produksjonen enn om det hadde vore ei nyrydding. Med dette ville og verdien av garden auka, noko som så gav seg utslag i krav frå eigaren om høgare landskyld[100].

Eigaren var i dette tilfelle kongen. Spjotøy høyrde til stigt-godset. Dette eigedomstilhøvet kan i seg sjølv peika mot eit mogeleg høgmellomalderopphav, men det kan likevel ikkje heilt utelatast at Spjotøy kan ha kome inn under stigta, avdi granneøya Brakøy høyrde til dette godset.

Om ein ser på eigedomstilhøve, eldste belegg og den raske auken i produksjon og landskyld, finn eg at det alt i alt er fleire ting som talar for at ein her har å gjera med ein gard som har vore i drift i høgmellomalderen enn med at det skal vera ein nyrydding frå byrjinga av 1600-talet.

Kort tid etter g.nr. 83 Spjotøy dukkar også g.nr. 101 Vabunes opp, på den tida kalla Lindenes. Garden er då utan brukar. Det vert betalt 1 kalvskinn i frelse av han, venteleg frå grannegarden Vabu på andre sida av Vabuvågen. Ein kan sjølvsagt ikkje sjå bort frå at frelse i einskilde høve kan ha vorte betalt også av nyryddingar. Ein kunne då venta at mannen som budde på garden var nemnd med namn, slik det var vanleg for andre brukarar i dei kongelege jordebøkene. Første gongen vi høyrer om ein brukar på Vabunes er i tiendeskattemanntalet frå 1612-13.

På same måten som for Spjotøy stig landskylda for Vabunes nokså fort. I jordeboka for utlikning av garnisonsskatt frå 1626 har garden ei skyld på 1 spann smør (1/4 laup). I kontribusjonsmanntalet frå 1647 er landskylda gått opp til 1 pund (1/3 laup). Kornproduksjonen er derimot svært stabil. I 1612-13 og 1614-15 må brukaren på Vabunes ut med 4 kanner i korntiend for kongen sin part eine året og 3 kanner det neste. I 1667 er heile korntienda 1 mæle (12 kanner). Sjølv om oppgangen i landskyld og kornproduksjon ikkje er like stor

for Vabunes sitt vedkomande som for Spjotøy, meiner eg likevel at landskyldauken peikar i retning av mellomalderopphav for denne garden.

Eigedomsgrensene til Vabunes har eit slikt skap at ein kunne tenkja seg at garden er skild ut frå gardsvaldet til g. nr. 42 Sævrås eller g.nr. 43 Natås. Dette er fullt ut tenkjeleg, og kan ha gått for seg i byrjinga av 1600-talet. I så fall skulle ein tru at Vabunes ville få same eigar som opphavsgarden. I 1624-26 var Sævrås Lundegårdsgods, medan Natås tilhøyrde Christoffer Galle. I 1647 høyrde Sævrås til Axel Maat, medan eigedomstilhøvet på Natås var uendra. Vabunes er derimot bondegods i tida 1624-26. I 1647 har også denne garden kome inn under Axel Maat. Om Vabunes såleis ein gong vart skild ut frå gardsvaldet til Sævrås eller Natås, må dette ha gått føre seg lenge før garden dukkar opp i kjeldene på byrjinga av 1600-talet.

Når vi set opplysningane om landskyld og eigedomstilhøve i samband med at det vart betalt frelse av Vabunes[101] før garden kom i drift som sjølvstendig gardseining, trur eg at det alt i alt er mest sannsynleg at denne namnegarden og går attende til høgmellomalderen.

I høgmellomalderen har det venteleg og vore ein namnegard på Tviberøya. I dag høyrer denne øya til g.nr. 120 Tvibernes. Til ei stund etter siste krig var det eit eige gardsbruk på Tviberøya. Det er i dag nedlagt. Tviberøy ser ut til å ha hatt ei øydetid i seinmellomalderen og. Første gongen ho dukkar opp i dei kjeldene eg har gått gjennom, er i den kongelege jordeboka frå 1590. Der står det: "aff Tueberøe, Landskyld - 1 pund fisk, Leding 1 kalvskinn". Leidangen er i dette høvet like stor og vert betalt med same vare som frelsa, ytinga som og skulle svarast av øydegardar i staden for leidang. Tviberøy er førd opp på same måten i den kongelege jordeboka frå 1610. Det er ikkje ført opp brukar, korkje i 1590 eller 1610. Kven som har betalt landskylda og leidangen veit vi ikkje, men grunnen til at dei har gjort det er venteleg at dei har brukt øya som slåtteng eller liknande[102].

Både i jordebøkene frå 1590 og 1610 og i den tilsvarande

kongelege jordeboka frå 1624 er Tviberøy nemnd saman med godset til stigta. I den siste av desse er Tviberøy omtala som "Thuiberøenn Øde", og det vert betalt 1 kalvskinn i leidang[103]. I jordeboka for utlikning av garnisonsskatt av 1626 vert Tviberøy kalla "Thuiberøenn Øde Jord". Landskylda er 1 pund fisk, det same som i 1610.

Det er tvilsamt om dei to tillegga "Øde" (1624) og "Øde Jord" (1626) kan takast i skatteteknisk meining slik vi kom fram til kunne vera tilfelle for g.nr. 83 Spjotøy, som i skattelista frå 1603 hadde ein "øydegardsmann". I innleiinga til jordeboka frå 1626 går det fram at gardane her er delt i tre kategoriar, fullgardar, halvgardar og øydegardar. Som fullgardar vert rekna dei som har ein laup smør eller meir i landskyld, som halvgardar dei som har ein halv laup eller meir, og som øydegardar dei som gjev mindre enn ein halv laup smør i landskyld. Dette er ein bruk av øydegardsomgrepet som liknar den vi møtar i lista over landskatten frå 1603, der dei som betalar halv skatt er førde opp som øydegardsmenn. I 1626 er fire gardar i skatteklassa øydegardar. Det er Biskopsnes, Lindenes (Vabunes), Tviberøy og Spjotøy. Av desse er i tillegg til Tviberøy også Biskopsnes kalla "Øde Jord". Denne garden som har lege mellom Inn- og Utluro, veit vi har lagt øyde fram til slutten av det førre hundreåret. I dag vert han framleis kalla "Øyjorde ".

To ting talar såleis for at "Øde Jord" her ikkje bør oppfattast kameralt. At Tviberøy i skatteteknisk forstand er ein øydegard avdi den har lågare landskyld enn ein halv laup smør, kjem til uttrykk ved at den er ein av fire gardar frå Lindås skipreide som vert førd opp i skatteklasse "ødegaarder". Difor skulle det ikkje vera naudsynt å føra til at Tviberøy var ei "Øde Jord", dersom dette ikkje var ei tilleggsopplysning om det faktiske tilhøvet, at Tviberøy på same måte som Biskopsnes på den tida var ein nedlagd gard som ikkje var busett.

Uttrykket "Øde Jord" er dessutan identisk med det lokale tilnamnet på nedlagde gardar frå seinmellomalderen. I Lindås, som i heile resten av Hordaland, heiter ein slik gard

"øyjorde", vanlegvis ikkje "øygarden" eller liknande[104]. I dei eksempla eg har kome over der slike namn kan vera nytta i skatteteknisk tyding, er det brukt formuleringa "ødegaard" eller "ødegaardsmenn", aldri "ødejord" eller "ødejordsmenn"[105].

Tilføringa "Øde" og "Øde Jord" må såleis truleg oppfattast reelt, slik at Tviberøy er ein namnegard frå høgmellomalderen som ikkje har vorte busett att før i nyare tid.

På Fosnøy ligg g.nr. 150 Hjartås. Den har i oversikta fått 5 poeng, berre eit poeng mindre enn det eg har sett som grensa for sannsynlege høgmellomaldergardar. Særleg landskylda er relativ høg på denne garden, 0,583 laupar smør i 1626, 0,75 laupar i 1647. Kornproduksjonen er den høgaste av alle dei gardane vi har sett på i denne gruppa, 36 kanner i korntiende i 1667. Eg vil difor tru at det er mest sannsynleg at også denne garden går attende til høgmellomalderen. I dette høvet kan diverre ikkje grensene til gardsvaldet hjelpa oss til å avgjera alderen på garden. Til 1870 var all utmark sams for alle namnegardane på Fosnøy[106]. Gardsvalda på denne øya er såleis av ny dato.

Eg har tidlegare nemnt at det for nokre av dei elleve gardseiningane sitt vedkomande som har oppnådd 5 poeng eller mindre, er svært vanskeleg å avgjera om han har vore i drift i høgmellomalderen som ein sjølvstendig namnegard. Det gjeld g.nr. 141 Vikane på Fosnøy og eit gardsanlegg på Mollefjellet ved g.nr. 126 Hope[107].

G.nr. 141 Vikane får vi først kjennskap til i kontribusjonsmanntalet frå 1647. Den har då ei skyld på ½ våg fisk, (¼ laup smør) og høyrer til Alle Helgen godset.

Landskylda er i seg sjølv så høg at det kan reisast tvil om det her dreier seg om ein nyrydding. Kornproduksjon og husdyrhald peikar i same lei. I matrikkelen frå 1667 er korntienda oppgjeven til ½ tønne korn (24 kanner): Utsæden er 2 tønner, avlinga 5 tønner. I følgje kvegskattelista frå 1647 hadde Vikane då 6 storfe og 2 sauer. I matrikkelen er oppgåva 10 naut. Av matrikkelutkastet frå 1723 ser ein at det no er komne to brukarar på garden, og at husdyrhaldet har auka til 16 storfe og 6 sauer[108]. Av den relativt høge produk-

sjonen og husdyrhaldet, og av den ikkje alt for låge landskylda, kan vi kanskje rekna med at Vikane er ein øydegard som har vorte tatt oppatt, og difor gav god avkasting alt dei første åra. Det er likevel farleg å dra nokon slutning på eit så spinkelt grunnlag. Ettersom gardsvaldet heller ikkje kan nyttast då garden ligg på Fosnøy der grensene i utmark skriv seg frå 1870-åra, trur eg at vi lyt resignera når vi skal avgjera om Vikane verkeleg går attende til høgmellomalderen eller ikkje. Dette spørsmålet lyt stå ope, så lenge vi ikkje har fleire opplysningar om denne namnegarden.

Når det gjeld gardsanlegget på Mollefjellet, er dette rett nok ikkje direkte omtala av Per Fett som gardsanlegg[109]. Dei tinga som er registrert, peikar likevel i den lei. På ein smal åsrygg på nordspissen av Lindåshalvøya, eit godt stykke frå innmarka på g.nr. 126 Hope, ligg 5-6 gravrøyser og ein bautastein. To av røysene er utkasta og noko skal vera funne[110]. I vestskråninga av åsryggen og i Timmerskardet, som lagar eit søkk i åsen, ligg så 3-5 røyser av ulik storleik. Dei er venteleg ryddingsrøyser. I tillegg til det som Per Fett har registrert, har eg hausten 1972 funne ein 15 m lang samanrast mur eller gjerde av stein i sørvestskråninga like ved nokre av rydningsrøysene. Det har ikkje lukkast å finna spor etter hustufter, men dette kan skuldast at området i dag er lyngkledd og delvis dekt av planteskog. Likevel, det er så mange ting som peikar mot gardsdrift i området at det er lite truleg at det berre har vore ein gravplass, ein stad der forfedrane sine graver kunne sjåast, både frå garden Hope i vest og frå sjøen i aust.

Om ein godtek at det har vore gardsdrift på Mollefjellet ein gong i tida, melder det seg to nye spørsmål. Var dette berre den ytste grensa for garden Hope i ein tidlegare periode der den dyrka marka nådde lengre ut? I fall det verkeleg er tale om ei sjølvstendig gardseining, når var denne lagt ned?

Mellom garden Hope si innmark og eit mogeleg gardsanlegg på Mollefjellet ligg det ei stor torvmyr. Avstanden frå innmarka og til skråninga der rydningsrøysene ligg, er om lag 5-600 m. Namnet Hope tyder på at denne garden opphaveleg låg

nær sjøen, og at den har fått namnet etter ein hop, eller låg i det tronge sundet mellom fastlandet og øya Kjeilen. Store delar av innmarka som ligg ovanfor skal ha vorte rydda i nyare tid. Dermed ligg gardsanlegget på Mollefjellet så langt frå innmarka på Hope, slik ho truleg har vore i mellomalderen. Det er difor mindre sannsynleg at dette anlegget har stått i direkte tilknytning til namnegarden Hope.

Kva tid drifta har vorte lagd ned på denne eventuelle namnegarden på Mollefjellet, er vel vanskeleg å svara på. Gravrøysene og bautasteinen fortel oss berre at anlegget kan ha vore i drift ein eller annan gong i forhistorisk tid. Som eg har vore inne på før, kjenner ein fleire eksempel på nedlagde gardar frå folkevandringstida i Hordaland. Difor må det anten setjast i gang utgravningar eller takast pollenanalyser saman. med C-14 dateringar om det skal lukkast å fastslå kva tid ein eventuell busetnad kom til, og kva tid staden vart lagt øyde att. Til så skjer, må spørsmålet stå ope.

For ein del andre områder er det lettare å svara på om det kan dera tale om namnegardar som går attende til høgmellomalderen. Det gjeld dei som aldri har vore sjølvstendige namnegardar, og dei som anten er klåre nyryddingar eller utskiljingar frå ein gamal gard på 1600-talet.

G.nr. 41 Ringås er ein typisk nyrydding. Den ligg i skogsområdet mellom g.nr. 40 Hodneland og g.nr. 42 Sævrås. Eldste belegget til denne garden finn vi i kvegskattelista frå 1657. Landkommisjonen si jordebok frå 1661 viser at det var Axel Maat som då åtte garden.

Mellom Ringås og Hodneland er det ikkje naturlege grenser. Det er det derimot mellom Ringås og Sævrås. Grensa vert her markert av eit lite vassdrag. Slik som Ringås ligg til, er det ikkje utenkjeleg at garden kan ha vorte skild ut frå Hodneland sitt gardsvald. I 1661 har båe gardane same eigar.

Den uvanleg låge skylda Ringås har i 1661, skil denne garden klårt frå andre gardar vi tidlegare har ført attende til høgmellomalderen. Landskylda er i 1661-lista oppgjeve til 6 merker smør (0,083 laupar).

Kornproduksjonen er også liten, 6 kanner i korntiend i

1667, ½ tønne i utsæd og 1 ½ tønne i avling. Kveghaldet er og lite, 5 storfe i 1657, 3 naut i 1667 og 5 storfe i 1723.

Ei gjennomgåing av opplysningane eg har samla om Ringås, viser altså ingen ting særskild som peikar mot høgmellomalder-opphav. Ein del ting, som t.d. den låge skylda, tyder derimot på at ein her har å gjera med ein nyrydding.

G.nr. 143 Budalen liknar på Ringås i så måte. I dag ligg denne garden som ein kile inn i gardsvaldet til g.nr. 142 Sætre. Begge desse gardane låg under Lindås prestebol. Budalen er første gongen nemnd i kontribusjonsmanntalet fra 1647. Landskylda var då ½ pund smør (0,166 laupar). Dette er rett nok det dobbelte av landskylda til Ringås, men likevel godt under nivået til dei andre gardane eg har rekna som høgmellomaldergardar. Korntienda i 1667 er mindre enn for Ringås, berre 1 ½ kanne. Utsæden er 12 kanner og avlinga ½ tønne (24 kanner).

Budalen er ikkje med i kvegskattelista frå 1657, kanskje avdi garden enno ikkje hadde festa seg som ei eiga gardseining, og at buskapen difor kanskje vart oppgjeven saman med buskapen til brukarane på Sætre. I 1667 er det berre oppgjeve 3 naut for Budalen sitt vedkomande. I 1723 er talet det same, noko som indikerar at det har vore lite rom for utvikling. Dette verkar svært rimeleg om ein ser kor lite utmark som høyrer til denne garden. Etter dette kan eg ikkje finna noko grunnlag for å rekna Budalen som ein namnegard som skriv seg frå høgmellomalderen[111].

G.nr. 159 Dyrnes dukkar opp endå seinare enn Budalen og Ringås. I følgje folketeljinga frå 1701, der Dyrnes er ført opp som rydningsplass under Rebnor, budde det då ein mann med huslyd på denne staden. I matrikkelutkastet frå 1723 er landskylda oppgjeve til 1 pund smør (0,333 laupar). Sjølv om skylda her er høgare enn for dei andre nyrydningane kan ein vel ikkje bruka denne som prov på høgmellomalderopphav, avdi opplysningane kjem fram så seint som i 1723. Om ein reknar med eit sterkare folkepress og mindre ledig jord på denne tida enn tidleg på 1600-talet, kan den noko høgare landskylda berre vera eit uttrykk for dette.

Utsæden i 1723 er oppgjeven til 1 t. korn, og det vert rekna med 3 t. korn i avling. Ettersom desse oppgåvene kjem så seint, er det vanskeleg å nytta dei som haldepunkt for å føra Dyrnes attende til høgmellomalderen. Ein lyt difor tru at denne namnegarden ikkje går attende til høgmellomalderen, men er ein nyrydning frå slutten av 1600-talet.

Det same gjeld og g.nr. 134 Straumstad, i N.G. oppført som Kolhaugen med daglegnamnet Straumstad. Namnet ser svært lovande ut i og med at det endar på -stad. Diverre har eg ikkje funne opplysningar om dette namnet som er eldre enn merknaden om daglegnamnet i N.G. Etter som -stad skal ha vore påvist i oppkallingar frå 17-1800-talet, kan det like gjerne vera det som at det er tale om ein gamal gard som har hatt endinga -stad i namnet. Garden dukkar heller ikkje opp i nokon av dei kjeldene eg har gått gjennom før i matrikkelførarbeidet frå 1860-åra.

Til sist vil eg nemna dei tinga som peikar mot busetnad på øya Store Stonga nord for g.nr. 147 Kvalvåg på Fosnøy. Per Fett nemner at det i ei myr om lag midt på øya er funne ein eja beltestein[112]. Dette er eit lausfunn som ein ikkje kan tilleggja særleg vekt. På sør-sida av øya er ein stad som i dag heiter Stongebøen. Dette er eit kulturnamn som skulle tyda på at det har vore drive ei eller anna form for jordbruk her. I kyrkjebøkene frå Lindås er det på 1700-talet nemnt eit ektepar med tilnamnet Stangen[113]. På Stangebøen er det i dag ingen klåre rester etter tufter. Nokre steinar ligg likevel i ei slik rekke at ein kan tenkje seg at det kan ha stått eit hus her ei tid. Om det nokon gong har vore busetnad på Store Stonga har vel dette berre vore ei stutt tid på 1700-talet. Ein finn ingen ting som tyder på at øya har vore busett i høgmellomalderen.

Eg kjem såleis fram til at det av dei namnegardane som i tabell 1,6 får mindre enn 6 poeng, er 4 namnegardar som går attende til høgmellomalderen, Spjotøy, Vabunes, Tviberøy og Hjartås. Ei mogeleg gardseining, Mollefjellet, er det umogeleg å ta standpunkt til utan utgravningar eller naturvitskaplege granskningar. Når det gjeld g.nr. 141 Vikane, har eg og

lete det stå ope kor vidt denne namnegarden går attende til høgmellomalderen. 5 gardseiningar, Store Stonga, Budalen, Dyrnes, Straumstad og Ringås er det etter alt å døme tryggast å rekna med at dei er nyryddingar som ikkje går attende til høgmellomalderen.

Frå før av har eg rekna meg fram til 39 sikre, 40 nesten sikre og 25 sannsynlege namnegardar frå høgmellomalderen. Om eg legg til dei 4 namnegardane eg ved ei grundigare drøfting har funne og kan skriva seg frå høgmellomalderen, får eg i alt 108 namnegardar frå høgmellomalderen i Lindås skipreide. Ein må her vera merksam på at ikkje alle desse er like sikre. På den andre sida kan det godt ha eksistert namnegardar i høgmellomalderen som eg ikkje har kunna visa skriv seg frå dette tidsrommet. Mest nærliggjande er det her å tenkja på g.nr. 141 Vikane, og på gardsanlegget på Mollefjellet. Dessutan kan det ha eksistert namnegardar som vi ikkje har funne spor etter. Eg vil difor våga å la resultatet ovanfor stå som eit sannsynleg mål for kor mange namnegardar det eksisterte i Lindås skipreide før nedgangstida tok til kring midten av det 14. hundreåret.

Eg har ovanfor rekna ut høgmellomaldermaksimumet for namnegardar i Lindås skipreide. Ein namnegard kan vera ei stor eller lita gardseining. Inndelinga i denne gruppa går i hovudsak på namnekriteria. Vi må såleis rekna med at mange av namnegardane i Lindås skipreide kunne gje rom til meir enn ein huslyd, og difor var delte opp i mindre einingar. I det følgjande vil eg freista å gå litt nærare inn på karakteren til denne oppdelinga, og så langt råd er freista finna kvantitative mål for kor langt denne prosessen hadde kome i høgmellomalderen.

Dei lokalgranskningane som til no har vorte gjort om busetnadsmaksimumet i høgmellomalderen har konsentrert seg om Austlandsområdet og Trøndelag. I motsetning til kystområdet på Vestlandet og Sørlandet er bruka på ein namnegard her til vanleg klårt skilde frå kvarandre. Det einskilde bruket hadde

stort sett eit samla innmarksområde som var avgrensa frå dei andre bruka på garden. Kvart bruk hadde sitt tun. Dette systemet kjenner vi på Vestlandet først etter dei store utskiftningane av inn- og utmark på 1800-talet. Før den tid hadde det i kystområdet utvikla seg eit system med klyngetun og utstrekt teigblanding. Åkrane og engstykka til bruka låg spreidde om kvarandre i namnegarden sitt innmarksområde. Husa på garden var til vanleg samla i eit tun[114].

Når det i granskingar frå Austlandet og Trøndelag har vorte skild mellom namnegardar og bruk er det dermed ikkje sikkert at desse nemningane vil gjeva eit fullgodt bilete av garddelinga på Vestlandet med sin særeigne gardskipnad. Fleire ting peikar mot at det i dette området har eksistert gardeiningar som ligg ein stad mellom det vi kallar namnegard og bruk og som ikkje har nokon paralell i andre delar av landet. Hans Try har i eit arbeid om gardskipnad og jordbrukstilhøve i Søgne på 1800-talet nokre døme på at det her eksisterte namnegardar med meir enn eit klyngetun. Mellom tuna var det ikkje meir hopehav og teigblanding enn mellom ulike namnegardar[115].

Frå Lindås skipreide har vi på 1800-talet eksempel på det same. Av ein utskiftningsforretning på g.nr. 53 Grimstad i 1876[116] ser vi at 3 av brukarane på garden er førd opp under "Søndre Grimstad", dei 4 andre under "Nordre Grimstad". Husa på garden er klårt skilde i to tun[117]. Utmarka er delt slik at den luten som i hovedsak ligg nord for Grimstad høyrde til brukarane på Nordre Grimstad, resten til brukarane på Søre Grimstad. Diverre er ikkje utskiftningskartet frå 1876 så klårt at vi kan få greie på kvar brukarane har hatt jordlappane sine før utskiftninga. Slik tunskipnaden og ordninga av utmarka var, ligg det nær å tenkja seg at dei har hatt eit meir eller mindre klårt skilje mellom Nore og Søre Grimstad også i innmarka.

Kan så desse delinga av garden førast lengre attende i tida? Matrikkelutkastet frå 1723 og matrikkelen av 1665 skil ikkje mellom Nore og Søre Grimstad. Heller ikkje kontribusjonsmanntalet frå 1647 har eit slikt skilje. I leidangslista frå 1567 er det derimot nemnd "Nørre" og "Sønder" Grimstad. Leidangen av "Sønder Grimstad" var 1 mæle korn, av "Nørre Grimstaid"

3 mæle smør, 1 geiteskinn og 2 kalveskinn. I smørskyld vert dette 1 laup for Søre og 1 ½ laup for Nore Grimstad[118]. I 1876 var Nore Grimstad og større enn Søre Grimstad. Delinga av Grimstad kan såleis med stor visse førast attende til midten av 1500-talet.

Går så liknande delingar av namnegardar heilt attende til høgmellomalderen? Vi har ikkje opplysningar som kan føra oss lengre attende for Grimstad sitt vedkomande[119]. Derimot har vi eit langt rikare materiale for g.nr. 44 Skauge[120]. Både i matrikkelutkastet frå 1723 og matrikkelen frå 1665 er denne namnegarden delt i Nore og Søre Skauge. Det same er tilfelle i landkommisjonen si jordebok frå 1661 og i kontribusjonsmanntalet frå 1647. I dei to siste listene er og eigedomstilhøva for dei to delane oppgjevne. Kontribusjonsmanntalet opplyser at i Nore Skauge åtte Munkeliv 1 pund smør, Lindås prestebol ½ pund smør, 4 kanner malt og 1 mæle korn, og bønder resten. Samla landskyld var 1 ½ laup, 6 merker smør og 1 tunne korn. I Søre Skauge med ei samla landskyld på ½ laup, 9 merker smør og 1 tunne korn åtte Lindås prestebol 6 merker smør og ½ mæle korn, bønder resten.

Oppdelinga i Nore og Søre Skauge finn vi og att i Lindås prestebol si jordebok frå 1624. I den kongelege jordeboka frå 1590 og 1610 er Skauge ført opp på vanleg måte. I tillegg vert det begge åra betalt "frelse" av "Ytre" (1591) eller "Lille" (1610) Skauge. Frelse var som kjent ei yting som vart betalt av gardar som låg øyde[121]. Vi må difor tru at denne delen av Skauge har lagt øyde i seinmellomalderen. På det området av Skauge som ligg nærast fjellet Skausneio lever det i dag namn som "Øyjordsleet" og "Øyjordsbakken". Det må såleis vera her "Lille" eller "Ytre" Skauge har lege.

Av kontribusjonsmanntalet frå 1647 veit vi at Munkeliv då åtte 1 pund smør i Nore Skauge. I Munkeliv si jordebok frå 1463[122] er det opplyst at klosteret då åtte ½ laup smør i Skauge. Denne jordeboka veit vi vart til etter at skylda vart skriven ned[123]. Vi skulle difor vera nokolunde trygg på at denne delen av Skauge ikkje låg øyde på 1400-talet. Vi må tru at "Søre Skauge, også kalla "Lille" eller "Ytre" Skauge låg øyde i seinmellomalderen, medan Nore Skauge aldri

var ute av drift. Dette peikar mot at desse to delane har eksistert samstundes også i høgmellomalderen sidan det alltid seinare vart skild så klårt mellom dei. Opplysningane i Lindås prestebol si jordebok frå 1626 om at prestebolet hadde sin del av skylda fordelt på begge delane av Skauge stør dette. Jordeboka frå 1626 må nok ha hatt eit eldre forelegg avdi ei slik oppdeling fann stad her. Etter som delar av Skauge låg øyde til byrjinga av 1600-talet[124] er det ikkje urimeleg at dette førelegget viser attende til høgmellomalderen.

Vi må såleis tru at Skauge alt i høgmellomalderen var delt i minst to einingar. Desse einingane fall i nyare tid ikkje saman med talet på skatteytarar, tiendeytarar eller brukarar i dei listene eg har gått gjennom. Det er såleis ikkje vanleg bruksdeling vi får tak på, men ei deling av ein heilt annan karakter.

Også på g.nr. 110 Syslak peikar delinga i Øvre og Nedre Syslak bakover mot høgmellomalderen. Frå og med den kongelege jordeboka i 1591 og framover er opplysningane om Syslak i det materiale eg har gått gjennom oppgjeve kvar for seg for desse to lutane. I leidangslista frå 1567[125] er det først ført opp "Aff Sysloch" 1 geiteskinn, 1 saueskinn og 1 kalveskinn. Deretter kjem så "Aff Syslo" 1 mæle korn og 1 geiteskinn. Dette er vel ein freistnad på å få fram dei same realitetane som ligg bak nemningan Nedre og Øvre. I 1520-listene er det derimot ikkje gjort nokon iaugnefallande skildnad mellom dei 3-4 skatteytarane som er med i dei ulike listene[127]. Det einaste måtte vera at det i 1519 er skild mellom Tosten på "Slisloge" og Harall og Vermund på "Slislo".

Av eit diplom frå 1349 ser vi at det dette året vert overført 2 ½ m.m. bol i Syslak til Munkeliv kloster[128]. Denne parten finn vi att i Nedre Syslak som ½ laup smør i landkommisjonen si jordebok frå 1661. I Øvre Syslak eig Munkeliv ingen ting. Ettersom partskyld ikkje var knytt til noko særleg geografisk område av ei udelt gardseining, må vi tru at ei deling av Syslak alt hadde funne stad då Munkeliv fekk sin part i 1349.

Utanom dei gardane eg har drøfta ovanfor, g.nr. 53 Grimstad, g.nr. 44 Skauge og g.nr. 110 Syslak, har vi opplys-

ningar om 3 andre namnegardar som kan ha vore oppdelte i liknande einingar i høgmellomalderen. Det gjeld g.nr. 25-27 Tveit, g.nr. 48-49 Fjellsbø og g.nr. 106 Fonnebost. G.nr. 25-27 Tveit har eg drøfta inngåande tidlegare[129]. Då kom eg fram til at eg ville rekna han som ein namnegard frå høgmellomalderen. Ettersom det i alle lister frå 1567 og utetter er klårt skild mellom Øvre -og Nedretveit, vil eg tru at det likevel har vore ei viss oppdeling av garden i høgmellomalderen, sjølv om vi ikkje kan kalla kvar av desse delane namnegardar. Om delinga i høgmellomalderen også omfattar noverande g.nr. 26 Groven har vi knapt grunnlag for å avgjera.

Eg vil og heldst tru at delinga av g.nr. 48-49 Fjellsbør kan gå attende til høgmellomalderen. Denne garden vart i kjeldene delt i Nore og Søre Fjellsbø frå og med den kongelege jordeboka av 1591. Eldste belegg for heile namnegarden er skattelista frå 1563.

Til sist vil eg nemna g.nr. 106 Fonnebost som den udaterte jordboka til Apostelgodset frå ca. 1640-1652 delar i Fonnebost og Søre Fonnebost, begge med 1 laup smør og 1 tønne malt i landskyld. Andre opplysningar om deling av denne garden har vi ikkje. Ein kan likevel tenkja seg at denne jordeboka kan ha hatt eit eldre førelegg, og at ho difor kanskje gjev at tilhøva før krisa sette inn.

Etter denne drøftinga er det klårt at somme av dei 108 namnegardane som kan skriva seg frå høgmellomalderen i Lindås skipreide alt i denne tida var delt i mindre einingar. Desse einingane hadde klåre geografiske skiljeliner og var ikkje ein del av den teigblandingstrukturen som dei einskilde bruka på garden gjekk inn i. Det er sannsynleg at kvar av desse gardeiningane hadde sitt klyngjetun, og at kvart av desse kunne ha meir enn ein brukar. Det er vanskeleg å finna noko dekkjande namn på desse einingane. "Tungardar" kan kanskje høva avdi dei hadde skilde buplassar.

I høgmellomalderen kan det etter det eg kan sjå ha eksistert minst 6 namnegardar i Lindås skipreide som kvar var delte i minst to "tungardar". Det gjeld g.nr. 25-27 Tveit, g.nr. 44 Skauge, g.nr. 48-49 Fjellsbø, g.nr. 53 Grimstad, g.nr.

106 Fonnebost og g.nr. 110 Syslak. Sikrast kan vi belegga ei slik deling alt i høgmellomalderen for g.nr. 44 Skauge og g.nr. 110 Syslak sitt vedkomande, mindre sikkert når det gjeld g.nr. 106 Fonnebost. I tillegg til desse kan det ha eksistert liknande deling på andre namnegardar i høgmellomalderen. Under nedgangstida i seinmellomalderen kunne alle spor etter ei slik deling lett vorte viska ut om ho ikkje vart avspegla ved ulikt eigartilhøve til dei ulike partane.

Enno vanskelegare enn å fastslå talet på namnegardar og tungardar i høgmellomalderen, er det å koma fram til eit påliteleg tal for kor mange bruk det var i Lindås skipreide før krisa. Vi har få kjelder som fortel noko om tilhøva slik dei var i høgmellomalderen. Berre 34 av 108 namnegardar som vi kan føra attende til denne tida, er såleis belagt i jordebøker frå før ca. 1350 eller i kjelder som avspeglar tilhøva på denne tida. Desse kjeldene fortel oss dessutan berre kva jordeigarane fekk i avkasting av dei gardpartane dei åtte. Garddelinga på Vestlandet førde til vanleg ikkje til utflytting av hus og deling av gardsvaldet i fleire klårt skilde bruk[130]. Jordeigarane såg difor på heile namnegarden som ei eining. Det var dei som sette opp jordebøkene. Når garden ytte det den skulle i landskyld, var det av mindre interesse for dei kor mange brukarar som budde på han. Difor finn vi i Lindås skipreide ikkje ein einaste namnegard som har oppgjeve brukartal i høgmellomalderen.

Når vi manglar direkte opplysningar om bruksdeling i høgmellomalderkjeldene, må ei fastsetjing av brukartala på denne tida byggja på ein rekonstruksjon. To hovudvegar står opne for ei slik tilbakeslutning. Eg vil freista å nytta ut begge. For det første vil eg prøva å rekonstruera den gamle landskylda til alle høgmellomaldergardane slik ho var før det store landskyldfallet i seinmellomalderen[130]. Ut frå høvet mellom gamal landskyld og skylda på gjennomsnittsbruket vil ein kunna få eit tilnærma tal på kor mange bruk det kan ha eksistert i høgmellomalderen.

I eit så lite materiale vil einskilde reelle avvik frå

gjennomsnittstorleiken kunne slå sterkt ut i det samla brukartalet. Ein må difor rekna med ein viss feilmargin. Kor stor denne kan vera skal eg koma nærare inn på seinare.

Den andre utvegen, som eg og vil prøva, er å finna eit tidspunkt då bruksdelinga er kjend og der dei økonomiske tilhøva og folkepresset kan samanliknast med tilhøva i høgmellomalderen. Brukartalet ved dei to tidspunkta skulle då vera omlag det same. Desse to metodane skulle ikkje ha nokon sams faktorar, og kan såleis i nokon mon tena til å korrigera kvarandre.

I 1274 vart det i Landslova fastsett at leidangsskatten skulle utreknast etter landskylda[131]. Etter dette måtte all jord skyldsettjast. Ei gjennomgåing av B.K. og jordebøkene til Munkeliv[132] viser at etter at leidangen vart knytt til landskylda, er den gamle skylda i dei sentrale delane av Vestlandet mest alltid oppgjeve i månadsmatsbol eller laupar smør. Av B.K. ser ein at laupar smør og månadsmatsbol vart brukt om kvarandre og må ha hatt same verdien. Fragmentet av den eldste jordeboka til Munkeliv frå rundt 1175, hundre år før nyordninga av leidangen, reknar derimot landskylda opp i fleire ulike vareslag[133]. Overgangen til ei landskyldrekning med ein sams verdimåler, laupar smør eller månadsmatsbol, kjenner vi att i landskylda slik ho vart oppgjeve i laupar smør i dei kongelege jordebøkene frå og med 1590 og i matriklane frå 1665 og utetter. Ein lyt difor tru at den gamle landskylda på same måten som den nye reduserte, var eit mål for verdien av garden. Dermed er ho og ein indikasjon på kor mange personar som kunne livberga seg på vedkomande gard.

Fastsetjinga av den gamle landskylda for alle namnegardane i Lindås skipreide er eit vanskeleg arbeid med mange usikre faktorar. Vi har som eg alt har nemnt, berre oppgjeve den gamle landskylda for 34 namnegardar. Dessutan er nokre av oppgåvene berre over partar av heile skylda på garden. Den fulle og heile skylda får vi berre for 31 namnegardar[134].

Oppgåvene over gamal og ny skyld skriv seg frå mange ulike kjelder. Dei namnegardane i Lindås skipreide som vi kjenner den gamle skylda for, høyrde i høgmellomalderen anten

til Nonneseter eller Munkeliv kloster, lokale prestebol eller andre kyrkjelege institusjonar. Desse eigargruppene må i høgmellomalderen ha rådt over /største delen av/ /jordegodseti skipreidet[135]. Difor skulle namnegardar frå godset til desse institusjonane vera representative også for resten av namnegardane. Den gamle skylda er oppteikna i Vincens Lunge si jordebok frå 1535 (tidlegare Nonneseter kloster sitt gods[136]), Munkeliv sine jordebøker frå ca. 1175[137] og 1427[138], to diplom om gardar som vart overdradd til Munkeliv, eit frå 1295[139] og eit frå 1349[140] og endeleg i Bergens Kalvskinn, jordeboka over geistlige eigedomar i Bergen bispedøme frå midten av 1300-åra. Nedteikninga av desse skyldoppgåvene strekkjer seg over om lag 350 år, frå ca. 1175 til 1535. Skyldoppgåvene i jordeboka frå rundt 1175 vil i denne samanhangen ikkje verta utnytta. Landskylda er her oppgjeve i varer som vi i dag ikkje kjenner verdisamhøvet til[141].

Tidlegare har eg vist at nedteikningane i dei av Munkeliv sine jordebøker eg har rekna opp og i jordeboka til Vincens Lunge gjev att stoda slik ho var før skylda var skriven ned[142] /som berre er nemnd ca.1175/. For alle andre namnegardar enn g.nr. 91 Brunsland/ skulle såleis oppgåvene over gamal skyld liggja svært nær einannan i tid, trass i at nedteikningane spenner over eit lengre tidsrom. Sidan også verdimålet er det same for alle opplysningane, skulle oppgåvene over gamal skyld kunna samanliknast for alle namnegardane[143].

Opplysningane om ny skyld har eg henta frå den kongelege jordeboka frå 1590[144]. På denne tida var dei fleste av øydegardane busette på ny.

Tab. 1,7 og 1,8 viser høvet mellom den gamle skylda frå høgmellomalderen og landskylda i 1590. Eg har ført opp namnegardar som låg øyde ca. 1520 og dei som ikkje gjorde det kvar for seg[145]. På denne måten vil det visa seg om det var større fall i landskylda til dei namnegardane som ei tid var ute av drift som sjølvstendige gardseiningar. I tabellane har eg berre teke med dei namnegardane der eigarane ser ut til å ha åtte heile namnegarden. Dette gjeld 31 av dei 34 namnegardane der vi har oppgåver over gamal skyld.

To av desse namnegardane, g.nr. 124 Kjeilegavlen og Ikornås var ikkje skyldsette i 1590. Grunnen til dette er at dei på denne tida framleis låg øyde. Desse har eg ikkje teke med i dette oversynet då det her er uråd å samalikna gamal og ny skyld. Vi står då attende med 28 namnegardar der dette samhøvet let seg rekna ut.

Tab. 1,7. Namnegardar med gamal skyld som låg øyde kring 1520, men som er skyldsette i 1590[1].

Namn	Eigar	Gamal Skyld	Skyld 1590	Skyld 1590 i % av gamal skyld
40 Hodneland	Vincens Lunge	5	1	20%
42 Sævrås	"	5	1	20%
112 Finnesbø	"	2	½	25%
115 Kårdal	"	3	½	16,6%
128 Leirvåg	"	4	¾	18,8%
80 Dragøy	Lokale kyrkjer	2(1)[2]	½	25%
122 Hellestveit	"	4(1)[2]	½	12,5%
162 Børillen	"	2	¾	37,5%
105 Holmås	Munkeliv[3]	3	¾	25%
113 Sjurset	"	3	1	33,3%
10 namnegardar		33	7 ¼	22%

1) Trass i at Lurekalven var skyldsett 1590 er ikkje denne namnegarden med i tabellen avdi han aldri vart busett att etter krisa. Om landskylda av øydegardar sjå kap. 5.

2) Tala i parentes er den reduserte skylda i BK. Om landskyldreduksjon på 1300-talet sjå kap. 3.

3) I følgje BK høyrde g.nr. 105 Holmås til Lygra kyrkje, men i 1590 finn vi denne garden att i jordeboka til Munkeliv.

Tab. 1,8. Namnegardar med gamal skyld som ikkje låg øyde kring 1520 og som var skyldsette i 1590.

Namn	Eigar	Gamal skyld	Skyld 1590	Skyld 1590 i % av gamal skyld
38 Hodne	Vincens Lunge	12	3	25%
39 Hodnekvam	"	8	1 1/2	18,7%
43 Natås	"	5	1 1/2	30%
123 Risa	"	11	3	27,3%
127 Mongstad	"	6	1 1/2	25%
131 Fonnes	"	10	3	20%
84 Kvalvågnes	Lokale kyrkjer	3	1	33,3%
92 Træland	"	4	1 3/4	43,6%
97 Løtveit	"	4	1	25%
142 Sætre	"	6	2	33,3%
157 Bergsvik	"	6	1 1/2	25%
164 Krossøy	"	2	3/4	37,5%
107 Kolås	Munkeliv	10	2	20%
114 Verås	"	3	1	33,3%
117 Rossnes	"	3	1	33,3%
135 Bakka	"	5	1	20%
56 Hundvin	Sentral-kyrkjer	15	5 1/2	36,7%
126 Hope	"	16	3 1/2	22%
18 namnegardar		129	35 1/2	27,5%

Tab. 1,8 viser at 18 av desse 28 namnegardane som truleg ikkje har lagt øyde i seinmellomalderen hadde ei gamal skyld på 129 månadsmatsbol. Den tilsvarande skylda i 1590 var 35 1/2 laupar smør. Den nye landskylda er her 27,5% av den gamle.

Av tab. 1,7 ser vi at 10 namnegardar som må ha lege øyde ei tid hadde ei gamal skyld på 33 månadsmatsbol. I 1590 var denne skylda redusert til 7 3/4 laupar smør. Den nye landskylda for denne gruppa var såleis berre 22% av den gamle.

Utvalet på 10 og 18 namnegardar i tab. 1,7 og 1,8 er sjølvsagt i minste laget for å få fram eit heilt korrekt bilete av landskyldfallet i Lindås skipreide mellom ca. 1350 og 1590. Ein skilnad på 5,5% mellom namnegardane i tab. 1,7 og 1,8 kan kanskje takast som ein indikasjon på at landskylda i 1590 var relativt lågare i høve til den gamle skylda på namnegardar som ei tid var ute av drift, enn på dei som vart haldne i hevd gjennom heile seinmellomalderen. Dette skullevera nokså rimeleg. Ein må kunna rekna med at ein gard tapte seg i verdi om han ikkje var i kontinuerlig drift.

Den lågaste nye skylda i prosent av den gamle var 12,5% for øydegardsgruppa.[146] Den høgaste nye skylda var 37,5%[147]. For dei namnegardane som truleg ikkje har vore utsett for total øydelegging var dei tilsvarande tala 18,7%[148] og 46,3%[149]. Landskylda på øydegardane var i 8 av 10 tilfelle 25% eller mindre av den gamle skylda. Av dei andre namnegardane med gamal skyld var det berre 7 av 18 der den nye skylda var så låg. Dei øvre og nedre grensene for den nye skylda peikar såleis i same lei som gjennomsnittet for dei to gruppene av namnegardar.

Nedgangen i landskyld innanfor kvar av gruppene i tab. 1,7 og 1,8 kan i einskilde høve avvika sterkt frå gjennomsnittet. I gruppa øydegardar ligg likevel 8 av 10 namnegardar ikkje meir enn 10% frå gjennomsnittet av den nye skylda. For den andre gruppa namnegardar, dei som ikkje låg øyde i seinmellomalderen, viser det seg at berre 1 av 18 gardar ligg lengre frå gjennomsnittet enn 10%. Eg trur difor at avvika i høve til gjennomsnittsnedgangen i tab. 1,7 og 1,8 ikkje er større enn at ein kan nytta gjennomsnittsnedgangen for dei to gruppene til å rekonstruera den gamle landskylda til alle namnegardar som har oppgjeve ny skyld i 1590.

Vi må likevel ta omsyn til resultata ovanfor som viser at 10-20% av namnegardane kan ha til dels store avvik frå det "normale".

Vi har no funne ein framgangsmåte som brukt med varsemd kan gje eit sannsynleg bilete av landskylda i høgmellomalderen. Spørsmålet som deretter melder seg, er kor stort eit vanleg

bruk var på denne tida. Vi har ingen direkte oppgåver om dette. Difor må vi her også freista rekna oss fram til ein rimeleg storleik. Andreas Holmsen har i ei førelesing om norske fleirmannsbusetningar gjort framlegg om å gå ut frå omgrepet "mannsverk" som vi finn belagt i høgmellomalderkjelder frå Vestlandet[150]. Holmsen hevdar at: "Det vestnorske mannsverket kan bare ut fra sin betydning - "en manns arbeid-(soppgaver)" - forståes som en sedvanemessig fastsatt norm for hva en bonde både klarte og klarte seg med". Mannsverket er i 1300-tals oppteikningar frå Rogaland og Hordaland oppgjeve til 9 eller 10 månadsmatsbol. Ei 1500-tals kjelde opererar med 8 og 12 m.m.bol. Ved å setja mannsverket i relasjon til fullgarden på Austlandet viser Holmsen at mannsverket på 9 månadsmatsbol svarar til fullgarden på 2 forngilde mark. Ettersom den faktiske bruksstorleiken på Austlandet låg 15-20% under nivået til ein fullbonde, kjem Holmsen så til eit gjennomsnitt på 7-8 m.m. bol som ein vestnorsk parallell.

For Lindås skipreide verkar Holmsen sin reknemåte som set brukstorleiken svarande til mannsverket på 7-8 m.m.bol noko for høgt. Om tala i tab. 4 er rette, skulle då berre om lag 20 av dei i alt over hundre namnegardane frå høgmellomalderen ha vore delte i fleire bruk. Av desse ville berre nokre frå ha meir enn to bruk. Brukartalet i høgmellomalderen ville då ikkje liggja særleg høgare enn talet på skatteytarar i skattelista frå rundt 1520[151]. Ei fastsetjing av medelskylda på bruka før ca. 1350 må difor truleg fastsetjast på eit anna grunnlag enn det gamalnorske mannsverket.

Av 29 namnegardar som vi har oppgjeve heile den gamle skylda for er 21 på 5 månadsmatsbol eller mindre[152]. Dette må kunna tolkast slik at ein namnegard på denne storleiken i høgmellomalderen har kunna få minst ein huslyd. Øydegarden Lurekalven vart aldri tatt oppatt etter krisa. I B.K.[153] har denne namnegarden ei gamal skyld på 4 m.m.bol. Sommaren 1972 gjekk eg etter denne høgmellomaldergarden i marka og registrerte han. Gardsanlegget var svært oversiktleg avdi all lyngen var svidd vekk. På det området av Lurekalven som i dag

vert kalla Øyjorda og der innmarka til garden har lege, fann eg i tillegg til rydningsrøyser og åkerreiner berre ei hustuft. Med di dei restane av gardsdrift eg fann på Øyjorda var så lett å få auga på i det opne terrenget, trur eg det er lite sannsynleg at det nokon gong har stått særleg mange hus på staden. Det er difor grunn til å rekna med at denne høgmellomaldergarden berre har hatt eit bruk. 4 m.m. bol må såleis ha vore stort nok for eit bruk, men venteleg ikkje stort nok til å delast i fleire. Eit anna av dei gardsanlegga eg registerte sommaren 1972 hadde i høgmellomalderen ei skyld på 1 1/2 m.m. bol[157]. Ikornås, som denne garden heitte i høgmellomalderen, ligg i eit svært steinete og magert område. Saman med det vesle arealet som truleg har høyrt inn under gardsanlegget får det oss i dag til å undra oss over at det nokon gong kan ha livnært seg en huslyd her. Ein og ein halv m.m. bol i gamal skyld vil eg difor måtte rekna som eit absolutt minimum for storleiken på eit bruk i høgmellomalderen. Så små einingar er det grunn til å tru berre har eksistert på marginale nyryddingar som t.d. Ikornås.

Like ned mot landskylda til Ikornås ligg den gamle skylda til 4 andre namnegardar i Lindås skipreide. Det er 80 Dragøy, 112 Finnesbø, 162 Børillen og 164 Krossøy, alle med 2 m.m. bol. 6 andre namnegardar er i kjelder frå høgmellomalderen nemnde med ei landskyld på 3 m.m. bol. Det er 84 Kvalvågsnes, 105 Holmås, 113 Sjurset, 114 Verås, 115 Kårdal og 117 Rossnes. I Lindås skipreide har vi såleis belegg for i alt 11 namnegardar med ei gamal landskyld på mellom 1 1/2 og 3 m.m. bol. Ut frå registreringa i marka veit vi at den minste av desse og ein annan namnegard på 4 m.m. bol truleg ikkje vår delte i fleire bruk i høgmellomalderen. Materialet frå dette området kan tolkast slik at bruk på mellom 2 og 4 m.m. bol kan vore store nok til å livberja minst ein huslyd. Namnegardar av ein slik storleik har truleg ikkje vore delte i fleire bruk.

I andre område av Nordhordland som naturleg kan samanliknast med Lindås skipreide med omsyn til næringsgrunnlag og gardskipnad er det berre gjort ein freistnad på å rekna ut medelskylda på høgmellomalderbruk. Jacob Larsen har for Fana

kome fram til ein medelstorleik på 4 m.m. bol[155]. Larsen byggjer mellom anna dette på at fleire gardar som er delingsprodukt av eldre gardseiningar, har ei gamal skyld som ikkje er høgare enn 4 m.m. bol. Dessutan har han fleire oppgåver over namnegardar med ei gamal skyld på mellom 2 ½ og 4 m.m. bol.

Etter som materialet frå Fana peikar i same lei som dei resultata eg har kome fram til for Lindås skipreide, og dessutan konkret viser at ein gard på 6 m.m. bol, vart delt i høgmellomalderen[156], vil eg våga å setja 4 m.m. bol som øvre grense for eit høveleg tal for eit medels høgmellomalderbruk. Dei mange opplysningane om namnegardar med mindre skyld enn dette tyder på at ein huslyd kunne greia seg med mindre. Samstundes må ein likevel ta omsyn til at gode gardar kan ha hatt ei noko høgare skyld pr. bruk enn dei namnegardane som vel har høyrt til marginalbusetnaden i området.

I tab. 1,9 har eg rekonstruert den gamle skylda for alle gardar som var busette i 1590 ut frå høvetalet 22:100 mellom ny og gamal skyld for øydegardar, og 27,5:100 for namnegardar som ikkje låg øyde. For dei namnegardane som har oppgjeve gamal skyld er også denne teken med. Etter det eg ovanfor har kome fram til om storleiken på bruka, har eg rekna namnegardar til og med 4 m.m. bol som einbølte, frå 4 til og med 8 som tobølte, frå 8 til og med 12 som trebølte osv.

Tab. 1,9. Rekonstruksjon av gamal skyld og tal på bruk i høgmellomalderen.

	LANDSKYLD(laupar/m.m.bol)				
	1590	H.m.ald. rekonstruert	I kjelder frå h.m.ald.	Tal på bruk i h.m.ald.(rekonstr.)	Samsv.mel. bruk e rekonstr. og gamal skyld
ØYDEGARDAR CA: 1520:					
28 Reikerås	½	2,3		1	
35 Nævdal	½	2,3		1	
36 Smørdal	¾	3,4		1	
40 Hodneland	1	4,5	5	2	samsvar

Tab. 1,9 forts.

	LANDSKYLD(laupar/m.m.bol.)				
	1590	H.m.ald. rekon-struert	I kjel-der frå h.m.ald.	Tal på bruk i h. m.ald.(re-konstr.)	Samsv.mel. bruk etter rekonstr. og gamal skyld
42 Sævrås	1	4,5	5	2	samsvar
43 Sletten	½	2,3		1	
46 Tveiten	¾	3,4		1	
48-49 Fjellsbø	2	9,1		3	
51 Seljelid	1	4,5		2	
Bakkebø	½	2,3		1	
55 Bruvoll	1 ⅙	5,3		2	
Lurekalven	1(øyde)	-	4	1	
Biskopsnes	1(øyde)	(4,5)		1	
80 Dragøy	½	2,3	2	1	samsvar
82 Brakøy	½	2,3		1	
93 Hetlehovda	½	2,3		1	
95 Refsdal	1	4,5		2	
98 Gaulen	1	4,5		2	
102 Vabu	½	2,3		1	
105 Holmås	¾	3,4	3	1	samsvar
109 Saltnes	¾	3,4		1	
111 Skårnes	½	2,3		1	
112 Finnesbø	½	2,3	2	1	samsvar
113 Sjurset	1	4,5	3	1	ikkje samsvar
115 Kårdal	½	2,3	3	1	samsvar
118 Tjukhetla	¾	3,4		1	
120 Tvibernes	¾	3,4		1	
122 Hellestveit	½	2,3	4	1	samsvar
128 Leirvåg	¾	3,4	4	1	samsvar
129 Litlås	½	2,3		1	
132 Utkjeilen	¾	3,4		1	
136 Monslaup	1	4,5		2	
138 Nore Njøten	½	2,3		1	
140 Leikvoll	½	2,3		1	
145 Ulvøy	¾	3,4		1	

Tab. 1,9 forts.

	LANDSKYLD(laupar/m.m.bol)				
	1590	H.m.ald. rekon-struert	I kjel-der frå h.m.ald.	Tal på bruk i h. mald.(re-konstr.)	Samsv.mel. bruk etter rekonstr. og gamal skyld
149 Årås	1	4,5		2	
158 Lerøy	¾	3,4		1	
162 Børillen	¾	3,4	2	1	samsvar
Gardar som ikkje låg øyde ca. 1520:					
24 Fammestad	1 1/12	7,0		2	
25-27 Tveit	5 ¼	19,1		5	
37 Myking	1 7/12	5,8		2	
38 Hodne	3	10,9	12	3	samsvar
39 Hodnekvam	1 ½	5,5	8	2	samsvar
43 Natås	1 ½	5,5	5	2	samsvar
44 Skauge	3	10,9		3	
47 Vefjell	1 ¼	4,5		2	
50 Vik	2 ½	9,1		3	
52 Berge	2	7,3		2	
53 Grimstad	2 ½	9,1		3	
54 Konglevoll	2	7,3		2	
56 Hundvin	5 ½	20,0	15	4	ikkje samsvar
57 Utluro	6	21,8		5	
58 Innluro	12	43,6		10	
81 Risøy	1 ¾	6,4		2	
84 Kv.vågsneset	1	3,6	3	1	samsvar
85 Kvalvåg	2 ⅓	8,5		3	
86 Ones	1 ½	5,5		2	
87 Spjeldnes	½	1,8		1	
88 Marås	2 1/12	7,6		2	
90 Hauge	1 ¼	4,5		2	
91 Brunsland	2 ¼	8,0		2	
92 Træland	1 ¾	6,4	4	1	ikkje samsvar
94 Nedre Skodvin	1	3,6		1	

Tab. 1,9 forts.

	LANDSKYLD(laupar/m.m.bol)				
	1590	H.m.ald. rekon-struert	I kjel-der frå h.m.ald.	Tal på bruk i h. m.ald. (re-konstr.)	Samsv.mel. bruk etter rekonstr. og gamal skyld
96 Øvre Skodvin	1	3,6		1	
97 Løtveit	1 1/12	3,9	4	1	samsvar
99 Våge	1 3/4	6,4		2	
100 Fjellsende	1 3/4	6,4		2	
103 Fjellanger	3 1/2	12,7		4	
104 Haukås	1	3,6		1	
106 Fonnebost	3 1/2	12,7		4	
107 Kolås	2	7,3	10	2	ikkje samsvar
110 Syslak	3 1/4	11,8		3	
114 Verås	1	3,6	3	1	samsvar
116 Lauås	2	7,3		2	
117 Rossnes	1	3,6	3	1	samsvar
119 Sundsbø	1	3,6		1	
121 Knarvik	1 3/4	6,4		2	
123 Risa	3	10,9	11	3	samsvar
125 Indre Kjeilen	2 3/4	10,0		3	
126 Hope	3 1/2	12,7	16	4	samsvar
127 Mongstad	1 1/2	5,5	6	2	samsvar
130 Kaland	1 1/2	5,5		2	
131 Fonnes	3	10,9	10	3	samsvar
133 Synnevåg	1	3,6		1	
135 Bakka	1	3,6	5	1	ikkje samsv.
137 Søre Njøten	1 3/4	6,4		2	
139 Solend	2 3/4	10,0		3	
142 Sætre	2	7,3	6	2	samsvar
147 Kvalvåg	1 1/2	5,5		2	
151 Førland	2	7,3		2	
153 Hopland	3	10,9		3	
157 Bergsvik	1 1/2	5,5	6	2	samsvar
160 Rebnor	2 3/4	10,0		3	
161 Øksnes	1 1/4	4,5		2	
164 Krossøy	3/4	2,7	2	1	samsvar

Ettersom den rekonstruerte og den verkelege gamle skylda ikkje alltid samsvarar, kan det i somme tilfelle verta ein skilnad i brukartal alt etter kven av desse oppgåvene ein legg til grunn. Av tab.1,9 ser vi at det er fullt samsvar i 14 av 18 tilfelle når det gjeld gardar som ikkje låg øyde og 1 av 10 tilfelle når det gjeld øydegardane. For øydegardane ville den rekonstruerte skyld gje eit bruk meir enn den verkelege gamle skylda. For gardane som ikkje låg øyde er det ingen skilnad.

I alt ville dei gardane som ikkje låg øyde i tab. 1,9 gje 135 bruk i høgmellomalderen. Då har eg rekna med den verkelege landskylda i stadan for den rekonstruerte der vi har høve til å gjera dette. Etter same framgangsmåten ville øydegardane i tab. 1,9 som har ny skyld i 1590 og/eller gamal skyld gje 51 bruk i høgmellomalderen. Det vert i alt 186 bruk. I tillegg til dette talet kjem bruka på ein del gardar som ikkje er med i den kongelege jordboka frå 1590 og som heller ikkje har oppgjeve gamal skyld. Det gjeld for det første prestegarden på Lindås som etter måten må ha vore ein relativt stor gard alt i mellomalderen med di han vart prestegard. Eg trur difor det er rimeleg å leggja til minst to bruk for denne garden.

Somme av de namnegardane som var til i høgmellomalderen låg framleis øyde i 1590. Av desse hadde Haugsmyr, Husebø, Biskopsnes, Vabunes, Tviberøy og Sævarøy heller ikkje oppgjeve gamal skyld. Alle desse var truleg relativt små gardar. Eg har difor rekna til 6 bruk for desse gardane.

Tre andre namnegardar manglar og i jordeboka på 1590. Det gjeld g.nr. 83 Spjotøy, g.nr. 152 Litle Lindås, g.nr. 153 Hopland og g.nr. 165 Rongevær. Desse har ikkje lagt øyde på denne tida. Seinare på 1600-talet hadde Spjotøy ei landskyld på 1/2 laup, Litle Lindås ei landskyld på 1,5 laupar, Austrheim ei skyld på 3 laupar og Rongvær ei skyld på 1 laup. Sævarøy og Rongvær kan såleis ha vore einbølte i høgmellomalderen medan Litle Lindås kan ha hatt to og Austrheim minst fire bruk. For desse gardane bør vi såleis rekna eit tillegg på minst 8 bruk. I alt vert dette 202 bruk i høgmellomalderen.

Erfaringar ovanfor viser at mellom 10 og 20% av namnegardane har til dels store avvik frå den "normale" landskyld-

nedgangen[157]. Då kan resultatet av samteljinga ovanfor like godt ha lagt kvar som helst mellom kring 180 og 22o bruk. Dette er likevel berre ein rimeleg feilmargin for ein av faktorane i reknestykket, den rekonstruerte landskylda. Den andre faktoren, storleiken på medelbruket, kan ha hatt ein like stor, om ikkje større feilmargin. Denne let seg diverre ikkje rekna om i prosent, men med det relativ låge talet på bruk, trur eg det ikkje er urimeleg at han snarare har lege i underkant av 4 m.m.bol. Ein lyt difor sjå på dei kring 200 høgmellomalderbruka i Lindås skipreide ikkje som noko sikkert resultat, men som eit lausleg overslag over kor langt bruksdelinga kan ha kome i dette området før krisa sette inn.

Med så usikre metodar ville det vera bra om resultatet kunne samanliknast med resultatet av ein annan, uavhengig metode. Kåre Lunden skisserar opp i ein diskusjon med Jørn Sandnes om bruksdelinga på Vestlandet i høgmellomalderen ein slik metode[158]. Ved å ta utgangspunkt i S. Hasund sine tal over korndyrkinga i Bjørgvin bispedomme ca. 1350 og i 1665[159] meiner han å kunna visa at produksjonen av korn ikkje har vore så svært ulik på dei to tidspunkta[160]. For Nordhordland sitt vedkomande er Hasund sine oppgåver 747,1 tonn bygg ca. 1350 og 695 tonn i 1665. Med den avgrensa tilgangen på dyrkande jord på Vestlandet meiner Lunden at det må vera nokolunde det same arealet som har vore i drift på dei to tidspunkta. Dette har så gitt om lag like stor produksjon. Ut frå dette sluttar han at folketrykket og med dette brukstalet også må kunna samanliknast.

Om ein ser bort frå vanskane i samband med samanlikninga av korntienda ca. 1350 og 1660[161] er det ein del andre føresetnader som må oppfyllast for at ein slik metode skal kunna føra fram. For det første må kornproduksjonen ha spela den same relative rolla ved dei to tidspunkta. Dette er ikkje utan vidare sikkert for Lindås skipreide sitt vedkomande. Eit rikt fiske, særleg i dei ytre distrikta, kan ha ført til at ein del av behovet for korn vart dekka ved kjøp i Bergen. Kor stor del av forbruket dette har vore, veit vi ikkje. Sidan området låg så nær Bergen, som var det største senteret for fiskehandel

og korninnport i landet, kan det godt vera at innport av korn kan ha vore svært viktig i perioden når fisket var så godt at folk hadde varer å byta med.

For å kunna samanlikna brukartalet midt på 1300-talet med brukartalet på midten av 1600-talet, må ein også gå ut frå at det i denne tida ikkje har gått føre seg endringar i driftsformene. Sjølv om vi i dag ikkje veit om ei slik omlegging, kan vi ikkje prova at driftsmåtane var dei same før og etter ca. 1350.

Ei samanlikning av talet på bruk ca. 1350 og på midten av 1600-talet må såleis verta svært omtrentleg, og kan ikkje gje noko endeleg prov på kor mange bruk det har eksistert i Lindås skipreide i høgmellomalderen.

For Lindås skipreide sitt vedkomande veit vi at største delen av den busetnaden som vi kan føra attende til høgmellomalderen alt var teken oppatt på byrjinga av 1600-talet[165]. Av kontribusjonsmanntalet i 1647 går det fram at det berre var Lurekalven, Biskopsnes, Husebø, Ikornås, Tvibergøy og Kjeilegavlen av dei i alt 108 namnegardane frå høgmellomalderen som til då ikkje var komne i drift som sjølvstendige gardseiningar. Av desse var det berre Tvibergøy, Kjeilegavlen og Vikane som seinare fikk eigen busetnad. Grunnen til at andre øydegardane vart liggjande utan folk fram mot vår eiga tid ser oftast ut til å ha vore at grannegardane mangla beiteområde, slik tilfelle er med Lurekalven. Eg trur ikkje det er grunn til å rekna med at det var mindre folkepress som var årsaka. Eg vil difor tru at oppgåvene over brukartalet frå midten av 1600-talet også i Lindås-området vil vera dei som er best skikka til å jamnføra med tilhøva før 1350.

Av dei listene frå denne tida som har oppgåver over brukartalet har eg valt å ta utgangspunkt i kontribusjonsmanntalet frå 1647. Dette gjev opplysningar om den delen av skylda på garden som kvar brukar skulle svara. Dette er ein tilleggsopplysning som skulle prova for at oppgåvene er meir fullstendige enn i lister der namna på alle brukarane er ramsa opp uten nærare kommentarar. I 1647 var 103 av dei i alt 109 namnegardane frå høgmellomalderen i drift som sjølvstendige gardseinin-

gar. Ingen nyryddingar hadde til då kome i tillegg. Desse 103 namnegardane hadde då 279 brukarar. Dette gjev eit brukartal pr. namnegard på 2,6 mot 1,9 når vi nyttar landskyldmetoden til å rekna ut brukartalet.

Dette resultatet samsvarar ikkje med det vi kom fram til etter landskyldmetoden. Når vi tek omsyn til den feilmarginen denne metoden kan gje er resultatet likevel ikkje heilt urimeleg. Sidan det er så vanskeleg å vita om tilhøva i 1647 og kring 1350 kan samanliknast må vi og kunna rekna med ein stor feilmargin også etter samanlikningsmetoden. Eg trur difor ikkje at vi kan gjere oss von om å koma fram til noko sikkert tal på gardsbruk i Lindås skipreide i seinmellomalderen. For ikkje å ta for hardt i trur eg difor at vi må seia at det er rimeleg at dette området i alle fall kan ha hatt kring 200 bruk før krisa sette inn.

Den maksimale busetnaden i Lindås skipreide før krisa har etter utrekningane ovanfor såleis vore 108 namnegardar, av desse 39 sikre, 40 nesten sikre, 25 sannsynlege og 4 som det ved særskild drøfting også vart sannsynliggjort hadde eksistert i høgmellomalderen. 6 av desse namnegardane har i høgmellomalderen truleg vore delte i to eller fleire "tungardar". På dei 108 namnegardane frå høgmellomalderen er det dessutan rimeleg at det kan ha eksistert minst 200 bruk, utan at dette talet kan fastsetjast nøyaktig.

KAP. 2. BUSETNADEN KRING 1520.

Frå byrjinga av 1500-talet har vi i Bergenhus-rekneskapa bevart nokre skatte- og bøtelister for store delar av det dåverande nordafjeldske Noreg[1]. Lindås skipreide er dekt av to av dei, ei skatteliste frå 1519[2] og ei bøte- og sakefallsliste frå 1522[3]. Ei restanseliste frå 1518 har og med nokre få skatteobjekt frå dette området.

Til vanleg er skatteytarane i desse listene opprekna med gardsnamn som tilnamn, t.d. "Olaff på Rossnes". Alle gardsnamn vi på denne måten får vite om, har vi tidlegare sett i tabell 1,6 over namnegardar frå høgmellomalderen. Det er derimot på langt nær alle namnegardar frå høgmellomalderen som er omtala i skattelistene. Av dei 108 namnegardane som vi kom fram til var i drift i høgmellomalderen, er det til saman berre 60 stykke vi møter namnet på i skattelistene frå rundt 1520. I tillegg er det svært få skatteobjekt knytte til kvart av dei gardsnamna som er med.

Om desse skattelistene gjev eit rett bilete av busetjinga i Lindås skipreide på byrjinga av 1500-talet, må det ha gått føre seg ein katastrofal nedgang i busetnandseiningar og folketal i seinmellomalderen. Det er likevel for tidleg med ein slik konklusjon før ein har gått nærare inn på karakteren til desse kjeldene. Det må etterprøvast om skattelistene verkeleg gjev eit påliteleg bilete av situasjonen. Difor må ein først finna prinsippet for utlikninga. Kven skulle betala, og kva slags einingar er det listene registrerer?

Minst like viktig er det å fastleggja om listene er fullstendige i høve til kva dei skulle registrera. Er alle med som eigentlege skulle svara desse skattane?

I tråd med dette vil eg difor leggja vekt på dei allmenne prinsippa for innkrevjinga, slik dei kjem til uttrykk i dei skattebreva som er overleverte og i sjølve måten listene er førde på. Deretter vil eg samanlikan dei to viktigaste kjeldene, lista over to-markskatten frå 1519 og brevbrot- og sakefallslista frå 1522. Ut frå ei gransking av desse kjel-

dene og ei gjennomgåing av namnegardar som vantar i listene, men som eg grunna landskyld, eigedomstilhøve eller andre kriteria kunne venta å finna der, vil eg gjera meg opp ei meining om kor fullstendige listene er, og dermed kor brukelege dei er som kjelder til busetnadshistoria.

Skattelistene frå kring 1520 skriv seg frå tre ekstraskattar som Christian II skreiv ut mellom 1515 og 1519 for å skaffa pengar til å betala leigehæren sin i krigen mot Sverike.

Den første av dei, dronningeskatten, vart utskriven i 1515. I inntektsrekneskapen for kongsgarden i Bergen sommaren 1518 finn vi innbetalingane for ein rest av denne skatten som ikkje har vorte betalt til rett tid. For Lindås skipreide gjeld dette 12 skatteytarar på like mange namnegardar[4]. Resten av skatten har vi ingen oppgifter for.

Året etter, i 1519, finn vi i rekneskapa for kongsgarden i Bergen noko som er kalla "Mandtaledh aff Nordhordeland anno MDXJX". Dette er utbodsskatten på to mark for kvar skatteytar som kongen gav påbod om året før. Her er heile lista for Lindås skipreide med[5].

Bøndene rundt Bergen reagerte sterkt på desse ekstraskattane. I 1520 vart Bjelkerøytinget, der bøndene frå Hardanger og Nordhordland hadde samla seg, sprengt av høvedsmannen på Bergenhus, Jørgen Hansson[6]. Gods som bøndene hadde med seg vart beslaglagd og bøter idømde. I rekneskapa ser vi at abbeden i Lyse kloster betalte på "the Hardangers wegne" bøter for "thet oplop the giorde pa Bickerøenn"[7].

Då fogden i Nordhordland, Halvar, vinteren 1521 skulle tinga med bøndene om den siste av dei tre ekstraskattane, tiendepengeskatten, som vart utskriven i 1519 og skulle vera ein skatt på ein tiendedel av alt rørleg og urørleg gods[8], gjekk det ikkje likare enn at bøndene slo han i hel. I 1522 måtte dei betala brevbrot og sakøyre for dette drapet. Lista over desse innbetalingane[9] har overskrifta: "Thette er thet breffbrwdt oc sagerørs aff Nordhordland som bønderne wdtgaffwe ffor ffogdenn the sloge i hiell paa tinget then hand skulle tinge med thennom om thenn tiende penning skatt".

For å finna ut kven som har betalt desse skattane vil eg først sjå på kva retningsliner som vart gjevne for innkrev-

jinga, og korleis innbetalingane har vorte ordna i rekneskapa. Når det gjeld den første av dei tre særskattane, dronningeskatten, er vi så heldige at vi har heile skattebrevet[10]. Der ser vi at skatten er ein "almyndiig landehielp" av "then mene man her i Riget wdi saa maade at hueriige iiii effther thet mantall som liggis skal wden all wylld skulle giffuæ oss iiii marck penning". Ingen er friteken utan "en prestegaard tiill huer kircke, degne gaard og Ridderskabes sedhie - gaardæ." Det går altså fram at skatten skal innkrevjast etter eit manntal som må ha eksistert før skatten vart utskriven. Skatten er i prinsippet allmenn, sjølv om det er gjort nokre få unnatak.

Innbetalingane er førde med personnamn og gards-, stads-eller farsnamn som t.d. "j marc Micheld paa Borgæ"[11] eller "j marc Knwd Mogensen"[12]. Stadsnamna dominerar i strok der hovudvekta har lagt på jordbruk, farsnamn i fiskeværa.

Dronningeskatten har altså vore ein allmenn personskatt med klårt avgrensa fritak. Både i skattebrevet ("then mene man", "hueriige iiii effther thet mantall") og i innbetalingslistene er hovedvekta lagd personane som skal betala. Skatten var ikkje utlikna på gards- eller bruks- einingar. Det er difor, som Hallvard Bjørkvik har peikt på i samband med eit arbeid om skatte og brevbrotslistene frå Jæren, Dalane og Ryfylke[13], ingen grunn til automatisk å setja talet på skatteytarar i eit område likt med talet på brukarar. Dette viser seg enno tydelegare når vi ser på innbetalingslistene for dei to neste skattane.

For to- markskatten som i Nordhordland vart betalt i 1519, vantar diverre heile skattebrevet. Innbetalingane er førde på same måten som for dronningeskatten, men farsnamn er ikkje nytta for å identifisera personane. Skatteytarane er førde inn med personnamn eller stadnamn.

Åtte av skatteytarane i Lindås skipreide har påskrifta "seruus" eller "d". Dette må vera husmenn, drenger eller liknande. Alle, utan ein, står oppførde for seg sjølv i lista. For den åttande, drengen eller husmannen på Rossnes, er innføringa slegen saman med hovudskatteytaren. "Item Olaff pa Rossnes sz^{t} iiij marc pro se et seruus"[14]. Ser ein på skatte-

lista for heile Nordhordland finn ein i andre skipreider klåre eksempel på at også kvinner har betalt[15].

Skattelista er ordna slik at det etter namnet på skatteytaren er ført til kva han har betalt. Ikkje alle namn har ei slik tilskrift. Når det gjeld Lindås skipreide, viser rekneskapet at alle har betalt to mark utanom ein husmann eller dreng på garden Myking. Orginalen til skattelista[16] viser at dei seks første skatteobjekta på Fedje, som også høyrer til skipreidet utan at vi har teke med dette fiskeværet i denne granskinga, er ramma inn i ei klamme med tilskrifta "Isti satisfecerunt cum piscibus". Denne tilskrifta er gjort med eit anna blekk enn det namna er skrivne med. Desse seks har altså betalt med fisk. Dei neste seks har inga tilskrift. Grunnen til dette er truleg at dei er førde opp på neste side, og at merknaden om dei seks første skal gjelda for dei og.

Når det gjeld skatteobjektet på Myking er det tydeleg at han ikkje har betalt. Innføringa står slik:

"Item Iwer pa Myking sz^{t} ij marc
Item Ion seruus illius"

Den siste manglar den vanlege tilføringa "sz^{t} ij marc". Av orginalen til skattelista kan vi sjå at namna på skatteobjekta og dei aktuelle innbetalingane i dei fleste høve er førde med same blekk og penn. Unnateke frå dette er for det første merknaden om fiskarane på Fedje og dessutan kvitteringa for innbetalingane (sz^{t} ij marc) til "Anfin ibidem" (dvs. Backe) og "Dag pa Lindås"[17]. Handskrifta og blekket er i desse tilfella identisk med det vi fanni saman rekninga nedst på kvar side i orginalen. Denne ser ut til å ha vorte utført for skattelista for Nordhordland under eitt etter at heile lista var sett opp.

Ein kan tenkja seg at lista over to-markskatten har vorte til i tre faser. Først har eit ferdig manntal eller ei tidlegare skatteliste vorte fyllt ut for å få med alle personar som skulle betala skatten. Deretter har det på Bergenhus vorte sett opp ei avskrift av denne lista med alle innbetalingane som til då var komne. Til sist har så dei som har betalt seinare vorte førde til. Om nokon ikkje betalte, vart plassen ståande open der pengesummen til vanleg skulle verta

førd opp.

På same måten som for den første av ekstraskattane, må to- markskatten ha vore ein personleg skatt som ikkje var knytt til bruka eller gardane. Personar som ikkje har vore hovedbrukarar er også med, som t.d. drenger og tenarar. Kvinner er som nemnd også oppførde som skatteytarar. Under Herdla skipreide finn vi nemnd særskilt ein gamal mann som ein annan har betalt for: "Item 1 ½ marc for ein gamall karll aff Hans pa Herla Jeorius conscentiebat"[18]. Det er såleis mogeleg at det er <u>huslydane</u> som ligg til grunn for utrekninga, noko som denne innføringa under Alenfit skipreide byggjer opp under: "Item Dagfinn pa Husdal sz^{t} ij marc. Item Knwt hans son sz^{t} ij marc"[19]. Venteleg er det her tale om to huslydar på same namnegarden.

Ein har ingen grunn til å tru at to- markskatten ikkje skulle vera like allmenn som dronningeskatten som vi har skattebrevet til. Tvert om tyder dei ulike gruppene som har betalt skatten på at styresmaktene har freista få med alle som var i stand til å betala. Ein merkjer seg at ingen skatteytar er knytt til prestegarden på Lindås, endå det er nemnt ein prest på Lindås så tidleg som i 1522[20]. Unntaka har såleis truleg også likna på dei som er opprekna i skattebrevet til dronningeskatten.

Innbetalingslista for to- markskatten skulle vera bra fullstendig. Det er ikkje berre ei liste over reelle innbetalingar, men har og med personar som ikkje har makta å betala skatten. Ein skulle venta at den har registrert alle som var pliktige å betale etter dei reglane som var oppsette. Eg har såleis kome fram til at to- markskatten også må karakteriserast som ein <u>allmenn personskatt</u> med avgrensa fritak, og at innbetalingslista ser ut til å vera fullstendig.

Lista for Nordhordland som vi finn i lensrekneskapa i 1522 har ein heilt annan karakter enn listene over ein- og to- markskatten. Det er her i hovudsak tale om ei brevbrot- og sakefallsliste for drapet på fogden Halvor, sjølv om vi har prov på at ho i einskildhøve har med innbetaling av tiendepengeskatten og. I Sotra skipreide er oppførd: "Item viij

sk. per paa kanspskog bode ffore tiende penninge og breff-brudt"[21]. Under Gulen skipreide finn vi: "Item ij marc Gytle ibidem i tyende penning skatt. Item xv marc iiij sk. penninge[22]. I NRJ V,I s. 4 har vi ei restanseliste over tiendepengeskatten for Lindås skipreide frå 1522. Her er nemnde tre skatteytarar frå Fedje som og har betalt brevbrot og sakefall same året.

Sakefallslista.		Restanselista
Jorenn paa Husbudt	6 sk. ssz^{t}	Item iij m. Jørenn paa hose-budt satisfecit
Villenn j. bidem	6 sk. ssz^{t}	Item ijj sk. willem ibidem
Anders jbidem	6 sk. ssz^{t}	Item iij sk. anders ibidem

Desse siste opplysningane peiker mot at listene for brevbrot og sakefallet og tiendepengeskatten har vore skilde frå kvarandre. At han som har ført listene i det heile har nemnt tiendepengeskatten i dei to eksempla vi har frå Sotra og Gulen skipreider, kan tyda på at dette har vore eit unnatak snarare enn regelen.

1522-lista har berre med reelle innbetalingar. Medan 1519-lista har "Mandtaledh aff Nordhordland" i overskrifta, heiter det i tittelen til 1522-lista at desse bøtene er det bøndene "wdtgaffwe" for drapet på fogden. Det første peikar mot ei liste der alle som skulle betala er med, det andre mot ei liste over alle som har betalt. Originalen[23] har sams handskrift og blekk over det heile, og innføringane er i motsetnad til skattelista ikkje ført i geografisk rekkjefølgje. Lista vantar heilt såkalla "null-skatteytarar", skatteobjekt som er oppførde utan kvittering for betalt skatt. Personar som skulle ha vore med i lista, men som av ymse grunner ikkje har betalt, må såleis ha vorte uteletne. At somme ikkje har makta å betala er ikkje usannsynleg. Skattetrykket må ha vore relativt hardt, noko som oppstanden på Bjelkarøytinget og drapet på futen Halvor vitnar om.

Medan vi i 1519-lista møtte åtte husmenn eller drenger, finn vi i 1522-lista berre ein, "John paa Bryntlandt husmandt"[22], same mannen som i lista over to- markskatten er nemnd som "Jens seruus"[25]. Husmenn eller drenger ser såleis ikkje ut til å

vera prinsipielt fritekne, sjølv om dei ikkje er å finna så ofte som i den andre skattelista.

Brevbrot- og sakefallslista har vorte til som ein reaksjon mot dei i Nordhordland som gjorde oppreist. Det er difor naturleg at innbetalingane først og fremst galdt desse. Sjølv om det ser ut som straffa har vorte idømd kollektivt, og at dei fleste av dei som betalte to- markskatten og har betalt sakefallet, kan ein ikkje utan vidare rekna med at sakefallslista skulle vera like allmenn som lista over to- markskatten. At dei fleste husmenn eller drenger manglar i 1522 kan anten vera eit uttrykk for dette, eller eit resultat av at desse har vore dei som har vore mest utarma.

Ein kan heller ikkje venta at lista skal vera like fullstendig i høve til dei som skulle betala bøtene. Som eg alt har vist kartlegg sakefallslista berre reelle innbetalingar. Bøtene har for dei fleste vore langt større og hardare å betala enn dei tidlegare skattane. Medan ein- og to- markskatten var like stor for alle, varierar betalinga av sakefallet frå 6 sk. og opp til 38 mark. Hovudtyngda av innbetalingane ligg mellom 5 og 15 mark. Med dei høge satsane som 1522-lista nyttar, er det ikkje til å undrast over at dei som var mest utarma ikkje makta å betala det dei skulle.

Fleire skatteytarar er dessutan førde opp med to summar dei har betalt. Den første må vera sjølve sakefallet. Den andre summen, som i mange høve er like stor som den første, veit eg ikkje kva som ligg bak.

Vi har til no sett på dei allmenne prinsippa for innkrevjinga av dei ulike skattane og bøtene. Vi har funne at to- markskatten var ein allmenn personskatt med klårt avgrensa fritak, og at skattelista må vera bra fullstendig i høve til det ho skulle registrera. Brevbrot- og sakefallslista frå 1522 er derimot ei liste over reelle innbetalingar. Vi har såleis ikkje grunnlag for å slutta noko om kor fullstendig ho er i høve til det ho skulle registrera.

Eg skal no halda lista over to-markskatten og brevbrot- og sakefallslista opp mot kvarandre for å sjå om dei har med dei same namnegardane, og om skatteobjekta er dei same i begge listene.

Lista over to- markskatten har ført opp hundre skatteobjekt under Lindås skipreide, då er Fedje også med. Ein av desse, "Fuse ibidem (dvs. Hope)"[26] har betalt frå før og er ført inn i Gulen skipreide. I originallista over Lindås skipreide er han overstroken med same blekk som samanteljinga av skattesummane nedst på kvar side. Eg vil gå ut frå at dette er ei feilføring for ein person på anten g.nr. 34 eller g.nr. 46 Hope[27] i Masfjorden herad, og at det ikkje har noko med nr. 126 Hope i Lindås å gjera. Difor har eg stroke denne innføringa i lista over skatteytarar i Lindås skipreide. Sameleis har eg ikkje rekna med "Birgitte pa Husdal"[28], avdi det her må vera tale om g.nr. 1 eller g.nr. 57 Ytre- eller Indre Haugsdal i Masfjorden. Etter dette står vi attande med 98 skatteobjekt i Lindås skipreide i 1519.

Når det gjeld sakefallslista frå 1522 er det endå vanskelegare å fastslå kor mange som høyrer til Lindås skipreide. Rekkjefølgja er som tidlegare nemnd tilfeldig og kan ikkje, som når det gjeld 1519-lista, nyttast til å identifisera bøteobjekta. Dessutan finn vi her endå fleire feilføringar enn i 1519-lista.

Heile 1522-lista for Lindås skipreide nemner i alt 93 namn på personar som har betalt sakefall og brevbrot. Ei nærare gransking av lista viser at dette talet må korrigerast noko. Ein har grunn til å tru at i alle fall fire personar høyrer til andre skipreider enn Lindås. Dette gjeld "Michell" og "Ewindt" på "Midhuss"[29], som må ha høyrt til gard nr. 16 Mjøs i Manger kommune. Gardsnamnet er på 1500-talet fleire gonger nemnd i forma "Midhuus" eller "Midhuss" i følgje NG. "Gudmwndt paa totlandt"[30] kan tilskrivast anten gard nr. 86 Totland i Alversund herad eller nr. 26 Totland i Masfjorden. "Rolff paa Bog"[31] var etter alt å døma heimehøyrande på gard nr. 53 Boge i Manger kommune. Alle desse namnegardane ligg i skipreider som grenser opp til Lindås skipreide.

Ein person frå Lindås, "Engelbret paa Spillenes", som må vera gard nr. 87 Spjeldnes, er ført inn under Alenfit skipreide.

Etter å ha trekt frå fire personar som høyrde til

andre skipreider og lagt til ein som skulle ha vore med i Lindås-lista, står vi att med 90 personar som har betalt sakefall og brevbrot i 1522. Dette skulle vera eit rettare tal enn det ein kjem fram til ved ei mekanisk samanteljing av personane i den offisielle lista.

Lista over to- markskatten var ei oversiktsliste over alle som skulle betala. Brevbrot- og sakefallslista hadde derimot berre med namna på dei personane som verkeleg hadde betalt. Det er difor ikkje uventa at 1522-lista har færre personar med enn 1519-lista. 1522-lista reknar med 90, 1519-lista med 98. Bøtelista har såleis registrert 91,7% av det talet vi har kome fram til for to- markskatten.

Ein skulle kanskje tru at 1522-lista skulle ha med dei same personane som 1519-lista minus åtte utarma, og med eit rimeleg skifte av personar som ein følgje av dødsfall eller flytting. Dette er ikkje tilfelle. Etter å ha granska listene nærare finn eg at av 98 personar i 1519-lista kan eg med sikkerhet identifisera berre 59 eller 60,2% i bøtelista frå 1522. Eit slikt fråfall kan ikkje sannsynleggjerast berre ved eit naturleg skifte av hovudpersonar i huslydane. Til det er tre år alt for lite.

For å sjå litt nærare på samsvaret mellom dei to listene vil eg ta for meg personane på 49 namnegardar som er nemnde både i 1519- og 1522-lista[32]. I tilknyting til desse einingane nemner 1519-lista 76 personar[33]. 1522-lista har med 71 personar. Av dei 76 skatteytarane i 1519 kan eg identifisera berre 53 i 1522. Samsvaret er her 69,7%. 26 av dei 49 namnegardane er nemnde med berre eit skatteobjekt både i 1519 og 1522. Av desse 26 personane er heile 23 eller 88,5% identiske i dei to listene. Dei 23 namnegardane som er nemnde med meir enn ein person i 1519 hadde til saman 50[34] personar som skulle betala to- markskatten. I 1522 er talet på skatteytarar nede i 45. Av dei 50 skatteobjekta i 1519-lista finn eg att 30 eller 60% i 1522-lista. For å ta omsyn til at persontalet er mindre i 1522 eller 1519 har eg og rekna andre vegen. Av dei 45 personane som er oppførde i sakefallslista frå 1522 kan eg identifisera berre 51 eller 68,9% i 1519-lista.

88,5% samsvar mellom personnamna på namnegardar som det truleg har vore meir enn ein brukar på mot 60-68,9% samsvar, alt etter kva liste ein tar utgangspunkt i, for personnamna på namnegardar vi har grunn til å tru kan ha vore fleirbølte kring 1520, viser at manglande samsvar mellom dei to listene ikkje berre kan skuldast naturleg skifte av hovudpersonar. Folk døyr venteleg ikkje oftare på fleirbølte enn på einbølte gardar. Heller ikkje kan det store skifte i personnamna skuldast misskriving. Slikt skulle gå like mykje ut over alle typer namnegardar uavhengig av storleik og bruksdeling.

Heller ikkje talet på personar stemmer særleg godt på dei fleirbølte gardane. Heile 16 av dei 23 har ulikt tal på skatteobjekt i dei to listene.

Kva som gjer at samsvaret på gardar som kan henda har vore fleirbølte er så mykje lågare enn dei som berre det ser ut til å hatt ein brukar, veit eg ikkje. Det ligg likevel nær å tenkja seg at det kan ha samanhang med det hopehavet som eksisterte på desse gardane og som kan ha vanskeleggjort arbeidet for skatteoppkrevjarane.

Også på andre punkt ser vi at listene ikkje samsvarar. 1519-lista har i alt med 53 namnegardar. 1522-lista nemner 54. Tilsaman vert 59 ulike namnegardar opprekna i samband med betalinga av to- markskatten og brevbrotet og sakefallet etter drapet på futen Halvor[35]. Det er såleis 9 namnegardar som vantar anten i 1519 eller i 1522. Fire som er nemnde i samband med to- markskatten i 1519 manglar i 1522. Fem namnegardar som ikkje er med i 1519 lista er nemnde i 1522.

Tab. 2,1. Namnegardar som manglar i ei av 1520-listene.

1519		1522	
nr.	52 Berge	Manglar	
"	116 Lauås	"	
"	123 Risa	"	
"	157 Bergsvik	"	
Manglar		nr.	24 Fammestad
"		"	39 Hodnekvam
"		"	47 Vefjell
"		"	81 Risøy
"		"	107 Kolås

Som ein også ser av gardsnummeret, ligg gardane slik til at det ikkje kan vera tale om namneskifte frå eit år til eit anna. Dei fleste av desse gardane er nemnde med berre eit skatteobjekt. G.nr. 123 Risa er i 1519 likevel ført opp med to personar som har betalt to- markskatten, og i 1522 har heile tre personar på g.nr. 107 Kolås betalt sakefall og brevbrot. Om ein av grunnane til at dei ni gardane vantar i ei av listene skulle vera at dei nyss var tekne opp som sjølvstendige gardsbruk og at busetnaden ikkje hadde festna seg, kan dette heilt sikkert ikkje gjelda desse to namnegardane. Det er mykje meir sannsynleg at slike gardar berre skulle hatt ein skatteytar.

Det er rimeleg at dei gardane som var mellom dei eldste, beste og mest veldyrka og som dermed hadde høgast landskyld, både i høgmellomalderen og seinare, skulle greia seg best gjennom krisa i seinmellomalderen. Om dei har lagt øyde skulle ein tru dei var mellom dei første gardseiningane som vart tekne oppatt. Difor vil eg sjå litt nærare på den gjennomsnittlege landskylda til dei namnegardane som er med i ei eller fleire av 1520-listene og halda dei opp mot medelskylda til dei andre.

Den gjennomsnittlege landskylda i 1647 for alle dei 58 namnegardane som er nemnde tilsaman i 1519 og 1522 er 2,42 laupar smør. Dersom ein ikkje tar med nr. 57-58 Lygra som åleine står for 19,5 laupar smør, vert gjennomsnittet 1,91 laupar. Dette talet vil etter mi meining gje eit mykje betre bilete av gjennomsnittsgarden i Lindås skipreide, avdi Lygra var ein uvanleg stor gard i dette området. Til samanlikning er den nest største namnegarden, nr. 25-27 Nedre- og Øvretveit på 5,969 laupar. Alle dei andre namnegardane var i 1647 på under fire laupar smør. G.nr. 57-58 Lygra ligg dessutan på ei særs grøderik øy i Lygrefjorden, som ikkje kan samanliknast med Lindåshalvøya, Fosnøya og Fedje.

De gardane som vantar i ei av listene hadde i 1647 denne landskylda:

Tab. 2,2. Landskyld til namnegardane som vantar i ei av 1520-listene.

52	Berge	2,00 laupar	
116	Lauås	2,00 "	Med i 1519
123	Risa	2,00 "	
157	Bergsvik	1,75 "	
24	Fammestad	2,25 "	
39	Hodnekvam	2,00 "	
47	Vefjell	1,125 "	Med i 1522
81	Risøy	1,50 "	
107	Kolås	2,25 "	

Seks av desse namnegardane ligg over gjennomsnittet for landskylda til gardar som er med i listene frå rundt 1520. Berre tre har lågare landskyld. Av desse er det einast nr. 47 Vefjell med 1,125 og nr. 81 Risøy med 1,5 laupar smør som ligg monaleg under gjennomsnittet. Det må likevel nemnast at det er 19 andre namnegardar som er med i listene kring 1520 som har ei landskyld mellom 1 og 1,5 laupar smør i 1647. Eg finn såleis, med eit mogeleg unnatak for 47 Vefjell og 81 Risøy, at det ikkje er særskilt små og lite drivverdige namnegardar som vantar i ei av listene. Til samanlikning kan eg nemna at gjennomsnittsskylda til 45 namnegardar som er med i kontribusjonsmanntalet i 1647, men som vantar i 1520-listene, var 0,879 laup smør. Alle namnegardar som hadde meir enn 1,375 laupar i skyld i 1647 er nemnde i ei av skatte- eller brevbrotslistene. Einaste unnataket er nr. 48-49 Fjellsbø. Denne garden kan likevel ha vore i ei særstode avdi han ligg heile 250 meter over havet. Utan samanlikning er dette den høgast liggjende garden i heile skipreidet.

Eigedomstilhøva kan heller ikkje gje noko forklaring på kvifor dei ni namnegardane vantar i ei av listene. Vincens Lunge har ått to av gardane, to har høyrt til "stigta", to har vore bondegods og dei tre andre har lege under Alle Helgengodset, Munkeliv kloster eller Lindås prestebol. Alle dei viktigaste eigedomsgruppene i Lindås skipreide er såleis representerte.

Til sist kan eg nemna at namnegardane ligg spreidde over heile skipreidet og ikkje er samla i nokon særskild næringsmessig eller geografisk sone.

Det er såleis klårt at fleirtalet av dei ni gardane må ha vorte uteletne i ei av listene ved en feil snarare enn på grunn av eit busetnads, økonomisk eller geografisk særdrag.

Ei gjennomgåing viser at lista over to- markskatten, som var ein allmenn personskatt, skulle vera bra fullstendig i høve til det som var meininga ho skulle registrera. Med brev- brot- og sakefallslista frå 1522 er det derimot meir usikkert både kva personar som skulle vera med, og om lista er fullstendig. Ei samanlikning av dei to listene viser relativt stort skifte av personar frå den eine til den andre. Namnegardane som er omtala i tilknytning til skatteobjekta er heller ikkje fullt ut indentiske. Ein må difor trekkja den slutninga at 1519-lista ikkje er så fullstendige som ein skulle tru av måten ho er førd på. Som det går fram av drøftinga ovanfor, er det lite truleg at alle dei fem namnegardane som er med i 1522, men som vantar i 1519, skulle vera utan skatteobjekt. Det er heller ikkje sannsynleg at dette kjem av ei overføring av skatteobjekta til andre namnegardar i nærleiken.

Spørsmålet melder seg då om desse skattelistene, enkeltvis eller samla, kan gje eit korrekt bilete av dei busetnadseiningane som var folkesette kring 1520. Det må her leggjast vekt på at ingen av listene gjev seg ut på noko anna enn å registrera personane som skulle svara skattar og avgiftar. Namnet på gardane kjem berre med for å identifisera personane. Etter som ein må gå ut frå at dei fleste skatteobjekta på ein eller annan måte var knytte til ei jordbrukseining, skulle ein likevel tru at listene gjev eit rett bilete av kva namnegardar som var busette kring 1520. At nokre namnegardar manglar i ei av listene, har vi etter ei nærare drøfting kome til i hovudsak må skuldast feil ved føringa av listene. Det er tenkjeleg at ein namnegard kan ha falle ut i begge listene. Dette kan ikkje etterprøvast. Sikkert er det likevel at det knapt kan alle dreia seg om meir enn nokre få gardseiningar. Når difor 1520-listene nemner til saman 60 namnegardar[36], vil eg rekna dette som eit

påliteleg mål for kor mange namnegardar som var folkesette på byrjinga av 1500-talet.

Tidlegare har vi kome fram til at det i høgmellomalderen truleg var i drift 108 namnegardar i Lindås skipreide. 48 namnegardar, eller 44% av namnegardane frå høgmellomalderen, låg såleis øyde kring 1520. Kva namnegardar dette gjeld går fram av kartet nedanfor som viser namnegardane frå høgmellomalderen og kven av desse som vantar kring 1520.


For tungardane sitt vedkomande er det mykje vanskelegare å gjera opp status kring 1520. I skattelista kan ein oftast ikkje fanga dei inn med stad-namnematerialet. Dei kan heller ikkje identifiserast ut frå skatteobjektet. Det einaste vi kan seia er at dersom ein namnegard har berre eit skatteobjekt er det mykje truleg at det berre er eit tun i drift på vedkomande gard.

Nedanfor er ei oversikt over skatteobjekta på dei seks namnegardane som eg i kap. 1 fann var delte i 2 eller fleire tungardar.

Tab. 2,3. Tungardar - skatteobjekt 1520.

		Skatteobjekt	
		1519	1522
25-27	Tveit	5	2
44	Skauge	2	2
48-49	Fjellsbø	0	0
53	Grimstad	1	1
106	Fonnebost	2	1
110	Syslak	3	4

Når det gjeld g.nr. 25-27 *Tveit har vi eit nokså klårt indisium på at det i alle fall har eksistert to tungardar også kring 1520. I 1522-lista er nemleg eit av skatteobjekta ført opp på denne måten: "Helge paa Tøffrettwet 1 mark penning"[37]. Ettersom "Tøffretwet" er nemnd spesielt må dette truleg vera for å markera tunet på Øvretveit frå eit av dei andre tuna på


LINDÅS SKIPREIDE.
N
0
5 km
NAMNEGARDAR FRÅ HÖGMELLOMALDEREN
Ingen skatteytar ca 1520,
Skatteylar ca. 1520.
Namnegardar som fremleis låg öyde 1723.
Prestegard. Ikkje skyldsett.
Sirklane er flateproporsjonale med landskylda 1647.
Ikornås
Tviberöy
Prestg.
Lurelalven
Biskopsnes
Bakkebö
Husebö
165
164
162
147
145
128
127
131
166
161
132
130
129
142
160
149
140
133
125
126
122
121
150
139
135
124
123
120
119
156
136
116
158
157
151
138
115
118
155
137
117
106
152
81
112
114
107
105
101
110
108
102
113
109
103
80
82
111
104
100
42
40
87
43
99
39
44
98
38
88
84
97
45
89
91
46
37
86
92
96
47
57
5
48-49
35
94
36
58
93
95
54
55
53
50
56
28
52
25-27
24
-95-

NAMNEGARDAR FRÅ HØGMELLOMALDEREN I LINDÅS SKIPREIDE.

G.nr.	
24	Fammestad
	Husebø
25-27	Tveit
28	Reikerås
35	Nævdal
36	Smørdal
37	Myking
38	Hodne
39	Hodnekvam
40	Hodneland
42	Sævrås
43	Natås
44	Skauge
45	Sletten
46	Tveiten
47	Vefjell
48-49	Fjellsbø
50	Vik
51	Seljelid
	Bakkebø
52	Berge
53	Grimstad
54	Konglevoll
55	Bruvoll
56	Hundvin
	Lurekalven
57	Utluro
	Biskopsnes
58	Innluro
80	Dragøy
81	Risøy
82	Brakøy
83	Spjotøy
84	Kvalvågsnes
85	Kvalvåg
86	Ones
87	Spjeldnes
88	Marås
89	Haugsmyr
90	Hauge
91	Brunsland
92	Træland
93	Hetlehovda
94	Nedre Skodvin
95	Refsdal
96	Øvre Skodvin
97	Løtveit
98	Gaulen
99	Våge
100	Fjellsende
101	Vabunes
102	Vabu
103	Fjellanger
104	Haukås
105	Holmås

G.nr.	
106	Fonnebost
107	Kolås
108	Prestegarden
109	Saltnes
110	Syslak
111	Skårnes
112	Finnesbø
113	Sjurset
114	Verås
115	Kårdal
116	Lauås
117	Rossnes
118	Tjukhetla
119	Sundsbø
120	Tvibernes
	Tviberøy
121	Knarvik
122	Hellestveit
123	Risa
124	Kjeilegavlen
125	Indre Kjeilen
126	Hope
127	Mongstad
128	Leirvåg
	Ikornås
129	Litlås
130	Kaland
131	Fonnes
132	Utkjeilen
133	Synnevåg
135	Bakka
136	Monslaup
137	Søre Njøten
138	Nore Njøten
139	Solend
140	Leikvoll
142	Sætre
145	Ulvøy
147	Kvalvåg
149	Årås
150	Hjartås
151	Førland
152	Litle Lindås
155	Hopland
156	Austrheim
157	Bergsvik
158	Lerøy
160	Rebnor
161	Øksnes
162	Børillen
164	Krossøy
165	Rongevær
166	Sæverøy

namnegarden. Om også g.nr. 26 Groven eksisterte som tungard alt i høgmellomalderen kan det likevel godt vera at talet på tun kring 1520 var redusert frå 3 til 2.

For g.nr. 44 Skauge har vi ingen slike indisier, men avdi det var betalt "frelse" av "Lille" Skauge både i 1590 og 1610 kan vi i alle fall vera nokonlunde trygge på at minst ein tungard låg øyde også her.

Klårare er det når det gjeld g.nr. 48-49 Fjellsbø. Her låg heile namnegarden, og dermed også begge dei to tungardane øyde.

For g.nr. 53 Grimstad skulle og saka vera grei. Både i 1519 og 1522 er det berre eit skatteobjekt her, noko som tyder på at det berre har vore eit tun i bruk på denne tida.

G.nr. 106 Fonnebost er derimot meir tvetydig med 2 skatteobjekt i 1519 og 1522. Rett nok er den eine skatteytaren i 1519 omtala som "d"., dvs. degn. Likevel er det her uråd å avgjera om begge tungardane var i bruk på denne tida.

Til sist har vi så g.nr. 110 Syslak med 3 skatteobjekt i 1519 og 4 i 1522. Her er det svært rimeleg om begge tungardane framleis var busette. Det næraste vi kjem dette spørsmålet er at skatteobjekta på Syslak er delte i 1519, ikkje er å finna etter kvarandre, men har skatteobjekta frå ein annan namnegard mellom seg. Noko eigentleg prov på at det har eksistert fleire tungardar er dette eigentleg ikkje.

Det er såleis tydeleg at busetnaden på tungardane kring 1520 ikkje let seg måla nøyaktig. Av det vi har sett ovanfor er det likevel klårt at det også på dette området har vore ein viss attendegang i høve til i høgmellomalderen.

Vi har alt fleire ganger streka under at 1520-listene er sette opp for å registrera skatteytarar, ikkje brukarar. Lyt vi så resignera heilt når det gjeld å få tak i kor mange bruk dei 60 namnegardane var delt i kring 1520? Eg trur ikkje det. Rett nok vil karakteren til kjeldene gjera det umogeleg å tå tak i det heilt eksakte talet. Ei justering av talet på skatteytarar i 1519 og 1522-listene trur eg likevel kan gje

eit tilnærma bilete av kor langt bruksdelinga gjekk på dei namnegardane som då var i drift som sjølvstendige gardseiningar.

Skattelista frå 1519 har med 85 skatteytarar som eg utan vanskar kan knyta til namnegardar i Lindås skipreide, frårekna fiskeværet Fedje. Ei innføring, "Knwt i Vodøn"[38], er svært vanskeleg å identifisera. Det er lite sannsynleg at det kan vera ein eigen namnegard innan skipreidet. I så fall må han ha sett spor etter seg i andre skriftlege kjelder, i terrenget eller som stadnamn. Eg kan heller ikkje tenkja meg at det kan vera ei feilføring for ein av namnegardane i området som sluttar -øy. Elles i Nordhordland kan eg ikkje finna gardar med liknande namn[39]. Om denne skatteytaren verkeleg skulle høyra til i Lindås skipreide, ligg det etter rekkjefølgja i skattelista nærast å tenkja seg at "Vodøn" kan vera eit anna namn på Lamholmen ved g.nr. 133 Synnevåg. Denne staden var i nyare tid ein husmannsplass under Synnevåg. Om dette er rett, kan vi rekna med at det var to skatteobjekt på namnegarden Synnevåg i 1519. Det samla talet på skatteytarar i Lindås skipreide utanom Fedje vert då 86.

I brevbrot- og sakefallslista frå 1522 er det og med to innføringar som det er vanskeleg å indentifisera både med namnegardar i Lindås skipreide og elles i Nordhordland. Det gjeld merknadane "Niles pa Øfrenn 5 m"[40] og "Hwge i Leresby 4 m."[41]. Den første kan kanskje vera ei feilskrivning for Austrheim? Austrheim er frå før av nemnd med eit skatteobjekt. "Leresby" kan antan tyda på at det gjeld g.nr. 158 Lerøy eller g.nr. 128 Leirvåg. Ingen av desse namnegardane er omtala i 1520-listene. Vincens Lunge si jordebok frå 1535 opplyser at Leirvåg på denne tida var under same leige som Fonnes[42]. Denne namnegarden har såleis truleg ikkje vore busett kring 1520. Om Leresby skulle meinast ein av namnegardane i Lindås skipreide må dette venteleg vera g.nr. 158 Lerøy. Belegget er likevel alt for usikkert til at eg vil rekna med at namnegarden Lerøy var i drift som sjølvstendig gardseining kring 1520.

Om vi vil rekna med dei to tvilsame innføringane eg har nemndt ovanfor, hadde vi i Lindås skipreide utanom Fedje 80 skatteytarar i brevbrot- og sakefallslista frå 1522, 6 min-

dre enn i lista over to- markskatten frå 1519. Sjølv om desse tala ikkje ligg så langt frå kvarandre, samsvarar dei dårleg for mange einskildgardar.

I tab. 2,4 har eg sett opp 59 av dei 60 namnegardane vi har belegg for kring 1520[43] med talet på skatteytarar i 1519 og 1522-lista til høgre. Ein ser då følgjande: I 7 av dei 8 tilfella der 1519-lista har med tenarar eller husmenn, er talet på skatteobjekt redusert i 1522-lista. I 3 tilfelle fører dette til at 1522-lista berre opererar med ein skatteytar mot 2 i 1519-lista. I 15 tilfelle der 1519-lista har meir enn eit skatteobjekt er det same tilfelle i lista frå 1522. Attende står då 6 tilfelle der vi ikkje kan finna ei rimeleg forklaring på at den eine lista reknar med ein, den andre med fleire skatteytarar. Då har eg ikkje rekna med dei gongane ein namnegard er heilt utelete i ei av skattelistene[44].

I dei tilfella der talet på skatteobjekt ikkje er det same i 1519 og 1522 har eg i tab. 2,4 i rubrikken lengst til høgre ført opp det minste talet. Samanliknar vi talet i denne rubrikken med landskylda til dei same namnegardane i 1567[45], viser det seg at det i 13 av 15 tilfelle er namnegardar med relativt høg landskyld, frå 2 laupar smør og oppover, som har meir enn ein skatteytar både i 1519 og 1522. Dette vil eg gjerne ta som eit teikn på at det i praksis ofte måtte vera samsvar mellom talet på skatteytarar og talet på brukarar. Dette er i seg sjølv også det mest sannsynlege. Dei namnegardane som hadde størst verdi og høgast landskyld var dei som kunne livnæra flest brukarar. Fleire brukarar ville så tyda fleire skatteobjekt som kongen sine futar kunne pressa pengar av.

Tab. 2,4. Namnegardar med skatteobjekt ca. 1520.

Skatteobjekt som er omtala som "seruus", "d", "husmandt" el.l. er streka under i teksten.

	Skatteobjekt		Minste tal på skatteytarar
	1519	1522	
24 Fammestad		Olaff	1
25-27 Tveit	Stenrød, Gudmwnd, Kulben, Helge, Tostein	Helge, Stenrot	2

Tab. 2,4. forts.

		Skatteobjekt 1519	Skatteobjekt 1522	Minste tal på skatte-ytara
37	Myking	Iwer, Jon	Iffuer	1
38	Hodne	Haluar, Olaff, Tomus	Haldwar, Amwndt	2
39	Hodnekvam	(mangler)	Erick	1
43	Natås	Hode	Odt, Jens	1
44	Skauge	Einer, Swen	Svendt, Ener	2
47	Vefjell	(mangler)	Laffritz	1
50	Vik	Gwtorm	Guttorm, Anders Jonn	1
52	Berge	Olaff	(mangler)	1
53	Grimstad	Magne	Per	1
54	Konglevoll	Askell	Askell	1
56	Hundvin,	Per, Olaff, Askel	Magne, Olaff	2
57 58	Lygra Indre- og Ytre	Anders, Magne, Vat, Olaff, "Seruus", Erick	Erick, Niels, Watthe, Olaff	4
81	Risøy	(mangler)	Andffindt	1
84	Kvalvågsneset	Swen	Swen	1
85	Kvalvåg	Eriick	Erick	1
86	Ones	Olaff	Olaff	1
87	Spjeldnes	Gwdmwnd	Engelbret	1
88	Marås	Simwnd	Simonn	1
90	Hauge	Gerrer, Olaff	Geder, Arne	2
91	Brunsland	Seffrin, Jens	Seffrenn, Jonn	2
92	Træland	Askel	Askell	1
94	Nedre Skodvin	Tarall	Torall	1
96	Øvre Skodvin	Ener	Ener	1
97	Løtveit	Torgrim, Swen	Torgrim	1
99	Våge	Siwr	Siwrdt	1
100	Fjellsende	Anfind	Andfindt	1
103	Fjellanger	Germwnd, Anderss	Anders, Pouell	2
104	Haukås	Amwnd, Ellend	Amwndt	1
106	Fanebust	Torgrim, d (2)	Torgrim	1
107	Kolås	(mangler)	Gwdmwnd, Erlandt Olaff	3
110	Syslak	Tostenn, Vermwnd, Harall	Harall, Jøstenn Vemwndt, Tostenn	3
114	Verås	Gwnder, Knwt	Gwnner	1

Tab. 2,4 forts.

	Skatteobjekt		Minste tal på skatte-ytarar
	1519	1522	
116 Lauås	Olaff	(mangler)	1
117 Rossnes	Olaff, "seruo"	Olaff, Knut	2
119 Sundsbø	Olaff	Oluff	1
121 Knarvik	Laffris	Laffritz	1
123 Risa	Endrit, Ellend	(mangler)	2
125 Indre Kjeilen	Amwnd	Amwndt	1
126 Hope	Niels, Fuse	Niels, Iffuer	2
127 Mongstad	Torbiørn	Torbiørnn	1
130 Kaland	Olaff	Olaff	1
131 Fonnes	Kulben, Herland	Erlandt, Laffritz, Haldstenn	2
133 Synnevåg	Olaf	Olaff	1
135 Bakka	Johannes, Anfin	Joans	1
137 Søre Njøten	Erik	Erick	1
139 Solend	Kulben, Endrit	Endrit, Amwnd	2
142 Sætre	Olaff	Olaff	1
147 Kvalvåg	Erik	Erik	1
151 Førland	Jon, Engilbret	Kolbenn	1
152 Litle Lindås	Dag	Andffind	1
155 Hopland	Ion, Magne	Ionn, Mogens	2
156 Austrheim	Lasse	Lauris	1
157 Bergsvik	Hug	(mangler)	1
160 Rebnor	Askel	Askell	1
161 Øksnes	Olaff	Olaff	1
164 Krossøy	Amwnd	Amwndt	1
59 Namnegardar			78

Om vi nyttar det minste talet på skatteobjekt i kvar av dei to skattelistene frå kring 1520 som ein indikasjon på kor mange brukarar det må ha vore i skipreidet på denne tida, får vi eit brukartal på 78. I tillegg må vi rekna med at det minst har vore ein brukar på prestegarden på Lindås. Det kan

difor ha vore kring 80 brukarar i Lindås skipreide utanom Fedje rundt 1520. Eg vil likevel på nytt streka under at det her kan vera rom for større eller mindre feil. Det er skatteobjekt som er registrert i 1520-listene, ikkje brukarar. Noko prov for at talet på skatteytarar og brukarar var identiske er det uråd å skaffa fram. At vi ovanfor fann eit mykje dårlegare samsvar mellom namna på skatteytarane på einbølte og fleirbølte enn på einbølte namnegardar, gjer resultatet for desse gardane særleg usikkert. Det fører til at vi meir bør ta resultatet ovanfor som ein peikepinn på kor høgt brukartalet kring 1520 kan ha vore, enn som eit nøyaktig overslag over brukseiningar.

I dette kapitlet har vi meint å kunne påvisa at det eksisterte 60 namnegardar og kanskje 80 bruk i Lindås skipreide kring 1520. Dette er ein svær attendegang frå dei 108 namnegardane og kan henda kring 200 bruka vi fann ut hadde vore i drift i høgmellomalderen[46]. Av namnegardane låg 48 eller 44% øyde kring 1520. Talet på bruk ser ut til å kunna vorte redusert med om lag 120. I så fall gjev dette ein nedgangsprosent på 60%. Ein må likevel streka under at talmaterialet her er svært usikkert.

Vi får her kartlagt ein enorm katastrofe for busetnaden i området. Likevel veit vi ikkje om desse tala gjev oss eit rett bilete av busetnandskontraksjonen. Omfanget av krisa har kanskje vore enno større. Skattelistene frå ca. 1520 viser oss ikkje om busetnaden var lågare før 1520 eller om lågmålet kom etter denne tida.

Utanom 1520-listene har vi diverre ikkje materiale som kan gje noko uttømmande bilete av busetnadsutviklinga mellom ca. 1350 og 1560-talet. Ein peikepinn på gangen i busetnadskrisa kan vi likevel kanskje få ved å utnytta alt tilgjengeleg materiale frå tida 1350-1600 saman med skattelistene frå kring 1520. Dei kjeldene som her kan nyttast er jordeboka til Munkeliv frå 1463[47], eit tillegg til Munkeliv si jordebok frå 1427[48], Vincens Lunge si jordebok frå 1535, skatte- og leidangslistene frå 1563 og 1567[49], og oppgåver over landskyld og leidang i ulike kongelege jordebøker fram til 1610.

I jordeboka til Munkeliv frå 1463 er 9 namnegardar opp-

førde under "Lindaas sokn"[50]. Med Lindås sokn ser det her ut til å meinast eit tilsvarande område som Lindås skipreide. Mellom desse 9 namnegardane møter vi dei fleste av dei som er med i dei eldre jordebøkene til Munkeliv frå 1427[51] og ca. 1175[52]. G.nr. 91 Brunsland, som er med i jordeboka frå kring 1175, er ikkje førd opp i 1463. Dette er venteleg avdi han på denne tida alt var overdradd til Domkyrkja i Bergen[53]. Ein annan namnegard vantar også i 1463. Det er g.nr. 135 Bakka, som vi fann i Munkeliv-jordeboka frå 1427. Som vi før har vore inne på, gjev denne jordeboka att tilhøva slik dei var i høgmellomalderen. Denne namnegarden er framleis med i jordboka til Munkeliv frå 1590[54], og høyrde til Munkelivgodset langt utetter 1600-talet. Årsaka til at denne namnegarden vantar i 1463 må såleis vera ein annan enn for g.nr. 91 Brunsland.

Tapet av dei to namnegardane Brunsland og Bakka vert i jordeboka frå 1463 meir enn oppvege ved at fire nye namnegardar er komne til. Vi har ikkje sikre belegg for at desse høyrde til Munkeliv i eldre jordebøker. Dei det gjeld er g.nr. 44 Skauge, g.nr. 86 Ones, g.nr. 90 Hauge og g.nr. 105 Holmås. For g.nr. 44 Skauge gjeld det berre ein del av den samla skylda. I 1647 åtte Munkeliv 1 pund smør av ei samla landskyld på 2 1/3 laupar.

G.nr. 86 Ones kan vera identiske med innføringa "iiij Onanæss j Halssøn a Sleættone" i jordeboka frå 1427[55]. I følgje D.N. skal "j Halssøn" vera førd til ein gong fra midten av det 16. hundreåret[56]. Tilføringa kan vera mynta på ein nedlagd gard på Holsenøy som enno i dag vert kalla Onesbøen[57]. Det er truleg ikkje rett når Joh. Litleskare hevdar at innføringa i 1463 også gjeld denne garden på Holsenøy[58]. I DN XII nr. 232 er "Onanæss" i "Lindaas sokn" oppført med 2 laupar smør i ny landskyld, ei usannsynleg høg skyld for ein namnegard som på den tida skulle liggja øyde. Eg vil difor rekna det som sikkert at den ovanfor nemnde innføringa i 1463 gjeld g.nr. 86 Ones, så mykje meir som i same jordeboka under "Holsnonne" er førd opp "Item Onænnesnæss" utan landskyld. Dette siste må vera øydegarden på Holsenøy. Innføringa i 1427, der den gamle skylda er oppgjeve på "Onanæss" og der både "j Halssøe" og "a Slettonne" er førd til, lemnar stor

tvil om det her er tale om g.nr. 86 Ones eller om den seinare nedlagde[59] namnegarden på Holsenøy. Eg trur det er uråd å dra nokon sikker konklusjon om dette. Difor har eg heller ikkje nytta ut denne oppgåva over gamal skyld i andre delar av arbeidet mitt.

I motsetnad til g.nr. 86 Ones har g.nr. 44 Skauge og g.nr. 80 Hauge ingen ting som tyder på at dei har vore med i andre av Munkeliv sine jordebøker. Når det gjeld g.nr. 80 Hauge kjem denne seinare over i Alle Helgen-godset si eige[60].

Eigarbyte har det også gått føre seg på den siste av dei 4 namnegardane som dukkar opp for første gong i 1463-jordeboka. G.nr. 105 Holmås høyrde i høgmellomalderen til kyrkja på Lygra[61].

Nedanfor har eg laga ei oversikt over jordegodset til Munkeliv i 1463 slik jordeboka frå denne tida gjev det att. Eg har og teke med opplysningar om landskylda i 1567[62], og om vedkomande namnegard var omtala i skattelistene frå kring 1520.

Tab. 2,5.

	Skyld 1463 i laupar smør	Skyld 1567 i laupar smør	Med i skat-telistene ca. 1520?
44 Skauge	½	Ikkje spesi-fisert	Ja
86 Ones	2	1 ½	Ja
90 Hauge	-	1	Ja
104 Haukås	½	1	Ja
105 Holmås	¼	¾	Nei
107 Kolås	1	2	Ja
113 Sjurset	-	1	Nei
114 Verås	⅓	1	Ja
117 Rossnes	½	1	Ja

Dette skjemaet viser ein generell auke i landskylda mellom 1463 og 1567. På alle namnegardar utanom g.nr. 86 Ones vert det minst ei dobling av skylda fram til 1567.

Denne utviklinga skal vi sjå nærare på under drøftinga av landskyldutviklinga frå høgmellomalderen til byrjinga av 1600-talet[64]. Det som i denne samanhangen er av særleg interesse er at også andre namnegardar enn dei som ikkje er med i 1520-listene heilt manglar i 1463 eller har ei uvanleg låg landskyld då. G.nr. 90 Hauge er i 1463 ført opp utan skyld. G.nr. 114 Verås er bygsla for berre 1/3 laup smør (1 pd.). Landskylda til denne namnegarden vert tredobla fram til 1567. Utanom desse er som før nemnt ein namnegard som er med i jordeboka frå 1427, og som ikkje låg øyde kring 1520, heilt borte i jordeboka frå 1463. Det er g.nr. 135 Bakka.

Kan så dette materialet tolkast slik at g.nr. 90 Hauge, g.nr. 135 Bakka, og kanskje g.nr. 114 Verås har lagt øyde ei tid i seinmellomalderen, trass i at dei etter alt å døma var i bruk som sjølvstendige gardseiningar kring 1520?

På slutten av Munkeliv si jordebok frå 1427[65] er det ført til nokre kommentarar frå midten av 1500-talet, som kanskje kan kasta lys over dette. Under overskrifta "Effter thesse jarder maa spyrjast" er det ført opp ei rad med gardar, mellom desse 4 namnegardar frå Lindås skipreide. Det er g.nr. 110 Syslak, g.nr. 114 Verås, g.nr. 117 Rossnes og g.nr. 105 Holmås.

Overskrifta, etter desse jorder må det spørjast, må vel tolkast slik at desse namnegardane har kome vekk frå eigaren ei tid. Dei kan ha lege øyde slik at det ikkje har vorte betalt landskyld. Oversikta over desse gardane skal etter opplysningane i DN XII vera laga like etter reformasjonen. Den er såleis kanskje ein freistnad frå dei som overtok styringa av Munkeliv sitt gods på å få oversikt over verknadane av øydelegginga i seinmellomalderen. Dei ville venteleg no gjera opp status. Kva gardar var tekne oppatt, og kva gardar låg framleis utan folk?

I alt 52 gardar frå heile Vestlandet er med i dette tillegget til jordeboka. Av dei 4 som høyrde til Lindås skipreide, låg g.nr. 105 Holmås etter alt å døma utan folk kring 1520. Når det galdt g.nr. 114 Verås, fann vi ovanfor ut at den uvanleg låge skylda i 1463 og den sterke stigninga fram til 1567 kunne tyda på at denne namnegarden ei tid hadde lege

øyde. Når det gjeld g.nr. 110 Syslak, åtte Munkeliv her berre ein liten del av heile garden. Merknaden om Syslak kan ein difor ikkje dra nokon særlege slutningar av. Den siste av dei 4 namnegardane, g.nr. 117 Rossnes, var med i skattelista kring 1520. Ingen andre kjelder har opplysningar om at denne garden nokon gong har lege øyde.

Både jordeboka frå 1463 og tilføringa til jordeboka frå 1427 har såleis opplysningar som peikar mot at namnegardar som er med i 1520-listene likevel kan ha lege øyde ei tid i seinmellomalderen. I jordeboka frå 1463 gjeld dette g.nr. 90 Hauge (utan ny skyld 1463), g.nr. 114 Verås (⅓ laup i skyld 1463) og g.nr. 135 Bakka (manglar heilt i denne jordeboka). I tillegget til jordeboka frå 1427 gjeld det g.nr. 114 Verås og g.nr. 117 Rossnes. For g.nr. 114 Verås sitt vedkomande er det såleis to opplysningar som peikar i same lei.

Det viser seg altså at Munkeliv sine jordebøker peiker mot at busetnadskrisa kan ha vore endå sterkare før 1520. Er det så anna materiale frå Lindås som kan stø opp under dette? Vi såg ovanfor at stigning i landskyld i tida 1463-1567 var særleg sterk for øydegardane. Frå og med 1567 får vi meir regelbundne opplysningar om landskylda til dei namnegardane som til då var tekne oppatt. Kan kanskje ei særleg sterk stigning av skylda på enkelte namnegardar peika dei ut som tidlegare øydegardar? I så fall har vi endå eit grunnlag for å kontrollera om busetnadsbiletet kring 1520 gjev eit rett bilete av omfanget av nedgangen i seinmellomalderen.

Ein kontroll på dette har vi i tab. 3,19 i kap. 3 om landskylda. Denne tabellen var bygd på 67 namnegardar der vi kan følgja landskylda frå 1567 til 1610. Det viste seg der at av dei namnegardane som låg øyde kring 1520 var det 11 som auka skylda i denne perioden, medan 8 heile tida hadde same skyld. Av dei som ikkje låg øyde kring 1520 auka 26 skylda si, 17 vart ståande på det same, medan 5 hadde nedgang i landskylda. Det er såleis ingen ting her som tyder på at ein kan rekna auken i skyld i denne perioden som teikn på øydetid i seinmellomalderen.

Heller ikkje storleiken på landskyldoppgangen er det nokon særleg skilnad på for dei to gruppene. G.nr. 98 Gaulen

hadde t.d. ei dobling av landskylda i tida 1567-1610 frå ½ laup til 1 laup smør. Denne garden låg øyde kring 1520. G. nr. 54 Konglevoll hadde også ei dobling av skylda i same periode frå 1 til 2 laupar smør. Denne namnegarden var med i alle listene frå kring 1520. Ei dobling av landskylda slik vi har sett det på desse to namnegardane var ikkje vanleg. Oppgangen varierte oftast frå ¼ til ½ laup, men utan at det er noko klårt mønster for gruppene øydegardar - ikkje øydegardar. Det ser såleis ikkje ut til å vera grunnlag for å rekna med fleire indisier på øydetid for namnegardar i Lindås skipreide enn dei vi alt har nytta, 1520-listen og Munkeliv sine jordebøker frå 1400-talet.

Vi kan ikkje finna fleire opplysningar som fortel noko om korvidt busetnaden i Lindås skipreide var lågare før 1520. Derimot kan vi kanskje gå andre vegen og freista finna ut om det var ein tendens til oppgang i busetnaden i tida like etter at 1520-listene vart til. Den første kjelda som har opplysningar om namnegardar etter 1520, er Vincens Lunge si jordebok frå 1535[67]. Nedanfor har eg sett opp ein tabell som viser opplysningane i denne jordeboka saman med oppgåvene i 1520-listene og oppgåvene over landskyld i 1567 og 1590.

Tab. 2,6.

	Skatteobjekt 1520?	Skyld i laupar smør		
		Opplysningar 1535	Landsk. 1567	Landsk. 1590
38 Hodne	Ja	3	2 ¾	3
39 Hodnekvam	Ja	1 ½	1 ½	1 ½
40 Hodneland	Nei	"Skal bliffne øde...."	-	1
42 Sævrås	Nei	¾ (tilskrive seinare)	¾	1
43 Natås	Ja	1 ½	1 ½	1 ½
112 Finnesbø	Nei	9 sk. } Tilført omtrent samtidig	-	½
115 Kårdal	Nei	½ }	-	½
123 Risa	Ja	3	3	3
127 Mongstad	Ja	1	1	1 ½
131 Fonnes	Ja	4	3	3
128 Leirvåg	Nei	"Under same leige som Fonnes"	1 ¼	¾

Av tabellen ser vi at alle namnegardar som er omtala kring 1520 har ført opp ny skyld i 1535. Dei som ikkje er med kring 1520 er enten direkte omtala som øydegardar i jordeboka (40 Hodneland, 128 Leirvåg) eller har tillegg frå ei seinare tid (42 Sævrås, 112 Finnesbø, 115 Kårdal). Ein kan såleis ut frå dette vesle utvalet av namnegardar i Vincens Lunge si jordebok ikkje sjå at det har gått føre seg noko særleg opptaking av øydegardar mellom 1520 og 1535.

Ser ein derimot på skattelista frå 1563 og samanliknar denne med dei nokolunde tilsvarande personskattelistene frå ca. '520, ser ein med ein gong at mellom 1520 og 1560 har det kome eit sterkt oppsving både i talet på namnegardar og i talet på personar knytta til desse namnegardane. Kring 1520 rekna vi med 60 namnegardar. På 1560-talet er talet stige til over 80[68)].

Ovanfor har vi funne fram til opplysningar som sannsynleggjer at også gardar som er med i skattelistene kring 1520 kan ha lege øyde ei tid i seinmellomalderen. Ein må såleis kunna sjå på tida kring 1520 som ei byrjande oppgangstid frå ei busetnadskrise som vi berre kan skimta konturane av. 60 namnegardar kring 1520, og ein øydeprosent på 44% må såleis, med atterhald om at dei faktorane som denne prosenten byggjer på er rette, kunna takast som eit minstemål for det omfanget busetnadskrisa hadde i Lindås skipreide i seinmellomalderen.

KAP. 3. LANDSKYLDA.

Vi har alt sett at landskylda i Lindås skipreide fall kraftig i seinmellomalderen. I kap. 1 fann vi at landskylda i 1590 i høve til skylda i høgmellomalderen var 22% for øydegardar og 27,5% for namnegardar som ikkje låg øyde kring 1520[1]. Utrekninga var bygd på den gamle landskylda frå før midten av det 14. hundreåret og på den nye reduserte skylda i den kongelege jordeboka frå 1590, for i alt 28 namnegardar som var busette på denne tida.

Nedanfor vil eg ta landskylda i heile perioden ca. 1300-1600 opp til nærare drøfting. Eg vil særleg leggja vekt på å sjå landskyldutviklinga over tid, og å få fram variasjonar i landskyldnedgangen i ulike grupper namnegardar.

Eg har tidlegare nytta omgrepet "gamal skyld". Det er meint å dekkja alle landskyldoppgåver som peikar attende mot tida før det store landskyldfallet i seinmellomalderen. Som gamal skyld har eg likevel ikkje rekna med skyldoppgåvene i den eldste jordeboka til Munkeliv frå kring 1175[2]. Det er framleis usikkert korleis ein skal rekna om somme av landskyldeiningane her til det vanlege landskyldmålet på Vestlandet i høgmellomalderen, månadsmatsbólet[3].

Kor stabil landskylda var i tida før det store landskyldfallet, har vi ikkje gode nok kjelder til å kunna avgjera. Difor veit vi eigentleg heller ikkje om t.d. skyldoppgåver frå kring 1320 generelt ligg på eit høgare nivå enn landskyldoppgåver frå kring 1280. Når ein meiner å kunna kalla skyldoppgåver både frå 1280 og 1320 for "gamal skyld", må dette vera ut frå ein allmenn teori om at tilhøva i jordbruket på denne tida var relativt stabile.

Ein kan tenkja seg to hovudgrunnar til at landskyldnivået ikkje endra seg mot slutten av høgmellomalderen. For det første kan etterspurnaden etter jord ha vore tolleg konstant. Dessutan kan ein leigeauke ha vorte kamuflert slik at den nominelle landskylda ikkje endra seg.

På Vestlandet har den jorda som kan ryddast vore meir avgrensa enn i mange andre landsdelar. Ein kjenner då her

heller ikkje den store nyryddinga i høgmellomalderen som på Austlandet mellom anna gav seg utslag i dei mange -rud gardane frå denne tida[4]. Dersom folkepresset auka sterkt, ville det truleg slå ut i større oppdeling av eksisterande gardar og rydding av nye gardar og plassar innanfor gardsvaldet til dei eldre gardane. Ei slik aukande utnytting av jord som alt var i bruk kunne såleis vera med å pressa leigane oppover.

Kor stort folkepresset var på denne tida er likevel usikkert. Tidlegare slutningar om eit sterkt folkepress har i stor grad vore baserte på den sterke nedgangen i seinmellomalderen[5]. Vi må difor vedgå at vi ikkje har konkrete opplysningar om faktorar som kan ha endra landskyldnivået i særleg grad, frå jordleiga vart knytt til leidangen i 1274 til den store nedgangen sette inn ein gong i det 14. hundreåret.

Sjølv om folketalet, og med dette etterspurnaden etter å få leiga jord skulle stiga kraftig, er det likevel ikkje sikkert at dette nett ville slå ut i endra nominell landskyld. Frå Rogaland kjenner vi døme der det ser ut som verdien av landskyldvarane, som t.d. smørlaupen, har vorte sett opp i staden for å regulera taletpå landskyldeiningar[6]. Det kan såleis ha gått føre seg ein reell auke i den landskylda leiglendingar skulle betala, utan at dette gjev seg utslag i dei jordebøkene skylda er oppført i. Også dette er det svært vondt å kontrollera med det kjeldematerialet vi har til rådvelde.

Ein annan framgangsmåte som kan dekkja over ein reell leigeauke, kjenner vi frå 1500- og 1600-talet. Då vart tredjeårstake og førstebygsel innførde som tilleggsavgifter til den vanlege landskylda. Frå høgmellomalderen har vi ikkje belegg for eit tilsvarande utbygd avgiftssystem[7]. Dette er likevel ikkje det same som at slike eller liknande avgifter ikkje kan ha eksistert også då, enten over heile landet eller i lokale område. Mellom anna reagerar kong Håkon i rettbøter på 1290-talet mot ulovlege tyngsler på leiglendingane[8]. Den nominelle landskylda som vart registrert i jordebøkene trong såleis ikkje vera eit uttrykk for den reelle leiga som brukarane betalte.

I det heile veit vi lite om dei faktorane som kan ha påverka landskylda før ca. 1350. Eg vil likevel nytta samleomgrepet "gamal skyld" som eit nyttigt namn på alle skyldopp-

gåver som går lenger attende enn til midten av det 14. hundreåret. Variasjonar i den gamle skylda må i alle fall kunna haldast for å vera små i høve til det enorme fallet i landskylda som vi kjenner frå seinmellomalderen. Det er vanskeleg å tenkja seg grunnar for ei slik kriseaktig svinging i høgmellomalderen som vi finn i tida etter.

Når den store nedgangen sette inn, er enno ikkje klårlagd. J. Sandnes har lagt fram materiale frå Trøndelag, som for nokre eigedomar sitt vedkomande viser nedgang i landskylda før 1350[9]. Då dette kan vera eit lokalt fenomen, lyt vi venda oss til opplysningar frå meir nærliggjande bygdelag, om vi skal gå nærare inn på kva tid landskyldreduksjonen tok til å gjera seg gjeldande i Lindås skipreide.

DN XII nr. 91 frå 1340 kan vera til hjelp i så måte. Dette diplomet omtalar ein eigedom "Herfangsdalir", noverande g.nr. 26 Hærfendal ved Vaksdal i Bruvik sokn[10]. Denne garden var på 5 månadsmats leiger og hadde i 1340 lege øyde i 10 år. Det vart då inngått ein avtale mellom den nye leigaren, Einar Einarsson, og abbeden i Munkeliv om at Einar skulle rydda eigedomen, byggja hus på han og halda husa ved like. Til vederlag skulle han og arvingane hans overta eigedomsretten til halve garden. Første året skulle dei betala 3 laupar smør i landskyld til Munkeliv kloster. Seinare skulle dei betala det som skylda vart taksert til av "skjønnsomme" menn. Eigedomen skulle så vekse "... for begge til landskyld og for kongen til leidang".

I Munkeliv si jordebok frå 1427[11] er den gamle landskylda til Hærfendal oppgjeven til 3 m.m.bol. Skylda har såleis venteleg ikkje stigeetter 1340. I realiteten har den nye leigaren fått redusert landskylda frå 5 til 3 m.m.bol eller med 40%.

Vi har ingen tilsvarande diplom frå Lindås skipreide. Det kan likevel vera freistande å samanlikna diplomet ovanfor med opplysningane om g.nr. 114 Veråas. Denne garden er første gongen nemnd i eit diplom frå 1285[12]. Der er landskylda oppgjeven til 3 månadsmatsbol. I Munkelivjordeboka frå 1427 er skylda sett til 2 1/2 m.m.bol. Etter den framgansmåten eg har nytta, skulle begge desse belegga verta rekna for gamal

skyld. Vi ser likevel at skylda i 1427-oppgåva er redusert med 16,6% Er dette eit uttrykk for ei normal svinging i landskylda i høgmellomalderen, eller er det eit byrjande kriseteikn frå før 1350?

Ein variasjon i landskylda på ein einskild namnegard som ikkje er større enn den vi fann for Veås sitt vedkomande, kan sjølvsagt vera reint tilfeldig. Kan henda er det ikkje noko anna enn ein rein avskrivningsfeil. Ei slik forklaring er det mykje vanskelegare å leggja til grunn når det gjeld opplysningane om redusert skyld for to av namnegardane i Lindås skipreide som er med i BK. Her er det tale om ein kraftig landskyldnedgang. Om g.nr. 80 Dragøy står det i BK[13] "Item j.lygru soknn j. dragøy varo tuæir oc er nu æinn." G.nr. 112 Hellestveit er omtala slik: "Itm. af hællis þvæitt oll iord fiorer en nu er eighi mæire en æitt manadamatar bol."[14] Dragøy var det presten på Hosanger som åtte, Hellestveit høyrde etter alt å døma til presten på Lindås. Det siste veit vi ikkje sikkert, avdi dei føregåande foliosidene i BK har kome bort.

Når har så landskyldnedgangen på desse gardane gått føre seg? Finn Hodnebø hevdar i ein artikkel om BK i KLNM at jordeboka har vorte til kring 1360, men at ho byggjer på eldre førelegg. Han skriv at dette "... kan bl.a. ses av de forholdsvis mange misforståelser i teksten, som bare kan skyldes avskrivningsfeil." Det er såleis mogeleg at i alle fall den høgaste skylda for Dragøy og Hellestveit viser attende til desse eldre listene. Det er vanskelegare å avgjera om det same er tilfelle med den reduserte skylda. Dersom svartedauen var ein utløysande faktor for landskyldnedgangen, kan ein tenkja seg at den reduserte skylda vart ført til kring 1360. Ein ser likevel at t.d. Munkeliv freistar å halda på den gamle skylda lenge etter at krisa må ha sett inn for fullt. Jordeboka til Munkeliv frå 1427 har såleis berre gamal skyld oppført. Kanskje har klosteret trudd at krisa ville gli over og tilhøva venda attende til det normale. Den formelle nedskrivinga til Munkeliv møter vi først i jordeboka frå 1463[15]. Eg trur difor ikkje at vi sikkert kan seia at nedskrivingane i BK har kome til etter ca. 1350. Dei kan ha kome i god tid før midten

av hundreåret, men først verta fest til papiret på 1360-talet.

Ein må likevel sterkt understreka at vi eigentleg ikkje veit noko sikkert om dette. Av landskyldoppgåvane for desse to namnegardane kan vi ikkje desto mindre trekkja to tollegg sikre konklusjonar. For det første kan vi slå fast at omgrepet "gamal skyld" heller ikkje er eintydig når vi har med oppgåvene i BK å gjera. For det andre har landskylda byrja å falla nokså kort tid etter 1350 for ein del namnegardar sitt vedkomande, om ikkje nedgangen alt har settinn før denne tida.

I alt har vi såleis tre namnegardar frå Lindås skipreide der landskylda ser ut til å ha vorte sett ned i kjelder som vi har rekna som uttrykk for den gamle skylda. Nedanfor ser vi utviklinga av landskylda til desse namnegardane fram til og med 1610.

Tab. 3,1.

Namn	Eigar	"Gamal"skyld	"Ny" skyld
114 Verås	Munkeliv	3(1295) 2½(1427)	1/3(1463) 1(1567) 1(1590) 1½(1610)
82 Dragøy	Hosanger prestebol	2(BK) 1(BK)	½(1590) ½(1610)
122 Helles-tveit	Lindås prestebol	4(BK) 1(BK)	½(1590) ½(1610)

G.nr. 114 Verås låg ikkje øyde kring 1520. Landskylda til denne garden viser ein jamn nedgåande tendens fram til 1463. Etter denne tid viser skylda så ei svak stigning att fram mot midten av 1500-talet og utetter.

Når det gjeld dei to andre namnegardane, g.nr. 82 Dragøy og g.nr. 122 Hellestveit, er den reduserte skylda i BK berre ein lekk i ein nedgang som stoggar på ½ laup smør i 1590 og 1610. I mellomtida har begge gardane lege øyde ei tid.

Av opplysningane om g.nr. 114 Verås, g.nr. 82 Dragøy og g.nr. 122 Hellestveit ser det ut som ein landskyldreduksjon kan ha tatt til å gjera seg gjeldande i alle fall så tidleg som kring midten av 1300-talet. Denne nedgangen høver godt som ein første kime til den nedgangen landskylda til desse gardane vart utsett for seinare på 1400-talet og 1500-talet. Når ein i til-

legg veit at desse tre namnegardane ikkje ligg utsette til for naturkatastrofer som flaum eller ras, og at det heller ikkje kan vera tale om utskiljingar av nye gardar frå gardsvaldet deira,[16] er det freistande å sjå dette som ein indikasjon på at det alt i denne tida var andre årsaker som pressa heile landskyldnivået nedover.

Vi har ovanfor meint å kunna visa at landskyldfallet for somme namnegardar tok til relativt tidleg i Lindås skipreide. Vi skal no sjå på tendensen i utviklinga. Når nådde landskylda lågaste punktet? Tok ho til å stiga att seinare?

Dei einaste namnegardane i Lindås skipreide som har landskyldoppgåver frå 1400-talet, er dei som i mellomalderen høyrde til Munkeliv kloster. Den reduserte skylda til dei fleste andre gardane får vi først greie på frå midten av 1500-talet og utetter. Det er difor Munkeliv sine eigedomar vi må venda oss til for eventuelt å finna lågare landskyldnivå enn på 1500-talet.

Ovanfor var vi inne på at g.nr. 114 Verås hadde mykje mindre skyld i 1463 enn i 1567 og 1591. I tab. 3,2 har eg sett denne namnegarden opp sammen med fem andre som og har oppgjeve skyld i jordeboka frå 1463.

Tab. 3,2[17] Landskyld fram til 1610 for nokre Munkelivgardar.

Namn	"Gamal" skyld	"Ny" skyld 1463	1567	1591	1610
86 Ones	?	2	1 ½	1 ½	1 ¾
104 Haukås	?	½	1	1	1 ½
105 Holmås	3	¼	¾	¾	1
107 Kolås	10	1	2	2	3
114 Verås	3(2 ½)	⅓	1	1	1 ½
117 Rossnes	3	½	(manglar)	1	1 ½

Landskylda til dei andre namnegardane følgjer i hovudsak same utviklinga som landskylda til Verås. Einaste unntaket er g.nr. 86 Ones, som har litt høgare skyld i 1463 enn på 1500-talet. Alle dei andre har ei landskyld i 1463 som ligg mellom ein tredjedel og halvparten av skylda på same garden i 1567. Sjølv om vi ikkje veit kor representative desse 6 namne-

gardane er, er dette resultatet likevel eit sterkt indisium på at landskylda i Lindås skipreide kan ha nådt det lågaste lægjet sitt ein gong på 1400-talet, og at ho deretter har stige noko fram mot midten av 1500-talet.

Dette resultatet kan gje oss eit betre perspektiv på landskyldutviklinga når vi no skal sjå på alle namnegardane med gamal skyld under eitt. Resultata frå dei av desse namnegardane som låg øyde kring 1520, er sette opp nedanfor i tab. 3.4. Dei namnegardane som ikkje låg øyde på denne tida, er å finna i tab. 3.5.

Oppgåvene over landskylda på 1500-talet er bygde på betalinga av leidangsskatten i 1567, 1590 og 1610. Det er i hovudsak to grunnar til at eg har nytta desse oppgåvene over ny skyld framfor den skylda vi møter i dei ulike jordeigarane sine jordebøker frå 1500-talet. For det første gjev den framgangsmåten eg har valt betre høve til å kontrollera landskyldutviklinga over tid. Dessutan er skylda i eigarane sine jordebøker ofte oppgjeve både i smør og i andre landskyldvarer. Då verdetilhøvet mellom desse varene endrar seg sterkt mot slutten av 1500-talet, er det ikkje godt å vita kva verdetilhøve som til ei kvar tid har vorte lagt til grunn[18]. Dette gjer det vanskeleg å rekna ut den samla landskylda til ein gard som t.d. har både smør- og kornskyld. Om ein nyttar leidangen som utgangspunkt, slepp ein å ta stilling til dette problemet.

Heilt problemfri er likevel ikkje utrekninga av landskylda etter leidangen heller. Før eg går over til å sjå på tab. 3,4 og 3,5, vil eg difor drøfta desse problema litt nærare.

A. Steinnes har vist at leidangen var rekna ut etter tilhøvet 1 : 6 mellom leidang og landskyld[19]. I den kongelege jordeboka frå Nordhordland og Voss av 1624 er det oppgjeve i detalj kor mykje leidang det skulle gå av dei ulike landskyldvarene[20].

Nokre av landskyldutrekningane er det mogeleg å kontrollera med den verkelege landskylda. Det gjeld somme av namnegardane i jordebøkene frå 1590 og 1610. Desse namnegardane, i alt 57 i 1590 og 44 i 1610, har landskylda omrekna i smør ført opp i margen til venstre for landskyld og leidangsoppgåvene[21].

Ei samanlikning viser at det i 1590 er fullt samsvar mellom landskylda, utrekna etter leidangen og landskylda oppgjeven i smør, for alle dei 57 namnegardane i Lindås skipreide vi har høve til å kontrollera. I 1610 er det fullt samsvar mellom dei to utrekningsmåtane for 37 av 44 namnegardar. 7 namnegardar viser ein liten skilnad. Kor stor denne er, går fram av tab. 3,3 nedanfor.

Tab. 3,3. Skilnad mellom smørskyld og landskyld etter leidang 1610. (Skyld i lauper smør).

Namn	Smørskyld	Landskyld etter leidangen	Skilnad i høve til smørskyld
40 Hodneland	1	1 1/2	+ 1/2
45 Sletten	1/2	3/4	+ 1/4
53 Grimstad	2 1/2	2 3/4	+ 1/4
94 Nedre Skodvin	1	1 1/12	+ 1/12
95 Refsdal	1	1 1/2	+ 1/2
111 Skårnes	1/2	3/4	+ 1/4
147 Kvalvåg	1 1/2	1 3/4	+ 1/4

Alle desse namnegardane har frå 1/4 til 1/2 laup smør meir i skyld etter omrekninga frå leidangen enn kva som er oppgjeve i sjølve den kongelege jordeboka. Dette er i seg sjølv ikkje så svært store avvik. Når ein tek omsyn til at omlag 5 ganger så mange namnegardar har ei heilt identisk skyld, vert avviket så lite at ein må kunna nytta leidangen som grunnlag for utrekning av landskyld også i 1610.

Landskyldoppgåvene omrekna etter leidangen i 1567 har vi diverre ikkje høve til å kontrollera. Eg trur likevel at også desse må vera svært korrekte. Ein indikasjon på dette er at alle namnegardane som vart kontrollerte i 1590, hadde fullt samsvar. Alle avvik i 1610 gjekk dessutan oppover. Dette kan tyda på at tilhøva då låg betre til rette for å pressa leidangen opp i høve til landskylda, og at leidangen i så fall var i ferd med skilja seg frå det gamle samhøvet. Leidangen i 1567 skulle

då kunna samsvara like godt med den røynlege landskylda som leidangen i 1591.

Ein indikasjon på dette er at av seks namnegardar som høyrde til Vincens Lunge og som ikkje låg øyde kring 1520 hadde fem gardar den same landskylda i 1535 som i 1567. Som vi ser av tab. 3,5 var skilnaden på den sjette, g.nr. 38 Hodne, svært liten.

Frå 1624 har vi enno ei kongeleg jordebok med oppgåver over leidangen. I tab. 3,3 og 3,4 har eg ikkje gått lenger enn til den kongelege jordeboka frå 1610. Dette har eg gjort då utrekninga av landskylda i 1624 ser ut til å verta noko meir usikker enn for dei andre kongelege jordebøkene sitt vedkomande. Ein del av leidangsytingane i 1624 er oppgjeve i pengar. Det gjeld i alt 15 namnegardar. Pengeytingar har vi også i 1567, 1590 og 1610.

Då er dei ikkje noko problem. I 1567 gjeld framleis det gamle samhøvet 12 sk. = 1 laup smør. 2 sk. i leidang gjev såleis ei landskyld på 1 laup smør. I 1590 og 1610 har dette samhøvet endra seg slik at 1 laup smør er sett lik med 16 sk. Garden Monslaup som på 1500- og byrjinga av 1600-talet hadde ei landskyld på 1 laup smør, får difor i 1590 ein leidang på 8 album (2sk. og 2 alb.). I 1567 var leidangen 2 sk.

Når eg nyttar samhøvet frå 1590 og 1610, 2 sk. og 2 alb. i leidang gjev 1 laup smør i landskyld, ved utrekning av landskylda etter jordeboka av 1624, verkar derimot tala heilt urimelege. Alle namnegardar med pengar i leidangen gjer då eit stort sprang oppover i høve til den landskylda dei har hatt tidlegare. G.nr. 83 Spjotøy aukar såleis skylda si frå 1/4 laup i 1610-11 til ein heil laup i 1624. I følgje garnisonsskattelista frå 1626 er skylda på denne garden då 1/3 laup. Forklåringa må vera at pengeverdet kring 1624 har gått enno meir ned. Diverre er det i sjølve jordeboka ingen opplysningar som gjev grunnlag for å rekna ut rette tilhøvet. I motsetning til dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 er oppgifter over smørskylda ikkje med i denne jordeboka.

Etter å ha slått fast at skyldoppgåvene frå 1567, 1590 og 1610 verkar pålitelige, kan vi venda attende til tabellene 3,4 og 3,5. Først må eg likevel kommentera framgangsmåten eg

nytta då eg sette dei opp.

I dei tilfella der ein namnegard manglar i ei av dei kongelege jordebøkene uten at det er grunn til å tru at han har lege øyde på denne tida, har eg lagt landskylda frå næraste lista før eller etter til grunn. Kva namnegardar dette gjeld, vil gå fram av tabellen. Skylda er då sett i parentes utan nedgangsprosent etter.

Eg har gjort dette for å kunna samanlikna den totale landskylda i dei ulike listene. Sjølv om det er svært få gardar dette gjeld, må vi vera merksame på at dette kan føra til mindre feil i den samla skylda for dei ulike listene.

Ein annan ting er at eg heile tida har lagt betaling av landskyld til grunn for å ta med ein namnegard i desse tabellane. Dette fører t.d. til at Lurekalven også er å finna der, trass i at denne høgmellomaldergarden har lege folketom frå ein gong på 1300-talet og fram til i dag. Landskylda for denne garden vart betalt av oppsitjarane på grannegarden Utluro, som brukte Lurekalven som beite. Grunnen til at eg har gjort dette, er at eg også vil sjå på den totale nedgangen i landskylda, slik den må ha sett ut frå jordeigarane sin synsstad.

Tabellane nedanfor vil eg nytta til å analysera den nye skylda frå midten av 15- og byrjinga av 1600-talet i høve til den gamle landskylda. Ettersom mange av namnegardane med gamal skyld låg øyde i seinmellomalderen utan å yta landskyld til eigarane[22], vil eg skilja mellom den nye skylda i prosent av den gamle a) for namnegardar som låg øyde kring 1520 og b) for namnegardar som var busette kring 1520. På grunn av at somme av øydegardane framleis var utan skyld i heile perioden 1567-1610, vil eg så analysera landskyldfallet på øydegardar c) ut frå den totale nyeskylda i prosent av heile den gamle landskylda for alle øydegardar med gamal skyld og d) ut frå den nye skylda i prosent av den gamle skylda berre til dei namnegardane som var busette og som betalte skyld i tida 1567-1610. c) vil då tilsvara landskyldnedgangen for øydegardane sett frå eigarane sin synsstad medan d) vil tilsvara landskyldnedgangen for øydegardane sett frå leiglendingane sin synsstad. Før vi går over til tabellane kan det og vera nyttig å streka under at dei berre gjev den

Tab. 3,4. Landskyldutviklinga for namnegardar som ikkje var busette ca. 1520.

Prosenttala gjeld den nye skylda i % av den gamle.

Namn	Eigar	Gamal skyld: Nedteikna år:		Gamal skyld: I jordebok år:	Ny skyld: Etter leidangen 1567	1590	1610
40 Hodneland	Vincens lunge	1535	5	1535 —	-	1 (20%)	1 1/2 (30%)
42 Sævrås	"	"	5	2) 3/4 (15%)	3/4 (15%)	1 (20%)	1 (20%)
112 Finnesbø	"	"	2	3/4 (37,5%)	-	1/2 (25%)	1/2 (25%)
115 Kårdal	"	"	3	1/2 (16,6%)	-	1/2 (16,6%)	1) mangler
128 Leirvåg	"	"	4	Under same leige som Fonnes	1 1/4 (31,2%)	3/4 (18,8%)	1 1/3 (33,5%)
80 Dragøy	Lokale kyrkjer	BK ca.1360	2(1)		-	1/2 (25%)	1/2 (25%)
122 Hellestveit	"	"	4(1)		-	1/2 (12,5%)	1/2 (12,5%)
124 Kjeilegavlen	"	"	5		-	-	-
162 Børillen	"	"	2		3/4 (37,5%)	3/4 (37,5%)	3/4 (37,5%)
Lurekalven	"	"	4		- -	1 (25%)	1 (25%)
Ikornåsen	"	"	1 1/2		-	-	-
105 Holmås	3)	BK ca.1360	3		3/4 (25%)	3/4 (25%)	1 (33,3%)
113 Sjurset	Munke-liv	1295, 1427	3		1 (33,3%)	1 (33,3%)	1 1/2 (50%)
13 namnegardar			43 1/2		4 1/2 (10,3%)	8 1/4 (19%)	9 7/12 1) (22,1%)

1) Når skyld ikkje er ført opp på ein namnegard i 1567, 1590 eller 1610 er det avdi denne garden då framleis ligg øyde. Grunnen til at g.nr. 115 Kårdal manglar i 1610 er derimot truleg at han er utegløymd i lista ved ein feil. I den samla skylda i 1610 er difor Kårdal oppført med same skylda som i 1590.

2) I følgje NRJ IV s.476, note 1 er opplysningane om g.nr. 112 Finnesbø og 115 Kårdal "Tilskrevet med anden Haand og Blæk, omtr. samtidigt." Om g.nr. 42 Sævrås heitar det på s. 479, note 2 at oppgåvane over ny skyld er "Tilskrevet senere, tildels over Radering."

3) I følgje BK høyrde g.nr. 105 Holmås til Lygre kyrkje, men vi finn garden att i jordeboka til Munkeliv frå 1591. Seinare har han høyrd til Munkelivgodset.

Tab. 3,5. Landskyldutvikling for namnegardar som var busette kring 1520.

Prosenttala gjeld den nye skylda i % av den gamle.

Namn	Eigar	Gamal skyld: Nedteikna år:		Ny skyld: I jordebok år:		Ny skyld: Etter leidangen 1567	Ny skyld: Etter leidangen 1590	Ny skyld: Etter leidangen 1610
38 Hodne	Vincens lunge	1535	12	1535	3 (25%)	2 3/4 (23%)	3 (25%)	3(25%)
39 Hodnekvam	"	"	8	"	1 1/2 (18,7%)	1 1/2 (18,7%)	1 1/2 (18,7%)	2 (25%)
43 Natås	"	"	5	"	1 1/2 (30%)	1 1/2 (30%)	1 1/2 (30%)	1 1/2 (30%)
123 Risa	"	"	11	"	3 (27,3%)	3 (27,3%)	3 (27,3%)	2 1/2 (22,8%)
127 Mongstad	"	"	6	"	1 (16,7%)	1 (16,7%)	1 1/2 (25%)	1 1/2 (25%)
131 Fonnes	"	"	10	"	4 [1]	3 (30%)	3 (30%)	3 1/2 (35%)
84 Kvalvågsnes	lokale kyrkjer	BK ca.1360	3			1 (33,3%)	1 (33,3%)	1 (33,3%)
92 Træland	"	"	4			1 3/4 (43,6%)	1 3/4 (43,6%)	1 3/4 (43,6%)
97 Løtveit	"	"	4			1 (25%)	1 (25%)	[2] mangler
142 Sætre	"	"	6			2 (33,3%)	2 (33,3%)	2 (33,3%)
157 Bergsvik	"	"	6			1 1/2 (25%)	1 1/2 (25%)	1 3/4 (29,2%
164 Krossøy	"	"	2			3/4 (37,5%)	3/4 (37,5%)	3/4 (37,5)
107 Kolås	Munke-liv	1427	10	1463	1 (10%)	2 (20%)	2 (20%)	3 (30%)
114 Verås	"	1295,1427	3(2 1/2)	"	1/3 (11%)	1 (33,3%)	1 (33,3%)	1 1/2 (50%)
117 Rossnes	"	1427	3	"	1/2 (16,7%)	[2] manglar	1 (33,3%)	1 1/2 (50%)
135 Bakka	"	"	5		-	1 (20%)	1 (20%)	1 1/4 (25%)
56 Hundvin	sentral kyrkjer	BK ca.1360	15			5 1/4 (35%)	5 1/2 (36,7%)	4 1/2 (30%)
126 Hope	"	AB ca.1430	16	AB 1430	ca.4 (25%)	3 1/2 (22%)	3 1/2 (22%)	3 1/2 (22%)
18 namnegardar			129			34 1/2 (26,7%)	35 1/2 (27,5%)	37 1/2 (29,1%)

1) G.nr. 128 Leirvåg er her medrekna i same leiga.
2) Ettersom g.nr. 97 Løtveit og g.nr. 117 ser ut til å vera utekte i listene ved ein feil har eg rekna eit rimeleg tillegg (like stort som skylda i 1590) til den samla landskylda i 1567 og 1610.

nominelle landskylda. Den reelle leiga, som og måtte ha teke med ekstra avgifter som t.d. førstebygsel og tredjeårstake, har vi diverre ikkje materiale til å avgjere storleiken på.

Om vi summerar tabellane ovanfor, får vi eit oversyn over den totale nye landskylda i høve til den gamle for alle dei 31 namnegardane vi har oppgjeve heile den gamle skylda for.

Tab. 3,6. Ny landskyld i prosent av gamal skyld for alle namnegardar med gamal skyld.

	m.m.bol/ laupar	Ny skyld i % av gamal
Gamal skyld	172 ½	
Ny skyld 1567	39	22,6%
" " 1590	43 ¾	25,4%
" " 1610	47 ½	27,3%

Ein ser at landskylda av desse eigedomane i siste delen av 1500-talet berre var omlag ¼ av den gamle skylda. Stigninga mellom 1567 og 1610 syner likevel at landskylda på denne tida enno ikkje heilt hadde stabilisert seg.

Litt av forklåringa på denne skilnaden er at landskyldutviklinga i tab. 3,6 er sett frå jordeigarane sin synsstad. Både øydegardar og gardar som ikkje låg øyde er tekne med. Særleg i 1567 var mange gardar enno utan busetnad. Desse vart det til vanleg ikkje betalt noko landskyld av. Den samla skylda på dei 31 namnegardane gjekk opp frå 39 laupar smør i 1567 til 47 ½ laupar i 1610. Dette er mellom anna ein følgje av at det i denne tida vart attrydda fleire øydegardar, som på ny tok til å gje avkastning til eigarane. Av tab. 3,4 ser vi at 8 av øydegardane frå kring 1520 framleis var utan landskyld i 1567. I 1610 var det berre 2.

Attrydding av øydegardar er likevel ikkje heile forklåringa på oppgangen i samla landskyld i denne tida. Det vil vi sjå om vi analyserer landskyldnedgangen til øydegardar - ikkje øydegardar kvar for seg.

Tab. 3,7 nedanfor viser landskyldnedgangen til dei namnegardane som var med i skattelistene kring 1520. Då ingen av

desse gardane manglar skyld i nokon av dei kongelege jordebøkene [23], vil reduksjonen vera den same både for eigarane og leigarane.

Tab. 3,7. Ny landskyld i prosent av gamal skyld for 18 namnegardar som ikkje låg øyde kring 1520.

	Gamal skyld	Ny skyld	Ny skyld i % av gamal
1567	129	34 ½	26,7%
1590	"	35 ½	27,5%
1610	"	37 ½	29,1%

Den nye skylda for namnegardane som ikkje låg øyde var i 1567 26,7% og i 1610 29,1% av den gamle skylda. Også her er det ei stigning i landskylda frå slutten av 1500-talet, men denne er på langt nær så markert som i tab. 3,6 der skylda for alle namnegardar med gamal landskyld auka frå 22,6% av gamal skyld i 1567 til 27,3% i 1610. Likevel viser denne moderate oppgangen at rydding av øydegardar ikkje er heile forklåringa på at den samla landskylda auka mellom 1567 og 1610. Frå 1567 til 1610 har det vore ein reell auke i landskyldnivået for namnegardar med gamal skyld.

Når det gjeld øydegardane, vil ein på grunn av den lange øydetida for somme av dei, få ulik landskyldnedgang for eigarar og leigarar. Eigarane måtte og bera tapet av dei gardane som var utan landskyld.

Tab. 3,8 og 3,9 viser difor landskylda på øydegardane frå desse to ulike synsvinklane. Tab. 3,8 er ei oversikt over den nye skylda i prosent av den gamle landskyldnedgangen for alle gardane i denne gruppa. Slik må jordeigarane ha sett landskyldreduksjonen. Tab. 3,9 viser derimot utviklinga av landskylda på dei namnegardane som til kvar tid var i drift. Då vert dei gardane eliminerte som var heilt utan landskyld. Slik har leiglendingane på desse tidlegare øydegardane merka landskyldreduksjonen.

Tab. 3,8. Ny landskyld i prosent av gamal skyld for 13 namnegardar som låg øyde kring 1520. (Sett frå eigaren sin synsstad utan omsyn til om garden var attrydda i 1567, 1590 eller 1610.)

	Tal på attrydda gardar	Gamal skyld	Ny skyld	Ny skyld i % av gamal
1567	5	43 1/2	4 1/2	10,3%
1590	11	"	8 1/4	19%
1610	11	"	9 7/12	22,1%

Tab. 3,9. Ny landskyld i prosent av gamal skyld for namnegardar som låg øyde kring 1520, men som var busette att i det året den nye skylda gjeld for[24]. (Landskyldreduksjonen sett frå leigarane sin synsstad).

	Tal på attrydda gardar	Gamal skyld for dei attrydda namnegardane	Ny skyld	Ny skyld i % av gamal
1567	5	17	4 1/2	20,6%
1590	10	33	7 1/4	22%
1610	10	33	8 7/12	26%

Av tabellane går det fram at den samla landskylda for øydegardane var 10,3% av høgmellomalderskylda i 1567, 19% i 1590 og 22,1% i 1610 (tab. 3,8). På dei tidlegare øydegardane det til kvar tid vart svara skyld av, var den nye landskylda noko høgare, 20,6%, 22% og 26% (tab. 3,9). Som tab 3,10 og 3,11 nedanfor viser, er det likevel ein klår skilnad mellom denne gruppa og dei namnegardane som ikkje låg øyde i seinmellomalderen.

Tab. 3,10. Oversyn over ny skyld i prosent av gamal for alle namnegardar som det i vedkomande år vart betalt landskyld av[25]. (Sett frå leigarane sin synsstad).

	Øydegardar 1520	Gardar som ikkje låg øyde 1520
1567	20,6%	26,7%
1590	22%	27,5%
1610	26%	29,1%

Tab. 3,11. Oversyn over ny skyld i prosent av gamal for alle namnegardar med gamal skyld (Sett frå eigarane sin synsstad).

	Øydegardar 1520	Gardar som ikkje låg øyde 1520
1567	10,3%	26,7%
1590	19%	27,5%
1610	22,1%	29,1%

Medan leiglendingane i 1567 i medelen betalte i overkant av 1/4 av den gamle skylda for å leiga ein gard som ikkje låg øyde kring 1520, slapp dei med omlag 1/5 av den gamle skyld for ein tidlegare øydegard. I 1590 og 1610 har leiga både for øydegardar og ikkje-øydegardar stige noko. Trass i at stigninga er størst for øydegardane sitt vedkomande, er det likevel ein klår skilnad mellom dei to gruppene.

Når det gjeld jordeigarane som hadde eigedomar i Lindås skipreide, fekk dei i 1567 berre 1/10 av dei gamle inntektene av den delen av godset som vart lagt øyde i seinmellomalderen. Den delen av eigedomane som ikkje vart nedlagte, ytte derimot i overkant av 1/4 av den gamle skylda. Etter kvart som dei fleste øydegardane på ny vart skyldsette, jamna skilnaden mellom øydegardar og ikkje-øydegardar seg noko ut. Skilnaden er likevel klår enno i 1610 då øydegardane har 22,1% av den gamle skylda og dei andre 29,1%. Ein må såleis kunna slå fast at den nye

skylda både for godseigarane og leiglendingane var relativt sterkare redusert for øydegardar enn for ikkje-øydegardar.

Med det materiale vi har til rådvelde, bør vi likevel ikkje overdriva denne skilnaden. Om vi granskar kvar av dei namnegardane som er med i tabellane 3,4 og 3,5, vil vi merkja oss at det er store individuelle variasjonar i landskyldfallet på somme av dei. Ein kan tenkja seg at dette lett vil kunna påverka dei utrekna gjennomsnittstala når utvalet av namnegardar er så lite som for Lindås skipreide sitt vedkomande.

Som vi såg av drøftinga av den nye skylda i 1590 i kapittel 1[26], har den individuelle nedgangen i gruppene øydegardar - ikkje-øydegardar same tendensen som gjennomsnittet. Største fallet i landskylda til øydegardane låg såleis langt over den største nedgangen for dei andre namnegardane sitt vedkomande. Om vi såleis ikkje har grunnlag for å oppfatta prosentsatsane som absolutte, skulle det likevel ikkje vera noko i vegen for å sjå på dei som relativt pålitelige tendensar i tilhøvet mellom gruppene.

Etter dette skal eg gå over til å sjå litt nærare på korleis landskyldfallet slo ut på dei ulike eigargruppene, og om storleiken på den gamle skylda viser noko samanfall med reduksjonen i skyld.

Nedanfor har eg delt namnegardane med gamal skyld inn i 4 ulike grupper, etter kor høg landskyld dei hadde i høgmellomalderen. For å få fram ein eventuell samanhang med bruksdelinga følgjer inndelinga i hovudsak den sannsynlege bruksstorleiken som eg i første kapitlet rekna meg fram til for Lindås skipreide[27]. Den verka det rimeleg å setja til noko i underkant av 4 månadsmatsbol. Til den første gruppa har eg difor rekna 11 namnegardar med ei gamal skyld på mellom 1 ½ og 3 m.m. bol. Deretter følgjer ei gruppe på 13 namnegardar som har frå 4 til 6 m.m. bol i gamal skyld.

I heile Lindås skipreide er det berre g.nr. 39 Hodnekvam som i høgmellomalderen hadde mellom 6 og 10 månadsmatsbol i gamal skyld. Denne garden, som er på 8 m.m. bol og som kan ha tilsvara ein 2- eller 3-bölt gard, har eg valt å setja opp for seg sjølv. Til sist har eg laga ei eiga gruppe for dei namne-

gardane som hadde ei gamal skyld på meir enn 10 m.m.bol. Desse fire gruppene skulle nokolunde svara til namnegardar som var oppdelte i ein, to, tre og fire eller fleire bruk.

Tab. 3,12 nedanfor syner det totale landskyldfallet for namnegardane i desse fire gruppene.

Tab. 3,12. Ny skyld i prosent av gamal etter storleiken på den gamle skylda.

	Tal på gardar	Gamal skyld	Ny skyld 1567	I %	1590	I %	1610	I %
0- 3 m.b.b.	11	27 1/2	6 1/4	22,7%	7 3/4	28,2%	9 1/4	33,6%
4- 6 " " "	13	63	11 3/4	18,7%	13 1/2	21,4%	14 1/2	23,1%
8 " " "	1	8	1 1/2	18,7%	1 1/2	18,7%	2	25%
10-16 " " "	6	74	19 1/2	26,4%	20	27%	20	27%

Vi ser av tabellen at skilnaden mellom dei tre første gruppene ikkje er så svært stor i 1567. Dei gardane som då skil seg ut er dei på10 m.m.bol eller meir. Desse har ei klårt høgare landskyld i høve til skylda i høgmellomalderen enn dei andre.

Denne gruppa inneheld då heller ingen øydegardar. Det gjer derimot dei to første gruppene. At dette har hatt mykje å seia for skylda i 1567 ser vi av prosenttala i 1590 og 1610. Dei minste gardane på frå 1 1/2 til 3 m.m.bol har no fått ein sterk oppgang i skylda, samstundes som dei fleste gardane i dei to første klassane var attrydda. I 1590 og 1610 er det soleis dei minste gardane i tillegg til dei største som held seg best opp i høve til høgmellomalderskylda.

I tab. 3,13 er ingen av dei gardane som låg folketome og som ikkje svara landskyld medtekne.

Tab. 3,13. Ny skyld i prosent av gamal etter storleiken på den gamle skylda. 23 namnegardar som det vart betalt landskyld av 1567-1610.

	Tal på gardar	Gamal skyld	Ny skyld					
			1567	I %	1590	I %	1610	I %
0- 3 m.m.b.	7	19	6 1/4	32,9%	6 1/4	32,1%	7 3/4	41%
4- 6 " " "	9	45	11 3/4	26,1%	12	26,4%	13 1/12	30%
8 " " "	1	8	1 1/2	18,7%	1 1/2	18,7%	2	25%
10-16 " " "	6	74	19 1/2	26,4%	20	27%	20	27%

Det går då klårt fram at landskylda på namnegardane på mellom 1 1/2 og 3 m.m.bol heile tida har halde seg betre oppe enn skylda til dei andre gardane. Dei største namnegardane på 10 m.m.bol og meir som i tab. 3,12 også held seg godt oppe har derimot i tab. 3,13 om lag same landskyld i høve til høgmellomaldernivået som namnegardane i gruppe to.

Då dei minste namnegardane særleg ofte vart lagt øyde[28)], kan dette ha vore med å redusera skilnaden mellom dei minste og dei største gardane. For å få bort denne mogelege feilkjelda har eg i tab. 3,14 nedanfor sett opp berre dei namnegardane som ikkje låg øyde kring 1520. Alle desse vart det betalt landskyld av utetter heile 1500-talet.

Tab. 3,14. Ny landskyld i prosent av gamal etter storleiken på den gamle skylda. 18 namnegardar som er med i skattelistene kring 1520.

	Tal på gardar	Gamal skyld	Ny skyld					
			1567	I %	1590	I %	1610	I %
0- 3 m.m.b.	4	11	3 3/4	34,1%	3 3/4	34,1%	4 3/4	43,2%
4- 6 " " "	7	36	9 3/4	27,1%	10 1/4	28,5%	10 3/4	29,9%
8 " " "	1	8	1 1/2	18,7%	1 1/2	18,7%	2	25%
10-16 " " "	6	74	19 1/2	24,4%	20	27%	20	27%

Denne tabellen styrkjer berre det vi har hevda tidlegare. Skylda på dei namnegardane som ikkje låg øyde kring 1520 held seg betre oppe i høve til høgmellomalderskylda enn landskylda på dei større namnegardane. Ingen av dei andre gruppene skil seg ut med særleg høg eller låg landskyld, heller ikkje gruppa frå 10 m.m.bol og oppover.

Namnegardar på mellom 1 1/2 og 3 m.m.bol har vi tidlegare rekna som einbølte før krisa. Det var såleis gardane med berre eitt bruk i høgmellomalderen som på 1500-talet hadde minst reduksjon i den gamle landskylda. Ein av grunnane til dette kan vera at heile jordbruksarealet her vart halde i hevd dersom garden ikkje vart lagt øyde. Mange av dei fleirbølte namnegardane som ikkje vart lagt fullstendig folktome i seinmellomalderen kunne derimot godt ha fått redusert talet på bruk. Dette kunne føra til at dei brukarane som var att, ikkje makta å halda heile garden i hevd. Som eit resultat av ei slik partiell øydelegging ville det koma ein nedgang i verdien av eigedomen, noko som venteleg ville gje seg utslag i ein relativt sterkare reduksjon i landskylda til desse gardane.

I Lindås skipreide er den jorda som bøndene ikkje åtte sjølve, fordelt på fleire store jordeigarar. For ein del av eigedomane til nokre av desse eigarane har vi oppgjeve heile den gamle skylda. Det gjeld Vincens Lunge sitt jordegods (11 namnegardar), det lokalkyrkjelege godset (12 namnegardar), Munkeliv sine eigedomar (6 namnegardar) og ein del av det sentralkyrkjelege godset (2 namnegardar). På grunnlag av opplysningane om gamal og ny skyld på kvar gard i tab. 3,4 og 3,5 har eg nedanfor sett opp ein forenkla tabell for å sjå om det er nokon samanhang mellom fallet i landskyld og eigedomstilhøva.

Ovanfor viste vi at det truleg var eit visst samsvar mellom landskyldfallet og storleiken på den gamle skylda. Difor har eg og teke med ein rubrikk som syner medelstorleiken til gardane i dei ulike eigargruppene. Tabell 3,15 viser den nye landskylda i prosent av den gamle for alle namnegardane med gamal skyld.

Tab. 3,15. Ny landskyld i prosent av gamal for ulike eigargrupper.

Eigar	Gamal skyld			Ny skyld								
	Tal på gardar	Totalt	Medel pr.gard	Tal på gardar	1567	I %	Tal på gardar	1590	I %	Tal på gardar	1610	I %
Vincens Lunge	11	71	6,5	8	14 3/4	20,8	11	17 1/4	24,3	11	18 1/3	25,9
Lokal-kyrkje-leg gods	12	43 1/2	3,6	7	8 3/4	20,1	10	10 3/4	24,7	10	11	25,3
Munkeliv	6	27	4,5	6	6 3/4	25	6	6 3/4	25	6	9 3/4	37
Sentral-kyrkje-leg gods	2	31	15,5	2	8 3/4	28,2	2	9	28,4	2	8	25,8

Tab. 3,16. Ny landskyld i prosent av gamal for ulike eigargrupper. Øydegardar 1520.

Eigar	Gamal skyld			Ny skyld								
	Tal på gardar	Totalt	Pr.gard	Tal på gardar	1567	I %	Tal på gardar	1590	I %	Tal på gardar	1610	I %
Vincens lunge	5	19	3,8	2	2	10,5	5	3 3/4	19,7	5	4 1/3	25
Lokal-kyrkje-leg gods	6	18 1/2	3,1	1	3/4	4,1	4	2 3/4	14,3	4	2 3/4	14,3
Munkeliv	2	6	3	2	1 3/4	29,2	2	1 3/4	29,2	2	2 1/2	41,4
Sentral-kyrkje-leg gods	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-

Vi legg merke til at det sentralkyrkjelege godset i 1567 og 1590 har ein noko høgare prosent av den gamle skylda enn dei andre eigargruppene. Denne gruppa er den einaste som ikkje hadde gardar som låg øyde i seinmellomalderen. Dei to eigargruppene som har størst nedgang i 1567 og 1590 i høve til høgmellomalderen, hadde på denne tida fleire namnegardar som det framleis ikkje vart betalt landskyld av. Truleg er det dette som er årsaka til skilnaden mellom det sentralkyrkjelege godset og dei andre eigarane sine gardar på denne tida, ikkje at det sentralkyrkjelege godset generelt hadde minst fall i landskylda på dei gardane det vart betalt skyld av. I 1610 då dei fleste gardane på ny gjev avkasting til eigarane har denne skilnaden jamna seg ut.

I 1610 ser vi derimot at Munkeliv sine eigedomar har langt høgare landskyld enn det vi finn hjå dei andre eigarane. For å avgjera om dette er ein tilfeldig tendens, påverka enten av øydeprosenten eller av medelstorleiken til denne gruppa, eller om Munkeliv sitt gods verkeleg hadde ein mindre nedgang i skylda enn godset til dei andre jordeigarane, skal vi sjå nærare på tabellane 3,16 ovanfor og 3,17 nedanfor. Tab. 3,16 viser den nye landskylda isolert i prosent av den gamle for dei namnegardane som ikkje var med i skattelistene frå kring 1520, tab. 3,17 syner det same for dei namnegardane som klarte seg gjennom seinmellomalderen utan å liggja heilt folketome.

Tab. 3,17. Ny landskyld i prosent av gamal for ulike eigargrupper. Namnegardar som var busette ca. 1520.

Eigar	Gamal skyld		Ny skyld					
	Tal på gard.	Skyld pr. gard	1567	I %	1590	I %	1610	I %
Vincens Lunge	6	52 8,7	12 3/4	24,5	13 1/2	26	14	27
Lokal-kyrkje-leg gods	6	25 4,2	8	32	8	32	8 1/4	33
Munkeliv	4	21 5,3	5	23,8	5	23,8	7 1/4	34,5
Sentral-kyrkje-leg gods	2	31 15,5	8 3/4	28,2	9	28,4	8	25,8

Tab. 3,16 syner stor skilnad i landskyldfallet mellom dei ulike eigargruppene. Medelstorleiken til namnegardane er omlag den same hjå alle eigarane. Det kan såleis ikkje vera denne som påverkar det ujamne resultatet. Meir truleg er det at øydetida gjev eit svært varierande resultat frå gard til gard. Verdien av ein eigedom kan t.d. vera avhengig av om han har vore i drift som underbruk til ein annan namnegard i den tida han låg folketom. Om han ikkje har vore utnytta på nokon måte i seinmellomalderen, er det truleg at han vil tape seg særleg sterkt i høve til det verdet han hadde i høgmellomalderen. At Munkeliv også her har den desiderte høgaste landskylda i prosent av gamal skyld, treng såleis ikkje tilleggjast særleg vekt. Utrekninga for denne eigargruppa er her dessutan bygd på berre 2 namnegardar. Dette gjer resultatet enno meir usikkert.

Sikrare slutningar kan vi kanskje koma fram til ved å sjå på tab. 3,17. Ingen av dei namnegardane denne tabellen byggjer på, låg øyde kring 1520. Utrekningane er dessutan bygd på langt fleire namnegardar enn i den førre tabellen.

Av dei gardane som ikkje låg øyde, ser vi at det lokalkyrkjelege godset skil seg ut med høgaste skyld i høve til den gamle både i 1567, 1590 og 1610. I 1610 ser vi dessutan at Munkeliv har om lag den same relativt høge skylda.

Tab. 3,17 viser at begge desse eigargruppene har langt lågare medelskyld på namnegardane sine enn dei to andre jordeigarane. Særleg i det lokalkyrkjelege godset med ei medelskyld på 4,2 m.m.bol har det venteleg vore svært mange einbølte gardar. Det er derfor rimeleg å tolka det relativt moderate landskyldfallet i denne gruppa som eit resultat av den særeigne strukturen/til dei namnegardane/som høyrde til der. Som vi har vist ovanfor har dei einbølte gardane ein tendens til å halda seg nærare det gamle skyldnivået enn andre gardar.

Konklusjonen på denne gjennomgåinga må difor verta at det ikkje synest å vera nokon skilnad på landskyldfallet i dei ulike eigargruppene som ikkje kan forklarast ut frå den særeigne strukturen til namnegardane i kvar av desse gruppene. Ingen av dei ser ut til å ha eit generelt mindre landskyldfall enn nokon av dei andre.

Etter å ha arbeidt med landskyldnedgangen i seinmellomalderen har vi lagt merke til at skylda heller ikkje var stabil på 1500-talet. Av tabellane 3,4 og 3,5 såg vi at heile landskyldnivået endra seg frå 1567 til 1610. Dei 18 namnegardane med gamal skyld som ikkje låg øyde kring 1520 hadde i 1567 ei skyld på 34 ½ laupar smør. I 1610-11 var denne landskylda stige til 37 ½ laupar. Medan landskylda i 1567 var 26,7% av skylda i høgmellomalderen, var den tilsvarande prosenten i 1610 29,1.

Nedanfor skal vi prøva denne tendensen på eit litt større materiale. Tab. 3,18 viser landskyldutviklinga på i alt 67 namnegardar der vi har oppgåver over skyld i 1567, 1590 og 1610.

Tab. 3,18. Landskyldutvikling 1567 -1610.

År	Skyld laupar smør	Auke i høve til 1567	Auke i %
1567	115 11/48	-	-
1590	121 3/4	6 25/48	5,7%
1610	128 11/12	13 11/48	11,9%

For desse namnegardane sitt vedkomande er det ein klår auke i landskylda i denne perioden på nærare 12%. Om ein går kvar av desse gardane etter i saumane, viser det seg at 37 av dei auka landskylda si i denne perioden, 25 har same skylda i 1610 som i 1567, og 5 namnegardar har mindre landskyld i 1610 enn i 1567[29)]. Dette synest å styrka den hypotesen vi hadde etter å ha analysert namnegardane med gamal skyld.

Ei innvending mot å sjå på oppgangen som ein generell skyldauke ville vera om det viser seg at skyldauken i hovedsak var å finna på dei gardane som hadde lege øyde i seinmellomalderen. Etter kvart som desse kom i full hevd att, er det rimeleg at verdien deira og ville auka noko. Difor har eg setttopp tab. 3,19 nedanfor som viser om ein slik samanheng kan ettersporast i materialet frå Lindås skipreide. Namnegardane som ligg til grunn er dei same 67 som i tab. 3,18.

Tab. 3,19. Skyldauke 1567 - 1610 for øydegardar - ikkje øydegardar kring 1520.

	Auke i skylda	Same skyld	Nedgang i skyld
Øyde 1520	11	8	0
Ikkje øyde 1520	26	17	5

Det viser seg at namnegardar som ikkje låg øyde kring 1520 like gjerne aukar skylda si i andre halvdelen av 1500-talet som dei namnegardane som har lege øyde. Auken ser ut til å vera heilt uavhengig av kva stode gardane var i seinmellomalderen. Den auken som har funne stad mellom 1567 og 1610 må difor snarare omtalast som ein generell justering av landskyldnivået, trass i at han ikkje gjeld alle dei namnegardane vi har sett på.

Landskyldutviklinga mellom 1567 og 1610 var ovanfor basert på 67 namnegardar som vi har klåre oppgåver for i 1567, 1590 og 1610. Nokre namnegardar er grunna feil eller av andre årsaker, som t.d. skattefritak, ikkje med i nokre av desse jordebøkene. I tillegg vert det teke opp om lag 20 øydegardar i denne perioden. Desse er då berre med i listene frå 1591 eller 1610-11.

Dei 67 namnegardane vi såg nærare på ovanfor gjev nok eit nokolunde rett bilete av landskyldutviklinga for dei gardane som var busette kring 1567. Om vi derimot skal få fram den samla landskyldauken fram til 1610-11, må vi trekkja inn alle namnegardane vi har landskyldoppgåver frå i denne tida.

Nedanfor har eg sett opp ein tabell som syner denne utviklinga. Når det gjeld namnegardar som heilt tydeleg er uteletne ved feil eller andre årsaker i ei av listene, har eg nytta landskyldoppgåva frå den førre kongelege jordeboka, for at tala i alle fall ikkje skal verta for høge. I dei få tilfella der dette ikkje er råd, har eg brukt tala frå den neste jordeboka.

Landskylda til Lurekalven, Biskopsnes og Tviberøy har eg halde utanfor, då vi med tollegg stor visse kan seia at ingen av desse høgmellomaldergardane vart busette att etter

den store øydetida i seinmellomalderen[30]. Utanom desse er landskylda teken med sjølv om eg har vore i tvil om namnegarden var busett på den aktuelle tida. I tvilstilfelle kan det i høgda vera snakk om feildateringar av busetjinga på nokre få tiår.

Tab. 3,20. Total landskyldutvikling 1567 - 1610-11.

År	Tal på n.gard	Skyld i laupar	Auke i høve til 1567	Auke i høve til 1567 i %
1567	78	144 41/48	0	
1591	94	160 1/2	15 31/48	10,8%
1610-11	96	170 11/12	36 1/16	24,9%

Den samla auken vert då kring 25%, dobbelt så høg som auken mellom dei namnegardane som var skyldsette frå 1567 og utover. Den sterkare auken i den totale skylda må difor tilskrivast dei namnegardane som i denne tida var rydda frå øyde.

Etter å ha gått gjennom landskylda i Lindås skipreide i seinmellomalderen sit ein att med dette hovudinntrykket: Den gamle skylda er ikkje noko eintydig omgrep. Også innan den kan det ha vore rom for endringar. Når det store landskyldfallet sette inn i Lindås, er vanskeleg å avgjera. For somme gardar har det i alle fall byrja før 1360 (BK). Deretter ser skylda ut til å ha gått kraftig ned mot eit minstemål på 1400-talet (Munkeliv). På 1500-talet har skylda stige noko att til eit nivå der ca 3/4 av den gamle skylda er borte. Namnegardane som låg øyde kring 1520 er litt hardare råka enn andre. Små einbølte namnegardar ser ut til å halda skylda betre opp en fleirbølte namnegardar. Det er ikkje noko påviseleg samband mellom eigargrupper og landskyldfall.

Heller ikkje på 1500-talet var landskylda stabil. Mellom 1567 og 1610 kan ein rekna med ein generell landskyldoppgang på dei gardane som det vart betalt skyld av, på vel 10%. Denne oppgangen høver godt inn med den oppgangen ein kan sjå for nokre namnegardar sitt vedkomande frå 1400-talet og fram mot midten av 1500-talet.

KAP. 4. PRODUKSJON.

Bak busetnadskonsentrasjonen og landskyldfallet i seinmellomalderen må det løyna seg ein sterk attendegang i folketalet i denne perioden. Dette må ha hatt innverknad også på produksjonen i området. Ein sterkt redusert folkesetnad kan ikkje ha makta å halda i hevd all jord som vart nytta ut i høgmellomalderen. Eit tydeleg vitnemål om dette er dei mange øydegardane på byrjinga av 1500-talet. På mange av dei gardane som var i drift var dessutan talet på bruk gått attende.

Sjølv om den samla jordbruksproduksjonen gjekk ned, treng likevel ikkje nedgangen ha vore like stor på alle område. Ein skulle tru at særleg åkerbruket var svært arbeidskrevande. Om godt åkerland i krisetida vart liggjande ubrukt, ville ikkje dei som levde att kunna utvida si eiga kornavling utan nye arbeidsparande reidskapar eller ved hjelp av fleire arbeidsfolk. Om dei før hadde levd på sveltegrensa av mangel på jord, kunne dei no utvida korndyrkinga så mykje at dei slapp lida naud. Arbeidskapasiteten deira måtte likevel setja ei effektiv øvre grense for kor langt dei kunne utvida denne produksjonen.

Det er såleis rimeleg at kornproduksjonen stod i eit visst høve til folketalet. Derimot skulle ein tru at husdyrhaldet ikkje var like avhengig av tilgangen på arbeidskraft. Dyra måtte ha beiteland om sommaren og fór om vinteren. Nytt beiteland har det vore stor tilgang på i seinmellomalderen då så mange gardar låg øyde. Desse øydegardane skulle og vera svært godt skikka for eit ekstensivt haustingsjordbruk av den typen vi hadde her i landet i mellomalderen og tida etter. Dei mange øydegardane det vart betalt landskyld eller frelse av før garden på ny vart busett, har venteleg vorte nytta på denne måten[1)].

Lyng har heilt til vår eiga tid vore eit svært viktig tilleggsfór i Lindås. I nedgangstider med sterk busetnadskonsentrasjon er det rimeleg at dei som levde att i sterkare grad kunne ta for seg av det beste fóret, graset. Både det store ledige arealet og ei eventuell omlegging av husdyrfóret

kan såleis ha sikra ein relativt mindre attendegang i husdyrhaldet enn i kornproduksjonen.

Vinterforinga av buskapen må likevel ha vore ein begrensande faktor for kor mykje husdyrhaldet eventuelt kunne utvidast. I Lindåsområdet skulle buskapen kunna gå ute også ein del av vinteren, men noko fórhausting har truleg alltid vore naudsynt. Dette tilhøvet kan likevel ha endra seg mykje, alt etter korleis klimaet har skifta.

Dette kapitlet vil difor ha eit dobbelt siktemål. Først vil eg freista klårleggja kor mykje jordbruksproduksjonen gjekk ned i seinmellomalderen. Deretter vil eg, om kjeldematerialet tillet det, freista avgjera om det i denne perioden fann stad nokon omlegging av produksjonen i retning av relativt større husdyrhald i høve til korndyrkinga. Eg vil byrja med kornproduksjonen, som er den vi har best kjeldegrunnlag til å kunna måla.

Vi har ingen direkte oppgåver over kornproduksjonen frå høgmellomalderen. Derimot har vi i den geistlege jordeboka Bergens Kalvskinn frå kring 1360 opplysningar om korntienda for kyrkjene og prestane på Vestlandet /på midten av 1300-talet/. Dette kan vera eit utgangspunkt for å berekna omfanget av korndyrkinga i området før krisa sette inn.

Omrekning frå korntienda vil alltid innebera ein viss fåre for feil. Før eg går nærare inn på desse, vil eg ta for meg ein del særeigne problem vi møter i det området denne oppgåva femner over.

BK manglar to foliosider, nr. 54 og 55. I følgje indeksen i originalmanuskriptet skal opplysningane om Lindås og Myking sokner vera å finna på side 55. Eit lite brotstykke av jordregisteret og heile tienda for eit av sokna er likevel kome over på folioside 56. Der står det følgjande: "manadar mater. Itm. af hællis þvæitt oll iord fiorer en nu er eighi mæire en æitt manadamatabol. tiund er atta laupar smiors. sma tiund laupar"[2].

Dette står øvst på den sida der Lygra kyrkje sine eigedomar og innkomst er førd opp. Avdi dei to føregåande sidene er gått tapt, finst det inga overskrift som forklarer innføringa.

Den garden som er omtala i dette brotstykket er g.nr. 122 Hellestveit. Den ligg i dag i Lindås sokn. Ut frå dette er det rimeleg at opplysningane om tienda og gjeld dette soknet. Sikker kan vi likevel ikkje vera. For det første kunne lokalkyrkjene eiga gods utanfor sine eigne grenser. G.nr. 80 Dragøy i Lygra sokn høyrde i høgmellomalderen såleis ikkje til Lygra, men til Hamre kyrkje. Det kan då heller ikkje utelatast at Hellestveit høyrde til Myking kyrkje. For det andre er kyrkjene i BK rekna opp i ei slik rekkjefølgje at det ikkje er urimeleg om Lindås hadde kome før Myking. Etter å ha fått med kyrkjene i Fana går BK nordover til kyrkjene på Askøy, Holsenøy og Radøy. Deretter kjem Austrheim sokn. Så følgjer dei to bortkomne foliosidene før Lygra kyrkje vert nemnd. Ettersom Lindås sokn ligg nord for Myking sokn, skulle Myking vera det soknet som står framfor Lygra om rekkjefølgja er heilt konsekvent følgd i BK. Det har vi likevel ingen garantiar for.

Heller ikkje nyare tiendeoppgåver kan løysa dette problemet. I 1567 var tienda av både Lindås og Myking sokn 4 t. korn[3]. I 1598 var tienda av Lindås 8 t. og av Myking 10 t.[4]. Tiendeoppgåvene er med andre ord så jamne at ingen av dei høver betre med oppgåvene frå høgmellomalderen enn den andre.

Ettersom eigedomane til lokalkyrkjene i dei fleste tilfella låg innanfor soknegrensene, trur eg det er mest sannsynleg at tiendeoppgåvene øvst på folioside 56 gjeld tienda for Lindås sokn. I det vidare arbeidet vil eg likevel ta omsyn til at vi ikkje kan vera heilt sikre på dette.

I tillegg til dei opplysningane om tienda som gjeld Lindås, eller kanskje Myking sokn, har vi i BK innføringar om korntiende og småtiende for Austrheim og Lygra sokn. Når vi skal nytta desse opplysningane, møter vi eit nytt problem. Den geografiske inndelinga i denne oppgåva følgjer i hovedsak det gamle Lindås skipreide. Einaste unntaket er Fedje[5]. Tiendeoppgåvene i BK gjeld derimot dei einskilde sokna. Desse går i nokre høve på tvers av den verdslege grenseinndelinga.

Heile Lindås skon er med i skipreida. Det same gjeld

Austrheim sokn, men i denne oppgåva må vi gjera eit frådrag for Fedje. Store delar av Lygra og Myking sokn fell derimot utanfor skipreidegrensene.

Frådraget for Fedje er relativt lett å rekna ut. Arealet som det kan dyrkast korn på i dette utværet, er relativt avgrensa. I matrikkelen av 1667 er kornavlinga på Fedje oppgjeve til 11 t. korn, heile korntienda til 1 t og 1/2 mæle. Det er då rekna med kornproduksjon berre på gardane Kopper og Huse (3,5 t og 7,5t). I følgje matrikkelutkastet frå 1723 er den samla kornavlinga då 30 1/2 t. Avlinga på Kopper og Huse er no sett til 23 t. (8 t og 15t). Resten av avlinga kjem frå 17 små plassar. Fleire av desse var spreidde på små øyar der ein ikkje skulle tru det kunne dyrkast noko som helst. Dette tyder på at området, med grunn jord og mykje nakne knausar, på denne tida må ha vore utnytta så godt som det i det heile var råd å gjera. Eg trur difor at eit frådrag for Fedje på ca. 30 t. av den samla kornavlinga i Austrheim sokn i høgmellomalderen snarare må vera for mykje enn for lite.

For Lygra og eventuelt Myking sokn er det mykje vanskelegare å gjera frådrag for den avlinga som fell utanfor Lindås skipreide. Det gjeld eit så stort areal og så mange namnegardar at ei attendeslutning frå 16- eller 1700-talet ville verta svært usikker. Difor vil eg i det vidare arbeidet rekna med dei fullstendige oppgåvene for heile desse områda, trass i at dei delvis fell utanfor det eigentlege granskningsområdet. På denne måten vil ein i alle fall få eit visst samanlikningsgrunnlag for utviklinga av kornproduksjonen i dei andre sokna i skipreidet.

Tiendeoppgåvene i BK for dei kyrkjesokna som grensar innom Lindås skipreide, er skilde i korntiende og småtiende. Korntienda vart betalt av kornavlinga, småtienda til vanleg av tilveksten i husdyrhaldet. Då desse er oppgjevne kvar for seg, slepp vi unna eit av dei store problema i somme andre distrikt som BK dekkjer. Der er all tienda rekna opp samla. Det har då vore vanleg å rekna eit frådrag på kring 10% når ein skulle rekna seg fram til storleiken på korntienda[6].

Ein slik framgangsmåte ville slått særleg skeivt ut for Austrheim sokn sitt vedkomande. Her er korntienda 12

laupar medan småtienda er heile 6 laupar. I Lindås sokn er skilnaden mykje større. Korntienda er 8 laupar, småtienda berre ein laup. Årsaka til ulikskapen mellom dei to grannesokna må vera at småtienda også har omfatta tiend av fisk. Av BK ser vi at nest etter fiskeværet Kinn, der småtienda utgjorde 90% av den samla tienda[7], er Austrheim med sine 33% det soknet der småtienda har høgaste prosenten av heile tienda.

Dette er ikkje urimeleg. Fedje, som på denne tida var ein del av Austrheim sokn, var på 1500-talet og utetter eit av dei store fiskeværa på Vestlandskysten. Dessutan vitnar innslaget av fisk som landskyldvare på ein del av gardane i Austrheim om at fisket også i andre delar av soknet kan ha hatt mykje å seia.

Sjølv om vi med dette kan vera trygge på at korntienda er skild frå den andre tienda har vi likevel nokre problem att å løysa før vi kan slutta direkte frå korntienda til kornproduksjonen.

I BK er tienda oppgjeve i laupar smør. På 15- og 1600-talet er tienda ikkje omrekna, men ført opp direkte i tønner korn. For å kunna samanlikna oppgåvene i BK med dei yngre tiendeoppgåvene, må vi difor rekna om smørtienda til konrtunner. Diverre vil ei slik omrekning ha mange usikre ledd, slik at resultatet ikkje kan verta heilt påliteleg.

Dette skal eg freista å illustrera ved å ta utgangspunkt i ein omrekningsmåte som byggjer på dei måleeiningane og normalsamhøva som A. Steinnes har rekna seg fram til, m.a. i Nordisk Kultur band 30.

Steinnes hevdar at 1 laup smør på Vestlandet ved byrjinga av 1300-talet, vart sett lik ½ skippund korn[8]. ½ skippund i det vestnorske skippundsystemet vog, framleis i følgje Steinnes, 74,07 kg[9]. Med <u>eit</u> unnatak er havre det einaste kornslaget vi finn nemnd i kjelder frå Lindås skipreide. Hektolitervekta på havre set Steinnes til 42,3 kg[10]. Ein laup eller ½ skippund skulle såleis svara til 174 liter havre. Dersom vi også følgjer Steinnes når det gjeld den tunna på 162 liter han hevdar har vore i bruk i Nordhordland i seinmellomalderen[11], vil 1 laup i BK svara til 1,08 tunner havre i seinmellomalderen.

Denne reknemåten byggjer på fem meir eller mindre usikre føresetnader. Desse er:

1. Verdetilhøvet smør - korn var 1 laup smør = ½ skippund korn.
2. 1 skippund = 148,14 kg.
3. Kornsorten er havre.
4. Hektolitervekta på havre = 42,3 kg.
5. 1 t. korn i Nordhordland = 162 liter.

Vi skal gå nærare inn på kor sikre kvar av desse ledda er.

1. Verdetilhøvet smør - korn.

Det finst eksempel på at andre verdetilhøve enn 1 laup = ½ skippund har vore i bruk i høgmellomalderen. Eit av desse finn vi i BK, jordeboka der dei aktuelle tiendeoppgåvene frå Lindås er med[12]. Om presten sin part i korntienda av Liland sokn i Fana heiter det her at "Tiund værder optazst rumr fiughur pund". Kyrkja sin part er derimot oppgjeven slik: "Korntiund gælldr tiu", dvs. 10 laupar smør. Ettersom presten og kyrkja sine partar skulle vera like store, må såleis reknemåten vera 10 laup smør = 4 skippund korn. 1 laup vert då 2/5 skippund mot ½ skippund i reknemåten ovanfor. Også andre verdetilhøve kan ein frå tid til anna finna belagt i mellomalderkjelder[13]. Eg vil her likevel ikkje gå lenger enn til å rekna med dei to mest sannsynlege, det som ser ut til å ha vore det oftast brukte, 1 laup = ½ skippund korn, og det vi finn belagt i same kjelda som tiendeoppgåvene kjem frå, 1 laup = 2/5 skippund korn. Dette er likevel berre rimelege reknemåtar og ikkje maksimum eller minimumstal som det heilt rette resultatet vil liggja innanfor.

2. Vekta på 1 skippund kan derimot truleg reknast som eit av dei mest sikre ledda i denne omrekninga. Steinnes sin reknemåte er bygd på at skippundet på Vestlandet var bytt i 567 merker. I følgje han skal dette vera godt belagt i kjelder frå første luten av 1300-talet[14]. Det som kan vera noko meir usikkert, er kor tung kvar av desse merkene var. Sjølv gjer Steinnes merksam på at ". . . det ser ut som morki på ymse stader hev svinga millom 25o og 260 gram"[15]. Skippundet på 148,14 kg[16] kjem han fram til ved å nytta det han hevdar er

Hasund si tolkning av landslovretti. Med ei skålvektsmork på 214,32 gram, som han tidlegare har sannsynleggjort, finn han at 1/24 vett i landslovsskippundet skulle svara til morka på 257,18 gram. Med 567 merker i skippundet vert dette ei skippundvekt på nøyaktig 148,14 kg.

Dersom morka skulle variera innanfor dei grensene Steinnes sjølv set opp (250-260 gr.), ville skippundet veksla mellom 143 og 149,76 kg. Eit tal som ligg nær dei minste av desse vektene vert nytta av S. Hasund ved omrekninga av tienda i BK[17]. Det er utan vidare klårt at variasjonar av denne storleiksgraden likevel ville gje langt mindre endringar i den endelege utrekninga enn ulikskapar i verdetilhøve mellom smør og korn av den typen vi var inne på ovanfor.

Sjølv om Steinnes si skippundvekt verkar rimeleg, og eventuelle feil ikkje vil slå så svært sterkt ut, må vi likevel ta eit visst atterhald, ikkje minst avdi Steinnes ser ut til å meina at pundarmorka kan ha vege minst nett i Bergensdistriktet[18].

3. På grunn av den store skilnaden i eigenvekt for dei ulike kornartane, er det heilt avgjerande å vita kva kornslag som vart nytta i området i høgmellomalderen. Med berre eit unnatak er havre det einaste kornet som er omtala i dei kjeldene frå Lindås skipreide som eg har gått gjennom. Unnataket gjeld høgmellomaldergarden Lurekalven. Den ligg enno i dag øyde etter den store nedgangstida. Det er grannegarden Utluro, ein av dei beste jordbruksgardane i heile Nordhordland som har betalt leiga av han i seinmellomalderen og tida etter. I følgje Lindås prestebol si jordebok frå 1624 skulle det ytast 1 t. bygg av "Lyrekalff, en ødeplatz"[19].

Utanom denne innføringa er det elles alltid havre som er nemnd når det er tale om korn. Det er kan henda litt farleg å slutta frå dette og attende til høgmellomalderen. At havre må ha hatt ein sentral plass også då, er likevel truleg dersom vi reknar med det same fuktige klimaet i høgmellomalderen som seinare. Om det skulle vera tale om eit anna kornslag, må dette truleg ha vore blandkorn av havre og bygg. Spor etter

dette er ikkje å finna i kjeldene frå 1600-talet, som er dei einaste der kornslaget er spesifiserte.

Sikkert svar på kva kornslag som var nytta i høgmellomalderen får vi truleg ikkje utan ved hjelp av naturvitskaplege metodar. Ei rekkje pollenanalyser er no tekne i Lindåsområdet, men resultata ligg enno ikkje føre[20)].

4. Når kornslaget truleg har vore havre, står det att å koma fram til ei rimeleg hektolitervekt for denne kornarta i mellomalderen. Statens kornforretning opplyser at dei i dag reknar med normalvekter på frå ca. 70 til ca. 80 kg for kveite, ca. 65 til ca. 75 kg for rug, ca. 57-70 kg for bygg og ca. 45 til opp mot 60 kg for havre[21)]. I første omgang kan såleis Steinnes si hektolitervekt på 42,3 kg synast noko låg. Statens kornforretning gjer likevel merksam på at dårleg rensing av kornet vil redusera vekta sterkt. Dessutan har moderne planteforedling auka storleiken på kornet, noko som har slege ut i høgare hektoliter vekt. Ettersom ein må tru at kornslaget på 1300-talet både var av ringare kvalitet og vart dårlegare rensa, må vi rekna med at hektolitervekta då var noko lågare enn i dag.

Institutt for plantekultur ved Norges Landbrukshøgskole har oppgjeve hektolitervekta på havre til 47 kg i dei første sortsforsøka med norske landsortar som tok til i 1889[22)]. Etter deira meining bør dette talet reduserast noko for vanleg kornvare på gardane. Det skulle passa for veggrande, som vart brukt til såvare.

Steinnes si vekt er bygd på mellomaldersamhøvet 3 t. = 1 skippund frå Rogaland. Av det vi har sett ovanfor verkar denne hektoliter vekta, 42,3 kg, svært rimeleg. Den har dessutan den føremunen åvera henta frå samtidskjelder. Sjølv om hektolitervekta også på denne tida kan ha variert svært mykje, trur eg at dette må vera den mest rimelege medelvekta vi kan koma fram til.

5. Ein annan avgjerande føresetnad for å kunna samanlikna kornproduksjonen før og etter den store nedgangen i seinmellomalderen er at ein reknar med rett storleik på tunna.

Korntunna som måleeining er ikkje kjend frå høgmellomalderen. For tiendeoppgåvene i BK er det difor ei rein rekne-

eining som vi nyttar for lettare å kunna samanlikna gamal og ny tiend. I følgje Steinnes var tunna i Nordhordland på 1500-talet 162 liter. Dette har han kome fram til ved ei samanlikning med måleeiningane i Hardanger, Sogn og Voss. Ei oppgåve frå 1667 viser at Hardangermælen var lik mælen i Sogn og askeen på Voss[23]. Desse to siste måleeiningane har vorte sette til 16,2 l[24], noko som mælingar av gamle kornmæler frå Sogn stadfester[25]. 1 mæle i Hardanger var bytt i 4 kanner. 1 kanne vert såleis 4,05 liter.

Etter dette seier Steinnes at "... det er truleg at kanna var den same i Nordhordland som i Hardanger"[26]. Ein merkjer seg at det ikkje vert førd prov på dette, anna enn det underforståtte at dei to områda ikkje ligg så svært langt frå kvarandre. Når han såleis reknar 1 kanne lik 4,05 l, og 1 t. i Nordhordland før kring år 1600 lik 40 kanner må såleis Nordhordlandstunna på denne tida ha vore 162 liter. Dette byggjer, som vi såg ovanfor, på i alle fall ein føresetnad; at storleiken på kanna i Nordhordland er den same som i Hardanger, noko som ikkje fullt ut kan etterprøvast.

Når det etter ca. 1600 i Nordhordland vert rekna 48 kanner i ei tunne[27] i staden for 40 kanner, lyt ein dersom ein godtek Steinnes sitt litermål på kanna også følgja han når han på 1600-talet set Nordhordlandstunna til 194,41.

Resultatet av denne gjennomgåinga av føresetnaden for ei omrekning av smørtienda i BK viser såleis:

1) at ein i BK finn døme på eit anna verdetilhøve enn normalverdet 1 l = ½ skippund korn.
2) At skippundet kan ha variert mellom ca. 143 og 149,76 kg.
3) At kornslaget i Lindås truleg har vore havre.
4) At hektolitervekta på havre på denne tida kan ha variert noko, men at Steinnes si hektolitervekt, 42,3 kg er rimeleg.

5a) At tunnestorleiken 162 liter er rimeleg i Nordhordland fram til ca. 1600, men at dette byggjer på den føresetnaden at kanna var like stor i heile Hordaland.

5b) At tunna etter ca. 1600 vart justert opp til 194,4 liter, med same føresetnad som i 5a.

Dersom vi tek omsyn til det vi ovanfor har kome fram til, kan vi på ingen måte rekna med at omrekninga av smørtienda i BK vil gje eit eintydig sikkert resultat. Derimot skulle det vera mogeleg å gje brukande rammer som ein skulle venta det rette resultatet ville liggja innanfor. På den eine sida vil vi koma fram til eit sannsynleg minimumstal om vi nyttar verdesamhøvet i BK, 1 laup = 2/5 skippund korn, reknar skippundet til 143 kg og set hl. vekta på havre til ca. 50 kg[28]. Om korntunna var på 162 liter skulle då 1 laup smør svara til 0,72 tønne havre.

Den andre sannsynlege yttergrensa råkar vi om vi nyttar normalverdet på Vestlandet, 1 laup = 1/2 skippund, reknar skippundet til 149,76 kg og set hl. vekta for havre til ca. 40 kg[29]. Om vi har som føresetnad også her at tunna var 162 liter, ville 1 laup svara til 1,15 tønner havre.

Skulle vi finna den mest rimelege omrekningsmåten innanfor desse ytterpunkta, trur eg det ville vera best å nytta det mest kjende verdesamhøvet, 1 laup = 1/2 skippund, setja dette halve skippundet til 74,07 kg slik Steinnes gjer, og nytta mellomalderbelegget for eigenvekta til havre, 42,3 kg pr. hl. Med same tunna som ovanfor ville dette gje oss 1,08 tønner havre for kvar laup.

Vi må likevel vera merksame på at om vi i tillegg tvilte på at kornslaget var havre og at korntunna var på 162 liter, ville vi kunna få langt større variasjon i dei mogelege omrekningsmåtane. Då desse ledda likevel er mellom dei meir sikre, vil eg ikkje ta dette med i utrekninga.

Før eg går over til å visa resultata etter dei ulike omrekningsalternativa, lyt vi gå litt nærare inn på dei føresetnadane vi har for å kunna slutta frå storleiken på korntienda til storleiken på sjølve kornproduksjonen.

I Gulatingslova er det slege fast at tienda skulle delast i fire partar. Bispen skulle ha ein fjerdepart, fattigfolk ein fjerdepart, kyrkja ein fjerdepart og presten ein

fjerdepart[30]. Den korntienda som er oppgjeven i BK er anten presten eller kyrkja sin del. Difor må denne gangast med fire for å nå fram til heile tienda. Denne summen skal vidare gangast med ti etter som tienda berre utgjer 1/10 av heile avlinga. Då skulle ein ha kome fram til storleiken på heile kornproduksjonen.

Før ein kan vera sikker på dette resultatet er korrekt, er det i alle fall tre mogelege feilkjelder som bør granskast nærare. For det første må vi vita kva tienda vart rekna av, for det andre bør vi finna ut korleis ho vart kravd opp, og for det tredje må vi avgjera om det er tale om gjennomsnittsoppgåver eller aktuelle innbetalingar i eit særskilt år.

1) Kva vart så tienda rekna av? Heile produksjonen eller avlinga fråreknа det såkornet som måtte leggjast til sides? S. Hasund har hevda at ". . . tiendelovene kravde med stor styrke at tienda skulle ytast med ein full tiendepart av bruttoavlen (saakorn ikkje drege ifraa)"[31]. Om det er teksten i Gulatingslova han siktar til, synes det vanskeleg å beleggja eit slikt utsagn. Der heiter det ". . . med det me yter tiend heilt og fullt, både av all grøde og feal, fiske og alle rette innkome"[32]. Bøndene såg på såkornet som ein naudsynt del som måtte leggjast til sides for å få ny avling. Det kan difor tenkjast at dei oppfatta det som om det var den grøda som kunne nyttast som føde det skulle svarast tiende av "heilt og fullt". Ein paralell til ein slik tenkjemåte finn vi kanskje i sættargjerda i Tunsberg frå 1277. Der går det fram at 1/3 av inntektene av skip skulle vera fritekne for tiende, avdi denne tredjeparten gjekk til vedlikehald og reparasjon.

Sjølv om Hasund rekna med at såkornet ikkje skulle dragast frå når tienda vart betalt, meinte han likevel at den tienda som kom inn ikkje svara fullt ut til tiendeparten av produksjonen. Somme tiendeytarar var så utarma at dei ikkje makta å betala noko, andre freista kan henda å snyte så mykje som råd var. Difor rekna kan med at tiendeoppgåvene burde aukast med 10-15% for å få ein korrekt totalproduksjon.

Etter mi meining er det ikkje naudsynt å ta stilling til desse problema, så lenge eg ikkje legg hovedvekta på å

koma fram til eksakte mål på kornproduksjonen til kvar tid. Om vi har som føresetnad, noko som diverre ikkje let seg kontrollera, at avviket frå den rette produksjonen var den same både kring 1350 og på 15- og 1600-talet, vil ei samanlikning likevel gje eit tilnærma bilete av utviklinga. I denne oppgåva er det og dette som er det viktigaste. Vi får då berre vona at resultatet heller ikkje ligg altfor langt frå den røynlege produksjonen.

2) Ein annan usikker faktor er korleis tienda vart kravd inn. I delar av Austlandsområdet skal det ha vore vanleg å panta bort tiendeoppkrevjinga til særlege oppkrevjarar[33]. Den avgifta desse fekk,"kaupet", og den fortenesta dei rekna seg har lausleg vorte sett til kring 20% av heile tienda[34].

Bergens kalvskinn opplyser ingen ting om slike oppkrevjarar. Heller ikkje finn vi spor etter dei i 15- og 1600-tals materialet. Dette er likevel negative indisier som ikkje kan takast som prov på at oppkrevjarar ikkje har vore nytta på Vestlandet.

Ein peikepinn på korleis tiendeoppkrevjinga kanskje kan ha gått føre seg kan vi få ved å gå gjennom eit mellomalderdiplom frå Voss, datert 30. januar 1342[35]. Brevet er frå bispen i Bergen til Knut Oddson, leigeprest på Vangen, og er ei klage over sira Erling, presten i Vinje, nær Voss. Første delen av brevet lyder: "Håkon med Guds miskunn biskop i Bergen sender Guds og sin hilsen til Knut Oddsson, leiprest i Vangen. Siden våre rådsmenn som styrer med godset vårt, klager og ofte har klaget over at de fra Sira Erling i Vinje ikke får eller har fått greie på salget av vår tiende, hva den er verd eller om den blir betalt, og at han ikke har gjort oss regnskap hverken for denne tienden eller andre varer og landskyld fra jordegodset, og for det tredje at utenlandske menn, særlig Herman Skotorp og hans ombudsmann Lydik, klager over at de ikke får det som tilkommer dem fra førstnevnte sira Erling, 19 mark som han skal betale dem etter det som han selv har einrømmet overfor..."

Formuleringa ". . . at de fra sira Erling i Vinje ikke

får eller har fått greie på salget av vår tiende, hva den er verd eller om den blir betalt, og at han ikke har gjort oss regnskap hverken for denne eller andre varer og landskyld fra jordegodset. . . " peikar i retning av at det er presten, sira Erling, som hadde ansvaret, i alle fall for tienda til bispen. Han skulle selja tiendevarene og gjera rekneskap for dei. Formuleringa utelet ikkje at ein annan kan ha kravd opp tienda frå bøndene, men det verkar rimeleg at presten har gjort dette også.

Full visse får vi heller ikkje på dette punktet, men dei indisia vi har talar mot ei bortpaktning av tiendeoppkrevjinga. I så fall vart ikkje tienda redusert av at tiendeoppkrevjarar skulle ha part i henne.

3) Ein tredje usikker faktor er om korntienda er gjennomsnittstal eller aktuelle innbetalingar. Her skal eg berre ta opp kva som er det mest sannsynlege i BK. Tiendeoppgåvene frå 15- og 1600-talet der begge delar førekjem skal eg gå nærare inn på seinare.

Til vanleg er tienda i BK omtala slik som t.d. prestetienda i Lygra sokn: "Tiund gælldr sextan laupa"[36]. At jordeboka berre seier at tienda gjeld så eller så mykje, tyder på at det her er tale om den storleiken som tienda til vanleg har hatt. Når vi veit at BK skal vera bygd på fleire eldre førelegg, er dette også den mest rimelege måten å ordna tiendeoppgåvene på.

Ovanfor såg vi at dei 8 månadsmatsbola i korntiende som høyrde til presten i Liland kyrkje "optazst rumr fiughur pund" og vidare at "sma tiund tidazst fiorar mærker gangs penninga"[37]. "Optazst" og "tidazst" peiker mot at tiendenedskrivarane har hatt kjennskap til fleire innbetalingar av tienda, men at tiendeinnføringane må vera det som til vanleg vart betalt.

Om vi såleis konkluderar med 1) at korntienda før ca. 1350 stod i same høve til den røynlege produksjonen som korntienda på 15- og 1600-talet, 2) at det i mindre kyrkjesokn på Vestlandet truleg ikkje vart nytta tiendeoppkrevjarar, og 3) at innbetalingane i BK må sjåast på som normalinnbetalingar, skulle vi få overslag over den relative kornproduksjonen, som

om dei ikkje gjev uttrykk for den røynlege produksjonen, i alle fall skulle gje eit bilete av utviklinga dersom det vert samanlikna med tilsvarande oppgåver frå 15- og 1600-talet. Utrekningane er gjort etter dei tre alternativa ovanfor, 1 laup = 0,72 t., 1 laup = 1,08 t. og 1 laup = 1,15 t. Det første er eit rimeleg minimum, det siste eit sannsynleg maksimum.

Overslaget over kornproduksjon ser då slik ut:

Austrheim sokn.

Heile prod.i laupar smør	Kornprod.ikkje medrekna tiendesvikt	
12 l x 4 x 10 = 480 l	Alt.1. 480 l x 0,72 =	345,6 t.havre
	+ Fedje	30,0 "
		315,6 t.havre
	Alt.2. 480 l x 1,08 =	518,4 t.havre
	+ Fedje	30,0 t.havre
		488,4 t.havre
	Alt.3. 480 l x 1,15 =	552 t.havre
	+ Fedje	30 "
		522 t.havre

Lindås sokn.

Heile prod.i laupar smør	Kornprod.ikkje medrekna tiendesvikt	
8 l x 4 x 10 = 320 l	Alt.1. 320 l x 0,72 =	230 t.havre
	Alt.2..320 l x 1,08 =	345,6 t.havre
	Alt.3. 320 l x 1,15 =	368 t.havre

Lygra sokn.

Heile prod.i laupar smør	Kornprod.ikkje medrekna tiendesvikt	
16 l x 4 x 10 = 640 l	Alt.1. 640 l x 0,72 =	460 t,havre
	Alt.2. 640 l x 1,08 =	691,2 t.havre
	Alt.3. 640 l x 1,15 =	736 t.havre

Etter tiendeoppgåvene i BK frå kring 1350 får vi ikkje opplysningar om tiende før etter reformasjonen i 1537. På 15- og 1600-talet er tienda rekna i tønner havre. På 1500-talet var tunna truleg på 162 l, etter ca. 1600 auka ho til 194,4 l, avdi det då skulle gå 48 kanner i ei tunne mot før 40 kanner. Når eg skal samanlikna oppgåver med ulik tunnestorleik, har eg rekna om til 162 l. tunna. Det vil då verta opplyst særskild om dette. Elles har eg til kvar tid nytta den tunna som kjeldematerialet opererar med utan omrekninger.

I samband med reformasjonen freista kongen å gjennomføra den danske tredelinga av tienda[38]. Som vi var inne på ovanfor hadde tienda i Noreg frå gamalt av vore delt i 4 lutar. Den delen som no skulle falla bort var dei fattige sin, ofte kalla bondeluten, avdi det var bøndene som skulle ha råderetten over han. Tienda skulle etter dette delast mellom kongen, som etter reformasjonen hadde teke over bispen sin del, kyrkja og presten.

Motstanden mot denne nyordninga kom særleg frå bøndene[39]. Det må ha vore ein stor føremum for dei å kunna disponera over dei fattige sin del. Større kontroll har det knapt vore enn at dei og til tider kan ha nytta denne delen av tienda til eigen bate. Mange stader vart såleis motstanden mot den nye delingsmåten så sterk at den gamle firedelinga i praksis held seg lenge etter reformasjonen.

Kor ulik framgangsmåten var kring i landet kan vi mellom anna sjå av to herredagsdomar frå 1578[40]. Den gamle ordninga med firedeling vart då stadfest for bøndene i Trøndelag og Romsdal, medan bøndene på Austlandet fekk innskjerpa at dei skulle dela tienda etter den nye ordninga med 3 delar.

Når nyordninga slo gjennom i Nordhordland har vi diverre ingen direkte opplysningar om[41]. Vi får difor først gå fram til 1660-åra, då vi får fyldige oppgåver i prestemanntala om tienda, og sjå kva oppdeling som då har vore nytta.

I soknepresten i Lindås sitt svar frå 1666 på Titus Blüches sine ni postulat i samband med manntalet frå denne tida heiter det mellom anna at ". . . Her anammis ikke Korntiende udj alle tre parter tillige på en tid. . ."[42]. Han

reknar med at tienda var delt etter den nye ordninga. Manntalet frå 1666 har og med ei liste over korntienda av dei einskilde gardane i kvart sokn. Som presten gjer merksam på i svaret til Titus Blüches,er denne tienda ". . . en Wisse Taxt Aarligen . . . Enten grøden falder ringe eller meget, Saa giffuer dog Bønderne lige høytt." Taksten for presten sin del av tienda i Lindås sokn var sett til 17 t., 3 mæle og 4 kanner og dessutan 12 sk. i tiende av g.nr. 101 Vabu. Om vi rundar dette av til 18 t. skulle dette tilsvara ei total avling på 18 x 3 x 10 = 540 t. havre. Dei tilsvarande tala for Austrheim sokn er 14 x 3 x 10 = 420 t.[43].

Den avlinga som matrikkelen frå 1667 oppgjev for dei same namnegardane i dei to sokna er 600 t. for Lindås sokn og 470 t. for Austrheim sokn. Dette er noko meir enn om vi går ut frå tiendeoppgåvene. Tala høvar likevel mykje betre enn om vi hadde rekna med ei firedeling av tienda, noko som ville gitt ei kornalvling på 720 t. i Lindås og 560 t. i Austrheim.

Kva skildnaden mellom kornavlinga basert på tienda (3-deling) i manntalet 1666 og produksjonsoppgåvene i matrikelen frå 1667 kan koma av skal eg ikkje ta opp her, men det kan henda at taksten det vart betalt etter i 1666 vart noko forelda. Eg vil også peika på at ulikskapen ikkje kan skriva seg frå at bøndene heldtunna såkornet. På 16- og 1700-talet var follmengda i medelen 3,5 i Lindås skipreide. Dersom bøndene i Lindås sokn skulle halda unna vel tredjedelen av avlinga,måtte den røynlege produksjonen ha vore over 700 t. havre. Dette talet høver slett ikkje med opplysningane i 1667-matrikkelen.

Kring midten av 1600-talet var tredelinga av tienda vanleg i Lindås. Kva vart så praktisert tidlegare? Frå første delen av 1600-talet har eg teke med to lister over kongen sin del av korntienda[44]. I motsetning til oppgåvene over korntiende frå 1666 må dette vera innbetalingar som har variert med gode eller dårlege avlingar. Vi finn ulike oppgåver frå det eine året til det andre for ei heil rekkje gardar. Samanlagt gjev dei to listene likevel om lag likt resultat både for rekneåret 1612-13 og 1614-15. For Lindås sokn var summen av kongen si korntiende 16 t., 2 mæle og 9 kanner det første året, 15 t., 3 mæle og 11 kanner det neste. For Austrheim sitt ved-

komande var summane 10 t., 3 mæle og 1 kanne og 11 t. og 1 kanne. Som eit medeltal må vi vel rekna med at kongetida på byrjinga av 1610-talet har vore ca. 16 t. i Lindås sokn, og ca. 11 t. i Austrheim. Når det gjeld Austrheim manglar vi oppgåver over dei relativt store gardane Austrheim og Litle Lindås. Desse skulle betala tilsaman 2 t. til presten sin del av korntienda i følgje den taksten som galdt i 1666. Vi tek difor truleg ikkje for sterkt i om vi aukar tienda i Austrheim sokn til ca. 12 t.

Dersom vi framleis reknar med ei tredeling av tienda i første fjerdeparten av 1600-talet skulle den samla produksjonen i Lindås sokn då ha tilsvara 16 t. x 3 x 10 = 480 t. havre. I Austrheim skulle produksjonen etter same utrekningsmåten ha vore 12 t. x 3 x 10 = 360 t. Om vi derimot prøver å ganga kongen sin part av tienda med fire, skulle dei tilsvarande tala verta 640 t. i Lindås og 480 t. i Austrheim. Dette ville verta meir enn kornproduksjonen kring 1666-67, same om ein reknar denne etter tienda eller etter produksjonsoppgåvene i matrikkelen. Når vi veit at talet på brukarar på mange namnegardar vart dobla i denne tida, og at fleire namnegardar vart attrydda eller nyrydda etter 1615, er det berre ei tredeling av korntienda i byrjinga av 1600-talet som gjer eit rimeleg resultat.

Langt vanskelegare er det å avgjera om tienda var bytt i tre eller fire lutar før århundreskiftet. Bispejordeboka frå 1598 gjev att storleiken på presten sin del av korntienda i alle sokn i Lindås prestegjeld[45]. Oppgåvene er gjevne for heile soknene under eitt, ikkje for kvar gard slik som på 1600-talet. Som ei jamføring med høgmellomalderoppgåvene som også er ordna på denne måten, har eg i 1598 teke med Myking og Lygra sokn. Prestetienda i 1598 var 10 t. for Austrheim sokn, medrekna Fedje, 8 t. for Lindås, 10 t. for Myking og 12 t. for Lygra. Tunna er her truleg den på 162 liter. Med ei tredeling av tienda skulle den samla kornproduksjonen i Lindås ha vore 240 162-liters tønner eller 200 194,4-liters tønner. For Austrheim medrekna Fedje ville kornavlinga ha vore 300 162-liters tunne eller 250 194,4 liters tunner. Fråreknа Fedje kan den ha vore kring 270 eller 220 små og store tønner.

Med ei firedeling av tienda ville produksjonen i Lindås

vore 320 162-liters tønner eller 267 194,4-liters tønner. For Austrheim utan Fedje ville tala vore 370 eller 308 t. Både med ei tredeling og ei firedeling vil ein såleis få rimelege tal, sjølv om Austrheim i det siste tilfelle kjem i overkant av produksjonen ca. 1610-15. Det verkar såleis rimeleg med ei tredeling alt i 1598, uten at ein kan avgjera dette på langt nær så sikkert som for tiendeoppgåvene frå 1600-talet. I oversynet nedanfor over tiendeutviklinga ca. 1350-1666 vil eg difor føra opp firedelinga som ein alternativ reknemåte.

Det synest å vera omtrent umogeleg å avgjera korleis tienda vart delt i 1567. Oppgåvene frå dette året finn vi i lensrekneskapa for Bergenhus[46], og dei er ordna omlag på same måten som i 1598. I tillegg er det uklårt om det er skild mellom korntiende og anna tiende. Alle summar er likevel oppgjeve i t. korn, så korntienda har i alle fall truleg utgjort mesteparten.

I Austrheim sokn er her ikkje medrekna Fedje. Kongen sin part av tienda i Austrheim er 3 t., i Lindås sokn 4 t. i Lygra 7 t. og i Myking 4 t. Med ei tredeling ville den samla produksjonen i Austrheim sokn vera 90 162-liters tønner og 75 194,4-liters tønner. I Lindås ville han vera 120 162-liters tønner og 100 194,4-liters tønner.

Enten vi reknar med ei tredeling eller ei firedeling av tienda vil vi få ein svært sterk auke i kornproduksjonen mellom 1567 og 1598. Skilnaden mellom dei to reknemåtane er så liten i høve til denne store auken at det er uråd å avgjera kva tal som verkar mest rimeleg. I tabellen nedanfor har eg difor teke med begge resultata. Tredelinga har eg sett i parantes, avdi det godt kan tenkjast at gjennomføringa av tredelinga også i Nordhordland kan ha møtt sterk motstand den første tida.

Etter dette skulle vi ha eit visst grunnlag for å samanlikna kornproduksjonen i delar av Lindås skipreide mellom ca. 1350 og 1667.

Tab. 4,1. Kornproduksjon ca. 1350-1667.
(Alle tal omrekna til 162-liters tønner).

Sokn	Ca. 1350[1)]	1567[2)]	1598[2)]	1610-15	PM 1666	Matr. 1667
Austrheim	315-490-520	(90)-120	270-(360)	432	504	564
Lindås	230-345-370	(120)-160	240-(320)	576	648	720
Myking	(ev. som ovanfor)	(120)-160	300-(400)	-	-	-
Lygra	460-691-736	(210)-280	360-(480)	-	-	-

1) Tala kring 1350 gjeld minimumstal - sannsynlege storleik -og maksimumstal.

2) Tala i 1567 og 1598 gjeld utrekningar etter oppdeling av tienda i tre eller fire lutar. Tala utan parantes er etter mi meining dei mest sannsynlege.

Av tabellen ser vi at kornproduksjonen i alle sokna vi har oppgåver for var klårt mindre i 1567 enn kring 1350. No kan det vera at oppgåvene i 1567 er aktuelle innbetalingar, medan dei i BK er medeltal. For Lygra og Austrheim var han i 1567 berre halvparten av nivået i høgmellomalderen, sjølv om vi reknar med minimumstala i BK. For Lindås sokn (ev. Myking) var produksjonen det halve av den mest sannsynlege storleiken i BK. Sjølv om talmaterialet ikkje er fullt ut å lita på, har vi såleis sterke indisier på at kornavlinga i Lindås skipreide minst har vorte halvert frå midten av det 14 til midten av det 16 hundreåret. Materialet er etter mi meining likevel alt for usikkert til at vi kan måla nedgangen i heilt eksakte tal. Med den store feilmarginen, særleg kring 1350, men også i 1567, kan nedgangen i realiteten godt ha vore større. Produksjonen i 1567 kan, om vi nytta alternativ 2 eller 3 ca. 1350 og ei tredeling av tienda i 1567, godt ha vore berre 1/3 eller 1/4 av produksjonen før krisa.

Frå 1567 til 1598 finn vi så ein sterk auke i kornavlingane for alle sokn. Dette året ligg oppgåvene utrekna etter tredeling av tienda for Lindås sokn så vidt i overkant av minimumsalternativet kring 1350. Austrheim sokn ligg i underkant og Lygra sokn godt under. Om vi samanliknar med det mest sannsynlege alternativet kring 1350, ligg oppgåvene frå 1598 godt

under, jamvel om vi reknar med ei firedeling av tienda. Vi kan såleis med tolleg stor visse slå fast at kornproduksjonen ved utgangen av 1500-talet enno ikkje hadde nådd det nivået han hadde i høgmellomalderen.

Når produksjonen nådde det gamle nivået att er vanskeleg å avgjera, særleg avdi oppgåvene i BK kan reknast om i så mange alternativ. Dessutan kjem det i tillegg at medan alle oppgåver i BK og i bispejordeboka frå 1598 ser ut til å vera medeltal, er oppgåvene frå åra 1612-13 og 1614-15 aktuelle innbetalingar. I 1666 gjeld det ein tiendetakst som kan henda er noko forelda, og i 1667 er det ytingar fastslegne av ein matrikkelkommisjon. Dersom vi tar utganspunkt i det mest sannsynlege utrekningsalternativet kring 1350, har Austrheim sokn kanskje nådd den gamle produksjonen ein gong kring midten av 1600-talet, medan Lindås sokn hadde nådt det gamle nivået kanskje alt ved byrjinga av 1600-talet[47].

Tabellen viser at det er ein markert skilnad i utviklinga av kornproduksjonen i Austrheim og Lindås sokn. I høgmellomalderen har Austrheim klårt størst kornavlingar. Dette kan vi slå fast uavhengig av dei mange usikre omrekningsmåtane. I 1598 har Austrheim eit knapt overtak på Lindås sokn, medan Lindås utetter 1600-talet ligg klårt over Austrheim att. Om så skulle vara at oppgåvene i BK ikkje gjeld Lindås, men Myking sokn, ville ikkje dette endra noko på den relativt sterkare nedgangen i Austrheim. Myking sokn har i 1567 like stor produksjon som Lindås. I 1598 er avlingane større enn for Lindås sokn, slik at dei også dette året ligg over Austrheim. Vi kan såleis slå fast at kornavlinga har halde seg relativt dårlegast oppe i Austrheim sokn.

Ovanfor har vi fått eit grovt riss av utviklinga av kornproduksjonen i Lindås skipreide i seinmellomalderen. Når det gjeld fehaldet har vi diverre enno dårlegare kjelder. Første oversynet over det totale husdyrhaldet i området får vi med kvegskattelista frå 1657, som har oppgåver for kvar brukar. Dinest får vi greie på kveghaldet i matrikkelen frå 1667 og matrikkelutkastet frå 1723. Desse to siste kjeldene gjev

opp buskapen for kvar av matrikkelgardane. Dei har og oppgåver over utsæd og avling.

Diverre viser det seg at desse kjeldene ikkje alltid gjev opp det røynlege husdyrhaldet eller den verkelege utsæden. Matriklane gjev overslag over kva gardane normalt skulle ha av husdyr og ikkje oppgåver over husdyrhaldet i eit særskild år. Ståle Dyrvik har t.d. vist at det røynlege husdyrhaldet for Etne i Sunnhordland, basert på skiftebrev, låg langt over det matrikkelen frå 1667 og matrikkelutkastet frå 1723 gjev opp[48]).

Til det føremålet eg skal nytta desse oppgåvene er det likevel nok at matriklane og kvegskattelista har eit korrekt relativt tilhøve mellom dei ulike distrikt innan skipreida og mellom ulike regionar i landet. Det er mykje meir truleg enn at tala skulle vera absolutte korrekte.

For å få fram tilhøvet mellom husdyrhald og kornproduksjon har eg rekna ut husdyrhaldet i kyrlag og dividert dette på tønner utsæd. Som eit kyrlag er rekna 1 ku eller 6 sauer eller geiter. Ein hest er rekne lik 2 kyr[49]). Korntunna er her tunna på 194,4 liter. Resultatet vert då som følgjer:

Tab. 4,2. Husdyrhald - Utsæd 1657 - 1723.

SOKN	1657	1667			1723		
	Kyrlag	Kyrlag	Utsæd t.	Kyrlag pr. t. utsæd	Kyrlag	Utsæd t.	Kyrlag pr. t. utsæd
Myking[1])	476,64	500	90 ¼	5,54	568,67	100 ½	5,66
Lygra[1])	457,16	558	99 ½	5,61	570,23	106	5,37
Lindås	825,82	910	177 ¼	5,13	1152,33	202 ¾	5,68
Austrheim	440,65	667	132 ½	5,04	901,33	165 ⅞	5,43
Lindås skipreide	2200,27	2635	499 ½	5,28	3192,56	575,⅛	5,55

1) Berre den delen av soknet som fell innanfor Lindås skipreide.

Vi ser at det er godt samsvar mellom fehald og utsæd i alle sokna og dermed også mellom indre og ytre strok. Det er heller ikkje store endringar frå 1667 til 1723. Om vi tek for oss dette samhøvet gard for gard, vil det nok variera ein del

for somme gardar, men dei aller fleste ligg nær den utrekna medelen. Det ser difor ut som vi har å gjera med eit nokså fast samhøve.

I ein del andre område har det og vorte rekna ut liknande høvetal mellom kyrlag og utsæd. Desse utrekningane er bygd på korntunna på 145 liter, ikkje 194,4 liters tunna som på denne tida vart nytta i Lindås. For nokre bygder på Romerike vart resultatet mellom 1,66 og 1,89 kyrlag pr. tunne utsæd i 1666, for Stjørdalen 0,51 kyrlag pr. tunne avling ved ei samanlikning av kvegskatten frå 1657 og stipulert tiende i 1666, og for Trondenes 2,74 kyrlag pr. tunne utsæd i 1723[50]. Om eg reknar utsæden i Lindås om til 145 liters tunner, slik som i dei andre områda, ville tilhøvet mellom fehald og utsæd vera 3,93 kyrlag pr. tunne i 1667 og 4,14 kyrlag pr. tunne i 1723.

Dette er høge tal i høve til resten av landet. Fehaldet i Lindås har såleis vore svært høgt på 16- og 1700-talet. Det er likevel eit spørsmål korvidt desse tala er eigna til å gje eit korrekt inntrykk av krøterhaldet i høg- og seinmellomalderen. Eg har ovanfor vore inne på tanken at krisa i seinmellomalderen kan ha ført til auka husdyrhald[51]. Høvetalet mellom buskap og utsæd i 1667 taler på ingen måte mot dette, men kan heller ikkje brukast til å stø dette synet.

Ein kan tenkja seg at det høge krøterhaldet på 16- og 1700-talet var eit resultat av tiltakande fedrift under den store krisa, avdi det då har vore rikeleg tilgang på beitemark og uteslåttar. Dette kan seinare ha fest seg, og buskapen vorte halden oppe ved utstreket bruk av tilleggsfor som t.d. lyng. På den andre sida har dei store opne lyngheiane i Lindås alltid vore ein ressurs som kan ha vorte utnytta til å halde opp ein relativ stor buskap. Det er nok dette som må vera hovedgrunnen til at dette distriktet har så høgt krøterhald i høve til utsæden samanlikna med andre delar av landet som til no har vore granska. Desse ressursane kan ha vore like godt utnytta alt i høgmellomalderen, og då ha gjeve grunnlag for eit like høgt relativt fehald som på 1600-talet. Vi må difor vedgå at det materialet vi i dag har til rådvelde ikkje gjev

grunnlag for slutningar om endra tilhøve mellom fehald og korndyrking i Lindås skipreide i seinmellomalderen. Derimot kan vi slå fast at dette området på 16- og 1700-talet har hatt svært mykje buskap i høve til utsæden, om vi samanliknar med andre område der dette til no har vore etterrøkt.

KAP. 5. SAMANDRAG OG ANALYSE AV NEDGANGEN.

Alle resultat har til no vist ein klår attendegang i Lindås skipreide på byrjinga av 1500-talet i høve til i høgmellomalderen. Det gjeld både busetnaden, landskylda og kornproduksjonen. Av dei 108 namnegardane vi rekna med kunne ha vore i drift i høgmellomalderen, fann vi att berre 60 kring 1520. Dei andre 48, eller 44% av alle namnegardane, låg øyde. På dei fleste av dei seks namnegardane der det venteleg eksisterte to eller fleire "tungardar" i høgmellomalderen, var truleg talet på tun redusert på byrjinga av 1500-talet. Når det gjeld dei i overkant av 200 bruka som vi rekna med at namnegardane var delte i før krisa sette inn, var det etter alt å døma berre att ca. 80 kring 1520. I så fall var øydeprosenten for gardsbruk nærare 60%, enno høgare enn nedgangen i talet på namnegardar. På mange av dei namnegardane som ikkje låg øyde kring 1520 må busetnaden såleis ha gått sterkt attende, utan at dette har ført til total øydelegging.

Desse oppgåvene over total og partiell øydelegging av namnegardar gjev oss eit visst inntrykk av nedgangen i busetnadseiningar, og kan vera eit grovt uttrykk for den demografiske øydelegginga. For å forstå den økonomiske øydelegginga, som m.a. kjem til uttrykk i attendegangen i landskyld og kornproduksjon, lyt vi sjå litt nærare på korleis somme av dei tidlegare busette einingane vart nytta etter at dei i demografisk forstand var lagde øyde.

Tre av øydegardane i Lindås skipreide vart aldri tekne oppatt som sjølvstendige busetnadseiningar. Det gjeld Husebø, Lurekalven og Biskopsnes. Tviberøy vart først busett att ein gong i vårt eige hundreår. Trass i at ingen av desse fire gardane er nemnde med brukar i nokon av dei kjeldene eg har gått gjennom, har det likevel ei tid vorte betalt landskyld for tre av dei. Under innbetalinga av ein restans av krona si landskyld i 1567 ser vi at "Laurids po Inndlygren" i tillegg til ein restans på si eiga landskyld har betalt "noch for ødtt 12 sk"[1]. Det høver med den smørlaupen det i følgje jordebøkene frå 1590, 1610 og 1626 skulle betalast av Biskopsnes.

Ein laup i landskyld skal det i 1590 og 1610 også betalast for øydegarden Lurekalven, som i seinmellomalderen høyrde til Lindås prestebol. Bispejordeboka frå 1598 oppgjev 1 tønne korn i landskyld. Lindås prestebol si jordebok frå 1624 viser at "Lyrekalff en øde platz" har ei landskyld på 1 t. bygg. Når det gjeld Tviberøy, syner både den kongelege jordeboka frå 1610 og 1624 og jordeboka for utlikning av garnisonsskatt frå 1626 at det skulle betalast landskyld av denne øya og. Skylda var i 1610 og 1626 oppgjeve til 1 pd. fisk, i 1624 til eit kalvskinn.

Den siste av dei fire øydegardane eg nemnde ovanfor, Husebø, vart det truleg aldri betalt landskyld av. I staden vart det i 1590, 1610 og 1624 ytt 1 kalvskinn i "frelse"[2].

Alle desse øydegardane må ha hatt ein eller annan funksjon i øydetida, med di nokon var villige til å betala landskyld eller frelse av dei. Klårast ser vi dette når det gjeld Lurekalven. Den garden som betalte landskylda av øydegarden, g.nr. 57 Utluro, hadde skort på utmark. Både i matrikkelen frå 1667 og i matrikkelutkastet av 1723 ser vi at Utluro " ... leyer gresgang til fæet". Her er det vel Lurekalven det vert sikta til. Utanom utmark til denne øydegarden har Lurekalven berre eit lite område vest for fjorden på Lurøya. Det er rimeleg at utan Lurekalven ville brukarane på Utluro ikkje kunna halda dei 40 nauta som matrikkelen av 1667 fører opp.

Kor verdifullt dette området har vore som beite skjønar vi kanskje best når vi ser at Rådmannsøyane, nokre skarve holmar vest for Lygra, på 1700-talet vart rydda frå Utluro[3]. At ikkje rydninga heller fann stad på Lurekalven er vanskeleg å skjøna, når vi samaliknar desse to områda som jordbrukseiningar. Lurekalven har god jord med relativt store åkerareal som er urørde sidan høgmellomalderen. At Lurekalven høyrde til Lindås prestebol skulle vel heller ikkje vera noka hindring, dersom dei nye leigarane kunne betale same landskyld som brukarane på Utluro. Når dette ikkje vart gjort, må grunnen vera at leiglendingane på Utluro ynskte å halda på øya som beiteland og kanskje også til uteslått.

Kor alvorleg mangel på beite kunne vera, ser vi på gran-

negarden Innluro. Denne garden har utmark på dei skrinne områda på Lureøya og Børøya. I matrikkelutkastet av 1723 står det då og at Innluro har ". . . meget besværlig Udmark, saa at qvæget nær sulltis ihel om Sommeren".

Truleg er det nytten av ein øydegard til uteslått som også i dei andre tilfella var grunnen når grannegarden har vore villig til å betala landskyld eller frelse av ein nedlagd gard. Denne aktiviteten har vel likevel sjeldan vore så viktig som på Lurekalven, der han må kunna seiast å vera hovedårsaka til at denne øydegarden aldri vart teken oppatt.

Også andre øydegardar har vorte nytta på same måten som dei ovanfor nemnde gardane. Eit døme på dette er g.nr. 128 Leirvåg. Av Vincens Lunge si jordebok frå 1535 ser vi at det av g.nr. 131 Fonnes skal betalast 2 laupar smør og 2 huder. Deretter står det "Item Leiro wager under same leige". Når så Leirvåg kring midten av 1500-talet har fått eigen busetnad att, går landskylda på Fonnes ned frå 4 laupar i 1535 til 3 laupar i 1567. Samstundes har Leirvåg vorte skyldsett til 1¼ laup, litt meir enn det som vart teke av Fonnes då det tidlegare underbruket venteleg fekk eigen busetnad.

Samanhangen er også klår når det gjeld g.nr. 137 og 138, Søre og Nordre Njøten. I 1567 ser vi at "Siurd på Niotthenn" har betalt ein restans av stigta si landskyld frå 1566 "for øtt ½ løp smør"[4]. Då det i følgje skattelista frå 1563 berre er Søre Njøten som er busett på denne tida, må dette gjelda Nordre Njøten, som ikkje vert folkesett att før i 1590.

Av andre øydegardar som ei tid må ha vorte nytta som underbruk, uteslåttar eller beite, kan særleg nemnast g.nr. 89 Haugsmyr, til dagleg kalla "øyjorde", og g.nr. 101 Vabunes. Haugsmyr vart det betalt frelse av i 1590. Av tiendelista frå 1612-13 ser vi at denne garden no har fått eigen brukar. Difor er det ikkje betalt frelse av Haugsmyr i 1610. Det er det derimot av g.nr. 101 Vabunes. Grunnen til at denne garden ikkje har frelse knytt til seg i 1590 må vera at grannegarden Vabu sjølv låg øyde fram til midten av 1500-talet. Det er såleis truleg at utnyttinga av Vabunes som underbruk ikkje gjekk særleg langt attende i tida.

Nokre andre øydegardar kan og tenkjast å ha vore underbruk ei tid under nærliggjande gardar. Både g.nr. 112 Finnesbø og g.nr. 115 Kårdal manglar i skattelistene frå kring 1520. Dei er heller ikkje med i skattelista frå 1563 eller i leidangslista frå 1567. Første gong Kårdal er nemnd med brukar er i 1590, Finnesbø først i 1603. Trass i dette er begge gardane rekna opp i Vincens Lunge si jordebok frå 1535. Finnesbø har då ei landskyld på 9 skilling (¾ laup smør). Kårdal si skyld er ein sau (½ laup smør). Om landskylda på Finnesbø og heile innføringa om Kårdal står det i den trykte utgåva av jordeboka at dette er tilskrive med ei anna hand og annleis blekk, men at denne tilføringa likevel er omlag like gamal som resten av jordeboka[51]. I så fall skulle landskylda svarast av desse gardane medan dei låg folketome, noko som vel berre kan tenkjast dersom dei var underbruk eller uteslåttar under andre namnegardar.

Når det gjeld dei gardane vi har drøfta ovanfor, må vi tru at det er utnytting som beite og/eller slåtteland som har vore hovedårsaka til at brukarane på andre gardar har vore villige til å betala landskyld av dei. G.nr. 40 Hodneland har truleg også vorte utnytta under øydetida, men ikkje først og fremst som uteslått. I Vincens Lunge si jordebok frå 1535 står det at "Horneland skall bliffue øde thii ther ligger skøn tymberskoff tiill"[6]. Skogen må her ha vore så verdefull at eigaren har vore meir interessert i å utnytta denne enn å leiga garden ut på ny.

Av gardar som vi veit har vorte utnytta økonomisk medan dei låg øyde kan vi til sist nemna g.nr. 166 Sævarøy, ei av øyane utanfor Fosnøy. Denne garden vart det i 1590 betalt 6 merker fisk i frelse av. Frelsa av Sævarøy er ført opp rett etter g.nr. 139 Solend, som ligg langt frå denne øya. Saman med det at frelsa vart betalt i fisk, kan dette tyda på at det først og fremst kan ha vore fisket som låg bak utnyttinga av øya, ikkje uteslått eller beite som med dei fleste andre øydegardane.

I alt har vi no funne at minst 12 av 48 øydegardar i Lindås skipreide til ei eller anna tid har vorte utnytta øko-

nomisk frå andre gardar, trass i at dei i demografisk forstand framleis låg øyde. Om dette er alle dei namnegardane som vart nytta på ein slik måte er vanskeleg å avgjera. Det mest sannsynlege er at vi gjennom kjeldene berre har funne eit meir eller mindre tilfeldig utval. Det kan godt tenkjast at ein nedlagd gard kan ha vorte nytta som beite eller uteslått uten at det vart betalt landskyld av han. I så fall ville vi knapt få dette registrert i det skriftlege materialet.

Alle dei øydegardane vi ovanfor rekna med var underbruk eller uteslåttar under andre gardar, treng ikkje ha vore dette heile tida. Vabunes, som Vabu skulle betala frelse av i 1610, kan t.d. ikkje ha vore underbruk under Vabu før kring midten av 1500-talet. Før denne tida låg også Vabu folketom. Slik kan det og ha vore med andre øydegardar utan at vi har materiale til å avgjera dette. Dette er enno ein grunn til at omfanget og verdien av øydegardane som vart brukt av andre gardar i seinmellomalderen vanskeleg kan fastsetjast.

Kor viktige slike øydegardar har vore kan vi likevel få eit inntrykk av ved å sjå på den leiga brukarane på andre namnegardar var villige til å betala for dei.

For å måla dette på beste måten, bør vi kjenna den gamle skylda på vedkomande øydegard. Det gjer vi for Lurekalven, Finnesbø, Kårdal og Leirvåg. I tabellen nedanfor ser vi kor høg prosent landskylda under øydetida var av den gamle skylda.

Tab. 5,1. Landskyld under øydetid i prosent av gamal skyld.

	Gamal skyld	Skyld under øydetida	% av gamal skyld	Ny skyld som sjølvstendig gardseining
Lurekalven	4	1	25%	-
112 Finnesbø	2	¾	37,5%	½ (1610)
115 Kårdal	3	½	16,7%	½ (1590)
128 Leirvåg	4	1[7)]	25%	1¼ (1567)

Av tabellen går det fram at leiga av desse gardane under øydetida var minst like stor som seinare. Vi merkjer oss

og at den nye skylda i prosent av den gamle ikkje skil seg merkjande frå den vanlege nedgangen i skyldnivå i seinmellomalderen[8]. I alle fall desse fire gardane må såleis ha vore viktige økonomiske ressursar for dei brukarane som var villige å betala ei såpass høg leige for dei. Det er då rimeleg at øydegardar som underbruk har hatt mykje å seia for den reduserte busetnaden på 1500-talet.

Eg trur likevel ein skal ta seg i vare for å overdriva betydninga av den økonomiske utnyttinga av øydegardane. Skattelista frå 1520 viser at sjølv dei beste jordbruksgardane på denne tida berre hadde nokre få skatteytarar. Ein må såleis kunna tru at brukstalet på svært mange av gardane som ikkje vart lagt øyde under den store krisa vart kraftig redusert. Eit indisium på dette er at øydeprosenten til bruka ser ut til å vera høgare enn øydeprosenten til namnegardar. Det er lite truleg at utnytting av øydegardar kunne oppvega den attendegangen som må ha funne stad på dei gardane som har fått brukartalet sterkt redusert.

Om ikkje denne verksemda har kunna halda oppe same jordbruksproduksjonen som før krisa, er det likevel rimeleg at ho skulle verka med til å leggja om produksjonen med relativt sterkare vekt på forhausting og sterkare fehald i høve til åkerbruket. Diverre viste det seg uråd å etterprøva denne hypotesen då vi i kap. 4 freista rekna ut produksjonen i området. På grunn av kjeldematerialet var det berre det relative tilhøvet mellom kornproduksjonen før og etter krisa som det i enkelte sokna let seg gjera å få til eit grovt overslag over. Trass i at det var uråd å koma fram til nøyaktige oppgåver, kan vi i alle fall rekna med at kornproduksjonen i desse delane av skipreidet har gått ned til minst det halve mellom ca. 1350 og midten av 1500-talet.

Ein annan viktig faktor for å forstå den økonomiske øydelegginga er landskylda. Den må sjåast på som eit produkt av tilgangen på og etterspurnaden etter jord. Av kap. 3 såg vi at landskylda var kraftig redusert i denne perioden. Av dei namnegardane som har oppgjeve gamal skyld, fekk 10 øydegardar redusert skylda si til 22% i 1590, då dei var teke i bruk att.

18 namnegardar med gamal skyld som ikkje låg øyde, fekk redusert skylda til 27,5% i 1590. Oppgåvene for nokre Munkelivgardar tyder på at nedgangen i landskylda har vore enno sterkare på 1400-talet.

At det bak denne store nedgangen i busetnadseiningar, produksjon og landskyld også må løyna seg ein sterk attendegang i folketal kan det knapt reisast tvil om. Det eksakte omfanget av dette folketapet kan likevel ikkje målast med det materialet vi har til rådvelde.

Omfanget av nedgangen på dei ulike områda har ikkje vore heilt lik i alle delar av skipreidet. Når det gjeld kornproduksjonen, såg vi i kap. 4 at nedgangen var relativt større i Austrheim enn i Lindås sokn. Når det gjeld nedgangen i landskyld er det vanskelegare å sjå nokon regional skilnad. Om vi deler skipreidet i eit indre og ytre strok etter deigrensene matrikkelutkastet av 1723 gjev for "haandsnørefiske" som ei av hovednæringane, vil grensa gå omlag midt i skipreidet[9] (sjå kart s. 173). I den ytre sona var hovednæringa jordbruk og fiske, i indre sona er det berre jordbruk eller jordbruk og skogdrift. Ei samanlikning mellom gamal skyld og ny skyld i 1590 for 28 namnegardar viser då følgjande:

Tab. 5,2. Regional skilnad i landskyldfall.

	Indre strok				Ytre strok			
	Tal på gardar	Gml sk.	Ny sk 1590	Ny sk % av gml.	Tal på gardar	Gml sk.	Ny sk. 1590	Ny sk % av gamal
Øydegardar 1520	4	17	3 ¾	22,1%	6	18	3 ¾	20,8%
Ikkje øyde "	9	64	15 ¼	23,8%	9	65	17 ¼	26,5%
Alle n.gardar	13	81	19	23,5%	15	83	21	25,3%

Skilnaden mellom dei to områda er såleis ikkje større enn vi må kunna rekna med når vi byggjer på eit så lite materiale.

Det området der ein best kan studera lokale variasjonar

under nedganstida er busetnaden. Særleg gjeld dette namnegardane, der vi kan følgje busetnaden på kvar grunneining. Ved å måla øydefrekvensen til grupper av namnegardar med sams trekk, kan vi kan henda få eit betre bilete av årsakene til den totale gardøydinga. Vi kan likevel ikkje få ei uttømande forklaring på heile nedgangsprosessen, avdi det berre er mogeleg å samanstilla dei faktorane som kan ha påverka øydeleggingа med namnegardar som var heilt avfolka kring 1520. Omfanget av øydeleggingа på namnegardar som berre var utsett for ei partiell demografisk øydelegging er det uråd å få oversikt over. Då har ein heller ikkje høve til å samanstilla denne øydeleggingа med mogelege årsaksfaktorar. Difor bør ein vera varsam med å trekkja altfor vidtgåande konklusjonar av det materialet vi no skal gå gjennom.

På s.95 er attgjeve eit kart over namnegardane frå høgmellomalderen. Dei som ikkje er med i skattelistene frå kring 1520 er teikna som fylte ringar. Av kartet kan vi med ein gong sjå at det ikkje er nokon iaugnefallande skilnad mellom indre og ytre strok. Om hovedinntrykket er ein jamn attendegang i busetnaden over heile skipreidet, er det likevel nokre område som peikar seg ut med særleg høg eller låg øydeprosent. Det mest påfallande er på den eine side at områda kring den indre, midtre og sørlege delen av dei ytre Lindåspollane har så få øydegardar kring 1520. På den andre sida er mest ingen av dei såkalla "fjellgardane", dvs. g.nr. 46 Tveiten, 47 Vefjell, 36 Smørdal, 35 Nævdal og 48-49 Fjellsbø, som er busette kring 1520.

Kva kan så grunnen vera til at somme område held seg betre oppe under krisa enn andre? Bydde namnegardane i desse områda på særlege føremoner for brukarane framfor gardar i andre område? Dersom gardøydinga tok til alt på 1300-talet, kunne ein venta at folkesetnaden på byrjinga av 1500-talet hadde konsentrert seg om dei namnegardane som på denne tida kunne gje mest utbytte for den som skulle driva dei.

Vi kan tenkja oss fleire faktorar som kan ha medverka til ei slik utvikling. For det første kan endringar i jordbrukstilhøve ha hindra all gardsdrift på somme namnegardar.

Dei som budde der har då vore nøydde til å flytta. Dette kan tenkjast t.d. på høgtliggjande gardar, dersom klimaet forverra seg mykje i ein periode. For det andre kan som vi var inne på ovanfor, namnegardar ha vorte fråflytta, dersom andre ledige namnegardar stod fram som eit meir tillokkande alternativ. Folk på gardar med dårleg tilgang til fiske ville kan henda flytta nærare kysten, dersom dei såg på fisk som ein viktig del av kosthaldet, eller om dei lettvint kunne få avsetnad for den delen dei sjølv ikkje hadde bruk for.

Av slike faktorar som kan ha påverka busetnadsstrukturen i Lindås skipreide trur eg dei viktigaste må vera:

1) Høgd over havet.
2) Storleiken på namnegarden.
3) Alder.
4) Tilgang til fiske.
5) " " skog.
6) Eigen kvern.
7) Jordsmonn.
8) Vilkår for korndyrkning (follmengd, frostfåre osv.).
9) Eigartilhøve.

Punkt nr. 3 har som føresetnad at det er dei beste jordbruksområda som vart tekne i bruk først. Å nytta alderen på namnegardar er difor ikkje stort anna enn å nærma seg problema under punkt 2 og 7-8 på ein annan måte.

Den marine grensa, som i somme område har hatt mykje å seia for lokaliseringa av busetnaden, har i Lindåsområdet hatt svært liten innverknad. Berre få stader finst det lausavsetningar som har samanhang med denne grensa. Endringar i jordsmonnet har snarare samband med dei ulike bergartane. Ein kan såleis finna sterke lokale variasjonar både ovanfor og nedanfor den marine grensa. Difor har eg ikkje teke denne faktoren med i lista ovanfor, men heller lagt vekt på å samanlikna jordsmonnet generelt med øydeprosenten.

Når det gjeld ferdselsårer og eventuell påverknad på busetnaden frå desse, trur eg heller ikkje dette har hatt noko særleg å seia i vårt område. Opp til midten av dette hundreåret var det først og fremst sjøen som batt saman ulike distrikt

i Nordhordland. Det har ein m.a. eit klårt vitnesbyrd om i dei administrative grensene som ofte gjekk på tvers av dei mange fjordane og sunda. Lindås skipreide er såleis samansett av ytre delen av Lindåshalvøya og ei mengd større og mindre øyar. Busetnaden i dette området låg ingen stader særleg langt frå sjøen.

Den viktigaste ferdselsåra var skipsleida nordover frå Bergen, som gjekk vest om Lygra og vidare gjennom eit av sunda aust eller vest for Bakkøy. Ser vi på kartet over busetnaden i høg- og seinmellomalderen, er det vanskeleg å sjå at busetnaden langs denne leia har halde seg betre eller dårlegare oppe enn busetnaden andre stader i skipreidet.

Ei anna ferdarute er den gamle postvegen mellom Bergen og Sogn. Denne gjekk m.a. over land frå Hundvin til Fonnebost. Det er uvisst om denne ferdselsvegen har vore nytta alt i høgmellomalderen, eller om han vart til som ein følgje av den ordna postgangen på 1600-talet. Denne vegen går gjennom eit område der busetnaden heldt seg godt oppe i seinmellomalderen. Dette området strekkjer seg likevel langt til sides for sjølve vegen. Det er difor tvilsamt om den låge øydeprosenten kan setjast i samband med denne ferdselsåra.

Når det gjeld faktorar som avstand mellom busetnadseiningar og avstand til lokale sentra som t.d. kyrkjestaden, vil heller ikkje dette vera naudsynt å trekkja inn i det vidare arbeidet. Kartet over busetnaden i høgmellomalderen viser at busetnadseiningane låg tett i heile området. Ingen namnegardar låg særleg isolerte. Nedgangen er og jamn. Det er t.d. ingen tendens til at busetnaden kring kyrkjestodane Austrheim, Lindås, Lygra og Myking held seg betre enn andre stader. Ei anna sak er at kyrkjene låg på gardar med svært gode jordbruksvilkår, men låg øydeprosent kan då snarare vera eit resultat av dette enn av kort veg til samlingsplassen i bygda.

For ein del av dei 9 faktorane eg har nemnt ovanfor sitt vedkomande er det uvisst kor brukande dei er til å slutta attende til tilhøva ved slutten av høgmellomalderen då vi møter dei første kriseteikna. Når t.d. dei tidlegaste oppgåvene over folkemengda i Lindås kjem frå matriklane i 1667 og

1723, er det grenser for kor langt dei kan nyttast til å finna årsakssamanhangar mellom avkastning og øydelegging i seinmellomalderen. Det same vil meir eller mindre også gjelda faktorar som tilgang på skog eller kverner. Næringskombinasjonar kan og ha endra seg frå høgmellomalderen og fram til 1600-talet. Slike utslag bør vi hugsa på når vi skal analysere dei ulike faktorane vidare.

I det følgjande vil eg drøfta dei ulike faktorane, og sjå om nokon av dei er knytta til høg eller låg øydeprosent.

1) Høgd over havet.

Dei fleste namnegardane i Lindås skipreide ligg under 50 m. over havet. På mange av desse gardane kan jordbruksarealet variera mellom ned til eit par meter og opp til vel 50 m. o. h. Difor vil det vera lita meining i å prøva øydeprosenten mot variasjonar i høgdenivå innanfor denne gruppa. I det følgjande har eg såleis konsentrert meg om dei namnegardane der største delen av innmarksområdet ligg ovanfor ca. 50 m. Høgdetala gjeld den høgda som tunet på garden ligg på. Dei fleste av desse namnegardane ligg i skråninga av Skausneio, som med sine 394 m. ved Selivarden er høgaste fjellet i området.

Tab. 5,3. Høgd over havet - øydelegging.

		H. o. h.	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520
25-27	Tveit	75-125 m		x
28	Reikerås	150 "	x	
35	Nævdal	125 "	x	
36	Smørdal	150 "	x	
46	Tveiten	125 "	x	
47	Vefjell	150 "		x
48-49	Fjellsbø	250 "	x	
54	Konglevoll	75 "		x
95	Refsdal	75 "	x	
107	Kolås	125 "		x

Av dei 10 namnegardane i tabellen låg 6 øyde kring 1520, noko meir enn medelen for heile skipreidet. Om vi berre tek med dei namnegardane der heile garden låg over 100 m, var 5 av 7 gardar øyde i 1520. Dette tyder på at høgtliggjande gardar oftare var lagt ned enn andre gardar. Heilt uskikka til jordbruk har dei likevel ikkje vore i seinmellomalderen, med di to gardar over 100 m. var busette på byrjinga av 1500-talet.

2) Storleik etter landskyld.

I tabellen under har eg delt namnegardane inn i fire grupper etter oppgåvene over landskyld i kontribusjonsmanntalet frå 1647. Den første av desse femner over alle namnegardar som hadde mindre enn ein laup smør i landskyld. Den andre har med namnegardane mellom 1 og 2 laup, den tredje namnegardane mellom 2 og 3 laup og den siste namnegardar med meir enn 3 lauper i landskyld. For kvar av desse gruppene er øydeprosenten oppgjeve.

Tab. 5,4. Landskyld 1647 - øydefrekvens.

	Tal på gardar	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520	Øydeprosent
0 - 1 laup	32	31	1	96,9%
1 - 2 laup	44	11	33	25%
2 - 3 laup	15	1	14	6,7%
3 laup	11	0	11	0%

Lurekalven, Biskopsnes, Husebø, Tviberøy og Ikornås er ikkje medrekna i tabellen, då desse framleis låg øyde i 1647. / Prestegarden har ikkje oppgjeve skyld. / Øydeprosenten for dei 102 gardane som er med i tabellen vert då 42%, 2% lågare enn for alle namnegardane i skipreidet under eitt.

Tala i tab. 5,4 er så klåre at dei mest ikkje treng kommentarar. Med eit unntak har alle dei minste namnegardane i 1647 lege øyde medan alle dei største har greid seg gjennom krisetida utan å missa busetnaden. Namnegardar mellom 1 og 2 lauper ligg i mellomskiktet. Mellom dei er det både øydegar-

dar og gardar som ikkje låg øyde. Om ein går nærare inn på denne gruppa, vil ein oftast finna øydegardane mellom dei namnegardane som har frå 1 til 1 ½ laup i skyld.

Det kunne etter dette vera freistande å slutta at det var dei minste namnegardane som vart sterkast råka av øydeleggginga. Vi bør likevel først gjera merksam på ei mogeleg feilkjelde ved den framgangsmåten vi har nytta. Skyldnivået i 1647 er eit resultat av nedgangen i seinmellomalderen. I kap. 3 kom vi fram til at øydegardar og gardar som ikkje låg øyde hadde ulik nedgang i landskyld[11]. Det kan såleis tenkjast at låg verdi uttrykt med låg landskyld i 1647 like gjerne kan vera eit resultat av at garden har lege øyde som ei årsak til at han vart liggjande folketom.

For å etterprøva hypotesen om samanhang mellom låg landskyld og høg øydeprosent bør vi difor kontrollera resultatet ovanfor med dei oppgåvene vi har over gamal skyld i høgmellomalderen. Med tanke på å få nokolunde tilsvarande inndeling som i tabellen ovanfor, har eg rekna med at den nye landskylda i medelen var ca. 25% av den gamle[12]. Dei som hadde opp til 4 m.m.bol i gamal skyld skulle då svara til dei som i 1647 hadde under 1 laup. 4-8 m.m.bol skulle då svara til 1-2 laup. Avdi det er så få namnegardar som i høgmellomalderen hadde over 8 m.m.bol i landskyld har eg sett alle desse i ei gruppe.

Tab. 5,5. Gamal skyld - øydefrekvens.

	Tal på gardar	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520	Øydeprosent
0 - 4	11	7	4	63,6%
4 - 8	14	6	8	42,9%
8 -	6	0	6	0%
Ialt	31	13	18	41,9%

Også denne tabellen viser at dei minste namnegardane, under 4 m.m.bol, tilsvarande mindre enn 1 laup i ny skyld, skil seg ut med høgare øydeprosent enn medelen på alle namne-

gardane. Skilnaden er likevel på langt nær så markert som i tab. 5,4, noko som viser at låg landskyld i 1647 også kan vera eit resultat av at ein gard har lege øyde. Den andre gruppa, med ei landskyld på mellom 4 og 8 m.m.bol, syner ein "normal" øydeprosent som skil seg lite frå medelen. Tendensen til at store gardar, over 8 m.m.bol eller kring 2 laup eller meir i ny skyld, ikkje vert lagde øyde vert fullt ut stadfesta av tab. 5,5.

Etter det vi i kap. 1 kom fram til om storleiken på bruka, skulle inndelinga ovanfor grovt svara til einbølte og mangbølte namnegardar. Ein kan difor trekkja den konklusjonen at små namnegardar som truleg har vore einbølte i høgmellomalderen hadde ein noko høgare øydefrekvens kring 1520 enn medelen. Større namnegardar med omlag to bruk ser ut til å ha vorte lagt øyde omtrent like ofte som medelen for heile skipreidet. Dei største namnegardane med meir enn to til tre gardsbruk ser derimot sjeldan eller aldri ut til å ha vore heilt avfolka.

3) Alder.

I tab. 1,2 viste vi at namnegardar som grunna arkeologiske funn må ventast å høyra til dei eldste busetningseiningane til vanleg og hadde ei svært høg landskyld i 1647. Ut frå dette skulle ein tru at dei eldste namnegardane i området og har klart seg relativt betre gjennom nedgangstida enn den yngre delen av busetnaden.

I Lindås skipreide vil det vera svært vanskeleg å fastslå alderen for mange av namnegardane. Dei fleste har samansette naturnamn av typen Haukås eller Kvalvåg. Ein freistnad på å finna alderen til busetnadseiningane måtte difor i stor grad baserast på grensene til gardsvalda[13]. Det er eit arbeid som ville sprengja rammene for denne oppgåva. For ein del av namnegardane, dei som ligg på Fosnøy og Bakkøy, ville heller ikkje denne metoden føra fram. Heilt til kring 1870 var utmarka på desse øyane sams for alle namnegardane. Først i samband med dei store utskiftningane i andre halvdel av 1800-talet kom det faste grenser mellom dei.

For nokre namnegardar sitt vedkomande let det seg likevel avgjera at dei høyrer til mellom den eldre delen av buset-

naden i området. Det gjeld for det første namnegardane med arkeologiske funn frå vikingtid eller lenger attende, og dessutan gardar med namn som endar på -stad, -heim, -land, -set og -vin[14].


Om vi byggjer på gardane i tab. 1,2 og dessutan trekkjer inn namneklassane ovanfor, skulle det i alt vera 25 namnegardar som har eit eller begge desse alderskriteria. Av desse var det berre 3, g.nr. 40 Hodneland, g.nr. 113 Sjurset, og g.nr. 124 Kjeilegavlen som låg øyde kring 1520. Øydeprosenten for desse gardane vert såleis berre 12%. Den eldste busetnaden ser såleis ut til å ha halde seg særleg godt oppe under krisetida.

4) Tilgang til fiske.

Når det gjeld denne faktoren må vi vera klår over at ingen namnegardar i Lindås skipreide låg så langt frå sjøen at dei ikkje dreiv med fiske i tillegg til avkastinga av jorda. Det beste døme på dette er g.nr. 48-49 Fjellsbø, som er den namnegarden som har lengst veg til sjøen. Likevel har brukarane på Fjellsbø frå gamalt av hatt naust ved Austfjorden. Problemet kan såleis ikkje stillast om ein gard hadde tilgang til fiske, men snarare kor viktig denne attåtnæringa var og kor mykje ho kasta av seg.

Korleis desse tilhøva har vore i eldre tid kan kanskje matrikkelutkastet frå 1723 fortelja oss noko om. I ein eigen rubrikk vert her hovednæringa for kvar matrikkelgard oppgjeven. Gardane fell i tre kategoriar. For det første er det ei gruppe der brukarane lever "allene af qvægetz avling", dinest følgjer gardar der folk lever "af qvægetz avling" og "lit brændeved at selge", og til sist ei gruppe der brukarane lever "af qvægetz avling" og "et haandsnøre at fiske med". Som vi var inne på ovanfor og som kartet over hovednæring på s. 173 viser, er den siste kategorien konsentrert i dei ytre delande av skipreidet.

For å få svar på om "haandsnøre fiske" syner nokon positiv eller negativ korrelasjon med øydeprosenten, har eg sett opp tab. 5,6 nedanfor, som viser øydeprosenten for dei ulike hovednæringane i 1723. Nokre få gardar der kommentarar manglar i 1723 er ikkje tekne med[15].



N
0
5 km
Mongstad
Fosnöy
Lindås
Myking
Lygra
Hovednäring 1723
"Qvägets avling"
" " og "haandsnörefiske"
" " " "brendeved at selge"

Tab. 5,6. Hovednæring - øydeprosent.

Hovednæring 1723	Gard i alt	Øyde	Ikkje øyde	Øyde-prosent
1. "Qvægets avling"	45	20	25	44,4%
2. "Qvægets avling" + "haand-snøre fiske"	38	16	22	42,1%
3. "Qvægets avling" + "brænd-ved at selge"	7	2	5	28,5%

Gruppe nr. 1 og 3 skal eg koma attende til seinare. Her skal eg konsentrera meg om namnegardane i gruppe 2, der hovednæringa var "qvægets avling" og "haandsnørefiske". Samanliknar vi kartet over hovednæring med kartet over høgmellomaldergardar på s. , ser vi at begge dei to første gruppene ser ut til å innehalda omlag like mange store og små gardar. Denne faktoren verkar såleis ikkje forstyrrande inn på resultatet i tab. 5,6. Vi må difor kunna fastslå at det ikkje finst noko påviseleg samband mellom total øydelegging av namnegardar og fiske som næringsgrunnlag på byrjinga av 1700-talet ved sida av jordbruk. Grunnen til dette er kan henda at skilnaden mellom gruppe 1 og 2 når alt kjem til alt ikkje er så svært stor. Både i indre og ytre strok har truleg alle brukarane drive fiske til eige bruk. Det må såleis vera andre faktorar enn "haandsnørefiske" som har avgjort om ein namnegard har vorte liggjande folketom eller ikkje.

Oppgåvene over hovednæring er frå byrjinga av 1700-talet. Ein kan og tenkja seg at tilhøvet kan ha endra seg noko frå høg- og seinmellomalderen. Vi skal difor sjå på problemet frå ein litt annan vinkel. På slutten av 1500-talet og byrjinga av 1600-talet har ein del namnegardar fisk som einaste eller ei av betalingsvarende i landskylda. Desse gardane har eg merkt av på eit kart på s.175. Vi får då eit bilete som i svært grove trekk høver med dei distrikta som på kart over hovednæring / er merkt av som "haandsnøre"-område. Den ytste delen av Lindåshalvøya og søre luten av Fosnøy har likevel heilt falle ut på det siste kartet. I alt 20 namnegardar har til ei eller anna tid fisk med som betalingsvare. Av desse




Namnegardar med fisk i landskylda
på 15- og 1600 talet

● öyde 1520

○ ikkje öyde 1520

låg heile 14, eller 70%, øyde kring 1520. Her kan ein i alle fall ikkje sjå noko samband mellom fiske og låg øydeprosent. Noko samband andre vegen, mellom fiske og høg øydeprosent bør ein likevel vera varsam med å etablera. På nokre av namnegardane, som t.d. Tvibernes og Brakøy, er det fisk med i landskylda den første tida etter at garden vart teken opp frå øyde. Dette kan tyda på at overskotet av garden på denne tida i hovedsak kom frå fiske. Etter kvart vert så heile landskylda gjeven i jordbruksvarer, noko som kan ha samband med at produksjonen på garden vart utvida etter kvart som større areal vart rydda. Landskyld i fisk kan såleis i somme høve vera eit teikn på at ein gard i eit fiskedistrikt i Lindås har lege øyde. Av same grunn kan det vera at mange namnegardar i dei ytre stroka av skipreidet ikkje har fisk i landskylda avdi dei ikkje låg øyde under krisa, og dermed kan henda heile tida har hatt overskot av jordbruksvarer.

Ein annan faktor som for så vidt også har samband med fiske, finn vi kanskje i silde- og laksevågane i ytre delen av skipreidet. Eit kart over desse er å finna på s.177. Det var tronge vågar der silda eller laksen vart jaga inn for så å verta stengd av ved hjelp av ei not tvers over munninga på vågen. Desse er i matriklane frå 1667 og 1723 og til dels i landkommisjonen si jordebok av 1661 ført opp under vedkomande namnegard som særskilde "herligheter" som det skulle svarast særleg skatt av til kongen. Tab. 5,7 nedanfor gjev eit oversyn over kva namnegardar som hadde bruksrett til ein slik våg, og kven av desse som låg øyde. G.nr. 142 Sætre og g.nr. 149 Arås delte ein våg, Åråsvågen, mellom seg. Berre vågane ved g.nr. 164 Krossøy og 165 Rongevær var laksevågar. På g.nr. 89 Marås er det også opplyst at det er eit østersfelt i 1723.


N
5 km
0
Silde- og laksevågar 1667/1723.
Sildevåg
Laksevåg


Tab. 5,7. Silde- og laksevågar 1661 og/eller 1667/1723.

Namn	Kva slags våg	Gamal skyld	Ny skyld 1647	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520
89 Maråsa	Sildevåg og østersfelt	-	1,75		x
117 Rossnes	Sildevåg	3	2,00		x
127 Mongstad	"	6	1,125		x
131 Fonnes	"	10	3,188		x
142 Sætre	"	6	1,75		x
145 Ulvøy	"	-	0,75	x	
147 Kvalvåg	"	-	1,50		x
149 Åråsa	"	-	1,00	x	
152 Litle Lindås	"	-	1,50		x
158 Lerøy	"	-	1,00	x	
161 Øksnes	"	-	1,33		x
164 Krossøy	Laksevåg	2	1,00		x
165 Rongevær	"	-	1,00	x	
Ialt 13 namnegardar				4	9

Øydeprosenten for desse 13 namnegardane vert såleis 30,8%. Dette er noko lågare enn medelen. Den gamle skylda for 5 av namnegardane var i medelen 5,4 m.m.bol. Av tab. 5,5 ser vi at gardar på denne storleiken skulle ha ein "normal" øydeprosent. Eg trur difor det er rett å seia at dei namnegardane som hadde særleg "herligheter" i form av silde- eller laksevågar ikkje vart lagde øyde fullt så ofte som andre namnegardar i skipreidet.

4) Tilgang på skog.

Skog vart i eldre tid også rekna som ein "herlighet" på linje med t.d. lakse- og sildevågane. Når det gjeld denne faktoren syner kartet på s.179, som er bygd på opplysningar i matriklane frå 1667 og 1723, at største delen av Lindås skipreide mangla skog på denne tida. Desse opne områda har fram til vår eiga tid vore lyngheiar som først og fremst vart utnytta som beite, og der bøndene hausta tilleggsfor. Dei områda



Skog ettermatrikklane 166711723

(Oppgåvene gjeld namnegardar med "brendeved at selge" eller "furreskov", og gjev ikkje eit nøyaktig bilete av skogsgrensene.)

Lauvskog

—— " —— og furuskog


som hadde skog er i hovedsak dei same som i dag, sjølv om skogen frå byrjinga av vårt eige hundreår har trengt seg noko lenger fram, dels som ein følgje av planting, dels som ein verknad av minkande utnytting av lyngheiane.

Skogen i Lindås var i følgje matriklane frå 1667 og 1723 både lauv- og fureskog. Fureskogen var konsentrert i området kring g.nr. 38 Hodne, g.nr. 39 Hodnekvam, g.nr. 40 Hodneland, g.nr. 42 Særås, g.nr. 43 Natås, g.nr. 44 Skauge og g.nr. 100 Fjellsende, og dessutan kring g.nr. 24 Fammestad, g.nr. 56 Hundvin og g.nr. 92 Træland. Skogen i Hodne-området har vi prov for går langt attende, med di det i 1535 heiter om Hodneland at den "shall bliffue øde thii ther ligger skøn tymberskoff tiill"[16].

Om områda kring g.nr. 38 Hodne og g.nr. 24 Fammestad heiter det i matrikkelutkastet frå 1723 at dei har "brendeved at selge" som ei av hovednæringane. Det tyder vel på at dei og venteleg har hatt noko lauvskog. I tillegg til desse syner matriklane frå 1667 og 1723 at svært mange andre namnegardar søraust for Lindåspollane har hatt "brendeved at selge". Nordanfor dette området er det berre g.nr. 122 Hellestveit, g.nr. 120 Tvibernes og g.nr. 117 Rossnes der lauvskogen har hatt noko å seia.

Øydeprosenten for i alt 7 namnegardar der brukarane i 1723 levde av "qvægetz avling" og i tillegg hadde "brendeved at selge" er rekna ut ovanfor i tab. 5,6. Den var 28,5% mot 42,1% og 44,4% mellom namnegardar der berre "qvægets avling" og "qvægets avling" og "haandsnørefiske" var hovednæringa. I matriklane frå 1667 og 1723 er det i alt med 36 namnegardar der skog av eit eller anna slag er rekna som "herlighet". 13 av desse, eller 36,1% låg øyde kring 1520. Det er også i underkant av øydeprosenten for alle namnegardane i området.

Mellom dei 36 namnegardane er 11 nemnde med fureskog. Av desse låg berre 2 øyde kring 1520. Det gjev ein øydeprosent som ikkje er høgare enn 18,2%. Det kan såleis ikkje vera rimeleg tvil om at namnegardar som låg i område med tilgang til skog, og særleg då fureskog, gjennomgåande har lågare øydeprosent enn andre namnegardar i Lindås skipreide.



Kvemer etter matrikklane 1667 og 1723

5) Kverner.

Av andre "herligheter" i 1667 og 1723 er særleg nemnd kverner. Oftast vert dei omtala som "flomkverner", venteleg avdi dei låg ved elvar eller bekker som til vanleg ikkje var vassrike nok til å driva ei kvern. Med den store nedbøren som er vanleg i dette distriktet om hausten, ville det då vera råd å få malt kornet. Einaste kverna i området som var uavhengig av flomvatn låg ved Nesfossen, mellom g.nr. 56 Hundvin i Lindås skipreide og garden Nese i Alenfit skipreide.


I alt hadde 44 namnegardar ei eller fleire kverner anten i 1667 og/eller i 1723. Av kart s.181 ser vi at dei er godt spreidde over heile skipreidet, kanskje med ein noko sterkare konsentrasjon aust for Skausneio. Av desse 44 namnegardane låg 15 øyde kring 1520 medan 29 var busette. Dette gjev ein relativ låg øydeprosent på 34,1%. Å ha høve til å mala sitt eige korn kan såleis ha vore ein føremon som kan ha samband med realtiv låg øydefrekvens.

6) Jordbotn.

Nedanfor er attgjeve eit oversiktskart over berggrunnsgeologien i dei såkalla Bergensbogane[17]. Av dei bergartane vi finn i Lindås skipreide er det to som særleg skil seg ut. Det er på den eine sida anorthosit, ein svært hard bergart, som ikkje gjev særleg gode vilkår for jordbruk, og på den andre sida sedminetære kambrosilurbergarter som glimmerskifer som kan gjeva svært god dyrkingsjord. Dei andre bergartane ligg i mellom desse ytterpunkta og kan gje medels god dyrkningsjord med stor individuell skilnad frå gard til gard.

I tillegg til bergartane finst det ein del lausavsetningar i området. Det gjeld forvitringsjord, som t.d. på Myking og Hundvin, og Ra-morenen frå slutten av istida som går over Leirvåg, Fonnes, delar av Sætre og Åråsen.

Dette skulle gje grunnlag for å grovdela jordartane i Lindås skipreide i tre delar, god dyrkningsjord, glimmerskifer, lausavsetningar og raet, medels dyrkningsjord, alle bergartar i området som her ikkje er spesifiserte, og dårleg dyrkningsjord, anorthosit. I tab. 5,8 nedanfor vil eg sjå korleis øydeprosenten fordeler seg på desse tre gruppene. I gruppe 1



Kvemer etter matrikklane 1667 og 1723

5) Kverner.

Av andre "herligheter" i 1667 og 1723 er særleg nemnd kverner. Oftast vert dei omtala som "flomkverner", venteleg avdi dei låg ved elvar eller bekker som til vanleg ikkje var vassrike nok til å driva ei kvern. Med den store nedbøren som er vanleg i dette distriktet om hausten, ville det då vera råd å få malt kornet. Einaste kverna i området som var uavhengig av flomvatn låg ved Nesfossen, mellom g.nr. 56 Hundvin i Lindås skipreide og garden Nese i Alenfit skipreide.


I alt hadde 44 namnegardar ei eller fleire kverner anten i 1667 og/eller i 1723. Av kart s.181 ser vi at dei er godt spreidde over heile skipreidet, kanskje med ein noko sterkare konsentrasjon aust for Skausneio. Av desse 44 namnegardane låg 15 øyde kring 1520 medan 29 var busette. Dette gjev ein relativ låg øydeprosent på 34,1%. Å ha høve til å mala sitt eige korn kan såleis ha vore ein føremon som kan ha samband med realtiv låg øydefrekvens.

6) Jordbotn.

Nedanfor er attgjeve eit oversiktskart over berggrunnsgeologien i dei såkalla Bergensbogane[17]. Av dei bergartane vi finn i Lindås skipreide er det to som særleg skil seg ut. Det er på den eine sida anorthosit, ein svært hard bergart, som ikkje gjev særleg gode vilkår for jordbruk, og på den andre sida sedminetære kambrosilurbergarter som glimmerskifer som kan gjeva svært god dyrkingsjord. Dei andre bergartane ligg i mellom desse ytterpunkta og kan gje medels god dyrkningsjord med stor individuell skilnad frå gard til gard.

I tillegg til bergartane finst det ein del lausavsetningar i området. Det gjeld forvitringsjord, som t.d. på Myking og Hundvin, og Ra-morenen frå slutten av istida som går over Leirvåg, Fonnes, delar av Sætre og Åråsen.

Dette skulle gje grunnlag for å grovdela jordartane i Lindås skipreide i tre delar, god dyrkningsjord, glimmerskifer, lausavsetningar og raet, medels dyrkningsjord, alle bergartar i området som her ikkje er spesifiserte, og dårleg dyrkningsjord, anorthosit. I tab. 5,8 nedanfor vil eg sjå korleis øydeprosenten fordeler seg på desse tre gruppene. I gruppe 1



Geological map of the Bergen arc district after C. F. and N.-H. Kolderup (1940). In upper right corner map of the Os - Ulven area, location indicated by arrow in lower right part of main map.

er desse gardane med: g.nr. 25-27 Tveit, g.nr. 37 Myking, g. nr. 56 Hundvin, g.nr. 57 Utluro, g.nr. 58 Innluro (alle marine lausavsetningar), g.nr. 38 Hodne, g.nr. 39 Hodnekvam og g.nr. 42 Sævrås (sedimentære kambrosilurbergarter), g.nr. 127 Mongstad, g.nr. 131 Fonnes, g.nr. 142 Sætre og g.nr. 149 Åråsraet). Til gruppe 3 er rekna g.nr. 102 Vabu, g.nr. 120 Tviberøy, gnr. 164 Krossøy, gnr. 165 Rongevær og gnr. 166 Sæverøy. Alle andre namnegardar går inn i gruppe 2.

Tab. 5,8. Øydeprosent - jordsmonn.

	Tal på gardar	Øyde	Øydeprosent
1. God dyrkningsjord	12	2	17%
2. Medels "	90	41	45%
3. Dårleg "	6	5	83%

Resultatet er eintydig. Namnegardar med den beste dyrkningsjorda er sjeldan lagde ned. Dei gardane som hadde dei dårlegaste naturlege føresetnadane for jordbruk har mest alle vorte lagde øyde.

8) Vilkår for korndyrking.

Under punkt 4 og 5 ovanfor var vi inne på næringsstrukturen i skipreidet. Vi skal her sjå nærare på om jordbruket har hatt noko særtrekk i nokon del av området. Tab. 5,9 nedanfor syner tilhøvet mellom utsæd og avling i følgje matrikkelen av 1667 og matrikkelutkastet frå 1723. Sjølv om ein ikkje utan vidare kan godta dei absolutta tala som matriklane gjev opp, kanskje like lite som ein kan lita på oppgåvene over kveghald, skulle tala likevel gje eit inntrykk av det relative tilhøve mellom ulike område. Oppgåvene er nedanfor rekna saman for kvar av sokna. Berre oppgåver frå namnegardar som er med i Lindås skipreide er tekne med i Lygra og Myking sokn.

Tab. 5,9. Follmengde 1667 og 1723.
(Utsæd og avling i tønner på 194,4 liter).

	1667			1723		
Sokn	Utsæd	Avling	Foll	Utsæd	Avling	Foll
Myking	90 1/4	321 1/2	3,5	100 1/2	330	3,3
Lygra	99 1/2	320	3,2	106	351	3,3
Lindås	177 1/4	600	3,4	202 3/4	641	3,1
Austrheim	132 1/2	469 1/2	3,5	165 7/8	551 3/4	3,3
Lindås skipreide	499 1/2	1711	3,4	575 1/8	1873 3/4	3,3

Tabellen viser at follmengda i kvart av sokna ikkje skil seg merkande ut frå medelen i heile skipreidet som var 3,4 foll i 1667 og 3,3 foll i 1723. Det kan såleis heller ikkje vera nokon avgjernade skilnad i avkastninga av korndyrkninga i indre og ytre strok.

I kap. 4, tab. 4,2 såg vi tilhøve mellom fehald og korndyrking på 16- og 1700-talet i dei same sokna. Heller ikkje her var det nokon nemnande skilnad mellom dei ulike områda.

Både når det gjeld follmengde og tilhøve mellom fehald og utsæd er det og etter måten liten variasjon frå gard til gard. For follmengda sitt vedkomande er variasjonen større i 1667 enn i 1723, noko som kanskje kan gje grunn til mistanke om at matrikkelkommisjonen av 1723 har "normalisert" follmengda i enno sterkare grad enn det som kan ha vore tilfelle i 1667 matrikkelen. Medan det i 1667 er 43 namnegardar som har under 3 eller over 3,9 foll, er det i 1723 berre 3 som skil seg så markert ut frå gjennomsnittet. G.nr. 48-49 Fjellsbø, med sine 250 m. over havet, er med sine 2,5 foll både i 1667 og 1723 den einaste som i begge desse kjeldene har under 3 foll.

Nedanfor har eg sett opp ein tabell for å samanlikna follmengda i 1667 med øydeprosenten kring 1520. Tabellen er delt opp i grupper av gardar som gjev under 2, 2-3, 3-4, 4-5 og 5-6 foll.

Tab. 5,10. Follmengde 1667 - øydeprosent.

Foll	Tal på n. gardar	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520	Øyde-prosent
Under 2	1	1	0	100%
2 - 3	20	12	8	60%
3 - 4	59	24	35	40,7%
4 - 5	21	5	16	23,8%
5 - 6	1	1	0	100%

I gruppe 1 og 5 har vi for dårleg grunnlag til å rekna ut øydeprosenten. Det kan vi derimot i dei tre andre gruppene. Det går då fram at øydeprosenten til namnegardar med relativ dårleg avkastihg, 2-3 foll, er klårt høgare enn namnegardar med relativt god avkasting, 4-5 foll. Dei som har mellom 3 og 4 foll står i ei mellomstilling med ein øydeprosent nær gjennomsnittet i heile skipreidet. Dette resultatet må kunna tolkast som ein indikasjon på at det var dei beste korngardane med høgast avling i høve til utsæd som greidde seg best gjennom krisetida.

9) Eigartilhøve.

Gardane i Lindås skipreide tilhøyrde mange ulike eigarar. Ingen av desse kan seiast å ha hatt ein dominerande stilling innanfor området.

For nokre av eigarane har vi oppgåver over godset alt i høgmellomalderen, som t.d. Munkeliv og delar av det kyrkjelege godset. Andre godskompleks har vi dei første opplysningane om frå 1500-talet,som t.d. stigta sitt gods og krongodset. I tab. 5,11 nedanfor,som skal gje eit oversyn over fordelinga av jordegodset i Lindås skipreide og øydeprosenten til namnegardane i dei ulike gruppene, har eg for kvar gard rekna eigedomstilhøva så langt attende som det er belegg for. Rosenkrans sine gardar har vi såleis belagt eigedomstilhøve til først i den kongelege jordeboka frå 1624. Tabellen vil difor vera ei blanding av direkte mellomalderopplysningar og nyare belegg. Eg trur likevel han gjev eit tilnærma bilete av eigedomsstrukturen i høgmellomalderen.

Partseige har det vore svært lite av i Lindås. Sist i tabellen har eg samla fire namnegardar der ulike eigarar har ått store partar i garden[18]. I nokre andre gardar der ein av partseigarane berre har ått ein ubetydeleg del av heile garden, har eg derimot ført heile garden opp under den største eigaren[19].

Øydeprosenten har eg berre rekna ut for dei 6 største eigarane. Dei andre eig så få namnegardar at materialet ikkje er stort nok til å rekna ut ein forsvarleg statistikk etter.

Tab. 5,11. Eigartilhøve - øydeprosent.

	Tal på namne-gardar	Øyde 1520	Ikkje øyde 1520	Øyde-prosent
1. Lokalkyrkjeleg gods	23	15	8	65,4%
2. Stigta (tidlegare bispegods)	21	8	13	38,1%
3. Bondegods	12	6	6	50%
4. Munkeliv	11	4	7	36,3%
5. Vincens Lunge (tidl.Nonneseter)	11	5	6	45,4%
6. Alle Hèlgen	8	3	5	37,5%
7. Kongen	4	2	2	
8. Laugstolen i Bergen	3	2	1	
9. Apostelgods	3	0	3	
10. Kapitelgods	2	0	2	
11. Rosenkrans	2	1	1	
12. Lysekloster	1	0	1	
13. Bispen i Bergen	1	0	1	
14. Jordegods delt mellom fleire eigarar	4	1	3	
Ialt	106[20]			

Tabellen viser ein relativ klår skildnad i øydefrekvensen mellom namnegardar som høyrde til det lokalkyrkjelege godset og dei som høyrde til andre eigarar. Eg trur likevel ikkje dette kan førast attende til nokon medviten godspolitikk frå nokon av eigarane. Som vi såg under drøftinga av landskylda under kap. 3, høyrde namnegardane i det lokalkyrkjelege godset

til mellom dei minste namnegardane i skipreidet. Namnegardane i dei andre eigargruppene er derimot mykje meir varierte, med både store og små gardar. Det er såleis mest truleg at det var den særeigne strukturen til det lokalkyrkjelege godset som førde til at denne gruppa har ein særleg høg øydeprosent. Utanom dette er det ingen påviseleg samanhang mellom øydefrekvens og eigartilhøve.

Korleis høver dei så saman dei resultata vi ovanfor kom fram til? Hovedresultata var : 1) at det såg ut til å vera samsvar mellom høgd over havet og høg øydefrekvens, 2) at det var dei minste namnegardane som oftast vart lagde ned medan dei største greidde seg betre, 3) at dei eldste namnegardane sjeldan låg øyde kring 1520, 4), 5) og 6) at tilgang til særlege "herligheter" som fiske- og laksevågar, kverner, lauvskog og særleg fureskog har samanhang med relativ låg øydefrekvens, medan fiske generelt ikkje ser ut til å ha avgjerande innverknad på øydeprosenten, 7) at namnegardar på dårleg jordsmonn oftast vart lagde ned, medan gardar med særleg godt jordsmonn heldt seg betre oppe, 8) at gode korngardar med høg follmengde på midten av 1600-talet har halde seg betre oppe enn dårlege korngardar, og 9) at eigartilhøvet ikkje ser ut til å ha samband med øydefrekvensen.

Ei rimeleg tolking av dette materialet kan vera at det er dei beste jordbruksgardane som vart haldne i hevd under krisa. Namnegardar som låg høgt, og dermed uavhengig av eventuelle klimaendringar kunne ha mindre årvisse avlingar, vart ofte lagt ned på same måten som namnegardar med mindre godt jordsmonn. Dette må og vera hovedårsaka til at dei største og eldste namnegardane ikkje låg øyde. Desse høyrde jamnt over også til dei største og beste jordbruksgardane.

Samstundes med at dei beste jordbruksgardane vart haldne i hevd, er det og svært låg øydefrekvens mellom namnegardar med eit variert næringsgrunnlag. Det er tydeleg at tilgang på ymse "herligheter" som sildevågar eller skog har betydd mykje for den busetnaden som ikkje bukka under.

På den andre sida ser ikkje einsidig fiske til å ha slått særleg mykje ut. Dei ytre delane av skipreidet har ikkje

særleg låg øydeprosent. Idealgarden har truleg vore ein god jordbruksgard med eit best mogeleg variert næringsgrunnlag. Samansetjinga av landskylda tyder på at overskotet har kome frå jordbruksdrifta, ikkje frå fiske, sjølv om det frå alle namnegardar har vore høve til å nytta ut sjøen. Då dei beste jordbruksgardane er spreidde over heile skipreidet, kan dette vera forklåginga på at øydeprosenten ikkje er særleg høgare eller lågare enn gjennomsnittet dei fleste stader i området. At busetnaden har halde seg godt opp i eit område søraust for Lindåspollane og vest for Skausneio, kjem truleg av at det her var mange gode jordbruksgardar som i tillegg hadde tilgang til kverner og ein del lauvskog. At busetnaden på "fjellgardane" var dårlegare kring 1520 må koma av høgda over havet.

Dei indre stroka har hatt skogbruk som tilleggsnæring, medan dei ytre områda har hatt best tilgang til fiske, særleg i silde- og laksevågar. Namnegardar som i seinmellomalderen ikkje heldt fram som sjølvstendige jordbrukseiningar er også godt spreidde over heile området. Dei må ha vore viktige for den busetnaden som framleis var i drift, avdi brukarane der var villige til å betala til dels høge leiger av øydegardane.

Alt i alt kan ein vel konkludera med at krisa i seinmellomalderen ikkje førde til ei einsidig spesialisering i jordbruk eller fiske, men at ho tvert om har ført til ei så allsidig utnytting av ressursane som råd var, med utgangspunkt i dei beste jordbruksgardane.

Det sterke landskyldfallet i skipreidet må forklårast ut frå minkande etterspurnad etter jord, venteleg avdi folketalet i området har vorte sterkt redusert. Dersom nedgangen i folketal nokolunde har stått i høve til nedgangen i namnegardar, skulle også denne ha vore svært jamn i heile området. Dette må vera grunnen til at også landskyldnedgangen ser ut til å ha vore relativt jamn i heile skipreidet.

Den store nedgangen i kornproduksjonen i seinmellomalderen vitnar og om ein sterk attendegang i folketalet. Oppgåvene over kornproduksjonen, som er rekna ut etter korntienda, har likevel vist seg å vera alt for upålitelege til å koma fram til anna enn relative tal mellom områda og frå den eine tidbol-

ken til den andre. Avdi det er så godt som uråd å koma fram til pålitelege tal for totalproduksjonen, har ein heller ikkje her høve til å rekna ut brukande overslag over folketalet.

Oppgåvene over den relative kornproduksjonen i Austrheim og Lindås sokner skil seg på ein måte litt frå den jamne nedgangen vi elles har funne på alle andre område i skipreidet. Det syner seg her at nedgangen i kornproduksjonen er mykje sterkare i Austrheim enn i Lindås. Om dette er rett er det vanskeleg å finna ei fullgod forklåring på det. Litt kan det likevel ha hatt å seia at mest ingen av dei gode jordbruksgardane kring Lindåspollane som høyrde til Lindås sokn vart lagt totalt øyde i seinmellomalderen.

Nedgangen i busetnadseiningar kan godt ha vore større enn øydeprosenten på 44% tyder på, avdi nedgangen i bruk på dei namnegardane som ikkje var utsette for total demografisk øydelegging er så vanskeleg å berekna. Om utrekninga av talet på bruk i høgmellomalderen og kring 1520 skulle vera rett, ville omlag 60% av alle bruka ha lege øyde.

Når det gjeld gangen i denne utviklinga er eit av dei aller største problema når krisa sette inn. For øydegardane har vi i Lindås skipreide ikkje nok materiale til å kasta lys over dette. Første gongen vi direkte høyrer tale om øydegardar er i lensrekneskapet frå 1567. Tidlegare støyter vi på indirekte kriterier på øydelegging, som at ein god del namnegardar ikkje er med i skattelistene frå kring 1520, og at nokre gardar i Munkeliv si jordebok frå 1463 står oppførde heilt utan landskyld. Denne siste jordeboka kan og indikera at det kan ha vore fleire namnegardar som låg øyde midt på 1400-talet enn det var kring 1520.

For kornproduksjonen manglar vi og gode nok oppgåver. Dei tidlegaste oppgåvene der vi kan spora ein nedgang er frå 1567.

Då er det lettare å tidfeste nedgangen i landskyld utan å byggja på materiale utanfrå Lindås skipreide. Landskylda på to namnegardar i BK er skrive kraftig ned alt før ca. 1360. I Munkeliv si jordebok frå 1463 er landskylda til

ein del namnegardar langt under det ho var på 1500-talet.

Det er ikkje utenkjeleg at dei andre krisefenomena kan ha følgd nedgangen i landskylda. Både landskylda og namnegardane ser ut til å kunna ha nådd eit lågpunkt ein gong på 1400-talet. På 1500-talet møter vi på begge områda ein jamn oppgang som godt kan tenkjast å ha røter attende til 1400-talet.

Dette fører oss over i spørsmålet om når busetnaden og den økonomiske aktiviteten i Lindås skipreide nådde omlag same nivået som det hadde før krisa sette inn. Med unnatak av 4 namnegardar som aldri vart busette att[21], ser dette ut til å ha hendt ein gong i første halvdelen av 1600-talet for namnegardane sitt vedkomande. Korleis det var med brukartalet er mest uråd å avgjera.

Når det gjeld dei økonomiske tilhøva kom landskylda aldri oppatt på det nivået den hadde før nedgangen byrja. Dette tyder likevel ikkje at den økonomiske aktiviteten og etterspurnaden etter jord ikkje vart den same att som i høgmellomalderen. Det ser vi m..a. av kornproduksjonen som midt på 1600-talet ser ut til å ha nådd omlag det same relative nivået som kring 1350. Årsaka er heller den at overskotet fra leiglendingane i aukande grad vart ført over til jordeigarane og til staten ved hjelp av skattar og andre jordavgifter som førtebygsel og tredjeårstake.

Om det tok lang tid å overvinna alle verknadene av krisa, ser det såleis ut til at dei fleste kriseteikna var borte på midten av 1600-talet.

Kva kan så årsaka vera til denne sterke attendegangen i busetnad, produksjon og landskyld i Lindås skipreide i seinmellomalderen? I norsk øydegransking har det vore vanleg å peika på tre mogelege faktorar: 1) Svartedauden og etterfølgjande pesten, 2) klimaendring og sviktande avlingar, 3) folkepress og overutnytting av ressursane i høgmellomalderen med under- eller feilernæring til følgje[22]. Ingen av desse mogelege årsakene utelet dei andre. Dei kan alle ha verka saman.

Arbeidet med eit lokalt avgrensa område som Lindås

skipreide kan i seg sjølv ikkje kasta særleg nytt lys over årsakene til agrarkrisa. Difor skal det her heller ikkje leggjast så stor vekt på denne sida av nedgangsproblematikken. Eg vil likevel peika på ein del ting som har kome opp i samband med dette arbeidet.

Når det gjeld Svartedauden og etterfølgjande pester som mogeleg årsak til nedganen, kan dette arbeidet tilføra lite nytt. Einaste sporet etter Svartedauden eg har kome over i Lindås skipreide, er ei segn frå Lygra. Ein av brukarane på g.nr. 57 Utluro fortalde meg sommaren 1972 at bestemor hans brukte fortelja at alt folket på Lurekalven strauk med i Svartedauden. Lurekalven ligg enno i dag folketom. Det kan vera grunnen til at dette segnet har halde seg så lenge, om det då ikkje er laga seinare.

Å måla omfanget som pestane hadde i Lindås er såleis heilt uråd med det materiale vi har tilgang til. Generelt kan vi likevel rekna med at ein slik sterk attendegang i busetnad og produksjon som den vi fann i området i seinmellomalderen, i teorien godt kan vera eit resultat av pestkatastrofar. T.H. Hollingsworth reknar t.d. for England sitt vedkomande med at folketalet mellom 1348 og 1444, då fleire store pester følgde etter kvarandre, vart redusert med om lag 2/3, frå ca. 3.65 millionar til ca. 1. 17 millionar[23].

Ei medverkande årsak til at pestane har slått så sterkt ut kan vera feilernæring eller underernæring mellom folk, som ein følgje av fårlege driftsvilkår i jordbruket. Dette kan ha resultert i svakare motstandskraft mot epedimiane. Difor skal vi og sjå litt nærare på dei andre mogelege årsaksfaktorane, overutnytting av resursane eller oppdeling i for små bruk i høgmellomalderen, og/eller ei klimaforverring i seinmellomalderen.

Når det gjeld spørsmålet om overutnytting av resursane i høgmellomalderen, er også dette svært vanskeleg å ta stilling til ut frå det materiale vi har til rådvelde. Vi har ovanfor freista rekna ut eit rimeleg tal på bruk i høgmellomalderen. Skal vi følgja det resultatet vi der kom fram til, i overkant av 200 bruk, kan det knapt seiast at området har vore for hardt utnytta. Talet på bruk ved midten av 1600-

talet ser ut til å ha vore høgare, uten at dette har ført til kriser av same omfang som i seinmellomalderen. Eit veikt punkt ved utrekninga av brukstalet er likevel at bruksstorleiken på mange namnegardar kan ha vore lågare enn dei ca. 4 m.m. bola vi rekna med. Materiale til å kontrollera dette har vi ikkje. Ei anna sak er at det var rik tilgang til fiske i heile Lindås skipreide. Mykje fisk i kosthaldet ville motverka underernæring eller feilernæring. Sidan vi ikkje har prov på utpining av jorda eller på at bruka har vore for små, trur eg vi korkje kan stadfesta eller avkrefta hypotesen om underernæring eller feilernæring i høgmellomalderen som ein medverkande årsak til den sterke attendegangen i seinmellomalderen.

Om klimaendring som medverkande faktor til nedgangen er det heller ikkje einfelt å koma fram til nokon sikker konklusjon. I nyare norsk øydegardsgransking har det vore vanleg å leggja vekt på klimateorien, særleg for å forklara nedgangen i klimatiske marginalområde. I det følgjande vil eg difor for det første freista å ta stilling til dei generelle teoriane om ei klimaforverring i seinmellomalderen, og for det andre å avgjera kor vidt Lindås skipreide kan reknast som eit klimatisk marginalområde, der eventuelle klimaendringar ville få innverknad på kornproduksjonen.

På grunnlag av pollenprøvar som Brynhild Vorren har teke i Overhalla og Heimdal i Trøndelag, har mellom anna Jørn Sandnes meint å finna "indikasjonar på klimaforverring i seinmellomalderen"[24]. Ein stod hevdar han med grunnlag i eit pollendiagram frå Overhalla at ein her kan finna "sterk støtte for klimateorien"[25]. Liknande slutningar på grunnlag av det same materiale er også å finna i den norske rapporten i Det nordiske ødegårdsprosjektet sin første publikasjon frå 1972[26]. Hovedgrunnen til desse slutningane er det særleg sterke innslaget av granpollen, frå og med slutten av høgmellomalderen i pollenprøvane frå Overhalla og Heimdal. Det vert så rekna med at det skal vera samanhang mellom spreiinga av granen og eit fuktigare og kaldare klima.

Dei få pollendiagram som til no er publiserte har ein viss feilmargin, mellom anna når det gjeld dateringa. Dess-

utan er dei så prega av den lokale vegitasjonsutviklinga at det er vanskeleg å slutta ut over dei lokale tilhøva. Desse innvendingane skal eg ikkje gå nærare inn på her. Hovedinnvendiga mot Sandnes sine konklusjonar er at han ser ut til å festa seg berre ved ei mogeleg tolkning av auken i granpollenet, ein overgang til eit meir atlantisk klima med våtare og kaldare sommrar og mildare vintrar.

Dei pollendiagramma som er nemnde ovanfor er tekne ikkje så svært langt frå det som i høgmellomalderen var dyrka mark, m.a. for å få med kornpollenet. Til alle tider har mennesket sin aktivitet påverka naturlandskapet. Såleis er lyngheiane i Lindås eit resultat av at området var utnytta til beite og lyngslått. I vår eiga tid ser vi at dette kulturlandskapet gror til med skog og kratt avdi det ikkje lengre vert utnytta på tradisjonelt vis.

Om vi i seinmellomalderen tenkjer oss ei omfattande demografisk krise, skulle ein tru at dette ville føra til at den menneskelege påverknaden på kulturlandskapet minka sterkt. Den største auken i granpollenet i Trøndelag fell saman med ein sterk attendegang eller bortfall av kornpollenet. Dersom ikkje åkrane på gardane har vorte flytta lengre vekk frå staden der pollenprøvene vart tekne, må ein ha lov til å tolka dette som eit teikn på mindre økonomisk aktivitet, eller som ein indikasjon på at garden har lege øyde. Når då granpollenet aukar, skulle den mest nærliggjande tolkninga vera at granen spreier seg inn over godt jordbruks- eller beiteland som ein følgje av at menneska sin påverknad på landskapet vert mindre eller kanskje heilt tek slutt. Dette er desto meir sannsynleg avdi granen likar seg best på jord med god bonitet. Dette ville gått føre seg uavhengig av eventuelle endringar i klimaet.

Ei anna tenkjeleg feilkjelde når det gjeld sjølve attendegangen i kornpollenet er at kornproduksjonen kan ha gått ned som ein følgje av auka import av korn.

Etter mi meining har vi difor enno ikkje grunnlag for å dra slutningar om ein klimanedgang i seinmellomalderen ut frå det materialet som til no er publisert.

Tolkningar av pollenanalyser som viser endringar i tilhøvet mellom kulturplanter og andre vekster, må også ta hensyn til endringar i den menneskelege aktiviteten før ein kan nå fram til konklusjonar om endringar i klimaet. I få andre periodar ser denne aktiviteten ut til å ha vore lågare enn i seinmellomalderen[27].

Når ikkje dei pollendiagramma som til no er publiserte, kan seia noko visst om klimaendringar i høg- og seinmellomalderen, kva materiale har ein då å byggja på? Både her i landet og elles i Europa har det vorte gjort fleire freistnader på å få eit oversyn over klimaet i historisk tid. Eg skal ikkje her gå inn på alle desse. Dei byggjer ofte på eit spinkelt grunnlag, og har difor ofte motstridande konklusjonar. På s.196 vil eg berre gje att tre ulike diagram over klimautviklinga, som alle er bygde på kvar sin framgangsmåte.

Den første av desse er ei tolkning av auking og minking i dei vestnorske isbreane av Olav Liestøl[28]. Det går fram av forfattaren sine kommentarar at resultata er svært usikre når vi kjem lengre attende enn det 17. hundreåret. Dei er då bygde m.a. på arkeologisk materiale. Det skal likevel vera tolleg sikkert at isbreane aldri hadde større omfang enn på 1700-talet.

Det neste diagrammet byggjer på resultata til H.H. Lamb, som m.a. har nytta pollenanalyser i sitt materiale[29]. Heller ikkje her er resultata frå før 1700 særleg pålitelege. Dessutan gjeld dei England. Det er fårleg å overføra resultata direkte til vårt land.

Siste diagrammet skriv seg frå boringane i Grønlandsisen ved Camp Century[30]. Det er bygd på ei tolkning av innhaldet av surstoffisotopen O^{18} i isen. Denne metoden vert rekna som relativt påliteleg, sjølv om det her og er visse problem når det gjeld dateringa. Vigtigaste innvendinga på vårt synspunkt er likevel at vi ikkje veit sikkert om endringar i klimaet på Grønland kan takast som prov på liknande endringar i vårt eige land.

Dei to siste diagramma gjev att temperaturen medan det første viser endringar i isbreane. Desse endringane er ikkje berre eit resultat av temperaturen, men også av endringar i

Tre klimadiagram:

Fig. 5,1. Endringar i vestnorske brear (O. Liestøl 1960).




Fig. 5,2. Medeltemperatur i England ca. 900-1930 (Lamb 1965).





Fig. 5,3. Temperatur, Camp Century, Grønland.
(attgjeve etter K.Fægri 1970).

meter år

kaldare varmare



nedbøren. Det første diagrammet kan såleis ikkje heilt samanliknast med dei to siste.

Oversikta over dei vestnorske isbreane ser ut til å gje ein relativt jamn attendegang frå romersk tid fram til byrjinga av 1700-talet. Temperaturkurva frå England viser nedgang i temperaturen frå det 13. hundreåret og fram til slutten av 1700-talet, avbrote av ein liten oppgang kring 1500. Diagrammet frå Camp Century syner mykje hyppigare svingningar, med ein relativ kald periode like før 1200 og kring 1300, ein relativ varm perioden på 1300-talet, og deretter ein kald periode på 15- 16- og 1700-talet.

Som vi har sett er klimadiagramma ovanfor usikre, og dei høver ikkje så svært godt saman. Ein ting er likevel sams for dei alle. Dei reknar med at tida mellom ca. 1500 og ca. 1800 har vore ein lang og kald periode. Klimaet då ser ut til å ha vore hardare enn i noko anna tidsrom i historisk tid. Når vi i dette tidsrommet, som vert kalla den lille istida, får ein sterk auke i busetnad og økonomisk aktivitet fram til midten av 1600-talet, og ingen markert attendegang som kan samanliknast med nedgangen i seinmellomalder mellom midten av 1600-talet og ca. 1800[31)], skulle dette i seg sjølv vera eit indisium på at klimaet i høg- og seinmellomalderen ikkje har hatt avgjerande innverknad på busetjinga.

I somme område kan rett nok svært små klimaendringar slå sterkt ut av di korndyrkinga frå før av har så dårlege vilkår. Nedanfor er attgjeve eit kart over vekstdøgn i ulike soner i Skandinavia i tida 1931-1960[32)]. Lindås ligg i ei sone der vekstdøgne, dvs. døgn med ein medeltemperatur på over 6°C, i medelen er 200 pr. år.

Det havreslaget som tidlegare vart dyrka i kysttroka på Vestlandet, var gråhavre[33)]. Havren spirer ved 4-5°C[34)]. Dyrkningsforsøk med vestnorsk havreslag mellom 1889-1913 viser at gråhavren trong ca. 110 vekstdøgn[35)]. Vi har då i alle fall mellom 80 og 90 vekstdøgn å gå på i høve til oversikta over vekstdøgn mellom 1931 og 1960, trass i at havren spirer ved lågare temp. enn det vekstdøgna er rekna ut etter. Sjølv om ei klimaforverring kan ha redusert talet på vekstdøgn noko, er det litt av ei klimaendring som skulle til for å gjera dette området ueigna for korndyrking.

Fig. 5,4. Vekstdøgn 1931 - 1960.




Fig.5. The normal length (1931–1960) in days of the vegetation period (daily mean air temperature ≥ 6 C).

(Werner Johannessen 1970).

Sidan ei slik klimaendring til no ikkje er prova, har vi ikkje grunnlag for å rekna med klimaet som ei medverkande årsak til nedgangen i seinmellomalderen i Lindås skipreide. Vi har likevel ikkje materiale som definitivt kan avkrefta denne hypotesen. Det same gjeld hypotesen om overutnytting av resursane i høgmellomalderen. Det ser såleis ut til at dei store pestkatastrofane etter dei vi i dag veit, står som den mest rimelege forklåringa på agrarkrisa i vårt område.

KORT OPPSUMMERING.

I byrjinga av denne oppgåva sette vi oss som mål å kartleggja omfanget av og kronologien i jordbruks- og busetnadskrisa i Lindås skipreide i seinmellomalderen. Når det gjeld busetnaden har vi kome fram til desse resultata:

I høgmellomalderen har det truleg eksistert 108 namnegardar i skipreidet. 48 av desse, eller 44%, ser ut til å ha lagt øyde kring 1520. Minst seks av namnegardane har i høgmellomalderen truleg vore delte i to eller fleire mindre einingar som eg har kalla "tungardar". Talet på desse har også gått ned på byrjinga av 1500-talet. Det viste seg vanskeleg å måla talet på bruk før midten av det 14. hundreåret. Vi meinte likevel å kunna visa at det på denne tida kanskje har eksistert i overkant av 200 bruk. Venteleg var det berre ca. 80 att kring 1520. Det gjev ein øydeprosent for bruk på nærare 60%.

Når det gjeld kornproduksjonen, har denne minst vorte halvert mellom ca. 1350 og midten av 1500-talet. Eit nøyaktig resultat er uråd å koma fram til avdi produksjonsutrekninga etter tienda kring 1350 er så usikker.

Det store landskyldfallet i seinmellomalderen må takast som ein målestokk på den store attendegangen i busetnad og produksjon. I siste delen av 1500-talet var landskylda om lag 1/4 av den gamle skylda. Den nye skylda var noko lågare på namnegardar som hadde lagt øyde i seinmellomalderen, enn på gardar som hadde greidd seg gjennom krisa utan å liggja folketome.

Kronologien er relativt klår når det gjeld landskyldfallet. På nokre namnegardar ser nedgangen ut til å ha byrja alt kring 1350 eller kanskje noko før. Lågaste nivået ser ut til å vera nådd på 1400-talet. Frå då av og fram til byrjinga av 1600-talet kan vi registrera ein mindre oppgang att.

For busetnaden har ein ikkje materiale til å avgjera når nedgangen tok til. Lågaste punktet ser her ut til å kunna vera ein stad på 1400-talet. I første halvdel av 1600-talet er om lag alle øydegardar tekne i bruk att. Når talet på bruk nådde det gamle nivået er derimot mest uråd å avgjera.

Når det gjeld produksjonen, har det vore ein sterk oppgang mellom midten av 1500-talet og midten av 1600-talet.

Heller ikkje her er det godt å avgjera når det gamle nivået vart nådd.

Dei største og beste namnegardane med det mest allsidige næringsgrunnlaget, ser ut til å ha halde seg best opp i nedgangstida. Små og høgtliggjande gardar med dårleg jordsmonn har ofte vorte lagt øyde. Derimot har landskylda halde seg best opp på dei minste namnegardane, som truleg berre hadde eit bruk. Grunnen er venteleg at heile arealet her vart halde i hevd, medan større namnegardar har vorte utsette for partiell øydelegging, både når det gjeld busetnad og økonomisk aktivitet. På den andre sida har ein del av dei namnegardane som vart lagde heilt folketome vorte brukt som uteslåttar eller beite av andre gardar. Dette, og den partielle øydelegginga av større namnegardar, gjer at øydeprosenten på 44% ikkje kan takast som eit heilt dekkjande mål på attendegangen. Det er dessutan ikkje heilt visst at lågaste punktet er å finna kring 1520.

Når det gjeld årsakene til den store nedgangen har vi vorte stående med dei store pestane frå kring 1350 som den mest sannsynlege årsak.

NOTAR:

KAP. 1. HØGMELLOMALDERBUSETNADEN.

1) S. Hasund, A. Holmsen (i eldre arbeid) m.fl.

2) J. Sandnes, A. Holmsen (i nyare arbeid) m.fl.

3) J. Sandnes, Ødetid og gjenreisning, særleg side 211-213.

4) H. Bjørkvik, Øydegardar og ny busetjing, HT, bnd. 45, 1966 . 281.

5) Johan Mo, Agrarkrisa i Åsen, omarbeidd versjon for det norske Øydegardsprosjektet av delar av hovedfagsoppgåva hans frå 1970. Stensil Trh. 1970.

6) A. Dybdahl, Høymiddelalderens bosetningsmaksimum ved poengberegning. Stensil Trh. 1972.

7) G.nr. 56 Hundvin
" 94 og 96 Skodvin (Nedre-og Øvre-)
" 156 Austrheim
" 24 Fammestad
" 53 Grimstad
" 127 Mongstad
" 134 Straumstad
" 40 Hodneland
" 91 Brunsland
" 92 Træland
" 130 Kaland
" 151 Førland
" 155 Hopland
" 113 Sjurset.

8) Sjå M. Olsen, Ættegård og helligdom, J. Sandnes, Kilder til busetningshistorien i eldre tid, Heimen bd. 14 1967, s. 3 ff.

9) G.nr. 97 Løtveit
" 122 Hellestveit
" Husebø (under g.nr. 24 Fammestad)
" 48-49 Fjellsbø
Bakkebø (under g.nr. 51 Seljelid).
" 112 Finnesbø
" 119 Sundsbø

10) Nordisk Kultur V, s. 22.

11) B.K. s. 57a og 57b.

12) Sjå nedanfor s.16.

13) Joh. Litleskare, Øyjorder. Gløymde gardsman og burttynte gardar i Nordhordland, Oslo 1925, s. 30.

14) DN. XII nr. 190.

15) NRJ IV s. 476.

16) Riksarkivet, lensrekneskap, Bergenhus len, eske 4, legg 1.

17) Riksarkivet, rentekammeret, lensrekneskap Bergenhus len, eske 1, legg 2.

18) A. Steinnes, Husebyar, Oslo 1955.

19) Same stad s. 24

20) Kongeleg jordebok 1624, Riksarkivet, Statthaldararkivet D IX eske 3, legg 2.
Myr, Hauge og Svindal høyrde til Eikanger skipreide, og er difor ikkje omtala nærare i denne oppgåva.

21) KLNM VII.

22) NRJ II s. 503, NRJ III s. 459.

23) Det same kan og vera tilfelle med -bø endinga i Husebø.

24) På øya Lygra, på granneøya Lurekalven, på g.nr. 89 Haugsmyr og på den sør-vestlege delen av g.nr. 44 Skauge.

25) Av matrikkel .. - utkastet frå 1723 ser vi at ein namnegard(Bakkebø) og fleire bruk låg øyde på denne tida. Det er derimot ingen ting som tyder på at nokon av dei fire øygardsnamna eg har vore inne på skriv seg frå denne øydeperioden.

26) O. Rygh, Indledning til Norske Gaardsnavne, s. 64-65.

27) I eit tilskrift frå midten av 1500-talet til Munkelivjordeboka frå 1427 (DN XII nr. 190) er det rekna opp 51 gardar eller eigedomspartar under overskrifta "Efter thesse jorder maa spyrjast".

28) Belagt som sikker namnegard frå høgmellomalderen i B.K. (57 a). Som sjølvstendig gardseining med eigen brukar først oppført i den kongelege jordeboka frå 1610-11. (RA. Rentek. Bergenhus len, eske 7, legg 3).

29) DN XVI nr. 1 (ca. 1175)
" XII " 257 (ca. 1480-90)
" " " 190 (1427)
" " " 232 (1463)

30) DN XII nr. 19 (1295)
" " " 101 (1349)

31) B.K. 30b, 56a, 57a og b, 59b, og 60a.

32) DN XVI nr. 1.

33) M. Hægstad. Munkelivs eldste jordebok (Forhandlinger i Videnskabs-Selskabet i Christiania 1909, nr. 10) s. 4.

34) DN XII nr. 257.

35) DN XII s. 223

36) DN XII nr. 190.

37) H. Bjørkvik, Eit kyrkjeleg gods kompleks i mellomalderen, Heimen bd. 14, 1967, s. 51.

38) Same stad.

39) DN XII nr. 232.

40) Riksarkivet, lensrekneskap Bergenhus len, Munkeliv kloster og St. Hans Gods - legg 3.

41) NRJ IV s. 472 – 495.

42) DN XVI s. 2.

43) NRJ I s. 121-122.
" II s. 502-504.
" III s. 459-463.

44) I kap. 2.

45) NLR III s. 92-94, 106-107 og 109.

46) Riksarkivet, lensrekneskap Bergenhus len, eske 1, legg 2.

47) Riksarkivet, lensrekneskap Bergenhus len, eske 4, legg 1.

48) Riksarkivet, rentekammeret, Bergenhus len, eske 7, legg 3.

49) Riksarkivet, rentekammeret, Bergenhus len, eske 11, legg 4 og eske 17, legg 1.

50) Riksarkivet, statthaldararkivet D IX pakke 4 3.

51) Riksarkivet.

52) Riksarkivet, Bergenhus len eske 137, legg 7.

53) NLR IV s. 55-57.

54) Den halve laupen er landskylda omrekna i smør.

56) G.nr. 108, prestegarden på Lindås er ikkje med i nokon av desse kjeldene.

57) DN XII nr. 232.

58) Sjå t.d. H. Bjørkvik, Det norske krongodset i mellomalderen. Ht bd. 40, 1960-61, s. 201 ff. og A. Dybdahl, Høymiddelalderens bosetningsmaksimum ved poengberegning s. 10-14. Stensil Trh. 1972.

59) Bispegods inndradd etter reformasjonen.

60) NLR IV s. 162-64 og s. 171-72.

61) B.K. 57a.

62) Bergen stifts jordebok 1598, Stadsarkivet i Bergen, bispearkivet 1a.

63) Riksarkivet, statthaldararkivet D IX pakke 15 3.

64) G.nr. 38 Hodne og g.nr. 42 Sævrås som er med i Munkeliv si eldste jordebok frå ca. 1175 finn vi att i Vincens Lunge si jordebok frå 1535. Dei har truleg vorte makeskifte med eigedomar frå Nonneseter kloster.

65) Sundsbø er med i skattelistene frå kring 1520, i skattelista frå 1563, og i leidangslista frå 1567. Sjå NRJ II s.503, NRJ III, s.459, NLR III s. 93 og NLR IV s. 56.

66) L III 6.

67) A. Holmsen, Matrikkel, skyld og skatt, Heimen bd. 9, 1952-54, s. 165 fr.

68) Sjå kap 3. om landskyldsfallet.

69) J. Sandnes har m.a. nytta denne metoden for Trøndelagsområdet. (Ødetid og gjenreisning, særleg s. 32).

70) Oversikt byggjer på Per Fett, Forhistoriske minne i Nordhordland, Lindås prestegjeld. Bergen 1965.

71) Sjå note nr. 20 .

72) A. Steinnes, Gamal skattekipnad i Noreg, bd. II, Oslo 1933, s. 150.

73) For dei sistnemnde får vi også oppgjeve kva varer landskylda skulle betalast i.

74) Somme gardar var fritekne forleidang, som t.d. g.nr. 58 Innluro som skulle halda tingstove.

75) A. Steinnes, Gamal skatteskipnad II, s. 151.

76) Innledinga til jordeboka for utlikning av garnisonsskatt i Nordhordland i 1626 set ein fullgard lik ein gard som gjev minst 1 laup smør eller 2 t. korn eller 2 huder i landskyld. (Riksarkivet, statthaldararkivet, D IX pakke 4.)

77) Ingen andre namnegardar kjem over 6 laupar smør.

78) Munnlege opplysningar frå Larsen og Rinde som arbeider med bygdebøker frå desse områda.

79) Dette gjeld g.nr. 143 Budalen (0,166 laupar), g.nr. 101 Vabunes (0,333 l.), g.nr. 41 Ringås (0,083 l.) og g.nr. 141 Vikane (0,250 l.).

80)) G.nr. 80 Dragøy (B.K. 59b).
" 112 Finnesbø (Vincens Lunge, NRJ IV s. 476).

81)

G.nr.	25 og 27 Øvre- og Nedretveit	5,969	Laupar
"	56 Hundvin	3,75	"
"	103 Fjellanger	3,00	"
"	106 Fonnebost	3,00	"
"	110 Syslak	3,25	"
"	126 Hope	3,00	"
"	131 Hopland	3,00	"
"	156 Austrheim	3,50	"

82) Materialet frå registreringa er arkivert på Historisk Museum og Historisk institutt.

83) Om Husebø-namnet, sjå ovanfor s.13.

84) Materialet frå Nordhordland er samla i Per Fett sine hefter "Førhistoriske minne i Nordhordland".

85) I Etne og på Telavåg. Munnleg opplysning frå konservator Bjørn Myhre.

86) Dessutan er det nemnd ein i 1610, "Kiikalff", som ikkje høyrer til i Lindås skipreide. Det er g.nr. 3 Kikall i det gamle Lindås herred som m vera meint her.

87) A. Steinnes, Gamal skatteskipnad II, s. 181.

88) NHD 1597, s. 27.

89) Husebø ved g.nr. 24 Fammestad.

90) Både g.nr. 89 Haugsmyr og grannegarden, g.nr. 90 Hauge og g.nr. 91 Brunsland, vantar i den kongelege jordeboka frå 1610.

91) NRJ II s. 502-503.

92) NRJ III s. 461 og 463.

93) Ovanfor s. 10-11.

94) På garden er det dessutan funne gravrøys med eja. bronsekjel. Dessutan ymse lausfunn (Per Fette s. 13).

95) "Jordeigande Bønder" betalte skatt etter kor mykje dei hadde i landskyldinntekt.

96) J. Sandnes, Ødetid og gjenreisning s. 264-269.

97) A. Holmsen, Ødegårder i Oslo herad, St. Hallvard XLI, 1963, s.

98) Utanom g.nr. 83 Spjotøy er g.nr. 124 Kjeilegavlen nemnd med "øydegardsmenn" i 1603.

99) Innleiinga til tiendemanntalet i 1612-13 og 1614-15 viser at det i desse listene gjeld kongen sin part av tienden. Spjotøy er ført opp med 3 kanner. Eg har difor ganga med 4 for å få heile tienda.
I 1667 er det heile tienda som er oppgjeven. Sjå elles kapitlet om produksjon der eg drøfter verdien av korntienda nærare.

100) Det er klart at auken i folketalet ville verka i same retning. Landskylda på Spjotøy aukar likevel mykje meir enn gjennomsnittet.

101) Sjå tab. 1,3.

102) Det er ikkje uvanleg at det vart betalt landskyld av ein gard som ikkje det budde folk på. I dei kongelege jordebøkene frå 1590 og 1610 er dette m.a. tilfelle med øydegardane Lurekalven og Biskopsnes.

103) Landskylda er ikkje oppgjeve for nokon eining i denne jordeboka.

104) Sjå Olav Skevik, Ødegård og nærskylde gardsnamn, Heimen bd. XV 1972 s. 471 ff.

105) Skattelista frå 1603 og jordeboka frå 1626 (Garnisjonsskatten).

106) A. Solheim. Bygdebok for Austrheim, 1972, s.85.

107) Per Fett, Førhistoriske minne, s. 14-15.

108) Om oppgåvene over produksjon og husdyrhald er upålitelige avdi bøndene var redde dei skulle bli brukt som utliknings-grunnlag, er det i alle fall minimumsoppgåver.

109) Per Fett, Førhistoriske minne, s. 14-15.

110) Same stad. s. 15.

111) Om eigedomstilhøva sjå ovanfor s.26.

112) Førhistoriske minne s. 16.

113) Stadsarkivet i Bergen.

114) Sjå t.d. A. Holmsen, Gard, bygd, rike, s. 106-106.

115) Hans Try, Gardsskipnad og bondeendring, Sørlandsk jordbruk på 1800-talet. Bergen 1969, s. 82-83.

116) Stadsarkivet i Bergen.

117) Utskiftningskart i Jordskifteverkets kartarkiv. Fylke nr. XI, arkiv nr. 579.

118) Omrekna etter samhøvet 1:6 mellom leidang og landskyld.

119) Namnegarden Grimstad høyrer til dei sikre namnegardane frå høgmellomalderen. Sjå tab. 1,6.

120) Ein av dei nesten sikre namnegardane frå høgmellomalderen.

121) Ovanfor s. 35-37.

122) DN XII nr. 232.

123) Ovanfor s. 17.

124) Betalt "frelse" 1610.

125) NLR IV s. 55-56.

126) NRJ II s. 503.
127) " IV s. 461-62.

128) DN XII nr. 101.

129) Ovanfor s. 39-40.

130) Eit unnatak er tungardar, dersom det var fleire slike på ein namnegard.

130) Nærare om landskyld og landskyldfall i kap. 3.

131) L III 6:

132) DN XVI nr. 1, ca. 1175.
" XII nr. 190, 1427.
" " " 232, 1463
" " " 257, ca. 1480-90.

133) DN XVI nr. 1.

134) Eg byggjar dette på at eg for desse 25 namnegardane ikkje har funne fleire eigedomspartar i kjeldene frå 15- og 1600-talet.

135) Om fordeling av eigedomane sjå kap. 5.

136) NRJ IV s. 469-496.

137) DN XVI nr. 1.

138) DN XII nr. 190.

139) DN XII nr. 19.

140) DN XII nr. 101.

141) Nærare om dette i kap. 3.

142) Ei nærare drøfting av desse kjeldene har eg gjeve ovanfor s.15-18 i avsnittet om "eldste belegg".

143) Omgrepet "gamal skyld" vil bli nærare drøfta i kap. 3.

144) Om framgangsmåten ved utrekninga av skylda i 1590 sjå kap. 3. Her vert og drøfta kor pålitelig omrekningar til landskyld frå leidang er.

145) Basert på opplysningar henta frå kap. 2 om kva gardsnamn som er med i skattelistene i 1518, 1519 og 1522.

146)3 G.nr. 122 Hellestveit

147) G.nr. 162 Børillen.

148) G.nr. 39 Hodnekvam.

149) G.nr. 92 Træland.

150) Førelesningsmanuskript 16/4 1971.

151) Sjå kap. 2.

152) Sjå tab. 1,9.

153) B.K. 56a.

154) B.K. 53 a.

155) Jacob Larsen, Landskylda i Fana i seinmiddelalderen og fram til ca. 1600. Stensil Bergen våren 1972.

156) Larsen same stad. Garden dette gjeld er Fyllingen i Fana.

157) Ovanfor s.70.

158) Kåre Lunden, Om gardtal og folketal i Noreg ca. 1340 og ca. 1665, HT nr. 48, 1969 s. 89-111.

159) Utrekna etter korntienda i B.K. og matrikkelen av 1665.

160) Hasund sine tal byggjer på ei rekkje usikre faktorar, m.a. prisane på smør og korn. Sjå artikkelen til Lunden note 29 og kap 4, produksjon.

161) Tab. 1,1.

KAP. 2. BUSETNADEN KRING 1520.

1) Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

2) NRJ II s. 502-504.

3) NRJ III s. 459-463.

4) NRJ I s. 121-1222. Her er dessutan og ei eiga liste for fiskeværet Fedje.

5) NRJ II s. 504.

6) A. Taranger, Norges historie, bd. 3, 2 del, s. 275.

7) NRJ II s. 537.

8) DN VI nr. 689 s. 722. Brev frå 1524 der avgifta er omtala som: "then vhørligh tigendh hwar peingh aff løsth oc fasth gotz baade aff ric oc fatick".

9) NRJ III s. 425.

10) Trykt i "Samlinger til den Danske Historie" bnd 2, hefte 1, s. 135f.

11) NRJ I s. 122.

12) NRJ II s. 123.

13) H. Bjørkvik, Bygder i vokster (uferdig man.).

14) NRJ II s. 503.

15) Sjå t.d. NRJ II s. 499 og s. 497.

16) Riksarkivet: Rekneskap og jordebøker eldre enn 1570, eske 7, legg 2.

17) NRJ II. Originalen s. 38.

18) NRJ II s. 501.

19) NRJ II s. 497-498.

20) NRJ V,1 s. 4. Han har betalt 2 m. og 4 sk. i tredjepengeskatt, ein skatt som for geistlegheita svara til tiendepengeskatten.

21) NRJ IV s. 428.

22) NRJ IV s. 431.

23) Riksarkivet: Rekneskap og jordebøker eldre enn 1570, pakke 11, legg 2.

24) NRJ III s. 463.

25) NRJ II s. 503.

26) NRJ II s. 503.

27) Gardsnamn og nummer i følgje O. Rygh, Norske Gaardnavne. Eg har og nytta dei same heradsgrensene.

28) NRJ II s. 504.

29) NRJ III s. 462.

30) NRJ III s. 463.

31) NRJ III s. 462.

32) Ikkje medrekna Fedje.

33) Eg har ikkje rekna med tre innføringar av typen "seruus illius" utan personnamn avdi desse ikkje let seg identifiserast att i 1522.

34) Heller ikkje medrekna "seruus illius".

35) Heller ikkje medrekna Fedje.

36) Medrekna prestegarden på Lindås. NRJ V, 1 s. 3 nemner ein prest på Lindås i 1522.
Samla oversikt over desse namnegardane utanom prestegarden i tab. 4,2.

37) NRJ III s. 461.

38) NRJ II s. 504.

39) Etter ei gjennomgåing av NG.

40) NRJ III s. 459.

41) NRJ III s. 460.

42) NRJ IV s. 476.

43) Prestegarden er ikkje med.

44) Ovanfor tab. 2.1.

45 Utrekna etter tilhøvet 1:6 mellom leidang og landskyld.
Ei grundigare drøfting av dette i kap. 3, landskylda.

46) Kap. 1 s.80.

47) DN XII, nr. 232.

48) DN XII, nr. 190, s. 164-165.

49) NLR IV s. 55-57 og s. 92-94.

50) DN XII nr. 232 s. 201-202.

51) DN XII nr. 190.

52) DN XVI nr. 1.

53) Første opplysninga om dette nye eigartilhøvet får vi i den kongelege jordeboka av 1624. Brunsland manglar i Munkeliv si jordebok frå 1427.

54) Riksarkivet, Rentekammeret, Bergenhus len, legg 3.

55) DN XII nr. 190.

56) DN XII nr. 190, s. 152 og s. 162, notar.

57) Sjå Litleskare, Øydejorden og borttynte garder i Nordhordland s. 32.

58) Same stad.

59) Jordeboka gjev att tilhøva før krisa sette inn, sjå ovanfor kap. 1. s.17.

60) Første opplysninga om dette får vi i den kongelege jordeboka frå 1624.

61) BK, 58a.

62) Utrekna etter tilhøvet 1:6 mellom leidang og landskyld.

64) Kap. 3.

65) DN XII nr. 190, s. 164-165.

66) Tidfestinga er etter notane i DN XII.

67) NRJ IV, s. 469-496.

68) Kap. 1, tab. 1,1.

KAP. 3. LANDSKYLDA.

1) Kap. 1, s.69.

2) DN XVI nr. 1. Alle dei namnegardane som er med her utanom g.nr. 92 Brunsland og g.nr. 104 Haukås finn vi att i andre jordebøker frå høgmellomalderen.

3) Sjå H. Bjørkvik; Eit kyrkjeleg godskompleks i mellomalderen. Munkeliv klosters jordegods. Heimen bd. XIV (1967) s. 56.

4) A. Holmsen, Norges historie fra de eldste tider til 1660, s. 217.

5) K. Helle, Norge blir en stat 1130-1319, s. 109.

6) K. Lunden, Økonomi og samfunn, Oslo 1972, s. 73-74.

7) KLNM II, Art.om Bygsel.

8) I.d.NGL s.9 1297. Denne rettarbota godtek likevel eit gjestebod for jordeigaren eller ombodsmannen når leigekontrakta kvart tredje år skulle fornyast.

9) J. Sandnes; Ødetid og gjenreisning, s. 209-12.

10) G.nr. og grenser her etter O. Rygh, Norske Gaardnavne.

11) DN XII nr. 190.

12) DN XII nr. 19.

13) BK 59 b.

14) BK 57 a.

15) DN XII nr. 232.

16) Sjå kart over grensene. Vedlegg nr.4.

17) For g.nr. 86 Ones og g.nr. 104 Haukås manglar vi oppgåver over gamal skyld.

18) Om endr. i verditilhøve mellom landskyldvarene, sjå kap. I s.31.

19) Steinnes: Gamal skatteskipnad II, s.150 og ovanfor kap. 1, s.30.

20) Attgjeve i Gamal skatteskipnad s. 150.

21) Resten av n.g. i dei to j.bøkene har landskyld oppgjeve i ulike landskyldvarer, som smør, korn eller fisk.

22) Om landskyld under øydetida, sjå kap. 5.

23) Eg ser då bort frå namnegardar som må vera utelete ved ein feil.

24) Lurekalven, som er skyldsett i 1590 og 1610 (1 laup smør, 25% av gamal skyld) er ikkje teken med avdi denne garden aldri vart busett att etter krisa.
Om landskyld i øydetid, sjå kap. 5.

25) Heller ikkje her er Lurekalven teke med.

26) Kap. 1, s. 70.

27) Kap. 1, s. 73.

28) Meir om dette i kap. 5.

29) Sjå vedlegg om skylda frå 1567 og utover for kvar av gardane frå høgmellomalderen (Vedlegg nr. 1.).

30) Med unnatak av Tviberøy som vart busett att i vår eiga tid.

KAP: 4. PRODUKSJON.

1) Om frelse, sjå kap. 1, s. 35-37.
Om frelse og landskyld i øydetida, sjå kap. 5.

2) BK 58a.

3) NLR IV s. 176.

4) Stadsarkivet i Bergen, bispearkivet 1 b.

5) Sjå innleiinga.

6) Sjå t.d. A. Holmsen, Sogn (Norske bygder IV) s. 65 og S. Hasund, "Kornavlinga paa Vestlandet fyre Mannedauden, Syn og Segn 1923, s. 387.

7) BK 19a.

8) NK s. 137.
K. Lunden viser i Økonomi og samfunn s. 78-79 til eit vestnorsk "auralag" som "hadde vid utbreiing og er godt belagt på Vestlandet i første halvdel av 1300-åra". Her svarde 1 laup smør til ½ skippund korn. For nærare belegg om dette viser Lunden til eit arbeid, Korn og Kaup, som enno er upublisert.

9) NK s. 106.

10) NK s. 118.

11) NK s. 118.

12) BK 53b.

13) Sjå K. Lunden, "Hanseatane og norsk økonomi i seinmellomalderen", HT 46 (1967), note 29 med tilvising m.a. til A. Steinnes i NK bd. 30,der verdetilhøve 1,5 laup = 1 skippund korn fleire gonger er nemnd.

14) NK s. 97.

15) NK s. 103.

16) NK s. 106.

17) 143,3 kg. Institutt for samanliknande kulturforksning ser. A. XIV,, Bidrag til bondesamfunnets historie I, s. 203.

18) NK 103.

19) Om leige under øydetida, sjå kap. 5.

20) Desse kjem til å verta publiserte av stip. Peter Emil Kaland, som er knytt til Lindåsprosjektet.

21) Brev til cand. phil. Ingvild Øye Sølvberg, dat. 20/3-1973.

22) Sjå K. Lunden, "Hanseatane og norsk økonomi.....", s. 115, note 78.

23) NK s. 117.

24) NK s. 117.

25) 20 gamle mæler frå Sogn tok jamnt over 16 liter. A. Steinnes NK s. 117.

26) NK s. 117.

27) NK s. 118. I Lindås ser vi at den kongelege jordeboka frå 1590 reknar 1 t. = 4 mæle = 40 kanner, medan den kongelege jordeboka frå 1610 reknar 1t. = 4 mæle = 48 kanner.

28) Ei rimeleg øvre grense for hl. vekta, jfr. 47 kg pr. hl. i dei første sortsforsøka i 1889.

29) Dersom kornet var av noko ringare kvalitet enn Hasund sitt ovanfor nemnde eksempel på 42,3 kg.

30) GL, Kristendomsbolken, kap. 6-7.

31) S. Hasund, "Korndyrkinga paa Vestlandet fyre Mannedauden", s. 387.

32) GL, Kristendomsbolken, kap. 8.

33) Sjå t.d. K. Lunden, Heggen og Frøland s. 156, med ref. til Raudeboka.

34) K. Lunden, same stod.

35) DN V nr. 158.

36) BK 57b.

37) BK 50b.

38) Sjå Sølvi Sogner, "Bondeluten i reformasjonshundreåret", Heimen bd. 12, 1961-63, s. 61.

39) S. Sogner, s. 62.

40) NHD I, 1, s. 200, s. 233,og s. 286.

41) Sverre Steen hevdar i DNFLH bd. IV, 1500-1640 s. 139 at 3-delinga var innført frå 1570 i Bergen stift. S. Sogner nemner dette, men har ikkje kunna finna noko belegg for at så var tilfelle.

42) Manntalet 1666, Riksarkivet.

43) Myking og Lygra sokn er ikkje tekne med avdi det etter 1598 ikkje er oppgjeve tienda for heile sokna, men for kvar gard i soknet, Største delen av namnegardane både i Lygra og Myking sokn fell utanfor skipreidegrensene.

44) Riksarkivet, Rentekammeret, Bergenhus len, eske 11, legg 4 og eske 17, legg 1.

45) Stadsarkivet i Bergen, bispearkivet, 1b.

46) NLR IV s. 176.

47) Med atterhald om at innføringa i BK verkeleg gjeld Lindås.

48) S. Dyrvik, Befolkningsutvikling og sosiale tilhøve i Etne prestegjeld 1665-1801. Hovedoppgåve Bergen våren 1971, kap. 8.

49) Sjå A. Steinnes, NK 30 s. 135.

50) DNØ, arbeidspapir august 1973. Tala for Romerike er utrekna av Anne Marie Bøhmer, for Stjørdalen av Audun Dybdahl og for Trondenes av Eirik Kårstad, alle knytte til øydegardsprosjektet.

51) Ovanfor s. 135-136.

KAP. 5. SAMANDRAG OG ANALYSE AV NEDGANGEN.

1) NLR IV s. 170.

2) Om "frelse" sjå kap. 1, s. 35-37.

3) Sjå matrikkelutkastet 1723.

4) NLR IV s. 171.

5) NRJ IV s. 476, note 1.

6) NRJ IV s. 479.

7) Basert på at landskylda på Fonnes var 1 laup mindre i 1567 enn i 1535.

8) Sjå kap. 3.

9) Meir om dette nedanfor s. 172.
Sjå kart på s. 173.

10) Namnegarden Tveit har to tun på over 75 m, Nedretveit på 75 m og Øvretveit på 125 m. Det tredje tunet, Groven, ligg på vel 50 m.

11) Kap. 3 s. 109.

12) Sjå kap 3.

13) Sjå vedlagt kart bak i oppgåva. (VEDLEGG 4).
Også denne metoden er ein usikker og subjektiv metode.

14) Det gjeld desse namnegardane:
g.nr. 56 Hundvin
" 94 og 96 Øvre og Nedre Skodvin (I oppgåva rekna som to namnegardar)

" 156 Austrheim
" 74 Fammestad
" 53 Grimstad
" 127 Mongstad
" 40 Hodneland
" 91 Brunsland
" 92 Træland
" 130 Kaland
" 151 Førland
" 155 Hopland
" 113 Sjurset

G.nr. 13 Straumstad var etter ei nærare drøfting i kap 1, s.59 avvist som namnegard frå høgmellomalderen.

15) To namnegardar låg dessutan heilt øyde att i 1723. Det var Bakkebø og g.nr. 80 Dragøy.

16) NRJ IV s. 479.

17) Originalkartet, utarbeidd av C.F. og N.H. Kolderup,er å finna i Bergens Museums skrifter nr. 20, Bergen 1940. Her er lausmateriale også betre markert.

18) G.nr. 44 Skauge
" 48-49 Fjellsbø
" 50 Vik
" 147 Kvalvåg

19) G.nr. 25-27 Tveit
" 24 Konglevoll
" 110 Syslak

20) For øydegarden Husebø kjenner vi ikkje eigaren, men det er nærliggjande å tru at han har vore den same som på grannegarden, g.nr. 24 Fammestad.
I tabellen er heller ikkje prestegarden på Lindås teke med p.g.a. den særeigne stillingen denne kjem i avdi presten held til der.

21) Tvibernes først i vårt eige hundreår.

22) Sjå t.d. Jørn Sandnes: Ødetid og gjenreisning s. 231.

23) T.H. Hollingsworth, Historical Demography, Lond. 1969, s. 386.

24) J. Sandnes, Nyere naturvitenskaplige metoder som hjelpemidler i busetningshistorisk granskning, Heimen bd. 15, 1971. s. 389. Her er og ein del av pollendiagrammet frå Brennmoan, Overhalla attgjeve.

25) J. Sandnes, Ødetid og gjenreisning, s. 242.

26) Nasjonale forskningsoversikter, Det nordiske Ødegårdsprosjektet, publikasjon nr. 1. København 1972, s. 183.

27) Avsnittet om pollenanalyser stør seg m.a. på diskusjon med pollenanalytikaren Peter Emil Kaland ved Lindåsprosjektet.

28) Henta frå Norges Geologiske undersøkelse nr. 208, Geology of Norway, ed. O. Holtedahl, Oslo 1960, s. 485.

29) Diagrammet er henta frå R.F. Flint, Glacial and Quaternary Geology, s. 790.

30) Diagrammet er henta frå K. Fægri, Temperaturkurver for de siste 10 000 år, Naturen nr. 7, 1970, s. 432.

31) E. Thomassen, Befolkningsutvikling og yrkesstruktur i Lindås prestegjeld 1660-årene - 1801. Hovedoppgåve Bergen 1973, s. 118.

32) Henta frå T. Werner Johannessen, The Climate of Scandinavia, i World Survey of Climatology, Volume 5, s. 57.

33) Munntleg opplysning frå Institutt for plantekultur ved Ås, hausten 1973.

34) Landbruksboken bd. II, (red. N. Ødegaard), Kra. 1919, s. 232.

35) Same stad s. 226.

VEDLEGG 1. Landskyld 1567 - 1647.

x) Utrekna etter leidangen i høve 1:6.
xx) Utrekna etter landskyldoppgåver.

	x)1567	x)1590	x)1610	xx)1626	xx)1647
24 Fammestad	2 1/2	1 11/12	2 1/2	2,25	2,25
25 Tveit	2 3/4	3 1/4	3 1/2	3,00	2,719
21 Groven	-	-	-	-	0,812
27 Øvretveit	2 1/4	2	2	2,00	2,25
28 Reikerås	-	1/2	3/4	0,75	0,75
35 Nævdal	-	1/2	3/4	0,812	0,812
36 Smørdal	3/4	3/4	3/4	0,917	0,917
37 Myking	1 1/4	1 1/2	1 1/2	1,50	1,50
38 Hodne	2 3/4	3	3	2,25	2,50
39 Hodnekvam	1 1/2	1 1/2	2	2,00	2,00
40 Hodneland	-	1	1 1/2	0,917	0,917
41 Ringås	-	-	-	-	0,089
42 Sævrås	3/4	1	1	0,812	0,812
43 Natås	1 1/2	1 1/2	1 1/2	1,375	1,375
44 Skauge	3	3	3	2,25	2,333
45 Sletten	-	1/2	3/4	0,958	0,917
46 Tveiten	-	3/4	1/4	1,25	1,25
47 Vefjell	1 /1/4	1 1/4	1 1/4	1,125	1,125
48 Fjellsbø Nordre	1 > 2	2	1 1/2 > 2 1/2	>2,563	>2,792
49 Søre	1		1		
50 Vik	2 1/4	2 1/2	2 1/4	2,25	2,25
51 Seljelid	-	1	1	0,912	0,917
Bakkebø	-	1 1/2	3/4	1,00	1,00
52 Berge	2	2	2	2,00	2,00
53 Grimstad Søre	1	2 1/2	2 1/2	2 3/4	2,675
Nore	1 1/2 > 2 1/2				2,675
54 Konglevoll	1	2	2	2,083	1,833
55 Bruvoll	1	1 1/6	1 1/3	1,25	1,25
56 Hundvin	5 1/4	5 1/2	4 1/2	3,75	3,75
57 Utluro	6	6	6		19,5
58 Innluro	12	12	12		
Biskopsnes	Øyde				
Lurekalven					
80 Dragøy	-	1/2	1/2	0,50	0,50
81 Risøy	1 2/3	1 3/4	1 3/4	1,375	1,50
82 Brakøy	1/2	1/2	1/2	0,75	0,75
83 Spjotøy	-	-	1/4	0,333	0,50

	x)1567	x)1590	x)1610	xx)1626	xx)1647
84 Kvalvågsnes	1	1	1	1,25	1,125
85 Kvalvåg	2 1/4	2 1/4	2 1/2	1,75	1,75
86 Ones	1 1/2	1 1/2	1 3/4	1,50	1,50
87 Spjeldnes	1/2	-	-	0,50	0,50
88 Maråsa	2	2	-	1,75	1,75
89 Haugsmyr	-	-	-	0,75	0,75
90 Hauge	1	1 1/4	-	1,50	1,50
91 Brunsland	2 1/4	2 1/4	-	2,00	2,00
92 Træland	1 3/4	1 3/4	1 3/4	1,625	1,625
93 Hetlehovde	-	1/2	1/2	0,50	0,50
94 Nedre Skodvin	1	1	1 1/12	1,25	1,25
95 Refsdal	1	1	1 1/2	1,125	1,125
96 Øvre Skodvin	1	1	1 1/4	1,25	1,25
97 Løtveit	1	1	- (1)	1,625	1,625
98 Gaulen	1/2	1	1	0,917	0,917
99 Våge	1 3/4	1 3/4	1 3/4	1,75	1,75
100 Fjellsende	1 3/4	1 3/4	1 1/2	1,50	1,50
101 Vabunes	-	-	-	0,25	0,333
102 Vabu	1/2	1/2	1/2	0,75	0,75
103 Fjellanger	3 1/2	3 1/2	3 1/2	3,00	3,00
104 Haukås	1	1	1 1/2	1,25	1,50
105 Holmås	3/4	3/4	1	1,25	1,375
106 Fonnebost	3 1/2	3 1/2	3 1/2	3,00	3,00
107 Kolås	2	2	3	2,125	2,75
108 Prestegarden	-	-	-	-	-
109 Saltnes	3/4	3/4	-	0,875	0,875
110 Syslak Øvre	1 1/2 > 3 1/4	1 1/2 > 3 1/4	1 3/4 > 3 1/4	3,5	3,25
110 Syslak Nedre	1 3/4	1 3/4	1 1/2		
111 Skårnes	-	1/2	3/4	0,875	0,875
112 Finnesbø	-	1/2	1/2	0,625	0,625
113 Sjurset	1	1	1 1/2	1,00	1,00
114 Veråsa	1	1	1 1/2	1,167	1,167
115 Kårdal	-	1/2	-	0,833	0,833
116 Lauås	2	2	2	2,00	2,00
117 Rossnes		1	1 1/2	1,50	2,00
118 Tjukhetla	1 1/4	3/4	1	0,937	0,875
119 Sundsbø	1	1	1 1/4	1,042	1,042
120 Tvibernes	1/2	3/4	5/6	0,75	0,75
121 Knarvik	1 1/2	1 3/4	1 3/4	1,50	1,50
122 Hellestveit	-	1/2	1/2	0,625	0,625

	x)1567	x)1590	x)1610	xx)1626	xx)1647
123 Risa	3	3	2 1/2	2,00	2,00
124 Kjeilegavlen	-	-	-	0,75	0,75
125 Indre Kjeilen	-	2 3/4	-	2,00	2,00
126 Hope	3 1/2	3 1/2	3 1/2	3,00	3,00
127 Mongstad	1	1 1/2	1 1/2	1,125	1,125
128 Leirvåg	1 1/4	3/4	1 1/3	1,25	1,25
129 Litlås	-	1/2	1/2	0,75	0,75
130 Kaland	1 1/2	-	1 1/2	1,375	1,375
131 Fonnes	3	3	3 1/2	3,00	3,188
132 Utkjeilen	-	3/4	3/4	0,75	0,75
133 Synnevåg	1	1	1 1/2	1,50	1,50
135 Bakka	1	1	1 1/4	1,00	1,00
136 Monslaup	1	1	1	0,875	1,00
137 Søre Njøten	1 1/2	1 3/4	2	1,50	1,50
138 Nore Njøten	-	1/2	1	0,875	0,875
139 Solend	2 3/4	2 3/4	2 1/2	2,25	2,128
140 Leikvoll	-	1/2	1/2	0,875	0,875
141 Vikane	-	-	-	-	0,25
142 Sætre	2	2	2	1,75	1,75
143 Budalen	-	-	-	-	0,167
145 Ulvøy	3/4	3/4	3/4	0,75	0,75
147 Kvalvåg	2	1 1/2	1 3/4	1,50	1,50
149 Åråsa	1	1	1	1,00	1,00
150 Hjartås	-	-	-	0,583	0,75
151 Førland	2	2	1 3/4	1,50	1,50
152 Litle Lindås	-	-	-	1,50	1,50
155 Hopland	3	3	3 1/2	3,50	3,00
156 Austrheim	6 (12sk.)	-	-	3,50	3,50
157 Bergsvik	1 1/2	1 1/2	1 3/4	1,75	1,75
158 Lerøy	9/16	3/4	3/4	1,00	1,00
160 Rebnor	2 3/4	2 3/4	2 5/4	?	1,50
161 Øksnes	1 1/4	1 1/4	1 7/12	1,333	1,333
162 Børillen	3/4	3/4	3/4	0,833	0,833
164 Krossøy	3/4	3/4	3/4	1,00	1,00
165 Rongevær	15/24	-	-	0,833	1,00
166 Sæverøy	-	-		0,625	0,625

VEDLEGG 2. Kyrlag - Utsæd.

	1657	1667			1723		
	Kyrlag	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr.tn.	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr.tn.
Myking sokn.							
24 Fammestad	37,50	40	8	5,00	45	9	5,00
25 Nedretveit 26 Groven 27 Øvretveit	76,83	107	21	5,09	90,67	17 1/4	5,26
28 Reikerås	20,00	16	3 1/4	4,92	21	3 1/2	6,00
35 Nævdal	12,66	11	2	5,50	16	3	5,33
36 Smørdal	25,33	18	3	6,00	20	3 1/2	5,71
37 Myking	22,00	30	4	7,50	32	6	5,33
38 Hodne	46,17	40	8	5,00	63	8	7,88
39 Hodnekvam	23,00	25	3 1/2	7,14	48,67	5 3/4	8,46
40 Hodneland	12,66	18	6	6,00	19,83	3 1/2	5,67
42 Sævrås	13,33	20	3	6,67	20	3 1/2	5,71
43 Natås	30.00	28	5	5,60	36	5	7,20
44 Skauge	50,83	55	8	6,88	70,5	13	5,42
45 Sletten	17,83	16	2 1/2	6,40	21	3 1/2	6,00
46 Tveiten	35,50	20	4	5,00	27	4	6,75
47 Vefjell	26,83	20	4	5,00	19	6	3,17
48-49 Fjellsbø	26,17	36	8	4,50	19	3	6,33
	476,64	500	90 1/4	5,54	568,67	100 1/2	5,66
Lygra sokn.							
50 Vik	31,00	30	7	4,29	47	8	5,88
51 Seljelid	12,33	14	3	4,67	11	2	5,50
Bakkebø	5,50	10	2 1/2	4,00		(øyde)	
52 Berge	27,83	26	7	3,57	37,5	7 1/2	5,00
53 Grimstad	54,17	42	9	4,67	59	11	5,36
54 Konglevoll	20,83	24	5	4,80	19	3 1/2	5,43
55 Bruvoll	19,50	22	3	7,33	23,4	4 1/2	5,20
56 Hundvin	44,83	52	12	4,33	72,33	14	5,16
57 Utluro	43,67	40	9	4,44	48	8	6,00
58 Innluro	67,83	54	15	3,60	70	15	4,67
80 Dragøy	3,50	8	1	8,00		(øyde)	
81 Risøy	18,50	23	4	5,75	36	6	6,00
82 Brakøy	16,50	12	3	4,00	14,5	3 1/2	4,14
83 Spjotøy	6,00	10	1 1/2	6,67	14	2	7,00

	1657	1667			1723		
	Kyrlag	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr.tn.	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr. tn.
Lygra sokn forts.							
84 Kvalvågsneset	(manglar)	17	4	4,25	22	5	4,40
85 Kvalvåg	54,67	42	9	4,67	54	9	6,00
86 Ones	30,50	32	3 ½	9,15	42,50	7	6,07
	457,16	558	99 ½	5,61	570,23	106	5,37
Lindås sokn.							
87 Spjeldnes	manglar	11	2	5,50	14,5	2 ½	5,80
88 Marås	25,33	26	5	5,20	31	7	4,29
89 Haugsmyr	10,50	12	2 ½	4,80	18	3	6,00
90 Hauge	14,67	22	5	4,40	32	6	5,33
91 Brunsland	26,17	30	6	5,00	30	5	6,00
92 Træland	14,67	24	5	4,80	27	6 ½	4,15
93 Hetlehovda	9,33	10	2 ½	4,00	16	2 ½	6,40
94 Nedre Skodvin	18,67	20	4	5,00	27	4	6,75
95 Refsdal	14,33	16	3	5,33	19	3 ½	5,43
96 Øvre Skodvin	29,66	24	3 ½	6,86	3,25	6	5,42
97 Løtveit	18,33	24	4	6,00	35	6 ½	5,39
98 Gaulen	13,83	10	2 ½	4,00	18	3 ¾	4,80
99 Våge	36,83	20	5	4,00	38	6	6,33
100 Fjellsende	33	28	5	5,60	41	5 ½	7,45
101 Vabunes	3	5	1	5,00	7	1	7,00
102 Vabu	8	12	3	4,00	12	3	4,00
103 Fjellanger	48,67	42	8	5,25	65,33	11 ¾	5,56
104 Haukås	19,33	24	4	6,00	21	4	5,25
105 Holmås	18,5	20	5	4,00	24	6	4,00
106 Fonnebost	45	50	10	5,00	51,17	9	5,69
107 Kolås	35,5	36	8	4,50	32	4 ½	7,11
109 Saltnes	10,67	16	3	5,33	21	4	5,25
110 Syslak	44,16	57	10	5,70	52,5	8 ½	6,18
111 Skårnes	14,83	11	2	5,50	15	3	5,00
112 Finnesbø	7	8	1 ½	5,33	10,83	2	5,41
113 Sjurset	17,67	16	4	4,00	21	4	5,25
114 Verås	13,17	18	4	4,50	20	4	5,00
115 Kårdal	5,67	12	2	6,00	13	2	6,50
116 Lauås	34	32	6	5,33	42,5	7 ½	5,67
117 Rossnes	35,83	30	6	5,00	36,5	6 ¼	5,84
118 Tjukhetla	16	16	4	4,00	22	4	5,50
119 Sundsbø	29,5	34	5	6,80	29,5	6 ½	4,54

	1657	1667			1723		
	Kyrlag	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr.tn.	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr. tn.
Lindås sokn forts.							
120 Tvibernes	15,83	20	3 ½	5,71	21	3 ½	6,00
121 Knarvik	32	20	4	5,00	35	4 ½	7,78
122 Hellestveit	10	10	1 ¼	8,00	16	2	8,00
123 Risa	24,17	38	7	5,43	52,5	8 ¼	6,36
124 Kjeilegavlen	(manglar)	4	¾	5,33	11	1 ⅛	9,78
125 Indre Kjeilen	20,5	34	6	5,67	45	7 ¾	5,83
126 Hope	24,33	50	9	5,56	73,5	12	6,13
127 Mongstad	27,17	18	4 ¼	4,24	23	4	5,75
	825,82	910	177 ¼	5,13	1152,33	202 ¾	5,68
Austrheim sokn.							
128 Leirvåg	25	30	6	5,00	21,83	4	5,46
129 Litlås	13	12	2	6,00	16	2 ½	6,40
130 Kaland	13,67	28	5 ½	5,09	28	5 ½	5,09
131 Fonnes	(manglar)	46	12	3,83	63,33	12	5,29
132 Utkjeilen	21,33	16	4	4,00	24	4	6,00
133 Synnevåg	23,5	26	6	6,33	34,5	6 ½	5,31
135 Bakka	15,5	18	5	5,60	23	3	7,67
136 Monslaup	12,67	14	3	4,67	23,5	3	7,83
137 Søre Njøten	22,83	30	5	6,00	41	7 ½	5,47
138 Nore Njøten	12	14	2 ½	5,50	16	3	5,33
139 Solend	20,5	28	6	4,67	47,5	6 ¼	7,60
140 Leikvoll	12,33	12	2 ½	4,80	16	2 ¾	5,83
142 Sætre	28,33	28	6	4,67	40	6 ½	6,15
145 Ulvøy	10,83	12	2 ¾	4,36	12	3	4,00
147 Kvalvåg	23,83	28	6	4,67	32,5	8	4,06
149 Åråsa	14,66	16	3 ¼	4,92	20	3 ½	4,00
150 Hjartås	(manglar)	11	1 ¼	8,80	16	3	5,33
151 Førland	17,67	20	4	5,00	29,5	5 ⅛	5,27
152 Litle Lindås	24	31	4	7,75	40,5	7 ½	5,40
155 Hopland	29,5	49	8	6,13	72,5	14 ¼	5,09
156 Austrheim	(manglar)	50	10	5,00	87	17 ½	4,97
157 Bergsvik	19	30	4	7,50	38,67	8	4,83
158 Lerøy	14	18	3	6,00	24	3	8,00
160 Rebnor	17,67	30	6	5,00	39	8 ½	4,59
161 Øksnes	2,33	16	4	4,00	29	6	4,83

	1657	1667			1723		
	Kyrlag	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr.tn.	Kyrlag	Utsæd	Kyrlag pr. tn.
Austrheim sokn forts.							
162 Børillen	10,17	14	2	7,00	18	3	6,00
164 Krossøy	14,33	14	2 1/2	5,60	14	3	4,67
165 Rongevær	(mangler)	12	2	6,00	24	2	12,00
166 Sævarøy	22	14	2	7,00	10	3	3,33
	440,65	667	132 1/2	5,04	901,33	165 7/8	5,43

VEDLEGG 3. Utsæd - avling 1667 og 1723.

	1667			1723		
	Utsæd(t.)	Avling(t.)	Foll	Utsæd	Avling	Foll
Myking sokn.						
24 Fammestad	8	30	3,8	9	31 ½	3,5
25 Nedretveit } Tveit	9	30	3,3	5 ¾	17	3,1
26 Groven } Tveit	3	9	3,0	3	10	3,3
27 Øvretveit } Tveit	9	27 ½	3,1	8 ½	28 ½	3,4
28 Reikerås	3 ¼	10	3,1	3 ½	10 ½	3,0
35 Nævdal	2	5	2,5	3	9	3,0
36 Smørdal	3	10	3,3	3,5	10 ½	3,0
37 Myking	4	17 ½	4,4	6	21	3,5
38 Hodne	8	40	5,0	10	35	3,5
39 Hodnekvam	3 ½	15	4,3	5 ¾	20	3,5
40 Hodneland	3	10	3,3	3 ½	12	3,4
42 Sævrås	3	10	3,3	3 ½	11	3,1
43 Natås	5	17 ½	3,5	5	18	3,6
44 Skauge	8	30	3,8	13	45 ½	3,5
45 Sletten	2 ½	10	4,0	3 ½	10 ½	3,0
46 Tveiten	4	15	3,8	4	12	3,0
47 Vefjell	4	15	3,8	6	18	3,0
48-49 Fjellsbø	8	20	2,5	*4	10	2,5
	90 ¼	321 ½	3,5	100 ½	330	3,3
	*Søre Fjellsbø låg øyde på denne tida.(1723)					
Lygra sokn.						
50 Vik	7	25	3,6	8	24	3,0
51 Seljelid	3	10	3,3	2	6	3,0
Bakkebø	2 ½	5	2,0	*-	-	-
52 Berge	7	20	2,9	7 ½	23	3,1
53 Grimstad	9	37 ½	4,2	11	36	3,3
54 Konglevoll	5	20	4,0	*3 ½	11	3,2
55 Bruvoll	3	10	3,3	4 ½	13 ½	3,0
56 Hundvin	12	40	3,3	14	49	3,5
58 Innluro	15	40	2,7	15	52 ½	3,5
57 Utluro	9	30	3,3	8	28	3,5
80 Dragøy	1	2 ½	2,5	*(1	3	3,0)
81 Risøy	4	15	3,8	6	18	3,0
82 Brakøy	3	7 ½	2,5	3 ½	10 ½	3,0

	1667			1723		
	Utsæd(t.)	Avling(t.)	Foll	Utsæd	Avling	Foll
Lygra sokn forts.						
83 Spjotøy	1 ½	5	3,3	2	7	3,5
84 Kvalvågsneset	4	12 ½	3,1	5	15	3,0
85 Kvalvåg	9	30	3,3	9	31 ½	3,5
86 Ones	3 ½	10	2,9	7	26	3,7
	99 ½	320	3,2	106	351	3,3
	*Bakkebø låg øyde 1723. *⅔ øyde i Konglevoll 1723 *Dragøy låg øyde. Tala er det som det var rimeleg kunne bli sådd og avla der. (Jfr Bl gjæ matr. 1723)					
Lindås sokn.						
87 Spjeldnes	2	7 ½	3,8	2 ½	9	3,6
88 Marås	5	20	4,0	7	24 ½	3,5
89 Haugsmyr	2 ½	7 ½	3,0	3	10 ½	3,5
90 Hauge	5	15	3,0	6	21	3,5
91 Brunsland	6	25	4,2	5	17 ½	3,5
92 Træland	5	15	3,0	6 ½	19 ½	3,0
93 Hetlehovda	2 ½	10	4,0	2 ½	9	3,6
94 Nedre Skodvin	4	12 ½	3,1	4	13	3,3
95 Refsdal	3	9	3,0	3 ½	9 ½	2,7
96 Øvre Skodvin	3 ½	12 ½	3,6	6	19 ½	3,3
97 Løtveit	4	12 ½	3,1	6 ½	19 ½	3,0
98 Gaulen	2 ½	7 ½	3,0	3 ¾	11	2,9
99 Våge	5	20	4,0	6	21	3,5
100 Fjellsende	5	20	4,0	5 ½	18	3,3
101 Vabunes	1	2 ½	2,5	1	3 ½	3,5
102 Vabu	3	10	3,3	3	9	3,0
103 Fjellanger	8	30	3,8	11 ¾	37	3,1
104 Haukås	4	10	2,5	4	12	3,0
105 Holmås	5	15	3,0	6	21	3,5
106 Fonnebost	10	30	3,0	9	27	3,0
107 Kolås	8	25	3,1	4 ½	13 ½	3,0
108 Prestegarden						
109 Saltnes	3	12 ½	4,2	4	14	3,5
110 Syslak	5	17 ½	3,5	3	9	> 3,0
	5	15	3,0	5 ½	16 ½	
111 Skårnes	2	5	2,5	3	9	3,0
112 Finnesbø	1 ½	3 ½	2,3	2	6	3,0
113 Sjurset	4	15	3,8	4	14	3,5
114 Verås	4	15	3,8	4	14	3,5
115 Kårdal	2	7 ½	3,8	2	6	3,0

	1665			1723		
	Utsæd (t)	Avling(t.)	Foll	Utsæd	Avling	Foll
Lindås sokn forts.						
116 Lauås	6	20	3,3	2 ½	26 ¼	3,5
117 Rossnes	6	17 ½	2,9	6 ¼	20 ¼	3,3
118 Tjukhetla	4	12 ½	3,1	4	12	3,0
119 Sundsbø	5	15	3,0	6 ½	19 ½	3,0
120 Tvibernes	3 ½	10	2,9	3 ½	10 ½	3,0
121 Knarvik	4	15	3,8	4 ½	14	3,1
122 Hellestveit	1 ¼	3 ½	2,8	2	6	3,0
123 Risa	7	25	3,6	8 ¼	25	3,1
124 Kjeilegavlen	¾	1 ½	2,0	1 ⅛	3 ½	3,1
125 Indre Kjeilen	6	25	4,2	7 ¾	27	3,5
126 Hope	9	30	3,3	12	39	3,3
127 Mongstad	4 ¼	17 ½	4,1	4	14	3,5
	177 ¼	600	3,4	202 ¾	641	3,1
Austrheim sokn.						
128 Leirvåg	6	20	3,3	*4	14	3,5
129 Litlås	2	7 ½	3,8	2 ½	9	3,6
130 Kaland	5 ½	20	3,6	5 ½	16	3,0
131 Fonnes	12	36 ½	3,0	12	42	3,5
132 Utkjeilen	4	10	2,5	4	12	3,0
133 Synnevåg	6	17 ½	2,9	6 ½	19 ½	3,0
135 Bakka	5	16 ½	3,3	3	10 ½	3,5
136 Monslaup	3	15	5,0	3	9	3,0
137 Søre Njøten	5	20	4,0	7 ½	26	3,5
138 Nore Kjøten	2 ½	10	4,0	3	10 ½	3,5
139 Solend	6	20	3,3	6 ¼	21	3,4
140 Leikvoll	2 ½	10	4,0	2 ¾	9 ½	3,5
142 Sætre	6	20	3,3	6 ½	23	3,5
145 Ulvøy	2 ¾	10	3,6	3	10 ½	3,5
147 Kvalvåg	6	20	3,3	8	24	3,0
149 Årås	3 ¼	12 ½	3,8	3 ½	12 ¼	3,5
150 Hjartås	1 ¼	7 ½	6,0	3	10 ½	3,5
151 Førland	4	15	3,8	5 ⅛	18	3,5
152 Litle Lindås	4	20	5,0	7 ½	26	3,5
155 Hopland	8	30	3,8	14 ¼	49 ½	3,5
156 Austrheim	10	45	4,5	17 ½	61 ½	3,5
157 Bergsvik	4	17	4,4	8	28	3,5
158 Lerøy	3	10	3,3	3	9	3,0
160 Rebnor	6	17 ½	2,9	8 ½	29 ½	3,5

	1665			1723		
	Utsæd(t.)	Avling(t.)	Foll	Utsæd	Avling	Foll
Austrheim sokn forts.						
161 Øksnes	4	10	2,5	6	18	3,0
162 Børillen	2	7 ½	3,8	3	9	3,0
164 Krossøy	2 ½	7 ½	3,0	3	9	3,0
165 Rongevær	2	3 ½	1,8	2	6	3,0
166 Sævarøy	2	7 ½	3,8	3	9	3,0
	132 ½	469 ½	3,5	165 ⅞	551 ¾	3,3

*⅓ av Leirvåg låg øyde 1723.

KJELDER:

A. Trykte:

Aslak Bolts jordebok, utgjeve ved P.A. Munch, Chra. 1852.

Bergens Kalvskinn, utgjeve ved P.A. Munch, Chra. 1863.

Diplomataricum Norvegicum, bd. I-XX, Chra. 1847-.

Gulartingslovi, omsett frå gamalnorsk av K. Robberstad, Oslo 1952.

Magnus Lagabøters Landslov, omsett av A. Taranger, Kra. 1915.

Norske Herredags- Dombøger, utg. for Kildeskriftfondet, 1.-4. rekke. Chra. 1893-.

Norske lensrekneskapsbøker 1548-1567. Utg. av Riksarkivet, Oslo 1939.

Norske Regnskaper og Jordebøger fra det 16.Aarhundre, utg. for Kildeskr.fondet, bd. I-IV, Chra. 1887-1906, og bd. 5,1-2 Oslo 1966.

Samlinger til den Danske Historie, bd. 1-2, Kbh. 1779-84.

B. Utrykte:

I Riksarkivet:

Matrikkelutkastet av 1723.

Matrikkelen 1667.

Landkommisjonens jordebok 1661 (Rentekammeret Bergen lagdømme, pk. 24).

Kvegskattelista 1657 (Rentekammer, Bergenhus len, eske 137, legg 7).

Kontribusjonsmanntalet 1647.

Jordebok for utlikning av garnisonsskatt 1626 (Skatthaldararkivet DIX, pk 4^{3}).

Jordebok for kyrkje- og prestebolsinntekter i Lindås prestegjeld 1624 (Statthaldarark. DIX, pk. 15^{3}).

Tiendemanntal 1614-15 (Rentekamm. Bergenhus Len, eske 17, legg 1).

Tiendemanntal 1612-13 (----------" ----------, eske 11, legg 4).

Kongelege jordebøker 1624-26 (Statth.ark. DIX, eske 3, legg 2).

Kongeleg jordebok 1610 (Rentekamm. Bergenhus Len, eske 7, legg 3).

Kongeleg jordebok 1590 (Rentekamm.Bergenh.Len eske 1, legg 2).

Landskatten 1603 (Rentekamm.Bergenh.Len eske 4, legg 1).

Jordebok for Munkeliv og St. Hans kyrkje gods 1591-1647.

Skatteliste over to-markskatten 1519 (Regnskaper og jordebøker eldre enn 1570, pk. 7 legg 2.)

Brevbrot og sakefallslista 1522 (Rengskaper og jordebøker eldre enn 1570, pk. 11, legg 2).

Stadsarkivet i Bergen:

Bispejordebok 1598, (Bispearkivet 1 b).

LITTERATUR:

Bjørkvik, H.: Bygder i vokster. Uferdig manuskript Trh. 1971.

---- " ---- : Det norske krongodset i mellomalderen (HT bd. 40, 1960-61, s. 201 ff).

---- " ---- : Eit kyrkjeleg godskompleks i mellomalderen. Munkeliv Klosters jordegods (Heimen bd. 14, 1967, s. 51 ff.).

---- " ---- : Noreg, i Ødegårder og ny bosetning i de nordiske land i seinmiddelalderen. Rapporter til Det nordiske historikermøte i Bergen 1964, Oslo 1964.

Det norske folks liv og historie, bd. I-XI, Oslo 1930-38

Dybdahl, A.: Høgmiddelalderens bosetningsmaksimum ved poengberegning. Stensil Trh. 1972.

Dyrvik, S.: Befolkningsutvikling og sosiale tilhøve i Etne prestegjeld 1665-1801. Hovedoppgåve, Bergen våren 1971.

Fett, P.: Forhistoriske minne i Nordhordland, Lindås prestegjeld. Bergen 1965.

Flint, R.F.: Glacial and Quaternary Geology, New York 1971.

Fægri, K.: Temperaturkurver for de siste 10 000 år (Naturen nr. 7, 1970).

Hasund, S.: Korndyrkinga i Noreg i eldre tid (Bidrag til bondesamfundets historie. I. Jordbruk og bondesyssel. Inst. for sml. kulturforskning, Serie A XIV, Oslo 1933, s. 167 ff).

--- " ---' : Kornavlinga paa Vestlandet fyre Mannedauden (Syn og Segn 1923 s. 387 ff).

Helle, K.: Norge blir en stat. 1130-1319. Handbok i Norges historie, bd I, del 3, Oslo 1964.

Holmsen, A.: Gard - Bygd - Rike. Festskrift i anl. Andreas Holmsens 60 års dag 5. juni 1966, Oslo 1966.

--- "---- : Matrikkel, skyld og skatt (Heimen bd IX, 1952-54, s. 165 ff).

--- " --- : Norges historie, fra de eldste tider til 1660, Oslo 1949.

--- " --- : Økonomisk og adminstrativ historie (Norske Bygder bd. IV, Sogn, Bergen 1937).

--- " --- : Ødegårder i Osloherad (St. Hallvard XLI, 1963).

Hægstad, M.: Munkelivs eldste jordebog. (Forhandlinger i Videnselskabet i Christiania 1909.) Chra.1909.

Kolderup, C.F. og N.H.: Geology of the Bergen Arc System (Bergens Museums skrifter nr. 20). Bergen 1940.

Kulturhistoriske leksikon for nordisk middelalder bd. 1-. Køb. 1956.

Larsen, J.: Landskylda i Fana i seinmiddelalderen og fram til ca. 1600. Stensil Bergen 1972.

Liestøl, O.: Glaciers of the present day i Geology of Norway, ed. O. Holtedahl (Norges Geologiske Undersøkelse nr. 208). Oslo 1960.

Litleskare, J.: Øydejorder. Gløymde gardsnamn og burttynte gardar i Nordhordland. Oslo 1925.

Lunden, K.: Heggen og Frøland. Mellomalder. I Heggen og Frøland, 1. halvbind, Askim 1965, s. 148 ff.

--- " --- : Hanseatane og norsk økonomi i seinmellomalderen. (HT bd 46, 1967, s. 97 ff).

--- " --- : Om gardtal og folketal i Noreg ca. 1340 og ca. 1665 (HT 48, 1969, s. 89 ff).

--- " --- : Økonomi og samfunn. Oslo 1972.

Mo, J.: Agrarkrisa i Åsen. Omarbeidet versjon av delar av hovedfagsoppgåva frå 1970, stensil Trh. 1970.

Nasjonale forskningsoversikter. Det nordiske ødegårdsprosjektet, publikasjon nr. 1. København 1972.

Nordisk Kultur, samleverk, bd. I-XXX, Oslo - St. holm - K.havn 1936-48.

Norges Historie, bd. 1-6, Kra. 1912-13.

Olsen, M.: Ættegård og helligdom (Inst. for sml. kulturforskning Serie A 9), Oslo 1926.

Rygh, O.: Norske Gaardnavne, utg. av O. Rygh et alii. Indledning + bd I-XVIII + Fællesregister, Kra. (Oslo) 1898-1936.

Sandnes, J.: Kilder til busetningshistorien i eldste tida (Heimen bd. XIV, 1967, s. 3 ff).

--- " --- : Garder, bruk og folketall i Norge i høgmiddelalderen (HT bd 47, 1968, s. 161 ff).

--- " --- : Nyere naturvitenskapelige metoder som hjelpemidler i busetningshistorisk granskning, (Heimen bd. 15, 1971, s. 385 ff).

Sandnes, J.: Ødetid og gjenreisning. Trøndersk busetningshistorie ca. 1200-1660.

Skevik, O.: Ødegård og nærskylde gardsnamn (Heimen bd. 15, 1972, s. 471 ff).

Sogner, S.: Bondeluten i reformasjonshundreåret (Heimen bd. 12, 1961-63, s. 61 ff).

Solheim, A.: Bygdebok for Austrheim. Bergen 1972.

Steinnes, A.: Husebyar. Oslo 1955.


---- " ---- : Gamal skatteskipnad i Noreg, I-II (Avhandlinger utg. av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo, II, Hist.-Filos, klasse 1930, No. 1 og 1933, No. 3), Oslo 1930-33.

---- " ---- : Mål, vekt og verderekning i Noreg i millomalderen og ei tid etter. (Nordisk Kultur bd. 30, s.84 ff. St.holm 1936).

Thomassen, E.: Befolkningsutvikling og endringer i sosial struktur i Lindås prestegjeld, 1660-årene - 1801. Hovedoppgåve Bergen hausten 1973.


Try, H.: Gardsskipnad og bondenæring. Sørlandsk jordbruk på 1800-talet. Bergen 1969.

Werner Johannessen, T.: The Climate of Scandinavia (The World Survey of Climatology vol. 5, 1970, s. 23 ff).



Gardsgrenser i Lindås skipreide.

Kartet gjeld dei noverande grensene. På Fosnöy og Bakköy vart desse fastsette ved utskiftning kring 1870. För dette var utmarka i sameige. På Skausneio, ved g.nr. 48-49 Fjellsbö, 47 Vefjell og 25-27 Tveit, er grensene uklåre, avdi fjellet har vore sams beiteland.


165 RONGEVÆR
164 KROSSØY
163 LANGØY
166 SÆVERØY
162 BØRILLEN
161 ØKSNES
160 REBNOR
KVALVÅG 147
145 ULVØY
159 DYRNES
148 ÅRÅS-VÅGEN
BUDALEN 143
144 KJELSTRAUMEN
158 LERØY
142 SÆTRE
157 BERGSVIK
156 AUSTRHEIM
149 ÅRÅS
141 VIKANE
132 UTKJEILEN
131 FONNES
128 LEIRVÅG
150 HJARTÅS
140 LEIKVOLL
155 HOPLAND
151 FØRLAND
139 SOLEND
133 SYNNEVÅG
130 KALAND
MONGSTAD 127
INDRE-KJEILEN 125
129 LITLÅS
MONGSLAUP 136
134 STRAUM-STAD
LITLE LINDÅS 152
138 NORDRE NJØTEN
137 SØRE NJØTEN
135 BAKKA
HOPE 126
124 KJEILE-GAVLEN
122 HELLESTVEIT
KNARVIK 121
RISA 123
RISØY 81
116 LAUÅS
115 KÅRDAL
80 DRAGØY
112 FINNES-BØ
TVI-BERNES 120
114 VERÅS
ROSSNES
82 BRAKØY
SJUR-SET 113
117
119 SUNDSBØ
83 SPJOTØY
SKÅRNES 111
110 SYSLAK
TJUKHETLA 118
109 SALTNES
107 KOLÅS
108 PRESTEGARDEN
106 FONNEBOST
57 UTLURO
84 KVALVÅGNESET
87 SPJELDNES
105 HOLMÅS
86 ONES
104 HAUKÅS
58 INNLURO
85 KVALVÅG
103 FJELLANGER
MARÅS 88
102 VABU
VABU-NES
101
HAUGSMYR 89
90 HAUGE
GAU-LEN 98
VÅGE 99
100 FJELLSENDE
BRUNS-LAND 91
42 SÆVRÅS
TRÆLAND 92
43 NATÅS
HUNDVIN 56
97 LØTVEIT